



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2019

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2019

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652

Innhald

Del I	Innleiande del	9	Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	100	
1	Oversikt over budsjettframlegget på programområde 15 Landbruk og mat ..	11	Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	123	
1.1	Status og hovudprioriteringar	11	Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen	124	
1.2	Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet	15	Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn ..	127	
1.3	Hovudtrekk ved budsjettframlegget	20	Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	130	
1.4	Oversiktstabellar	20	Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	130	
1.5	Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak	23	<i>Programkategori 15.40 Forretningsdrift</i>	134	
1.6	Bruk av stikkordet «kan overførast»	27	Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte ...	135	
Del II	Budsjettframlegg	29	Del III	Rapportering på dei landbruks- og matpolitiske måla	139
2	Nærare omtale av løyvingforslaga	31	3	Nærare om dei ulike landbruks- og matpolitiske måla	141
Programområde 15 Landbruk og mat	31	3.1	Overordna mål: Matsikkerheit og beredskap	141	
<i>Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.</i>	31	3.2	Overordna mål: Landbruk over heile landet	144	
Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet	32	3.3	Overordna mål: Auka verdiskaping	150	
Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet	33	3.4	Overordna mål: Berekraftig landbruk	157	
<i>Programkategori 15.10 Matpolitikk</i>	34	3.5	Ei effektiv landbruks- og matforvaltning	161	
Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet ...	38	3.6	Forskning, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruks- og matpolitikken blir nådde	165	
Kap. 1115 Mattilsynet	41	3.7	Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar	171	
Kap. 4115 Mattilsynet	49	Del IV	Særlege tema	175	
<i>Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling</i>	50	4	Ein sektorovergripande klima- og miljøpolitikk	177	
Kap. 1136 Kunnskapsutvikling m.m.	53	5	Nasjonal oppfølging av berekraftmål 2	182	
Kap. 4136 Kunnskapsutvikling m.m.	56	6	Fornye, forenkle og forbetre ...	183	
Kap. 1137 Forsking og innovasjon	56	7	Likestilling	185	
<i>Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</i>	65				
Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.	76				
Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	80				
Kap. 1140 Haustbare viltressursar	84				
Kap. 4140 Haustbare viltressursar	88				
Kap. 1142 Landbruksdirektoratet	88				
Kap. 4142 Landbruksdirektoratet	95				
Kap. 1148 Naturskade – erstatningar	96				
Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklings- tiltak i landbruket	97				

8	Lønsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemdar	189	Forslag	199
9	Standardiserte nøkkeltall for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	190	Vedlegg 1	
			1	Oppdatering av nasjonal jordvernstrategi
				205

Figuroversikt

Figur 1.1	Målstruktur for landbruks- og matpolitikken	15	Vedlegg 1	
Figur 3.1	Målstruktur for landbruks- og matpolitikken.....	141	Figur 1.1	Dyrka jord som er omdisponert til andre formål enn landbruk, 1976–2017 (dekar)
Figur 3.2	Endring i produsert mengde fordelt på produksjon og landsdel, 2014–2017	147	Figur 1.2	Dyrka og dyrkbar jord som er omdisponert til andre formål enn landbruk, 2007–2017 (dekar)
Figur 3.3	Jordbruksverksemdar etter jordbruksareal i drift, 2016	148	Figur 1.3	Nydyrka areal, 2007–2017 (dekar)
Figur 3.4	Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, 2016	149		208
Figur 3.5	Endring i produksjonsvolum 2009–2018, ifølgje normalisert rekneskap	152		
Figur 3.6	Driftsoverskot frå ulike former for andre landbruksbaserte næringar, kroner per bruk	154		

Tabelloversikt

<p>Tabell 1.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer 24</p> <p>Tabell 2.1 Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskningsinstitutta for 2017 60</p> <p>Tabell 2.2 Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskningsinstitutta for 2017 .. 60</p> <p>Tabell 2.3 Oversikt over støtte til organisasjoner i 2017 77</p> <p>Tabell 2.4 Oversikt over støtte til organisasjonar i 2018 og budsjettframlegg for 2019 78</p> <p>Tabell 2.5 Budsjett for kap. 1139, post 71 i 2018 og budsjettframlegg for 2019 82</p> <p>Tabell 2.6 Budsjettframlegg for kap. 1140, post 75 i 2019 87</p> <p>Tabell 2.7 Tilsegningsfullmakt naturskadeerstatningar i 2019 97</p> <p>Tabell 2.8 Tilsegningsfullmakt til infrastrukturtiltak i 2019. 99</p> <p>Tabell 2.9 Framføring av kapitalsituasjonen for LUF 2017–2019 med prognosar over framtidige utbetalningar 104</p> <p>Tabell 2.10 Tilskottsramme for LUF 2019 106</p> <p>Tabell 2.11 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2019 132</p> <p>Tabell 2.12 Berekning av kapital i Viltfondet i 2019 132</p> <p>Tabell 2.13 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2019 133</p> <p>Tabell 3.1 Jordbruksareal i drift, 1989–2017 145</p>	<p>Tabell 3.2 Sysselsette personar i landbruket, 2017 146</p> <p>Tabell 3.3 Gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket 2016 fordelt på regionar 156</p> <p>Tabell 3.4 Årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga .. 162</p> <p>Tabell 7.1 Registreringsskjema for tilstandsrapportering (kjønn) 187</p> <p>Tabell 7.2 Registreringsskjema for tilstandsrapportering (kjønn) 188</p> <p>Tabell 9.1 Utgifter og inntekter fordelt etter art – Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) 190</p> <p>Tabell 9.2 Inntekter etter inntektskjelde – NIBIO 192</p> <p>Tabell 9.3 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2017 – NIBIO 192</p> <p>Tabell 9.4 Utgifter og inntekter fordelt etter art – Veterinærinstituttet (VI) 194</p> <p>Tabell 9.5 Inntekter etter inntektskjelde – VI 195</p> <p>Tabell 9.6 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2017 – VI 196</p> <p>Vedlegg 1</p> <p>Tabell 1.1 Utfall av handsaming av søknader om nydyrking 2007–2017 208</p>
---	---



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2019

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 21. september 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiande del

1 Oversikt over budsjettframlegget på programområde 15 Landbruk og mat

1.1 Status og hovudprioriteringar

Det går godt i Noreg. Den økonomiske veksten er solid på same tid som klimagassutsleppa går ned. Bedriftene investerer meir og stadig fleire kjem i jobb, over heile landet. Regjeringa legg fram eit ansvarleg statsbudsjett som sikrar fortsatt vekstkraft i norsk økonomi.

Omstillinga av norsk økonomi må fortsette slik at vi når klimamåla og får fleire bein å stå på i framtida. Konkurranseskrafta må styrkast ved at næringslivet blir grønarare, smartare og meir nyskapande. Vi legg til rette for at størstedelen av dei nye arbeidsplassane kjem i private bedrifter. Difor prioriterer regjeringa utbygging av veg og bane i heile landet, forskning, innovasjon og kompetanse.

Den viktigaste oppgåva til landbruks- og matsektoren er å sikre innbyggjarane trygge matvarer av god kvalitet og å bidra til ei optimal utnytting av dei jordbaserte naturressursane. Sektoren er av stor verdi for arbeidsplassar og næringsliv over heile landet. Samstundes er det ei næring i utvikling, og dei løysingane som svarer på tidlegare tiders krav og utfordringar er ikkje alltid dei beste i dag. Det er nødvendig med kontinuerleg omstilling for å sikre konkurranseskraft i sektoren.

Viktige delar av dei jordbrukspolitiske verkemidla blir utforma i dei årlege jordbruksforhandlingane. Regjeringa legg vekt på forenkling og målretting av verkemidla slik at dei samla bidreg til auka matproduksjon og verdiskaping. I årets jordbruksoppgjer prioriterte partane produksjonar med marknadsmoglegheiter, korn, poteter, frukt og grønt. Det blei òg lagt vekt på å styrkje område med driftsvanskar, Vestlandet, miljø og klima og velferdsordningane. Små og mellomstore mjølkebruk og produsentane som har fått størst kostnadsauke, og som i hovudsak hentar ein vesentleg del av inntektene frå jordbruket, blei tekne særskilt omsyn til i oppgjeret. Avtalen inneheld tiltak som skal gi grunnlag for betre marknadsbalanse.

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon. Den norske matproduksjonen har særskilde utfordringar med ein kort vekstsesong, spreidde

landbruksareal, eit kaldt klima og eit høgt kostnadsnivå. Landbruks- og matpolitikken må difor leggje til rette for eit meir effektivt landbruk, styrkt konkurranseskraft for norske jordbruksprodukt og innovasjon og nyskaping i heile sektoren. Dette er følgt opp i Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* og Stortingets handsaming av denne.

Den jordbruksbaserte næringsmiddelindustrien foreddlar i hovudsak norskproduserte jordbruksråvarer. Industrien er i aukande grad eksponert for internasjonal konkurranse, særleg den delen av industrien som produserer foredda jordbruksvarer. Heimemarknadsdelen for norsk næringsmiddelindustri utanom fiskeribransjen er om lag 80 pst. målt i verdi, mot 88,2 pst. i 2003.

Reindrifta er ei urfolksnæring som er unik i både nasjonal og internasjonal samanheng. Det er ei politisk målsetjing å vidareføre og styrkje arbeidet med å utvikle reindriftnæringa som ei rasjonell og marknadsorientert næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv.

Skogbruk og trebasert industri er viktig både som næring og som bidrag til å løyse klimautfordringane. Skog- og trenæringa har potensial til å gi enda større positive nærings-, miljø- og klimabidrag enn i dag. Det er ein ambisjon at mest mogleg av tømmeret blir vidareforedda i Noreg der det er lønsamt.

For å stimulere fleire unge til å velje landbruk og matindustri som yrke, er det behov for å styrkje kompetansen i heile verdikjeda og bidra til at jordbruket og industrien blir attraktive arbeidsplassar for dei unge.

Regjeringa vil bruke matpolitikken til å sikre trygg mat og god dyrehelse. Forvaltninga arbeider for å vere førebudd på hendingar som kan utgjere eit trugsmål mot trygg mat og mot matsikkerheita. God dyrehelse og god dyrevelferd er viktig for produksjon av trygg mat og for omdømmet til norsk matproduksjon. For å halde den gode statusen ved like, blir det lagt vekt på kontinuerleg overvaking slik at tiltak kan setjast inn i tide. Helsesituasjonen i norske husdyrhald er god. Det er svært få tilfelle av salmonellainfeksjon hos

norske husdyr samanlikna med mange andre land. Smitte til menneske frå norskprodusert kjøtt og kjøttprodukt er difor uvanleg.

Regjeringa har vedteke ein nasjonal strategi mot antibiotikaresistens for perioden 2015–2020. Dei overordna måla i strategien er mindre bruk av antibiotika, meir kunnskap om kva som driv utvikling og spreiding av resistens, og at Noreg skal vere ein pådrivar internasjonalt for utvikling av nye antibiotika og vaksinar. I strategien er det mål om reduksjon av forbruket av antibiotika til kjæledyr med minst 30 pst. og til matproduserande dyr med minst 10 pst. i perioden frå 2013 til 2020. Det er ein nedgang i forbruket av veterinære antibakterielle middel på 32 pst. til kjæledyr frå 2013. Nedgangen er på 20 pst. når ein reknar med bruk av humane antibakterielle middel, estimert ved bruk av data frå Veterinært legemiddelregister. I perioden 2013–2017 var det ein nedgang i forbruket av antibakterielle veterinærpreparat til dei viktigaste matproduserande landdyra på omlag 9 pst. målt i kilo aktivt stoff.

Regjeringa vil arbeide for å hindre at hjortevilt-sjukdommen Chronic Wasting Disease (CWD) får fofeste i Noreg. Det er etablert vernetiltak mot spreiding innanlands og mot utlandet. Heile den smitta villrein flokken i Nordfjella sone 1 blei teken ut vinteren 2018, og det blir gjennomført omfattande prøveuttak for å kartleggje om sjukdommen finst andre stader. Det er fram til 1. september 2018 undersøkt meir enn 43000 prøver frå ulike artar av hjortedyr. Arbeidet med å planleggje reetablering av villrein i dette området etter ein brakkleggingsperiode på minst fem år er godt i gang. Den omfattande kartlegginga er òg viktig for å sikre at dei dyra som blir nytta til å byggje opp ein ny villreinstamme i Nordfjella, er friske.

Regjeringa vil leggje til rette for betre utnytting av skogressursane. Betre skogsvegnett og tømmerkaier, saman med vidareutvikling av offentlege vegar og jernbane, bidreg vesentleg til reduserte transportkostnader, auka lønsemd og større konkurransekraft i skog- og trenæringa. I perioden 2014–2018 er det løyvd rundt 760 mill. kroner til infrastrukturtiltak i skogbruket, fordelt med om lag 525 mill. kroner til skogsvegar og 235 mill. kroner til tømmerkaier. Regjeringa legg òg i 2019 opp til eit høgt ambisjonsnivå for vidareutvikling av infrastrukturtiltak i skogbruket. Forynging er avgjerande for å sikre dei framtidige skogressursane, og bidreg til større opptak av CO₂ i skog. Regjeringa vil leggje vekt på at krava til forynging etter hogst blir overhaldne. Klimatiltaka i skog, slik som tettare planting etter hogst, gjødsling av skog og styrking av skogplanteforedlinga, har

vore ei satsing i nokre år, og blir førte vidare i 2019. Desse tiltaka vil bidra til større volumproduksjon og dermed større CO₂-opptak, samstundes som dei gir grunnlag for å auke verdiskapinga i skognæringa.

Regjeringa vil styrkje bonden sin rett til fritt å disponere over sin eigen eigedom, jf. Jeløya-plattformen. For å styrkje den private eigedomsretten og forenkle eigedomslovgivinga, har Stortinget etter forslag frå regjeringa vedteke fleire endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova. Desse vedtaka er følgde opp og endringane i lovverket er sett i verk. Stortinget har òg bedt regjeringa greie ut konsekvensane av ei vidare liberalisering av konsesjonsplikta utover dei endringane som er vedtekte for reine skogeigedommar. I samband med handsaminga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 8 S (2017–2018), uttalte Stortingets næringskomité at ei utgreiing av eigedomsregelverket i jord- og skogbruk bør ha som siktemål å gjere omsyna bak lova mest mogleg effektive. Fleirtalet i komiteen meinte at det blir feil berre å peike på liberalisering av regelverket, og at utgreiingsarbeidet må få ei breiare tilnærming. Departementet vil komme tilbake til Stortinget med saka, jf. omtale av oppmodingsvedtak nr. 878, 13. juni 2017 i punkt 1.4.

Regjeringa vil satse på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein meir framtidretta landbruksproduksjon. Regjeringa har dei siste åra følgd opp Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*. Jeløya-plattformen legg opp til framleis satsing på dette feltet, mellom anna på lokal mat og drikke og arbeid for ytterlegare forenklingar i regelverket for foredling på eigen gard. Politikken skal leggje til rette for vekst og utvikling uavhengig av storleiken på gardsbruket, slik at landbruksgründerar kan utnytte det samla ressursgrunnlaget i inn- og utmark utan unødige hinder. Meldinga er òg følgd opp med ein eigen strategi for reiseliv basert på ressursane i landbruket og reindrifta, *Opplevingar for ein kvar smak*, der hovudmålet er auka verdiskaping for mat- og reiselivsaktørar i landbruket og reindrifta. For å skape vekst og verdiskaping i mat- og drikkenæringa skal matnasjonen Noreg vere ei felles politisk ramme for arbeidet med å sjå mat og reiseliv i samanheng. Regjeringa vil utfordre aktørane i heile næringskjeda, og andre aktørar som kan vere interesserte, til å delta i bygginga av Noreg som ein matnasjon fram mot 2030. Det skal lagast ein handlingsplakat for oppfølgingsarbeidet, og aktørane vil bli utfordra til å forplikte seg på mellom anna desse områda:

- kunnskap og kompetanse om norsk mat og drikke

- tilgang til/produksjon av norsk mat og drikke
- norsk mat og drikke i kultursektoren
- norsk mat og drikke i offentlig sektor
- norsk mat og drikke i kvardagslivet
- stoltheit over norske råvarer, mat og drikke
- gastronomi, kultur, mat-og måltidsopplevelser, reiseliv

Regjeringa vil auke verdiskapinga frå haustbare viltressursar. Den samla avsetjinga til *Utviklingsprogrammet – landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping* under Landbrukets utviklingsfond blir i 2019 tilført midlar mellom anna med sikte på tiltak som bidreg til næringsutvikling og verdiskaping basert på haustbare viltressursar og andre utmarksressursar. Landbruks- og matdepartementet vil i 2019 òg etablere ei ordning for å stimulere barn og unge til forståing og bruk av utmarksressursane.

Regjeringa har ei politisk målsetjing om å utvikle reindriftsnæringa som ei rasjonell og marknadsorientert næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. Våren 2017 la regjeringa fram Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift – Lang tradisjon – unike muligheter*. I meldinga blir det vist til at økologisk berekraftig drift og auka produksjon danner grunnlaget for dei unike moglegheitene i reindrifta. I meldinga blir det òg presentert strategiar og tiltak for at næringa betre skal kunne utnytte potensialet sitt i ei rasjonell og marknadsorientert retning. Stortinget handsama meldinga i juni 2017, og slutta seg i all hovudsak til dei forslaga som blei fremja. Regjeringa arbeider no med å følgje opp meldinga. Det gjeld mellom anna arbeid med endringar i reindriftslova og prioritering av tiltak over reindriftsavtalen som støttar opp om måla i meldinga.

Regjeringa vil føreslå eit forbod mot pelsdyrhald. Departementet vil i løpet av 2018 sende på høyring eit forslag til lov som forbyr pelsdyrhald. Det blir lagt opp til ei avviklingstid fram til årsskiftet 2024/2025, dvs. til pelsingsesongen for produksjonsåret 2024 er avslutta. Det blir lagt opp til at den nye lova skal gi heimel til å gi føresegnar om kompensasjon for tap av retten til å halde pelsdyr. Høyringsutkastet vil difor òg gi ei overordna omtale av korleis kompensasjonsordninga er tenkt innretta.

Regjeringa vil leggje til rette for eit kunnskapsbasert og innovativt landbruk. Forsking, innovasjon og kompetanse er nødvendig for å nå målet om auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat, og for å ta ut potensialet i bioøkonomien. Det ligg mellom anna store moglegheiter i å utvikle ny teknologi og nye produkt frå norske skogressur-

sar. Desse produkta kan erstatte produkt basert på fossilt karbon, og gi viktige bidrag til grøn verdiskaping. I tillegg spelar skogen ei betydeleg rolle i klimasamanheng, både for opptak av CO₂ og som karbonlager. Ny kunnskap og tett kopling mellom forskning og næringsliv skal bidra til eit meir lønsamt og klimavennleg landbruk.

Norsk landbruks- og matsektor treng effektive kompetanse- og forskingsmiljø for å vareta store samfunnsbehov og for å utvikle konkurransedyktige produkt og tenester. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er Noregs største tverrfaglege forskingsinstitutt innanfor landbruk og miljø. Instituttet skal bidra til matsikkerheit, berekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping i verdikjeda for mat, skog og andre biobaserte næringar. Veterinærinstituttet er den viktigaste kunnskapsleverandøren når det gjeld førebygging, oppklaring og handtering av alvorlege smittsame sjukdommar hos fisk og landdyr og sjukdommar som smittar frå dyr til menneske. Viktige oppgåver for institutta er å levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap til bruk i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet elles. Institutta har eit omfattande regionalt nærvær og deltek aktivt i internasjonalt forskingssamarbeid.

Landbruk er ei kompetansekreivjande næring. Forventningar om auka produksjon, betre lønsemd og evne til gründerskap krev rett kompetanse. Eit godt tilbod av landbruksfagleg utdanning og etter- og vidareutdanning av god kvalitet er difor svært viktig. Det er behov for fleire i arbeidslivet med den kompetansen som landbrukssektoren etterspør. Dette gjeld kompetanse frå alle utdanningsnivå – både frå yrkesfagleg opplæring, fagskolar og høgskole/universitet.

Rekruttering av kompetente næringsutøvarar til landbruket er viktig. For å styrkje kompetansehevande tiltak i landbruket som sikrar fagleg kvalitet og fleksibel tilrettelegging, har regjeringa frå skoleåret 2018/2019 etablert ein nasjonal modell for *Vaksenagronomen*, eit tilbod om agronomopplæring for vaksne, i regi av dei fylkeskommunale naturbruksskolane.


Klimatiltak i landbruket skal ha høg prioritet. Regjeringa er i dialog med EU om ei felles oppfyljing av klimamåla for 2030, jf. Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030*. Ein avtale inneber at det blir sett eit eige mål for skog- og arealsektoren, og jordbrukssektoren blir omfatta av måla for ikkje-kvotepliktig sektor. Noreg vil såleis få dei same reglane for bokføring av opptak og utslepp som EU. Regjeringa vil følgje opp klimaforlika i Stortinget og Stortingets handsaming av mellom

anna Meld. St. 11 (2016–2017) og Meld. St. 41 (2016–2017). I jordbrukssektoren vil regjeringa prioritere auka kunnskap om korleis jordbruket kan redusere klimagassutsleppa sine og betre kunnskapen om potensialet for lagring av karbon i jord. Teknisk berekningsutval for klimagassutslepp frå jordbruket, som skal gi råd om korleis ein kan forbetre metodikken for jordbruket i utsleppsrekneskapen, vil avslutte sitt arbeid innan 1.7.2019. Regjeringa har invitert jordbruksorganisasjonane til å inngå ein gjensidig avtale om utsleppsreduksjonar. Det overordna målet er å inngå ein forpliktande avtale om kor mykje jordbrukssektoren skal redusere klimagassutsleppa sine fram mot 2030. Jordbruket skal ha fleksibilitet når det gjeld kva tiltak som kan gjennomførast. Organisasjonane har meldt til regjeringa at dei er klare til å drøfte kva jordbruket kan bidra med for å nå dei internasjonale forpliktingane Noreg har inngått på klimaområdet. Regjeringa vil elles vidareutvikle klimatiltaka i skog og vurdere andre verkemiddel som kan bidra til reduserte utslepp og auka opptak i skog- og arealsektoren. Korleis landbruket må tilpasse seg eit klima i endring vil óg ha høg prioritet. Den langvarige tørken og varmt vår har sommaren 2018 gitt stor avlingsvikt over store delar av landet. Det er sett i verk ei rekkje tiltak mellom anna for å bøte på førman gelen. Den 30. august blei staten og jordbrukets organisasjonar einige om ei avtale som mellom anna inneber ein eingongsutbetaling av tilskott til grovfôrdyr og ein eingongsutbetaling av arealtil-

skott til grønsaker i 2018. Vidare er erstatnings satsen i avlingsskadeordninga auka og taket for erstatningsutbetaling er dobla frå 750 000 kroner til 1,5 mill. kroner. Avtala er fremma for Stortinget i ein eigen proposisjon med forslag til endringar i løyvinga for 2018. Tørken har óg ført til mange skogbrannar. Verknadene av tørke og skogbrann er svekt skog, som er meir utsett for angrep frå skadegjerarar. Ekstremver kan bli meir vanleg framover, det er difor nødvendig at landbruket førebur seg godt på klimaendringane og verknadene av dei. I normalår er Noreg sjølvforsynt med fleire av vareslaga vi har føresetnader for å produsere. I år der avlingane innanfor ein eller fleire av produksjonane er for små til å dekkje etterspørselen, kan Noreg setje ned tollsatsen for desse varene. Gjennom handel på verdsmarknaden er Noreg dermed sikra tilgang til matvarer og innsatsvarer, også i år der norsk produksjon ikkje strekk til.

Oppdatert jordvernstrategi skal bidra til å ta vare på arealressursane i landbruket. Det er viktig å ta vare på arealressursane for å nå målet om auka matproduksjon. Stortinget har fastsett eit mål for årleg omdisponering av dyrka jord til under 4 000 dekar, og regjeringa har utarbeidd ein eigen strategi for å nå målet. Etter oppmoding frå Stortinget, jf. vedtak 444, 6. februar 2018, har regjeringa utarbeidd ein oppdatert strategi som er lagd ved denne proposisjonen. Den oppdaterte strategien omfattar fleire nye tiltak for å redusere omdisponeringa av dyrka jord.

1.2 Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet



Figur 1.1 Målstruktur for landbruks- og matpolitikken

Matsikkerheit og beredskap

Sikre forbrukarane trygg mat

Hovudoppgåva til jordbruket er å produsere mat som forbrukarane etterspør. Matsikkerheit inneber at innbyggjarane til kvar tid har fysisk og økonomisk tilgang til nok og trygg mat. Matsikkerheita blir sikra gjennom nasjonal produksjon, handel og varetaking av produksjonsgrunnlaget. Regjeringa har som mål å auka matproduksjonen og styrkje konkurransekrafta til jordbruket. Dei landbrukspolitiske verkemidla skal innrettast slik at dei innanfor økonomiske, miljømessige og handelspolitiske rammer bidreg til auka produksjon der det er moglegheiter og marknad for det.

All mat som blir seld i Noreg skal vere trygg. Produksjonen av trygg mat skaper tillit, sikrar omsetnad av varer og legitimitet for eit levande landbruk og for næringsmiddelindustrien.

Auka matvareberedskap

Dei viktigaste føresetnadene for matsikkerheita i Noreg er kontinuerleg produksjon av mat, varetaking av produksjonsgrunnlaget og eit velfungerande handelsystem. Gjennom handel på verdsmarknaden er Noreg dermed sikra tilgang til matvarer og innsatsvarer, også i år der norsk produksjon ikkje strekk til. Regjeringa vil betre matvareberedskapen gjennom å bidra til auka innanlands produksjon av landbruksvarer i produksjonar med marknadsmoglegheiter, og ved å bidra til å halde ved like forsyning av nødvendige matvarer gjennom import òg i kriser. Matvareberedskapen byggjer på eit samspel mellom departement, myndighetsorgan og private aktørar.

God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

Noreg har liten førekomst av matboren sjukdom samanlikna med andre land. Regjeringa vil bidra til å halde denne situasjonen ved lag. God plante-

og dyrehelse er viktig for mattryggleik, kostnads-effektivitet og berekraftig matproduksjon.

Det er òg gjennomgåande god dyrevelferd i Noreg. Regelverket stiller klare krav til dyrehald, og Mattilsynet prioriterer tilsyn med dyrevelferd. Regjeringa har etablert eit samarbeid mellom Mattilsynet og politiet i form av prøveprosjekt med dyrepoliti. Ei viktig satsing i arbeidet for god dyrevelferd har vore etablering av prøveprosjekt med ei eiga dyrekrimguppe i politiet (dyrepoliti) som no omfattar fem politidistrikt.

Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane

Systematisk avls- og foredlingsarbeid er viktig for ein berekraftig og klimatilpassa landbruks- og matproduksjon. Noreg ligg langt framme innan avlsarbeid på både storfe og svin. Mange års målretta avlsarbeid i Geno SA er årsaka til at Norsk Raudt Fe er i ferd med å markere seg internasjonalt. Kombinasjonen av stor produksjonskapasitet og særleg god fruktbarheit og helse skaper merksemd i mange land. Det blir no arbeidd med å ta inn lågt utslepp av metan som ein ny avlseigenskap, noko som på sikt òg vil styrkje konkurransekrafta til rasen.

Målretta avlsarbeid kan gi viktige bidrag til klimakutt i landbruket, i tillegg til eit plante- og dyremateriale som er godt tilpassa norske forhold, og som gir god avkastning. Forsking og teknologiutvikling står sentralt i vidareutviklinga av avls- og foredlingsarbeidet, og i vidareutviklinga av norsk landbruk for å møte utfordringane i framtida. Ny kunnskap vil òg vere avgjerande for å utvikle nye produksjonsprosessar og produkt frå dei mange biologiske ressursane i landbruket.

Klimaendringar, den raske teknologiutviklinga og krav om større effektivitet og klimakutt i jordbruket gjer at matproduksjonen i framtida må bli endå meir kunnskapsbasert enn i dag. Det er difor viktig å leggje til rette for utdanningstilbod av høg kvalitet på alle nivå, inkludert etter- og vidareutdanning, for å få dekt kompetansebehova i heile verdikjeda.

Landbruk over heile landet

Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane
Å stimulere til auka bruk av utmarksressursane er eitt av måla i jordbrukspolitikken. Beiting i utmark utnyttar fôrressursane til matproduksjon samstundes som det òg bidreg til vedlikehald av eit ope og artsrikt kulturlandskap. Delen av dyr på beite er svært stabilt. Regjeringa har i dei siste jordbruks-

oppgjera auka stønaden til utmarksbeite for å styrkje bruken av beiteressursane over heile landet.

Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Ressursgrunnlaget i Noreg er spreidd, og villkåra for jord- og skogbruksdrift varierer. Regjeringa arbeider for eit sterkt og konkurransedyktig landbruk i alle delar av landet. Landbruket bidreg med ei rekkje fellesgode og skaper grunnlag for sysselsetjing, verdiskaping, næringsutvikling og vekstkraftige distrikt. Det er difor viktig å bidra til utnytjing av ressursane til landbruksproduksjon over heile landet for å oppretthalde busetjing, sysselsetjing og verdiskapinga i distrikta. Som eit ledd i dette arbeidet har regjeringa som mål å styrkje bonden sin rett til fritt å disponere over eigen eigedom, ved mellom anna å liberalisere eigedomslovgivinga.

Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling

Føresetnadene for jordbruksproduksjon varierer mellom dei ulike delane av Noreg. Auka produktivitet og styrkt konkurransekraft vil vere avgjerande for å kunne realisere Stortingets mål om auka produksjon. Dei små og mellomstore mjølkebruka blei prioriterte i årets jordbruksoppgjer gjennom innføringa av eit nytt tilskott for små og mellomstore mjølkebruk. Fleire av tilskotta som er målretta mot område med driftsvanskar og dårleg utvikling i arealbruk, og areal som er krevjande å drive, blei òg styrkt. I tillegg blei områda med svakast utvikling styrkte gjennom ein auke i satsane i fleire ordningar, mellom anna arealtilskott og ein generell auke på fleire ordningar under Landbrukets utviklingsfond.

Leggje til rette for rekruttering i heile landet

Stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen i heilskap er det viktigaste bidraget frå regjeringa si side til å gi gode rammevilkår og grunnlag for auka lønsemd i landbruket. Avtalen er dermed det viktigaste verktøyet for å leggje til rette for rekruttering i heile landet. Særleg er ordninga med investerings- og bedriftsutviklingsmidlar målretta for å fremje rekruttering til næringa.

For å sikre og utvikle norsk matproduksjon og andre landbaserte næringar har landbruksnæringa, som andre næringar, behov for kunnskap og kompetanse. Det er difor viktig å leggje til rette for eit godt og fleksibelt opplærings- og utdanningssystem i landbruket. Det er vidare

avgjerande for landbruket å ha eit godt omdømme i det norske samfunnet og at omdømmet held seg over tid. Landbruket som heilskap og den enkelte næringsutøvarer er dei viktigaste og beste ambasadørane for rekruttering til næringa.

Ei økologisk berekraftig reindrift

Reindrifta er ei urfolksnæring som er unik i både nasjonal og internasjonal samanheng, og ein viktig eksponent for samisk kultur og levesett. Reindrifta forvaltar òg ein sentral nasjonal og samisk kulturarv. Det er ei politisk målsetjing å føre vidare og styrkje arbeidet med å utvikle reindriftsnæringa som ei rasjonell og marknadorientert næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. Tiltak som legg til rette for ei økologisk berekraftig reindrift blir prioritert. Sjølv om innrapporterte tal viser at ein no har eit reintal tilnærma det som er fastsett i bruksreglane, er det likevel nødvendig å halde fram arbeidet slik at reintalet held seg på eit berekraftig nivå. Kontroll av reintalet og tiltak som sikrar eit stabilt reintal, har difor høgaste prioritet òg i 2019.

Auka verdiskaping

Utnytte marknadbaserte produksjonsmoglegheiter

Regjeringa prioriterer inntektsmoglegheiter i produksjonar med marknadsmoglegheiter. I årets jordbruksoppgjær blei særleg inntektsmoglegheitene i produksjon av korn, frukt og grønsaker styrkt. I desse sektorane er det eit stor potensial for å auke norsk produksjon.

Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat

Jordbruket skal vere ei effektiv næring som leverer det forbrukarane etterspør, og som tek omsyn til ein stadig meir krevjande nasjonal og internasjonal marknad. Regjeringa har lagt til rette for at næringa kan utvikle seg og få styrkt konkurransekrafta si gjennom ein enklare verkemiddelstruktur, færre offentlege inngrep i næringsdrifta, auka konkurranse og meir marknadsretting av produksjonen.

Ei effektiv og lønsam utnytting av gardens samla ressursar

Landbruket sine ressursar dannar utgangspunkt for eit mangfald av produkt og tenester. Lokale tradisjonar, kreativitet, innovasjon og gründerskap dannar utgangspunktet for auka verdiskaping og

sysselsetjing. Ein liten eigedom kan vere eit like godt utgangspunkt for ein forretningsidè som ein større eigedom. Regjeringa arbeider for at det samla ressursgrunnlaget til landbrukseigedommen skal utnyttast betre, og vil stimulere til auka vekst og verdiskaping innan andre landbruksbaserte næringar enn tradisjonelt landbruk. Regjeringa har sett av betydelege midlar over jordbruksavtalen, og gjennomført fleire forenklingar i regelverket for å stimulere til ei positiv utvikling. Det er jamt over stor pågang etter bedriftsretta verkemiddel. Innsatsen har bidrege til auka profesjonalisering og vekst særskild innan lokalmatområde. Omsetnad av lokalmat gjennom daglegvarehandelen har auka med 63 pst. i perioden 2013–2017. Strategien for reiseliv basert på landbruket og ressursane i reindrifta, «Opplevingar for ein kvar smak», skal bidra til ein meir heilskapleg og målretta innsats på området.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Noreg skal bli både anerkjend og kjend som matnasjon. For å oppnå dette målet har regjeringa samla seg om ein visjon om at mat i 2030 «...[skal vere] ei kjelde til matglede, stoltheit og fellesskap i heile befolkninga, og eit synleg element i turistlandet Noreg. Noreg er internasjonalt kjend for ein spennande matkultur, sin store sjømateksport og mat- og drikkeopplevingar i verdsklasse.» For å oppnå denne visjonen, vil regjeringa utfordre næringsaktørane og andre relevante aktørar til å bli med i eit forpliktande samarbeid om å vidareutvikle Noreg til matnasjon. Ei breitt offentleg-privat samarbeid må vere botnplanken i ei slik utvikling dersom ein skal nå eit så ambisiøst mål. Aktørane har vore delaktige i utforminga av visjonen og vil no bli utfordra i oppfølginga.

Leggje til rette for bondens inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden

Utviklinga med større jordbruksbedrifter, høgare produktivitet og bruk av ny teknologi krev større investeringar. Nye krav til dyrevelferd, irekna krav om lausdriftsfjøs, gir eit særleg investeringsbehov innan mjølk- og storfeproduksjon. Regjeringa har prioritert verkemiddel som stimulerer til investering og bedriftsutvikling i landbruket. Investerings- og bedriftsutviklingsmidlane er eit viktig risikoavlastande verkemiddel som bidreg både til modernisering og effektivisering innan tradisjonell landbruksproduksjon, og til auka sysselsetjing og utvikling av ny næringsverksemd innan andre landbruksbaserte næringar.

Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Regjeringa vil leggje til rette for skogbruk og trebasert industri gjennom gode generelle rammevilkår for næringslivet, mellom anna gjennom satsing på infrastruktur, forskning og utvikling og lågare skatter og avgifter. I tråd med Jeløya-plattformen vil regjeringa styrkje grunnlaget for skogbruket gjennom kostnadsreducerande tiltak, fjerning av flaskehalsar i infrastrukturen og utbygging av skogsbilvegar og tømmerkaier. Ei vidareutvikling av infrastrukturen i skogbruket vil gjere det enklare for dei næringsdrivande å avverke tømmer og plante ny skog. Noreg er langt framme når det gjeld innovativ bruk av tre, mellom anna i bruer og i bygningar. Regjeringa tek sikte på å leggje fram strategiar for ei heilskapleg og styrkt satsing på forskning, utvikling og innovasjon i skog- og trenæringa, og for å stimulere etterspørselen etter grønne, trebaserte produkt i løpet av 2018.

Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Redusert forureining frå landbruket

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmidde er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Den samla gjennomføringa av ulike jordarbeidingstiltak, grasdekte areal m.m. i kornområda har redusert erosjonsrisikoen på dei dyrka areala, men ikkje tilsvarande det som har vore den venta verknaden av tiltaka. Undersøkingar NIBIO har gjennomført viser at meir nedbør og ustabile vintrar har gitt avrenning som skjuler verknaden av tiltaka. Miljøprogramsatsinga omfattar viktige verkemiddel for å stimulere til meir miljøvennleg drift. Det er difor viktig å vidareføre denne satsinga.

Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og god klimatilpassing

All matproduksjon startar med fotosyntesen. I utgangspunktet er difor alt jordbruk basert på opptak av CO₂. Jordbruksaktivitetar, særleg husdyrhald, er òg opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Klimagassutsleppa frå jordbruket utgjorde 8,4 pst. av dei samla utsleppa i 2016. Jordbrukspolitikken skal leggjast om i ei meir miljø- og klimavennleg retning. I jordbruksoppgjeret 2018 blei miljø- og klimainnsatsen styrkt ved å priori-

tere ordningar som skal bidra til å redusere utsleppa per produsert eining og tilpasse produksjonen til eit klima i endring. Lågare utslepp per produsert eining vil bidra til å redusere klimaavtrykket frå den norske matproduksjonen. Det er likevel stor uvissheit når det gjeld berekningane av utsleppa frå jordbruket. Regjeringa vil føre vidare tiltak i skogforvaltninga som bidreg til auka opptak av CO₂ og lagring av karbon.

Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbrukets areal og ressursgrunnlag

Rett bruk og vern av arealressursane er viktig for å oppnå målet om auka matproduksjon. Både mengda av og kvaliteten på jorda er avgjerande for matproduksjonen. Det er difor viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjord. Samstundes må jordvernet balanserast mot behova storsamfunnet har. Stortinget har fastsett det årlege målet for omdisponeringa av dyrka jord til under 4 000 dekar, og bedt regjeringa om at målet blir nådd gradvis innan 2020. Regjeringa utforma ein eigen strategi for å nå målet, som blei handsama av Stortinget i 2015. I tråd med oppmoding frå Stortinget har Landbruks- og matdepartementet i 2018 arbeidd med ein oppdatering av strategien, og denne oppdateringa ligg ved budsjettproposisjonen.

Klimaendringar og press på ressursgrunnlaget utgjør eit trugsmål mot målet om auka matproduksjon. Desse utfordringane krev gode tilpassingar i landbruket. Dei genetiske ressursane hos husdyr og matvekstar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon. God forvaltning av dei genetiske ressursane gjennom bruk og vern er viktig for god måloppnåing i landbruket.

Ta vare på kulturlandskapet og naturmangfaldet

Jordbrukslandskapet, med det mangfaldet og den kombinasjonen av natur- og kulturverdiar det har, er ein karakteristisk og viktig del av landskapet i Noreg. Variasjonen i kulturlandskapet må haldast ved like, og ei målretta forvaltning kan bidra til målet om å stoppe tapet av biologisk mangfald og ta vare på kulturminne. Det viktigaste bidraget til eit levande kulturlandskap er å halde oppe eit levande, aktivt landbruk. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksavtalen, skal bidra til å halde det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet ved lag. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar landskapsverdiane i den kommunale

planlegginga og utformar planar som kan liggje til grunn for ei god forvaltning.

Ei effektiv landbruks- og matforvaltning

Ei moderne, effektiv og brukarvennleg forvaltning med god kvalitet

Landbruks- og matforvaltninga skal vere effektiv, brukarvennleg og kjenneteikna av god kvalitet i alle ledd. Det krev at heile forvaltninga legg stor vekt på å gjere forbetringar og å effektivisere prosessar i lys av utviklinga i samfunnet og nye krav. Effektiv bruk av ressursane inneber både å utføre oppgåvene rett og å prioritere dei rette formåla. Effektiv drift kan gi gevinstar i form av reduserte utgifter over statsbudsjettet, men effekten kan óg vise seg i høgare kvalitet og betre resultat utan at utgiftene blir endra. Gjennom ei godt optimalisert drift, formålstenleg organisering, modernisering og digitalisering av forvaltninga og tenestene til verksemdene, vil ein kunne oppnå innsparingar og større tilgjengelegheit og meir brukarvennlege tenester.

Gode system for samfunnstryggleik og beredskap

Landbruks- og matdepartementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap skal vere sporbart og integrert i planverk, styringssystem og i styringsdialogen med underliggjande verksemder. Viktige element i arbeidet er å sikre personell og kritisk infrastruktur på best mogleg vis slik at departementet og underliggjande verksemder i størst mogleg grad kan drive verksemda vidare, uavhengig av uønskte hendingar og kriser. Ansvar for departementet har for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor er hovudsakleg knytt til matproduksjon og mattryggleik. For ein nærare omtale av samfunnstryggleik og beredskap knytt til matproduksjon og mattryggleik, sjå del 3.

Forskning, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruks- og matpolitikken blir nådde

For at vi skal nå dei landbruks- og matpolitiske hovudmåla, må løyvingane til forskning, innovasjon og kompetanse vere så målretta som mogleg. Det er viktig at resultatane frå forskinga er tilgjengeleg for næring og forvaltning, og at instituttsektoren er effektiv og solid og har eit godt samspel med andre.

Forskning, innovasjon og teknologiutvikling skal danne grunnlag for effektiv og berekraftig

produksjon og utnytting av fornybare biologiske ressursar. Ei tett kopling mellom forskning og næringsliv er sentralt for å utnytte potensialet. Tilsvarende er internasjonalt forskningssamarbeid viktig for å heve kvaliteten på forskinga. Landbruks- og matforskinga må følgjast opp med målretta formidling, slik at ny kunnskap på ein rask og effektiv måte når ut til aktørane som kan ta kunnskapen i bruk. For å lykkast med dette er det nødvendig å sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike aktørane i landbruks- og matnæringa.

God rekruttering av fagpersonar med rett kompetanse er viktig for å sikre eit aktivt landbruk, verdiskaping og busetjing i heile landet.

Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar

Utviklinga i norsk landbruk og matindustri heng nøye saman med utviklinga internasjonalt. Ei rekke internasjonale avtalar dekkjer mellom anna handel, plante- og dyrehelse, skog og klima. Mange avtalar blir fornya med jamne mellomrom. Noreg har i fleire av desse særlege nasjonale interesser som må inkluderas i avtaleverket, mellom anna med basis i naturgitte forhold, kostnadsnivå og nasjonale landbruks- og matpolitiske mål.

Regelverket til Verdas handelsorganisasjon (WTO), inkludert landbruksavtalen, legg rammer for utforminga av verkemidla i landbrukspolitikken. Vidare legg EØS-avtala klare føringar på regelverket for mat og innsatsfaktorar i Noreg. Det norske regelverket er harmonisert med regelverket i EU på matområdet. Regjeringa legg vekt på å ta vare på norske interesser ved å bidra tidlegare i prosessar og politikktutforming i EU enn det dei formelle og uformelle foruma EØS-avtalen gir tilgang til. Regjeringa vil innanfor gitte rammer for landbrukspolitikken arbeide for ein friare handel med landbruksvarer. Arbeidet med multilaterale avtalar gjennom WTO og innanfor EØS-avtalen vil bli prioritert. Arbeidet med bilaterale frihandelsavtalar for EFTA-landa vil óg ha høg prioritet.

Noreg deltek óg i ei rekkje andre internasjonale forum på landbruks- og matområdet, både globale og regionale, og både innanfor og utanfor FN-systemet. Departementet deltek aktivt i desse foruma, mellom anna for å bidra til berekraftig utvikling, global matsikkerheit, berekraftig skogforvaltning, bevaring av genetiske ressursar, styrking av landbruket og bøndene si stilling i den tredje verda og auka handel mellom land.

1.3 Hovudtrekk ved budsjettframlegget

Nemning	mill. kr		
	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 2018/19
<i>Programområde 15 Landbruk og mat</i>			
15.00 Administrasjon m.m.	168,5	180,3	7,0
15.10 Matpolitikk	1 438,0	1 465,4	1,9
15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling	839,7	820,1	-2,3
15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	16 133,8	17 022,1	5,5
Sum Landbruks- og matdepartementet	18 580,0	19 487,8	4,9

Hovudprioriteringane i budsjettframlegget for Landbruks- og matdepartementet:

- auka matproduksjon
- flytte årsverk i Landbruksdirektoratet frå Oslo til Steinkjer
- forsking på skogen sitt bidrag i klimasammenheng

Innretninga av verkemidla over jordbruksavtalen skal bidra til auka matproduksjon. Som følge av jordbruksavtalen for 2018–2019 blir det gjort framlegg om 770 mill. kroner i auka budsjettstøtte samanlikna med forrige jordbruksavtale. Avtalen gir grunnlag for ein inntektsvekst for jordbruket på 3,5 pst. per årsverk frå 2018, før avtale, til 2019,

føresatt forbetring i marknadsbalansen. Avtalen inneber mellom anna ei vesentleg betring av økonomien i kornproduksjonen og frukt- og grøntsektoren, og betre moglegheiter for marknadsregulering.

Landbruksdirektoratet skal flytte 30 årsverk frå Oslo til Steinkjer. Regjeringa gjer framlegg om å auka Landbruksdirektoratet sitt budsjett for å handtere dei auka kostnadene dette vil medføre.

Regjeringa gjer framlegg om å løyve 25 mill. kroner til forsking på auka klimabidrag frå skogen. Målet med satsinga er å auka verdiskapinga basert på fornybart skogsråstoff og gi meir kunnskap om forvaltning av skogsareala for størst mogleg klimagevinst.

1.4 Oversiktstabellar

Utgifter fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 2018/19
01–24	Driftsutgifter	1 794 557	1 741 625	1 850 731	6,3
30–49	Investeringar	19 532	4 032	9 032	124,0
50–59	Overføringar til andre statsrekneskap	2 274 070	2 093 351	2 090 663	-0,1
60–69	Overføringar til kommunesektoren	142 660	146 373	150 471	2,8
70–89	Overføringar til private	14 052 203	14 594 576	15 386 931	5,4
	Sum under departementet	18 283 022	18 579 957	19 487 828	4,9

Utgifter fordelt på programkategorier

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Budsjettet si stilling per 1. halvår	Forslag 2019
15.00	Administrasjon m.m.	192 385	168 517	168 517	180 259
15.10	Matpolitikk	1 472 320	1 437 965	1 437 965	1 465 422
15.20	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling	859 746	839 687	839 687	820 056
15.30	Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak	15 758 571	16 133 788	16 133 788	17 022 091
	Sum programområde 15	18 283 022	18 579 957	18 579 957	19 487 828

Inntekter fordelt på programkategorier

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Budsjettet si stilling per 1. halvår	Forslag 2019
15.00	Administrasjon m.m.	2 599	1 046	1 046	1 071
15.10	Matpolitikk	189 611	201 575	201 575	204 578
15.20	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling	20 286	20 643	20 643	18 081
15.30	Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak	444 494	226 896	226 896	301 654
15.40	Forretningsdrift	55 370	26 630	26 630	24 750
	Sum programområde 15	712 360	476 790	476 790	550 134

Utgifter fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 2018/19
	Administrasjon m.m.				
1100	Landbruks- og matdepartementet	192 385	168 517	180 259	7,0
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>192 385</i>	<i>168 517</i>	<i>180 259</i>	<i>7,0</i>
	Matpolitikk				
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	95 661	97 061	97 976	0,9
1115	Mattilsynet	1 376 659	1 340 904	1 367 446	2,0
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>1 472 320</i>	<i>1 437 965</i>	<i>1 465 422</i>	<i>1,9</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 2018/19
	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling				
1136	Kunnskapsutvikling m.m.	227 979	235 465	227 909	-3,2
1137	Forskning og innovasjon	631 767	604 222	592 147	-2,0
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>859 746</i>	<i>839 687</i>	<i>820 056</i>	<i>-2,3</i>
	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak				
1138	Støtte til organisasjonar m.m.	37 019	40 836	40 873	0,1
1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	20 037	26 096	29 059	11,4
1140	Haustbare viltressursar			95 791	
1142	Landbruksdirektoratet	470 502	440 084	471 105	7,0
1148	Naturskade – erstatningar	91 104	156 000	182 600	17,1
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	146 540	219 722	134 705	-38,7
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	14 852 285	15 107 993	15 920 523	5,4
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	116 785	118 600	123 100	3,8
1161	Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	24 299	24 457	24 335	-0,5
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>15 758 571</i>	<i>16 133 788</i>	<i>17 022 091</i>	<i>5,5</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>18 283 022</i>	<i>18 579 957</i>	<i>19 487 828</i>	<i>4,9</i>

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 2018/19
	Administrasjon m.m.				
4100	Landbruks- og matdepartementet	2 599	1 046	1 071	2,4
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>2 599</i>	<i>1 046</i>	<i>1 071</i>	<i>2,4</i>
	Matpolitikk				
4115	Mattilsynet	189 611	201 575	204 578	1,5
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>189 611</i>	<i>201 575</i>	<i>204 578</i>	<i>1,5</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 2018/19
	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling				
4136	Kunnskapsutvikling m.m.	20 286	20 643	18 081	-12,4
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>20 286</i>	<i>20 643</i>	<i>18 081</i>	<i>-12,4</i>
	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak				
4140	Hautbare viltressursar			4 500	
4142	Landbruksdirektoratet	50 737	42 196	43 203	2,4
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	1 278		50	
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	75 000	25 000		-100,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	317 479	159 700	253 901	59,0
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>444 494</i>	<i>226 896</i>	<i>301 654</i>	<i>32,9</i>
	Forretningsdrift				
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	204			
5652	Statskog SF – renter og utbytte	55 166	26 630	24 750	-7,1
	<i>Sum kategori 15.40</i>	<i>55 370</i>	<i>26 630</i>	<i>24 750</i>	<i>-7,1</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>712 360</i>	<i>476 790</i>	<i>550 134</i>	<i>15,4</i>

1.5 Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak

Tabell 1.1 nedanfor viser ei oversikt over oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Landbruks- og matdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortingssesjonen 2017–2018 og alle vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar der rapporteringa ikkje blei avslutta i samband med handsaminga av Prop. 1 S (2017–2018) eller eventuelt i samband med handsaminga av meldinga til Stortinget om oppmodings- og utgreiingsvedtak. I enkelte tilfelle kan oppfølginga av vedtaka vere meir omfattande forklart under det aktuelle programområdet i proposisjonen. Det vil i desse tilfella vere ei henvising til kvar denne teksten er å finne.

I kolonne 4 i tabell 1.1 går det fram om departementet planlegg at rapporteringa knytt til opp-

modingsvedtaket no blir avslutta eller om departementet òg vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år. Rapporteringa på vedtak som inneber at departementet skal leggje fram ei konkret sak for Stortinget, til dømes proposisjon, stortingsmelding, utgreiing eller liknande, vil normalt først bli avslutta når saka er lagt fram for Stortinget.

Sjølv om det i tabellen står at rapporteringa blir avslutta, vil det i ein del tilfeller kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endeleg avslutta. Dette kan til dømes gjelde vedtak med oppmoding til regjeringa om å ta hand om særlege omsyn i politikktutforminga på eit område, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Stortinget vil i desse tilfella bli halde orientert om den vidare oppfølginga på ordinær måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument.

Tabell 1.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2017–2018	140	Sikring og finansiering av opplysningsverksemda i landbruket	Nei
2017–2018	141	Framlegging av endringar i verkemidla for marknadsbalansering	Nei
2017–2018	444	Oppdatering av jordvernstrategi	Ja
2017–2018	445	Om etablering av nasjonale beredskapslager av korn	Nei
2016–2017	108	Forslag om forbod mot nydyrking av myr	Nei
2016–2017	443	Offentleg geografisk miljø- og ressursinformasjon	Ja
2016–2017	445	Etterspørsel etter grønne, trebaserte produkt	Nei
2016–2017	448	Forskning, utvikling og innovasjon i skog- og trenæringa	Nei
2016–2017	449	Beredskapsplanar i skogbruket	Ja
2016–2017	837	Fjellova i Nordland og Troms	Nei
2016–2017	878	Konsekvensar av liberalisering av konsesjonsplikta	Nei
2015–2016	510	Om nasjonal strategi for å sikre fortsatt mangfald av villbier og andre pollinerande insekter	Ja

Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings-sesjonen 2017–2018

Sikring og finansiering av opplysningsverksemda i landbruket

Vedtak nr. 140, 11. desember 2017:

«Stortinget ber regjeringa sikre opplysningsvirksomheten i landbruket og finansieringa av denne fram til Omsetningsrådet har foretatt den varslede gjennomgangen av virkemiddelbruken.»

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av budsjettet til Landbruks- og matdepartementet for 2018 (Innst. 8 S (2017–2018)). Næringskomiteen seier i innstillinga:

«Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristelig Folkeparti, viser til Innst. 251 S (2016–2017), der et flertall viser til at virkemiddelpakken for marknadsregulering over tid har blitt mindre. Flertallet mener det er svært viktig å videreføre alle gode balanseringsinstrumenter, og at det fortsatt skal være mulig å benytte omsetningsavgift til «Reklame og salgsfremmende til-

tak». Flertallet viser vidare til at omsetningsrådet med grunnlag i Meld. St. 11 (2016–2017) og tilhørende Innst. 251 S (2016–2017) har fått i oppdrag å gjennomgå marknadsbalanseringa i landbruket. Flertallet mener det er naturleg at opplysningskontorenes rolle og finansiering inngår i dette arbeidet, og at eventuelle endringar i opplysningskontorenes virksomhet skjer som en oppfølging av Omsetningsrådets gjennomgang.»

Omsetningsrådet har i brev til departementet av 19. mars 2018 informert om at dei legg opp til ein endeleg gjennomgang av regelverk og ordningar innan 31. desember 2019. I påvente av gjennomgangen til Omsetningsrådet er det ikkje gjort endringar i opplysningsverksemda eller finansieringa av denne.

Framlegging av endringar i verkemidla for marknadsbalansering

Vedtak nr. 141, 11. desember 2017:

«Stortinget ber om at endringar i virkemidlene for marknadsbalansering som ikkje er i tråd med Omsetningsrådets anbefalingar, legges fram for Stortinget.»

Omsetningsrådet har i brev til departementet av 19. mars 2018 informert om at dei legg opp til ein endeleg gjennomgang av regelverk og ordningar innan 31. desember 2019. Departementet har bedt om at Omsetningsrådet gir tilbakemelding på områda informasjonsplikt og dobbel mottaksplikt på kjøtt raskare enn den fristen som er sett opp.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget ved behov.

Oppdatering av jordvernstrategi

Vedtaket nr. 444, 6. februar 2018:

«Stortinget ber regjeringen fremme en oppdatert jordvernstrategi i forbindelse med fremleggelsen av statsbudsjettet for 2019.»

Vedtaket blei gjort i samband med handsaming av Dokument 8:33 S (2017–2018) og Dokument 8:41 S (2017–2018), jf. Innst. 112 S (2017–2018).

Oppdatert jordvernstrategi er lagt ved denne proposisjonen.

Etablering av nasjonale beredskapslagre av korn

Vedtaket nr. 445, 6. februar 2018:

«Stortinget ber regjeringen fremme en egen sak for Stortinget i løpet av 2019 om etablering av nasjonale beredskapslagre av korn.»

Vedtaket blei gjort i samband med handsaming av Dokument 8:33 S (2017–2018) og Dokument 8:41 S (2017–2018), jf. Innst. 112 S (2017–2018).

Departementet vil følgje opp vedtaket og komme tilbake til Stortinget på eigna måte i løpet av 2019.

Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings-sesjonen 2016–2017

Forslag om forbod mot nydyrking av myr

Vedtaket nr. 108, pkt. 17, 5. desember 2016:

«Fremme forslag om forbud mot nydyrking av myr.»

Grunnlaget for vedtaket er innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2017 og forslag til statsbudsjett for 2017, jf. Innst. 2 S (2016–2017).

Landbruks- og matdepartementet sende forslag om endring av reglane om nydyrking på høyring i 2017. I høyringa var endring av jordlova og

eit forslag om å innføre eit forbod mot nydyrking av myr i forskrift om nydyrking det mest sentrale. Ein proposisjon om endring av jordlova og endring av forskrifta om nydyrking er no under arbeid i Landbruks- og matdepartementet.

Offentleg geografisk miljø- og ressursinformasjon

Vedtaket nr. 443, 31. januar 2017:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at relevant offentlig geografisk miljø- og ressursinformasjon gjøres tilgjengelig og oppdateres, og rapportere tilbake om dette arbeidet i statsbudsjettet for 2018. Stortinget ber videre regjeringen legge til rette for at Skogportalen i NIBIO gir oppdatert og relevant miljøinformasjon til skogbruket.»

Grunnlaget for vedtaket er Meld. St. 6 (2016–2017) Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og tre-næring, jf. Innst. 162 S (2016–2017). Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for oppfølging av siste setningen i vedtak nr. 443. For oppfølging av første setning, sjå Klima- og miljødepartementets budsjettproposisjon.

Oppfølging av vedtaket er omtalt i Meld. St. 7 (2017–2018). Både Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet følgjer opp vedtaket, gjennom mellom anna utvikling av kart- og innsynsløysningar. I samband med handsaminga av Prop. 1 S (2017–2018) frå Landbruks- og matdepartementet, jf. Innst. 8 S (2017–2018), viste Næringskomiteen til regjeringa si omtale i budsjettproposisjonen, og streka under behovet for at Skogportalen til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) gir oppdatert og relevant miljøinformasjon til skogbruket.

Skogportalen ved NIBIO viser informasjon som regelverk og skogsertifisering krev ved planlegging og gjennomføring av hogst, bygging av skogsbilveggar og andre skogbrukstiltak der det må takast omsyn til miljøverdier. Det er ein stor gevinst at både næringa og forvaltninga får tilgang på same informasjon og får eit felles grunnlag for vurderingar og avgjerder. Etter oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet blir no Skogportalen utvikla vidare av NIBIO, i tett samarbeid med Landbruksdirektoratet, PEFC-Norge, skogforvaltninga og næringa. Artsdatabanken og Miljødirektoratet er bedte om å bidra med tilrettelegging og leveranse av data frå sine databasar. Utviklingsarbeidet på dette området er ei kontinuerleg oppgåve. Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at nødvendige tiltak for vidare utvikling av Skogportalen er sett i verk, og at oppmodingsvedtaket med dette

er følgt opp. Vidare informasjon til Stortinget kan skje gjennom dei årlege budsjettproposisjonane.

Etterspørsel etter grønne, trebaserte produkt

Vedtak nr. 445, 31. januar 2017:

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en strategi som stimulerer etterspørselen etter grønne trebaserte produkter, og komme tilbake med denne i løpet av 2017.»

Grunnlaget for vedtaket er Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og tre-næring*, jf. Innst. 162 S (2016–2017).

Strategien blir sett i sammenheng med strategien omtalt under vedtak nr. 448, og vil etter planen bli lagt fram i løpet av 2018.

Forskning, utvikling og innovasjon i skog- og trenæringa

Vedtak nr. 448, 31. januar 2017:

«Stortinget ber regjeringen om å utarbeide en strategi for en helhetlig og styrket satsning på forskning, utvikling og innovasjon i skog- og trenæringen.»

Grunnlaget for vedtaket er Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – konkurransedyktig skog- og trenæring*, jf. Innst. 162 S (2016–2017).

Strategien blir sett i sammenheng med strategien omtalt under vedtak nr. 445, og vil etter planen bli lagt fram i løpet av 2018.

Beredskapsplanar i skogbruket

Vedtak nr. 449, 31. januar 2017:

«Stortinget ber regjeringen arbeide for tilstrekkelige beredskapsplaner i skogbruket, i samarbeid med relevante organisasjoner og skogeiere.»

Grunnlaget for vedtaket er Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, jf. Innst. 162 S (2016–2017).

Naturhendingar som skogbrann og ekstremvær kan ha store konsekvensar for samfunnet. Den akutte beredskapen ved slike hendingar sorterer under Justis- og beredskapsdepartementet. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har eit utøvande ansvar. Sommaren 2018 har vist at beredskapen på skogbrannområdet har vore god, og at skadeomfanget er avgrensa. Tørke over

lang tid kan svekkje skogen og gjere den meir sårbar for ekstremvær og ulike skadegjerarar, mellom anna barkbiller. Landbruks- og matdepartementet har bedt Norsk institutt for bioøkonomi sette saman kunnskap som kan gi grunnlag for betre beredskapstiltak i skogbruket. Landbruks- og matdepartementet vil framover arbeide for å finne fram til gode samrådsfunksjonar mellom forvaltninga og organisasjonane.

Fjellova i Nordland og Troms

Vedtak nr. 837, 8. juni 2017:

«Stortinget ber regjeringen utrede å gi fjelloven samme anvendelse i Nordland og Troms som sør for Nordland grense. Utredningen skal legge til grunn at Statskog fortsatt skal beholde ansvaret for skogressursene. Utredningen skal videre legge til grunn at gjeldende finnmarkslov videreføres innenfor dagens fylkesgrense for Finnmark, men ikke utvides til nye geografiske områder.»

Vedtaket blei gjort i samband med Stortingets handsaming av Prop. 84 S (2016–2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå*, jf. Innst. 385 S (2016–2017).

Regjeringa arbeider med å greie ut spørsmålet i tråd med vedtaket frå Stortinget, og vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Konsekvensar av liberalisering av konsesjonsplikta

Vedtak nr. 878, 13. juni 2017:

«Stortinget ber regjeringen utrede konsekvensen av en videre liberalisering av konsesjonsplikten utover de lovmessige endringer som nå vedtas for rene skogeiendommer.»

Vedtaket blei gjort i samband med Stortingets handsaming av Prop. 92 L (2016–2017) *Endringer i konsesjonsloven, jordloven og odelsloven mv.* (konsesjonsplikt, odlingsjord, priskontroll, deling og driveplikt mv.), jf. Innst. 427 L (2016–2017). I samband med handsaminga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 8 S (2017–2018), uttalte Næringskomiteen i Stortinget at utgreiing av eigedomsregelverket i jord- og skogbruk bør ha som siktemål å gjere omsyna bak lova mest mogleg effektive. Komiteen meinte at det blir feil utelukkande å peike på liberalisering av regelverket, og at utredningsarbeidet må få ei brei tilnærming.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget med oppfølging av saka.

**Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings-
sesjonen 2015–2016**

Om nasjonal strategi for å sikre fortsatt mangfold av villbier og andre pollinerande insekt

Vedtak nr. 510, 1. mars 2016:

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte fremme en sak om nasjonal strategi for å sikre fortsatt mangfold av villbier og andre pollinerende insekter.»

Vedtaket blei gjort i samband med Stortingets handsaming av Dok 8:6 S (2015–2016), jf. Innst. 172 S (2015–2016). Regjeringa la i juni 2018 fram *Nasjonal Pollinatorstrategi – Ein strategi for levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt*. Eit viktig formål med strategien er å etablere felles mål og innsatsområde for ein koordinert nasjonal innsats som byggjer vidare på det som allereie er sett i verk i privat og offentleg sektor. Fleire sektorar (landbruk, miljø, kommunal, samferdsel, forsvar, kunnskap og energi) har bidrege i arbeidet, og vil følgje opp strategien på sine område.

1.6 Bruk av stikkordet «kan overførast»

Under Landbruks- og matdepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30–49

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2018	Forslag 2019
1100	21	Spesielle driftsutgifter	4 498	15 836
1137	70	Innovasjonsaktivitet mv.		3 500
1137	71	Bioøkonomiordninga	5 013	2 832
1138	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar	662	1 305
1139	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak	10 385	29 059
1140	23	Jegerprøve m.m.		4 500
1140	71	Tilskott til viltformål		46 289
1142	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	7 165	4 524
1142	80	Radioaktivitetstiltak	1 000	500
1148	22	Naturskade, administrasjon	743	
1149	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	13 731	92 300
1149	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak	12 903	38 899
1150	21	Spesielle driftsutgifter	7 304	24 033
1150	70	Marknadsregulering		302 062
1150	74	Direkte tilskott		9 024 159
1150	77	Utviklingstiltak		264 280
1150	78	Velferdsordningar		1 518 391
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	1 113	79 100
1151	79	Velferdsordningar	231	2 600

Del II
Budsjettframlegg

2 Nærare omtale av løyvingforslaga

Programområde 15 Landbruk og mat Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.

Utgifter under programkategori 15.00 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1100	Landbruks- og matdepartementet	192 385	168 517	180 259	7,0
	Sum kategori 15.00	192 385	168 517	180 259	7,0

Inntekter under programkategori 15.00 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
4100	Landbruks- og matdepartementet	2 599	1 046	1 071	2,4
	Sum kategori 15.00	2 599	1 046	1 071	2,4

Mål og strategiar

Departementet sitt ansvarsområde dekkjer heile verdikjeda frå primærprodusent til forbrukar, medrekna juridiske og økonomiske verkemiddel for mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren og nye landbruksbaserte næringer. Landbruks- og matdepartementet har som tverrgåande mål at forvaltninga skal vere effektiv, tilby enkle og brukarvennlege løysingar og vere kjenneteikna av god kvalitet, jf. òg omtale av målstruktur for landbrukspolitikken i del I *Innleiande del* og målet om ei effektiv landbruks- og matforvaltning i del III *Rapportering på dei landbruks- og matpolitiske måla*.

Prioriteringar

Regjeringa innførte frå og med 2015 ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform (ABE-

reforma). Kravet om mindre byråkrati og ein meir kostnadseffektiv bruk av statlege midlar vil gjelde det meste av statleg forvaltning, også landbruks- og matforvaltninga. Ei meir effektiv statleg drift skaper handlingsrom for prioriteringar i statsbudsjettet, noko som kjem samfunnet til gode. Arbeidet med forenkling av byråkratiske prosessar og oppgåver, som har som mål å gi effektive ringverknadar og reduserte samla kostnader for samfunnet, vil difor ha høg prioritet òg i 2019. I tillegg vil viktige prioriteringar for departementet på det administrative området vere å føre vidare arbeidet med å utvikle god styring av underliggjande verksemder og å føre vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Sjå òg omtale av prioriteringane på dei ulike fagområda under dei respektive budsjettkapitla i proposisjonen og *Fornye, forenkle og forbetre* i del IV *Særskilde tema*.

Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	161 507	162 954	161 414
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	16 197	2 552	15 836
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	14 392	2 720	2 720
50	Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	289	291	289
Sum kap. 1100		192 385	168 517	180 259

Post 01 Driftsutgifter

Formål med løyvinga

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk den overordna politikken på områda mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren og nye landbruksbaserte næringar. Posten skal dekkje løns- og driftsutgifter i departementet. Dei tilsette utgjer den viktigaste ressursen for departementet.

Rapportering 2017

I 2017 blei det nytta 161,5 mill. kroner til drift av Landbruks- og matdepartementet over posten. Av dette var 73,5 pst. utgifter som var relaterte til løn og godtgjersler. Resten av løyvinga blei nytta til andre driftsutgifter, som til dømes husleige, inventar, drift og utvikling av IKT, reiseutgifter, kurs og konferanseutgifter og tiltak for kompetanseutvikling. Departementet hadde 135 årsverk per 1. januar 2018. Departementet har vore oppteke av følgje opp satsinga på lærlingar i staten, og har i perioden 2017–2019 ein lærling i kontorlag. I perioden har departementet óg samarbeidd med Fontenehuset og gir arbeidserfaring til personar med psykiske utfordringar og/eller «høl i CV'en». Departementet har fokusert på reduksjon av administrative stillingar og på å effektivisere drifta av departementet i tråd med strategien frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for betre og meir effektive administrative tenester i departementa. Hausten 2017 blei departementet omorganisert, og talet på avdelingar er redusert frå fem til fire.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 161,4 mill. kroner til drift av departementet. Lønskompensasjon er innarbeidd i løyvinga. Posten er redusert på grunn av krav til avbyråkratisering og effektivisering (ABE-reforma). I tillegg er posten redusert med til saman 4,5 mill. kroner som følgje av at midlar blir overførte til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt budsjett. Dette er grunngitt med overgangen frå brukarfinansiering til finansiering over løyving til IKT-tenester og etablering av nye fellestenester i Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon (DSS). I samband med overføring av ansvar for forvaltninga av haustbare viltressursar frå Klima- og miljødepartementet til Landbruks- og matdepartementet er posten tilført 0,25 mill. kroner frå budsjettet deira.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Formål med løyvinga

Midlane på posten blir nytta til godtgjering til utgreiingsutval og andre særskilde prosjektrelaterte kostnader.

Rapportering 2017

Det blei i 2017 nytta 16,2 mill. kroner, i hovudsak til planlegging og gjennomføring av tiltak knytte til skrantesjuka (CWD). Posten blei i revidert nasjonalbudsjett 2017 styrkt, og 12,5 mill. kroner blei stilte til disposisjon for Mattilsynet. Dei største utgiftene gjaldt smitteførebyggjande tiltak ved saltsteinplassane i fjellet, prøvuttak, frakt og ana-

lyse av prøver. I tillegg blei midlar på posten mellom anna nytta til lovutvalet for statsallmenninngane og verdivurdering av Statskog SF.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 15,8 mill. kroner for 2019. Midlane på posten skal nyttast til særskilde prosjekt og utgreiingar. For 2019 vil dette mellom anna vere knytt til tiltak mot skrantesyke (CWD), oppfølging av klimaarbeid og til gylne måltidsøyeblikk.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan

Formål med løyvinga

Løyvinga kan nyttast til finansiering av store innkjøp og ekstraordinære utgifter i departementet, og ved eigedommane til departementet og til delvis dekking av tilsvarande utgifter ved dei ordinære forvaltningsorgana under departementet. Løyvinga kan òg nyttast til utgifter i samband med sal og taksering av eigedommar. Institutta som ligg under Landbruks- og matdepartementet, leiger fleire eigedommar av departementet. Ved avhending av heile eller delar av desse eigedommane kan utgifter til arbeid med dette òg førast over posten.

Rapportering 2017

I 2017 blei det nytta 14,4 mill. kroner. Av beløpet var 8 mill. kroner kapitalinnskott i Staur gård AS, jf. oppmodingsvedtak nr. 290, 16. desember 2016 frå Stortinget i samband med handsaminga av Prop. 19 S (2016–2017), der Stortinget bad departementet om å skyte inn eigenkapital til selskapet. Utover dette blei det nytta midlar til departementet sin eigedom i Sikkilsdalen i Nord-Fron kom-

mune, til utgreiing av samlokalisering av Norsk institutt for bioøkonomi og ekstraordinært vedlikehald av eigedommar som instituttet leiger av departementet.

Budsjettframlegg 2019

Departementet vil gjennomføre nødvendig vedlikehald og reparasjonar av eigedommar som departementet har ansvar for. Departementet gjer framlegg om ei løyving over posten på 2,7 mill. kroner. Posten blir sett i samheng med, og kan nyttast under post 50. Det kan òg i 2019 bli aktuelt med sal av eigedom, jf. forslag til vedtak II om meirinntekter og vedtak V om sal av eigedom. Eventuelle inntekter frå sal av eigedommar kan òg nyttast til å dekkje større utgifter som følgje av omorganiseringar, flytting, og behov for infrastruktur i samband med dette, i verksemdar som ligg under departementet.

Post 50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

Formål med løyvinga

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store innkjøp og ekstraordinært vedlikehald i dei nettobudsjetterte institutta under departementet.

Rapportering 2017

I 2017 blei det nytta 0,3 mill. kroner over posten. Beløpet blei stilt til disposisjon for Norsk institutt for bioøkonomi, som brukte midlane til oppdatering av driftsutstyr og transportmiddel.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,3 mill. kroner over posten i 2019.

Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Refusjonar m.m.	17	120	123
30	Husleige	910	926	948
40	Sal av eigedom	1 672		
	Sum kap. 4100	2 599	1 046	1 071

Programkategori 15.10 Matpolitikk

Utgifter under programkategori 15.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	95 661	97 061	97 976	0,9
1115	Mattilsynet	1 376 659	1 340 904	1 367 446	2,0
	Sum kategori 15.10	1 472 320	1 437 965	1 465 422	1,9

Inntekter under programkategori 15.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
4115	Mattilsynet	189 611	201 575	204 578	1,5
	Sum kategori 15.10	189 611	201 575	204 578	1,5

Mål og strategiar

Budsjettframlegget omfattar Mattilsynet og grunnløyvinga til oppgåver innanfor kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap ved Veterinærinstituttet. Sjå òg Prop. 1 S (2018–2019) frå Nærings- og fiskeridepartementet for nærare omtale av Veterinærinstituttet. Budsjettframlegget er viktig for arbeidet med å nå matpolitiske mål og skal særleg bidra til å nå måla i matlova, dyrevelferdslova og dyrehelsepersonellova. Ein del av desse måla har ikkje direkte samband med matproduksjon. Framlegget omfattar i tillegg Mattilsynet sitt arbeid for å nå måla i kosmetikklova, husdyravslslova og plante-foredlarlova.

Det faglege ansvaret på matområdet er delt mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Regjeringa sin matpolitikk dekkjer heile matproduksjonskjeda frå jord og fjord til bord. Målstrukturen på dette politikkområdet skil seg difor noko frå måla for landbruks-

og matpolitikken slik dei er omtalte i andre kapittel i denne budsjettproposisjonen.

Hovudmåla på det matpolitiske området er:

- å sikre trygg mat og trygt drikkevatt
- å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Andre viktige omsyn er:

- tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt
- sunt kosthald og gode matopplevingar
- nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping
- langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvennleg produksjon

Regjeringa legg vekt på at maten skal vere trygg og tilfredsstillende ønskje og behov hos forbrukarane. Ein mangfaldig matmarknad og lovfesta matinformasjon som er rett, relevant og lett tilgjengeleg, er viktige føresetnader for at forbrukarane

skal kunne gjere informerte val, setje saman eit sunt kosthald og utøve makt i matmarknaden.

Regjeringa legg vekt på at rammevilkåra for næringsaktørane, mellom anna regelverk og tilsyn, blir fastsette og utøvde på ein slik måte at ein ikkje skaper konkurransevridingar, samstundes som verksemdene må kunne nytte den fleksibiliteten som ligg i regelverket.

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene krev eit sterkt internasjonalt samarbeid. Handelen må skje i samsvar med internasjonale avtalar og vere basert på internasjonale standardar. Det er viktig for å sikre at varene vi importerer er trygge og møter krava frå forbrukarane. Det er òg viktig for å fremje god plante- og dyrehelse. For at norsk eksport ikkje skal bli hindra av urettvise krav frå importlanda, må Noreg vere leiande innan overvaking, risikovurderingar og forskning, særleg når det gjeld sjømat og fiskehelse. Aktiv norsk deltaking i internasjonale forum er nødvendig, både for å påverke innhaldet i standardar og regelverk, og for å utveksle og utvikle kunnskap og erfaring.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt samarbeid på matområdet, mellom anna i Codex Alimentarius Commission, FNs organisasjon for matvarestandardar under FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) og Verdas helseorganisasjon (WHO), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og den internasjonale plantevernkonvensjonen (IPPC). Organisasjonane utviklar standardar som blir lagde til grunn i avtaleverket om mattryggleik, helse og miljø under Verdas handelsorganisasjon (WTO) (SPS-avtalen og TBT-avtalen). Desse avtalane legg òg premissar for regelverket i EU/EØS.

Hovuddelen av regelverket på matområdet er harmonisert innanfor EØS. EØS-avtalen er basert på at regelverket i EU og Noreg så raskt som mogleg skal vere det same. Effektive og gode EØS-rutinar er difor svært viktige. Regjeringa legg vekt på ein open og aktiv Europa-politikk med tidleg involvering av interessentane, tydelege posisjonar og målretta innsats i regelverksutviklinga der EØS-avtalen gir Noreg best tilgang. For større eller viktige rammerettsakter som blir handsama i Europaparlamentet eller Rådet, blir det arbeidd inn mot desse organa for å fremje norske synspunkt.

Mattilsynet er ein sentral offentleg aktør i gjennomføringa av matpolitikken. Oppgåvene omfattar regelverksutvikling, tilsyn, rettleiing, kartlegging og overvaking i heile matproduksjonskjeda, frå innsatsvarer og primærproduksjon til omsetnad til forbrukarane.

God kunnskap og vitskapleg dokumentasjon er avgjerande for å nå måla i matpolitikken. Som ledd i regelverksutviklinga på matområdet utfører Vitskapskomiteen for mat og miljø (VKM) uavhengige faglege risikovurderingar for Mattilsynet. Arbeidet krev god samhandling med Mattilsynet og andre kunnskapsinstitusjonar og god kontakt med European Food Safety Authority (EFSA). Sjå òg Prop. 1 S (2018–2019) frå Helse- og omsorgsdepartementet kap. 745.

Kunnskapsstøtte frå institusjonar som Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Folkehelseinstituttet, og Veterinærinstituttet er viktig for at forvaltninga skal vere godt fagleg og vitskapleg fundert.

Prioriteringar

Målet om å sikre trygg mat og trygt drikkevatn

Situasjonen i Noreg er god samanlikna med andre land når det gjeld førekomst av matboren sjukdom. Det kjem mellom anna av at førekomsten av smittestoff i mat og hos husdyr er relativt låg. Dette er nærare omtalt i kap. 1115 og i del 3. Sjølv om mattryggleiken i Noreg generelt er god, er det nødvendig å arbeide kontinuerleg for å halde han ved like. Arbeidet for trygg mat må òg ta omsyn til at nye ressursar kan nyttast til mat og fôr.

Innsatsvarene og matvarene skal vere trygge, anten dei er framstilte i Noreg eller er importerte. Regelverket og tilsynet skal leggjast opp slik at ein gjennom innsats i alle ledd i matproduksjonskjeda bidreg til at sluttprodukta er trygge. I arbeidet for å sikre trygg mat er det viktig å redusere risikoen for sjukdom eller helseskade som kan oppstå på grunn av smittestoff eller framandstoff i innsatsvarer, mat eller drikkevatn.

Det er behov for at verksemdene arbeider kontinuerleg for å oppretthalde og sikre god hygiene i heile matproduksjonskjeda. Verksemdar som produserer og omset innsatsvarer og mat, varierer mykje i storleik og karakter.

Effektive hygienetiltak og gode arbeidsrutinar i verksemdar som framstiller lett bederveleg mat, eller som handterer mat som ikkje er innpakka, er særleg viktig.

Kvaliteten på drikkevatnet i Noreg er generelt god, men mange vassforsyningssystem er sårbare på grunn av gamle leidningsnett som er utsette for lekkasjar. Enkelte stader er det dessutan ikkje gode nok reservevassløyser dersom hovudvassforsyninga sviktar. I mange tilfelle er det behov for auka innsats frå vassverka for å sikre trygg vassforsyning i framtida, ikkje minst ved å auke utskiftingstakten for gamle vassrøyr.

Fleire tilfelle dei siste åra viser den nære samanhengen mellom sjukdom hos dyr og sjukdom hos menneske. Tal frå WHO viser at om lag 75 pst. av nye eller kjende infeksjonar som har auka hos menneske dei siste 30 åra, kjem av smittestoff frå dyr. Å ta vare på den gode norske dyrehelsa, som er eit resultat av systematisk arbeid gjennom mange år, er viktig både for mattryggleiken og for god helsetilstand hos menneske og dyr.

Overvaking av inntaket av framandstoff og næringsstoff er viktig i folkehelsearbeidet og som grunnlag for faglege risikovurderingar. For å kunne overvake inntaket må ein ha kunnskap om kor mykje folk bruker av ulike matvarer og om innhaldet av framandstoff og næringsstoff i matvarene. Mattilsynet samarbeider med Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet for å oppdatere eksisterande inntaksdata. I dette samarbeidet blir Matvaretabellen med opplysningar om innhald av næringsstoff i matvarer utvida og forbetra kontinuerleg. Det er òg viktig med kunnskap om innhaldet av framandstoff i innsatsvarer og råvarer, og om det er miljøforureining i vatn eller jordsmonn som kan påverke innhaldet av framandstoff i fisk, dyr og planter.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn Ernæringsarbeidet er omtalt i Prop. 1 S (2018–2019) frå Helse- og omsorgsdepartementet og ligg i hovudsak under Helsedirektoratet. Mattilsynet har òg ei viktig rolle i dette arbeidet, særleg når det gjeld merking av næringsinnhald, ernærings- og helsepåstandar og frivillig sunnheitsmerking. Den nordiske ordninga med frivillig sunnheitsmerking av mat, *Nøkkelhølet*, gir forbrukarane eit rikare tilbod av, og betre informasjon om, matvarer som kan bidra til eit sunnare kosthald.

Merking av mat er viktig for at forbrukarane skal få rett informasjon om matvarene, mellom anna om kva dei inneheld, korleis dei skal handterast, kvar dei kjem frå og kor mykje næring dei gir.

Merking av mat er i hovudsak regulert i matinformasjonsforskrifta. Departementa vil arbeide vidare opp mot EU med sikte på at reglane i matinformasjonsforordninga om merking av ingrediensar og næringsinnhald òg skal gjelde for alkoholhaldige drikkevarer. Mattilsynet følgjer òg utviklinga i EU tett på området for opphavsmerking på tilarbeidde kjøttprodukt og meieriprodukt.

Hausten 2016 underteikna delar av matbransjen ein intensjonsavtale med helsestyresmaktene

der det er sett konkrete mål om reduksjon av salt, metta feitt og sukker i matvarer og mål om å auke inntaket av grønsaker, frukt, bær, grove kornvarer og fisk. Avtalen blei i 2018 opna for serveringsbransjen. Om lag 100 aktørar er til no knytte til denne intensjonsavtalen og oppfølginga av han.

Interessa veks for lokal mat og matprodukt med særpreg. Regjeringa legg vekt på å leggje til rette for slik produksjon, jf. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*.

Målet om å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Det er viktig med god overvaking og høg beredskap mot mange plante- og dyresjukdommar, planteskadegjerarar og sjukdommar som smittar mellom dyr og menneske (zoonosar). Noreg har generelt god plantehelse, men den aukande importen av planter og plantemateriale kan auke risikoen for introduksjon av nye sjukdommar og skadegjerarar.

Regjeringa vil leggje vekt på å hindre at hjorteviltssjukdommen *Chronic Wasting Disease (CWD)* får fotfeste i Noreg. Den omfattande kartlegginga vil bli ført vidare for å få best mogleg oversikt over situasjonen. Ei slik kartlegging er, saman med smitteførebyggjande tiltak, òg nødvendig for å sikre at villreinen som skal brukast til å byggje opp igjen villreinstammen i Nordfjella sone 1, er frisk.

Feil bruk av antibiotika til folk og dyr har ført til ein vesentleg auke av motstandsdyktige bakteriar som utgjer eit alvorleg globalt helsetrugs mål. Regjeringa har stor merksemd på området og har mellom anna utarbeidd ein tverrsektoriell nasjonal strategi mot antibiotikaresistens for perioden 2015–2020. Strategien er særleg retta mot redusert bruk av antibiotika, rett bruk av antibiotika og utvikling av kunnskap. Aktiv deltaking i internasjonale forum er viktig for å bidra til betre tilgang til og ansvarleg bruk av antibiotika, og for utviklinga av nye antibiotika, vaksinar og betre diagnostiske hjelpemiddel.

Landbruks- og matdepartementet fastsette i 2016 ein handlingsplan mot antibiotikaresistens innanfor sitt sektoransvar. Handlingsplanen skal mellom anna bidra til å nå relevante mål i den tverrsektorielle nasjonale strategien mot antibiotikaresistens for 2015–2020.

Evna til å løyse utfordringane med sjukdommar i havbruket er viktig for å kunne ta ut det langsiktige vekstpotensialet. Kontroll med sjukdom er òg viktig for å minke smittepresset i miljøet og for å redusere bruk og utslepp av medika-

ment. Lakselus er framleis ei utfordring, spesielt knytta til tap i samband med medikamentfrie behandlingar. Produksjonssvinnet i oppdrettsnæringa er framleis høgt, og det er viktig å arbeide for å redusere dette tapet.

Det er innført eit nytt trafikkløyssystem for kapasitetsauke i havbruksnæringa. Systemet byggjer på ein indikator for påverknad av lakselus på villfisk og inndeling av kysten i spesifikke produksjonsområde. Oppfølging og utvikling av dette systemet skal prioriterast.

Regjeringa styrkjer arbeidet for god dyrevelferd. Ei viktig satsing i dette arbeidet har vore etablering av prøveprosjekt med ei eiga dyrekrimguppe i politiet (dyrepoliti) som no omfattar fem politidistrikt. Dyrepolitiprojekta legg til rette for betre samhandling mellom Mattilsynet og politiet, og betre system og klare rutinar for handsaming av alvorlege saker som gjeld mishandling og vanrøkt av dyr. I regjeringsplattforma blir det lagt opp til ei gradvis innføring av dyrepoliti i alle fylka i landet. Erfaringane frå prøveprosjekta vil leggje eit godt grunnlag for dette.

Arbeidet med å fremje god dyrevelferd er viktig. Det er nødvendig med merksemd mot hald av både produksjonsdyr og kjæledyr. Utvikling av kunnskap om verknaden av avlstilltak og ulike driftsformer på dyrevelferda er òg viktig.

For produksjonsdyrehald med mange dyr eller der risikoen for dårleg dyrevelferd er venta å vere høg, blir det gjennomført tilsyn som i størst mogleg grad ikkje er varsla. Besetningar der venta risiko for brot på regelverket er størst, blir prioriterte. Auka tilsyn retta mot landdyr i primærproduksjon bidreg òg til å førebyggje dyretragediar ved at Mattilsynet tidlegare kan sjå faresignal for manglande stell og gi målretta rettleiing. Godt samarbeid mellom Mattilsynet og næringa, mellom anna landbruket si HMS-teneste og slakteria, bidreg òg til at dyrehald i risikosona kan bli oppdaga tidleg.

Andre omsyn

Tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt

Kontakt med aktuelle styresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Norsk sjømat skal vere trygg og av god kvalitet slik at han blir føretrekt på den globale marknaden. Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på at produkta som blir eksporterte, er trygge. For Noreg som stor eksportør av sjømat er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile pro-

duksjonskjeda og å skape føreseielege rammevilkår for eksport. Tilsynsarbeidet til Mattilsynet og kommunikasjon med styresmaktene i importlanda er avgjerande for tilliten.

Den gode norske dyrehelsa blir nytta i eksportsamanheng, mellom anna når det gjeld den aukande eksporten av avlprodukt frå husdyr. Også for ein del andre landbruksprodukt er det viktig med marknadstilgang i utlandet.

Sunt kosthald og gode matopplevingar

Det er viktig at fagleg og vitskapleg basert informasjon om samanhengen mellom kosthald og helse når fram til forbrukarane på ein tenleg måte.

Folkehelsepolitikken legg mellom anna vekt på tiltak for å gjere det enklare å velje sunt, leggje til rette for gode måltid i barnehagar og i skolar og hos eldre, og å styrkje kunnskapen om mat, matlaging, kosthald og ernæring. Regjeringa la våren 2017 fram *Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold (2017–2021)*. Planen har tiltak på ansvarsområda til sju departement. For å få til endringar i kosthaldet er det nødvendig med innsats på tvers av sektorane og samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor.

Merksemd om matglede og god matkvalitet er òg viktig for at forbrukarane skal kjenne til kvar maten kjem frå, korleis han blir produsert og samanhengen mellom mat og helse.

I Meld. St. 15 (2017–2018) presenterte regjeringa kvalitetsreforma *Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre*. Dette er òg ei reform for større matglede for eldre, anten dei bur heime eller er på sjukeheim eller sjukehus. Regjeringa ønskjer å gjere måltidet til ei god oppleving i kvar dagen, sørge for fleire måltid gjennom døgnet og sikre god ernæring med gode kokkar og lokale kjøkken.

Nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping

Innovasjon og næringsutvikling knytt til produksjon av mat med lokal identitet er viktig for å kunne ha sterke og innovative små og store verksemder. Regjeringa vil bidra til å auke tilgangen til lokale matprodukt for forbrukarane. Sjå nærare omtale under kat. 15.30.

Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å informere betre om regelverket og gjere det meir tilgjengeleg. Å kommunisere og dele kunnskap med verksemder, bransjeorganisasjonar og kompetansenettverk er viktig for utviklinga på lokalmatområdet.

Langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvennleg produksjon

Matsvinn er identifisert som ei av utfordringane på nasjonalt nivå for å oppfylle FN's berekraftsmål om å halvere matsvinnet per innbyggjar på verdsbasis innan 2030. Reduksjonen skal skje i produksjons- og forsyningskjeda, i detaljhandelen og hos forbrukarane. Ein bransjeavtale om redusert matsvinn blei undertekna i juni 2017 av fem departement og representantar for alle ledd i matverdikjeda. Formålet med avtalen er å samarbeide om å fremje betre utnytting av ressursar og råstoff gjennom førebygging og reduksjon av matsvinn i heile matkjeda. Avtalen skal dermed bidra til å redusere dei miljømessige konsekvensane knytte til matproduksjon og forbruk i Noreg. Partane i jordbruksavtalen er samde om at det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere korleis jordbrukssektoren samla kan følgje opp oppgåva med å utvikle statistikk over matsvinn i sin sektor. Landbruksdirektoratet vil leie arbeidsgruppa.

Det vil bli arbeidd med å redusere bruk og risiko for negative helse- og miljøeffektar ved bruk av plantevernmidler i tråd med *Handlingsplan for bærekraftig bruk av plantevernmidler (2016–2020)*. Integrrert plantevern, der ein i størst mogleg grad nyttar alternativ til kjemiske plantevernmidler, er viktig i dette arbeidet. Godt samarbeid mellom næringa, rådgivingstenesta, kunnskapsinstitusjonar og styresmakter er sentralt for å kunne nå måla i handlingsplanen.

Regjeringa vil prioritere ei styrking av økologisk berekraftig ressursforvaltning innan reindrifta, jf. Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift. Lang*

tradisjon – unike muligheter. Regjeringa vil òg gjennomføre ei gradvis innføring av obligatorisk individmerking av rein.

For ytterlegare omtale av arbeidet for å sikre langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvennleg produksjon, sjå kat. 15.30.

For omtale av sjømat, sjå Prop. 1 S (2018–2019) frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Planlagd avvikling av pelsdyrnæringa

Departementet vil i løpet av 2018 sende på høyring eit forslag til lov som innfører forbod mot pelsdyrhald. Det blir lagt opp til ei avviklingstid fram til årsskiftet 2024/2025, dvs. til pelsingsesongen for produksjonsåret 2024 er avslutta. For å redusere dei økonomiske konsekvensane av eit slikt forbod for produsentane og for å unngå at ei avvikling av næringa krenkjer EMK tilleggsprotokoll 1 artikkel 1, vil regjeringa foreslå å etablere ei ordning med økonomisk kompensasjon. Det blir lagt opp til at den nye lova skal gi heimel til å gi føresegner om kompensasjon for tap av retten til å halde pelsdyr. Høyringsutkastet vil difor òg gi ei overordna omtale av korleis kompensasjonsordninga er tenkt innretta.

Dei forskriftsendringane som blei gjort etter Stortinget si handsaming av Meld. St. 8 (2016–2017) *Pelsdyrnæringa*, er reverserte. Grunnen til denne endringa er at dei nye krava ville ha auka kostnadene både for produsentar og for Mattilsynet, og at omsynet til kostnader og meirarbeid på den eine sida, og gevinsten for dyrevelferda på den andre, blir annleis når det blir lagt opp til at næringa skal avviklast.

Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
50	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet	95 661	97 061	97 976
	Sum kap. 1112	95 661	97 061	97 976

Post 50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet

Formål med løyvinga

Veterinærinstituttet er eit biomedisinsk beredskaps- og forskingsinstitutt innan dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik. For styresmaktene er Veterinærinstituttet den viktigaste kunnskapsleverandøren når det gjeld førebygging, oppklaring og handtering av alvorlege smittsame sjukdommar hos fisk og landdyr og sjukdom som smittar mellom dyr og menneske (zoonosar). Kunnskapsutvikling og formidling innan fagområda er òg viktig som grunnlag for utvikling av lovverk og som støtte til utvikling av ulike samfunnssektorar. Veterinærinstituttet bidreg òg i førebygging og handtering av kriser som kjem av smittestoff og andre helseskadelege stoff i fôr og mat.

Veterinærinstituttet er eit forvaltningsorgan med særskild budsjettfullmakt til bruttoføring av inntekter og utgifter utanfor statsbudsjettet. Veterinærinstituttet får løyvingar til oppgåvene sine innan dyrehelse, fôrtryggleik, dyrevelferd og mattryggleik over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet. Oppgåvene innan fiskehelse og enkelte område innan sjømattryggleik blir finansierte over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet, jf. kap. 928, post 50 i deira Prop. 1 S (2018–2019). Forsking er ein sentral del av verksemda til Veterinærinstituttet og er omtalt under kap. 1137. Basisløyvingane til forskning blir tildelte gjennom Noregs forskingsråd. Instituttet har ei fri og uavhengig stilling i alle faglege spørsmål.

Veterinærinstituttet yter òg tenester og formidlar kunnskap til næringa, til fagpersonell og til dyreeigarar, og arbeider for at ny kunnskap blir teken i bruk. Instituttet samarbeider vidare med styresmaktene og næringslivet om å utvikle berekraftig bioøkonomi i Noreg.

Veterinærinstituttet skal arbeide mot følgjande mål:

- Hovudmål: God helse hos dyr, fisk og menneske
 - Delmål: Kunnskapsbasert forvaltning
 - Delmål: God beredskap
 - Delmål: Konkurranseskraftige bionæringar

Hovudmålet tek utgangspunkt i omgrepet «éi helse». Helse hos dyr, planter, miljø og menneske heng saman. Hovudoppgåva for Veterinærinstituttet innan «éi helse» er å generere kunnskap og halde ved like den gode beredskapen mot sjuk-

dom som trugar helse og velferd hos landdyr og fisk, og mot sjukdom som kan overførast til menneske. Første delmål inneber at Veterinærinstituttet skal utarbeide eit relevant kunnskapsgrunnlag av høg kvalitet for forvaltninga. Andre delmål inneber at instituttet skal ha god beredskap og vere ein langsiktig kunnskaps- og kompetanseleverandør for relevante aktørar, slik at dei har nødvendig kunnskap og kompetanse tilgjengeleg for å stoppe moglege helsetrugs mål. Tredje delmål om konkurransekraftige bionæringar inneber at instituttet skal arbeide for å auke kunnskapen og kompetansen i det biobaserte næringslivet.

Mattilsynet er den viktigaste brukaren av kompetansen til instituttet. Veterinærinstituttet vil difor leggje stor vekt på å møte dei behova Mattilsynet har for kunnskap, råd og laboratoriestøtte på kjerneområda til instituttet.

Vitskapskomiteen for mat og miljø har òg behov for kompetanse og data som grunnlag for sine risikovurderingar, og Veterinærinstituttet vil vere ein sentral kunnskapsbase for komiteen.

Rapportering 2017

Den største utfordringa på dyrehelseområdet i 2017 har vore dei mange påvisingane av Chronic Wasting Disease (CWD), eller skrantesjuka, hos villrein i Nordfjella og nokre påvisingar av ein annan type CWD på elg og hjort andre stader i landet. CWD blei først påvist i mars 2016 på reinsdyr i Nordfjella villreinområde. Dette var første gongen sjukdommen blei påvist i Europa, og det første tilfellet nokosinne hos reinsdyr.

Det har vore eit godt samarbeid med ansvarlege styresmakter for å etablere ei felles forståing av og kommunikasjon om sjukdommen og dei vedtekte tiltaka for å stanse smitten i samband med saneringa av villreinstammen i Nordfjella.

I 2016 og 2017 blei beredskapsevna til Veterinærinstituttet til å kunne oppskalere det diagnostiske arbeidet sett på prøve. I 2016 og 2017 blei det undersøkt høvesvis 10 100 og 25 700 CWD-prøver.

Antibiotikaresistens er eit aukande problem i verda, og eit område som Veterinærinstituttet rettar stor merksemd mot. Mellom anna har arbeidet med MRSA høg prioritet i arbeidet for å hindre spreiding av antibiotikaresistens. På oppdrag frå Mattilsynet undersøkte Veterinærinstituttet i 2017 prøver frå til saman 826 svinebesetningar for MRSA. Den spesielle svinevarianten CC398 blei ikkje påvist i nokon av prøvene.

Veterinærinstituttet er òg ein av hovudaktørane i *One Health European Joint Programme*, eit stort prosjekt under EU-programmet *Horizon*

2020. Dette prosjektet har som mål å bidra til god helse hos menneske og dyr i Europa gjennom forskningssamarbeid innan trygg mat, antibiotikaresistens, biotryggleik og nye helsetrugs mål.

Veterinærinstituttet si evne til å løyse samfunnsoppdraget er avhengig av kontinuerleg kompetanseoppbygging gjennom forskning og diagnostikk. Instituttet søkjer å møte dei skiftande behova for forskingsbasert kompetanse i næringsgane, men ser det òg som nødvendig med grunnforskning for å vareta samfunnsoppdraget framover. Det blei lagt ned ein stor innsats for å vinne fram i konkurransen om forskingsmidlar frå Forskingsrådet. Instituttet har lagt vekt på internasjonalt forskningssamarbeid. Instituttet peikar på at det er ei utfordring at ein relativt liten del av dei nasjonale forskingsmidla er retta mot dyrehelse og dyrevelferd.

Dei seinare åra har marknaden utvikla seg i retning av at det er fleire aktørar nasjonalt og internasjonalt som tilbyr ulike diagnostiske tenester for sports- og familiedyr, produksjonsdyr og fisk. Med denne utviklinga har Veterinærinstituttet gradvis fått større marknadseksposering av tenester som instituttet tradisjonelt var åleine om å tilby.

På det administrative området er det òg i 2017 gjort eit omfattande arbeid for å sikre at rekneskapen til Veterinærinstituttet er i tråd med gjeldande regelverk. Å styrkje verksemdstyringa og den administrative prosjektstøtta er viktig i dette arbeidet. Prosessen med innkjøp og implementering av nye administrative system for å sikre god systemstøtte for finans- og prosjektrekneskapar er gjennomført. Aktivitetane i 2017 har vore kontrollerte og vurderte grundig med ekstra bruk av både interne og eksterne ressursar.

Veterinærinstituttet har intensivert førebuingane av flyttinga frå Oslo til nye lokale på Ås i 2020. For instituttet er dette eit omfattande og ressurskrevjande arbeid som involverer mange tilsette.

Budsjettframlegg 2019

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 98,0 mill. kroner.

Veterinærinstituttet skal som biomedisinsk forskingsinstitutt vere Noregs leiande kunnskapsleverandør innan beredskap, biosikkerheit og handtering av helsetrugs mål. Det gjeld områda fiskehelse, dyrehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik.

Veterinærinstituttet skal medverke i arbeidet med å ta vare på og verne den gode helsesitua-

sjonen og mattryggleiken i Noreg. Sjukdommar som kan smitte mellom menneske og dyr (zoonosar), blir stadig meir sentrale i beredskapsinnsatsen. Kunnskapsutvikling, overvaking og rådgiving innan antibiotikaresistens vil framleis vere høgt prioritert. På lik line vil beredskapen mot nye trugande sjukdommar, slik som CWD, bli styrkt.

Det er behov for å utvikle meir kunnskap om CWD når det gjeld karakterisering av ulike typar, sjukdomsforhold, metodeutvikling mv. Dette gjeld mellom anna EUs forslag om omfattande tryggingstiltak mot Noreg der det ikkje blir differensiert mellom ulike typar av sjukdommen.

Ei viktig samfunnsoppgåve for Veterinærinstituttet framover vil vere å støtte styresmaktene og næringslivet i å utvikle vidare ei nasjonal bioøkonomisatsing, med berekraftig produksjon og uttak av biomasse på land og i havet, jf. regjeringa sin nasjonale strategi for bioøkonomi *Kjente ressursar – uante muligheter* frå 2016.

Utviklinga av porteføljen av oppgåver for instituttet blir påverka av globalisering og endringar i klimaet. Dette kan innebære både endra og auka risiko knytt til helsetrugs mål for menneske og dyr. Veterinærinstituttet må kontinuerleg vidareutvikle kompetanse og metodar for å ligge i front av denne utviklinga.

På same måte skal Veterinærinstituttet vidareutvikle næringsretta samarbeid og støtte næringsgane med relevant forskingsbasert kompetanse som kan bidra til ein auke i innovasjon, konkurransekraft og verdiskaping. Til grunn for slikt arbeid med beredskap, overvaking og næringsoppdrag ligg ei kontinuerleg kompetansebygging gjennom forskning.

Veterinærinstituttet sine oppgåver innan beredskap, diagnostikk og forskning vil bli moderniserte gjennom ny teknologi og nye metodar. Spesielt vil informasjonsteknologi og ulike bioteknologiske løysingar bli tekne i bruk for å etablere nye metodar innan forskning og diagnostikk.

Veterinærinstituttet vil føre vidare det internasjonale forskningssamarbeidet, og saman med andre norske aktørar mellom anna ta del i forskningssamarbeid med kinesiske institusjonar.

Instituttet vil leggje vekt på å betre effektiviteten for å kunne kanalisere ressursar der styresmaktene og næringsgane har nye behov for bistand.

Mange av dei større avgjerdene i byggjeprojektet på Ås er allereie gjennomførte. I den kommande fasen av prosjektet er hovudoppgåvene ferdigstilling av bygg og planlegging av vitskapleg utstyr. Samstundes må Veterinærinstituttet fram til flyttinga ha merksemda retta mot kva for opp-

gåver, kompetanse og teknologiske løysingar som byggjer opp under det framtidige instituttet.

For å kunne oppretthalde god nasjonal beredskap er det viktig for Veterinærinstituttet å ha eit

visst volum på diagnostikk og analysar, mellom anna for å ta vare på og utvikle vidare kompetansen på sentrale beredskapsområde.

Kap. 1115 Mattilsynet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	1 369 344	1 323 239	1 349 848
22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	1 014	13 465	13 398
71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	6 301	4 200	4 200
Sum kap. 1115		1 376 659	1 340 904	1 367 446

Post 01 Driftsutgifter

Formål med løyvinga

Mattilsynet har hovudansvaret for å føre tilsyn med at regelverket om mattryggleik, plantehelse, dyrehelse, dyrevelferd og helse, kvalitet og forbrukaromsyn blir etterlevd i heile matproduksjonskjeda. Mattilsynet har òg oppgåver knytte til regelverksutvikling og internasjonalt arbeid. Området er sterkt påverka av internasjonale rammevilkår.

Mattilsynet fører òg tilsyn med at regelverk blir etterlevde på område som ikkje har direkte samband med matproduksjon. Det gjeld mellom anna regelverk om planter og dyr som ikkje inngår i matproduksjon, kosmetikk og kroppspeleiprodukt, dyrehelsepersonell og omsetnad av reseptfrie legemiddel utanom apotek.

Den enkelte verksemda har ansvar for å kjenne til og etterleve regelverket. Aktiv rettleiing frå Mattilsynet om regelverket er viktig. Mattilsynet skal bruke dei verkemidla lovverket stiller til rådvelde, når det er nødvendig for å sikre etterleving av regelverket.

Mattilsynet skal arbeide etter følgjande mål:

- sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt
- fremje god helse hos planter, landdyr og fisk
- fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
- fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- vareta miljøvennleg produksjon

Innanfor rammene av dei måla som er sette i lovgivinga, skal Mattilsynet samstundes arbeide på

ein slik måte at omsynet til aktørane langs heile matproduksjonskjeda blir teke vare på. Det omfattar òg marknadstilgang i utlandet.

Hovudverkemidla i arbeidet er å

- utvikle og påverke regelverk
- rettleie om regelverk
- handheve regelverk
- overvake status og utvikling på området
- ha god beredskap for handtering av hendingar og kriser

Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Folkehelseinstituttet, og Veterinærinstituttet yter kunnskapsstøtte til Mattilsynet og har ein fagleg beredskap med grunnlag i løyvingar frå dei ansvarlege departementa.

Mattilsynet innhentar uavhengige risikovurderingar frå Vitskapskomiteen for mat og miljø når det er nødvendig i regelverksarbeidet og den utøvande forvaltninga.

Resultatrapport 2017

Rapportering etter effektmål

Målet om helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt

Generelt har vi trygg mat og trygt drikkevatt i Noreg. Lite smittestoff i norske husdyr og norskproduserte matvarer gjer at få blir sjuke av maten. Kvaliteten på drikkevattnet er generelt god.

Dei fleste mataktørane følgjer reglane og produserer mat under gode hygieniske forhold. Overvakingsprogramma viser få funn av framandstoff i maten.

Drikkevatn

Meir enn 90 pst. av befolkninga er knytt til vassforsyningssystem som leverer trygt drikkevatn. Dei resterande 10 pst. er knytte til mindre vassverk eller private brønningar, der kunnskapen om status er dårlegare, då dei ikkje må rapportere til Mattilsynet.

Utbetringar av dei kommunale drikkevassleidningane går for sakte. Sjølv om det er eit nasjonalt mål å gjere eit løft i utskifting av leidningsnett, blir mindre enn éin prosent fornya årleg. Det betyr at nettet gradvis forfell. Mattilsynet er oppteke av leidningsnett ved tilsyn med vassverka, og har gitt fleire vassverkseigarar pålegg om utbetringar.

Kjemiske stoff

Maten inneheld mange ulike kjemiske stoff. Nokre av dei er naturleg til stades. Andre er tilsette for å gi ein ønskt effekt. Det gjeld mellom anna mineral, aminosyrer og tilsetjingsstoff som har ein teknologisk effekt i maten. I tillegg kjem stoff frå miljøet, produksjonen eller emballasjen. Det er mengda som avgjer kva verknad stoffet har på kroppen.

På importerte produkt utgjorde prøver med overskridingar av restar av plantevernmiddel to prosent, slik det òg har vore tidlegare år, med unntak av i 2016, då talet var høgare. Det blei ikkje gjort funn over grenseverdien i norske produkt.

Mattilsynet har ikkje gjort funn av ulovleg bruk av veterinære legemiddel i landdyr eller oppdrettsfisk.

I oppdrettsfisk er det funne svært lite legemiddelrestar. Ingen av funna var over grenseverdien. Det er heller ikkje funne miljøgifter eller andre uønskete stoff over grenseverdien i oppdrettsfisk. Overvakinga viser vidare at nivåa av miljøgifter i villfanga sjømat ligg under grenseverdiane for mattryggleik, med unntak av mellom anna atlantisk kveite på over 100 kilo i eit spesielt område som blei stengt for fiske. I importert sjømat frå land utanfor EU/EØS var det nokre få tilfelle av restar av ulovelege fargestoff i tunfisk. Dette er følgt opp.

Etterspørselen etter kosttilskott er stor. Som ein del av e-handelsprosjektet til EU fann Mattilsynet kosttilskott som inneheldt ulovlege stoff. Nettbutikkane blei følgde opp og tilfella varsla i dei internasjonale meldesystema. I tillegg sende Mattilsynet internasjonale varsel for 17 kosttilskott frå Noreg.

Verksemder må søkje Mattilsynet om å få tilsetje aminosyrer, vitamin og mineral i mat- og

drikkevarer og aminosyrer i kosttilskott. Mattilsynet handsama 115 søknader, som omfatta 321 produkt. 310 fekk løyve, 196 fleire enn i 2016. Produkt som tidlegare ikkje var søknadspliktige, utgjorde meir enn 25 pst. av søknadene.

Hygiene

For å hindre at folk blir sjuke av maten, fører Mattilsynet årleg over 25 000 tilsyn med at produsentar og serveringsstader oppfyller krava til hygiene, tillaging og oppbevaring.

Men sjølv om tilstanden er god, blir smittestoff spreidde gjennom maten. Kvart år blir det registrert 5 000–7 000 tilfelle av infeksjonar som kjem av inntak av mat eller drikkevatn.

Campylobacter er den vanlegaste bakterien i mat som nordmenn blir sjuke av. I fjor var det fleire som blei sjuke som følge av denne bakterien enn åra før. Omlag halvparten av nordmenn som blir smitta og blir sjuke, har fått smitten på reise i utlandet.

Salmonella er årsak til nest flest sjukdomstilfelle. 990 fekk påvist infeksjon med denne bakterien, av dei var 251 smitta i Noreg. Dette er ein auke frå 2016.

Mattilsynet formaliserte praksisen med frysefritak for oppdrettsfisk som skal etast rå, og utvida han til òg å gjelde regnbogeaure etter at undersøkingar utførte av Havforskningsinstituttet viste at det er trygt. Frysefritaket gjeld til 2021 og er gitt ut frå visse føresetnader i hygieneregverket.

Tilsynet med produsentar av eteklar mat viste at mange av dei no har betre kontroll med prøvetakingsplanar, fareanalyse og styring med kritiske kontrollpunkt. Likevel er det framleis behov for å auke merksemda hos produsentane om kva som kan utgjere ein helsefare, og korleis ein kan forebygge det.

Smilefjestilsyn

Smilefjes for å vise resultatet av tilsyn på kafear og restaurantar blei innført i 2016. Mattilsynet har evaluert ordninga, og konklusjonen er at ho verkar i samsvar med målsetjinga. Fleire serveringsstader følgjer reglane betre og får smilefjes ved første tilsyn. Aktørane stadfestar i ei spørjeundersøking at dei har blitt meir bevisste på å følgje reglane etter innføringa.

Forbrukarane meiner at smilefjes gir dei betre informasjon om serveringsstaden og kor trygg maten er der. Folk kjenner ordninga, legg merke til smilefjesplakaten og forstår i stor grad kva sym-

bola betyr. 70 pst. av dei spurde opplever det som tryggare å ete på serveringsstader etter at smilefjesordninga blei innført.

Kravet om skriftleg informasjon til forbrukarar om allergen, har vore ein del av smilefestilsynet. Mattilsynet har gjort 1698 vedtak på grunn av mangelfulle opplysningar om allergen.

Kosmetikk

Nordmenn ligg på Europatoppen når det gjeld kjøp av kosmetikk. Ei undersøking viser at mange forbrukarar får biverknader av kosmetikk i form av ulike allergiske reaksjonar. Biverknader og villeiarande informasjon er dei største utfordringane på området.

Mattilsynet prioriterte tilsyn med verksemdene sin dokumentasjon som skal vise at produkta er trygge, og at dei etterlever forbodet mot kosmetikk testa på dyr. Dei fleste norske produsentar og importørar hadde tilfredsstillande dokumentasjon.

Målet om å fremje god helse hos planter, landdyr og fisk

Plante- og dyrehelsa i Noreg er stadig blant dei beste i verda. Talet på dyre- og plantesjukdommar er stabilt lågt, men import og handel over landegrensene trugar den gode statusen. Akvakulturnæringa har god kontroll med bakteriesjukdommar, men slit framleis med nokre virussjukdommar.

Plantehelse

Plantehelsa i Noreg er god samanlikna med andre europeiske land, men aukande handel aukar risikoen for å få inn nye alvorlege planteskadegjerarar. Dette er eit trugsmål mot norsk plantehelse.

To alvorlege plantevirus, Strawberry crinkle virus og Strawberry mild yellow edge virus, blei for første gong påvist i Noreg. Funna blei gjorde i jordbærproduksjon. Kartleggingsprogrammet for nye skadegjerarar i jordbær blir ført vidare i nye område av landet.

Søramerikansk tomatmøll (*Tuta absoluta*) er ein alvorleg skadegjerar i tomatproduksjonen i mange delar av verda og blei for første gong funne her i landet i 2017. Vitskapskomiteen for mat og miljø (VKM) gjorde ei risikovurdering der det går fram at tomatmøllen kan påføre norsk tomatnæring stor skade. Det er difor viktig at næringa tek forholdsreglar og gjennomfører tiltak for å hindre spreiding.

Landdyrhelse

Trass i opne grenser er dyrehelsa framleis betre i Noreg enn i andre land. Det betyr at det førebyggjande arbeidet og tiltaka som vernar mot smitte, verkar. Mattilsynet kartlegg og overvakar ei rekke smittsame sjukdommar hos dyr. Nokre av sjukdommana kan òg smitte til menneske (zoonosar).

Regelverket for innførsel av hundar og kattar frå land med dårleg dyrehelsestatus blir handtert strengt ut frå det handlingsrommet som regelverket gir. Saman med Tolletaten gjennomførte Mattilsynet fleire fellesaksjonar ved grensepasseringar på veg og ved ferjeanløp over heile landet.

Innsatsen mot den antibiotikaresistente MRSA-bakterien held fram. Målet er framleis at norske svinebesetningar skal vere fri for dei resistente luftvegsbakteriane som har bite seg fast i produksjonsmiljøet i mange andre land. Rundt 800 besetningar hos smågrisprodusentar blei undersøkte for MRSA. Det blei ikkje påvist tilfelle av den spesielle svinevarianten CC398.

I arbeidet med å handtere skrantesjuka blei det teke ut til saman 25 600 prøver i 2017. Sidan den første påvisinga var det ved utløpet av 2017 funne 11 smitta dyr i Nordfjella. Sjukdommen er ikkje påvist i andre område. Saneringstiltaka mot skrantesjuka hos villrein i Nordfjella blei gjennomførte etter planen. Samarbeidet mellom Mattilsynet, Miljødirektoratet, Statens naturoppsyn, Veterinærinstituttet og Norsk institutt for naturforskning er godt. Av Nordfjellastammen på vel 2 000 dyr blei om lag 600 dyr skotne under ordinær jakt og resten ved statleg felling vinteren 2017/2018.

Fiskehelse

I 2017 reduserte næringa nivået av lakselus i anlegga, men framleis er kampen mot lakselus ei av dei største utfordringane for norsk fiskeoppdrett.

Det var 14 utbrot av infeksjøs lakseanemi (ILA), to fleire enn året før. Utbrota i 2017 var i anlegg frå Rogaland til Finnmark. To av utbrota oppstod i landbaserte anlegg. Dette viser at flytting av sjøsett fisk på land ikkje gir nokon garanti for å unngå ILA-utbrot, sjølv om fisken blir testa og vatnet desinfisert.

Pankreassjukdom (PD) er framleis ein av dei alvorlegaste sjukdommane i oppdrettsnæringa. Det var 178 utbrot i 2017, noko som er ein auke frå året før. PD blei påvist på fleire anlegg nord i Trøndelag og sør i Nordland. Det blei fastsett ei

ny PD-forskrift med formål å redusere konsekvensen av sjukdommen i PD-sona og hindre etablering av PD utanfor denne sona. Det blei òg fastsett ei forskrift om kontrollområde nord i Trøndelag og i Bindal kommune for å hindre at PD etablerer seg i området.

Noreg har komme eit steg nærare målet om å utrydde *Gyrodactylus salaris* hos villaks etter friskmeldinga av Lærdalselva og Vefsnregionen.

Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr

Landdyrvelferd

Mattilsynet rapporterer at velferda for landdyr i Noreg samla sett er god, men at det òg er enkelte utfordringar.

Mattilsynet og dei tilknytte dyrevernnemndene gjennomførte i 2017 om lag 9 800 tilsyn i dyrehald. 88,5 pst. av tilsyna gjaldt dyrevelferd.

Mattilsynet prioriterte tilsyn i dyrehald der det er størst risiko for at dyra ikkje har det bra. Alvorleg vanskjøtsel blei påvist i berre 0,4 pst. av dyrehalda, mens 40 pst. av dyrehalda fekk påvist større eller mindre brot på regelverket.

Talet på dyrehald med alvorlege lovbrøt er lågt sett ut frå talet på tilsyn, og det er små variasjonar i tala frå år til år. Det blei gjort vedtak om avvikling av 83 dyrehald, 36 av desse gjaldt kjæledyr.

Tapet av dyr på utmarksbeite er framleis ei utfordring. I fleire område av landet er rovvilt eit stort trugsmål for tamrein og sau på beite, og beitedyra kan bli utsette for store lidningar. Mattilsynet nytta verkemidla sine innanfor rammene for rovviltforliket i Stortinget og la vekt på samhandling med dyreeigarane og miljøstyresmaktene for å finne best moglege løysingar i det enkelte tilfellet.

Eit tilsynsprosjekt for slaktegris i Rogaland blei påbyrja i 2017 og har avdekt mange uakseptable forhold. Prosjektet skal avsluttast i 2018 og Mattilsynet vil følgje opp resultatane frå kampanjen.

Påkøyrsløse av tamrein og elg langs Nordlandsbanen har vore eit stort dyrevelferdsproblem i mange år, og 514 tamrein blei drepne av toget i 2017. Bane NOR legg opp til å byggje om lag 44 kilometer nye reingjerde langs Nordlandsbanen i perioden 2018–2021.

I 2017 fekk Mattilsynet 10 426 meldingar frå publikum om dårleg dyrevelferd, mot 9 381 i 2016. Dei fleste meldingane gjaldt kjæledyr, men det kom òg mange meldingar om hestar og produksjonsdyr. Meldingane frå publikum er ei viktig kjelde til kunnskap om dyrehald som treng tilsyn.

Samarbeidet mellom Mattilsynet og politiet om eit treårig prøveprosjekt med dyrepoliti blei

utvida med Østfold i 2017 i tillegg til Sør-Trøndelag frå 2015 og Rogaland frå 2016.

Fiskevelferd

Som for landdyr, er det utfordringar knytte til hald av fisk. Framleis døyr for mange fisk under produksjonen i sjø. Det kjem dels av dårleg smoltkvalitet, dels av forhold ved den enkelte lokaliteten og dels av sjukdom. Bruk av ikkje-medikamentelle metodar for avlusing har medverka til det store svinnet. Mattilsynet fekk i 2017 inn 963 meldingar om velferdsmessige hendingar. 625 av dei var knytte til mekanisk behandling mot lakselus.

Mattilsynet har understreka ansvaret næringa har når det gjeld bruk av mekaniske metodar, og at dei må involvere fiskehelsepersonell før fisken blir behandla. Regelverket krev dokumentasjon for at nye metodar er forsvarlege for fiskevelferda, før dei kan takast i bruk. Mattilsynet har følgd opp dokumentasjonskravet, men framleis er det utfordringar med mekaniske metodar knytte til avlusing.

Mange oppdrettarar har gode rutinar og oppnår gode resultat. Det viser at det er mogleg å få til store forbetringar gjennom god internkontroll. Mattilsynet har utarbeidd ein rettleiar til internkontrollforskrifta for å betre internkontrollrutinane hos oppdrettarane.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn

Tilsyn med dei generelle merkekrava viste avvik frå krava om merking på norsk, om korrekt oppføring av allergen og om mengda av ingrediensar. Tilsyn har òg vist at mange e-handelsverksemder ikkje oppfyller krava til informasjon til forbrukarane.

Merkesjekken omfatta mjølk og mjølkeprodukt. Mattilsynet fann avvik i merkinga for halvparten av produkta. Sjølv om mange av avvika var små, viser dette at det er stort rom for forbetringar.

Tilsyn med bruken av ernærings- og helsepåstandar avdekte at forskrifta ikkje blir tilstrekkeleg etterlevd. Særleg når det gjeld kosttilskott kjem fleire verksemder med ulovlege medisinske påstandar.

Mattilsynet deltok i pilotprosjektet til EU om e-handel med kosttilskott. Meir enn 50 norskspråklege nettsider blei kontrollerte. Mattilsynet fann mellom anna 11 sider som marknadsførte kosttilskott med medisinske påstandar som at tilskottet kunne førebyggje, behandle og kurere sjukdommar. Dette er ikkje lov, og funna blei følgde opp.

Målet om å vareta miljøvennleg produksjon

Overvakinga av lus på vill laksefisk viser at det er eit visst smittepress på utvandrande laksesmolt langs store delar av Vestlandet og Midt-Noreg, men mindre press i Nord- og Sør-Noreg. Nivået av lakselus utover sommaren gav framleis negativ påverknad på sjøaure og sjørøye.

Mattilsynet gjennomførte i 2015–2017 ein tilsynskampanje med legemiddelbruk mot lus i oppdrettsnæringa der formålet var å bidra til forsvarleg legemiddelbruk. Det blei ført tilsyn med utskrivning og bruk av legemidla, rutinar for mattryggleik hos oppdrettarar og legemiddelkontroll ved slakteria. Kampanjen avslørte tilfelle av dårleg dokumentasjon knytt til «off-label»-bruk, der mellom anna fiskevelferd og miljøomsyn ikkje var tekne vare på. Kampanjen har hatt svært god effekt på legemiddelbruken, spesielt i samband med kombinasjonsbehandingar og behandling med legemiddel med redusert effekt.

Debio fører tilsyn med alle verksemdene som er med i kontrollordninga for økologiske produkt. Resultata viser at dei fleste verksemdene har gode kvalitetssystem og rutinar for dokumentasjon.

Det har vore ein liten nedgang i mengda omsett plantevernmiddel, oppgitt i aktivt stoff, mens tilstand for helse- og miljørisiko er uendra frå 2016 til 2017. I tilsynet med bruk av plantevernmiddel i primærproduksjonen fann Mattilsynet at kravet om journalføring ikkje blir godt nok følgt.

Resultat av meir generell karakter

Internasjonalt arbeid og regelverksutvikling

I 2017 blei 60 pst. av EØS-regelverket fastsett innan fristen. Dette er ein nedgang frå åra før, men bruk av nye indikatorar gjer at tala ikkje er heilt samanliknbare. Til saman har Mattilsynet gjennomført 291 EU-rettsakter.

Noreg har representert Europa i Codex eksekutivkomité sidan 2015. Viktige saker som blei vedtekne i 2017, var standard for fiskeolje, som Noreg har vore oppteke av, standard for mysepermeat, standard for korleis vi kan redusere melldrøyetoksin i korn, og nytt arbeid om antibiotikaresistens.

Mattilsynet har leidd ei arbeidsgruppe saman med Japan under legemiddelkomiteen i Codex. Arbeidsgruppa laga eit diskusjonsgrunnlag for om ein skal ta i bruk grenseverdier for grupper av fiskeartar. Arbeidet er viktig for å sikre ei god vurdering av legemiddel til fisk.

Mattilsynet har etablert eit samarbeid med NORAD der ein arbeider for at hovudsamarbeids-

landa til Noreg innan akvakultur nyttar standarden til OIE for offentlege veterinærtenester. For tida gjeld dette Colombia, Ghana og Myanmar.

Mattilsynet arrangerte i 2017 eit nordisk seminar om risikobasering av tilsyn.

Marknadstilgang

Mattilsynet skriv ut mange attestar til land utanfor EØS-området. I 2017 blei det skriva ut 64 611 attestar. 58 831 attestar gjaldt sjømat, og 5 780 attestar gjaldt landbaserte produkt. Kina og Brasil har for tida høgast prioritet. Dette er viktige marknader for eksport av både sjømat og landbruksprodukt.

Innsatsen til Mattilsynet var viktig då den kinesiske marknaden igjen blei opna for norsk oppdrettslaks og norske avlsprodukt frå storfe. Det er lagt ned ein stor innsats i arbeidet overfor Kina etter at forholdet mellom landa blei normalisert, og det er signert ein protokoll for eksport av norsk laks.

Brasil er ein viktig marknad for klippfisk. Næringa har hatt utfordringar med eksporten. Mattilsynet hadde gjennom året tett dialog med brasilianske styresmakter. Arbeidet held fram i 2018.

Japanske styresmakter besøkte Mattilsynet for å bli kjende med det norske HACCP-systemet. Mattilsynet hadde òg møte med kinesiske styresmakter om elektronisk sertifisering.

Tilsyn, rettleiing og områdeovervaking

Mattilsynet gjennomførte nærare 71 000 tilsyn i 2017. Dette er ein nedgang på om lag 3 pst. frå 2016. Fleire arbeidskrevjande tilsyns- og klagesaker innan akvakultur og dyrevelferd har medverka til nedgangen.

Mattilsynet fann større eller mindre brot på regelverket i 50 pst. av verksemdene det blei ført tilsyn med. Det er ein liten auke frå året før. Tilsynet er i hovudsak risikobasert.

Mattilsynet melde i alt 69 saker til politiet. 32 saker gjaldt brot på matlova, 29 gjaldt brot på dyrevelferdslova og 8 saker handla om trugsmål mot tilsynspersonell. Av dei melde sakene frå 2017 er 54 saker framleis under etterforsking.

Mattilsynet samarbeider med andre etatar, mellom anna politiet, tolletaten, Nav og Arbeidstilsynet, og kommunar i tilsynsarbeidet.

Mattilsynet har teke del i arbeidet i EU om beste praksis for tiltak mot matsvindel, og har teke i bruk eit nytt meldesystem i EU for samarbeid om etterforsking av matsvindelsaker.

Kommunikasjon

Media er viktige når det gjeld å informere om tilstanden på dei ulike områda og å delta i samfunnsdebatten. Nettsidene er den viktigaste kanalen overfor brukarane. I 2017 var det 1,5 millionar besøk på mattilsynet.no, ein liten nedgang frå året før.

Matportalen.no medverkar til at viktig forbrukarinformasjon er lett tilgjengeleg. Det var 1,13 millionar besøk på matportalen.no i 2017, ein liten nedgang frå året før. Mattilsynet bruker no òg Facebook for å formidle stoff frå Matportalen.

Matvaretabellen blei oppdatert med 68 nye matvarer, og 121 matvarer fekk oppdaterte data. Søkemotoren blei forbetra.

Organisatoriske forhold

Mattilsynet evaluerer jamleg verksemda. Det blei gjennomført interne evalueringar av organisasjonsendringa som blei gjort i 2015, som grunnlag for justeringar og vidare utvikling.

Mattilsynet gjorde ei verdivurdering, og ein overordna ROS-analyse basert på ISO-27001 og ulike IKT-relaterte analysar for å vurdere tilstanden på tryggleiksområdet.

Internrevisjonen i Mattilsynet gjennomførte to revisjonar, éin innan tilsyn på *sjømatområdet*, den andre innan tilsyn med detaljist, servering, transport og lager.

Landa i Norden samarbeider om å gjennomføre uavhengige granskningar av internrevisjonen i dei ulike matforvaltningane. Revisorar frå Finland og Sverige har vurdert internrevisjonen til Mattilsynet. Resultata var i hovudsak tilfredsstillande. Mattilsynet fekk råd om å betre måten dei systematiserer og dokumenterer det risikobaserte planarbeidet og om evaluering av revisjonssystemet.

Budsjettframlegg 2019

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 1 349,8 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Mattilsynet. Dette omfattar òg løns- og prisveksten og regjeringa si avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform.

Regelverksutvikling og internasjonalt arbeid

Regelverket på matområdet er i stor grad harmonisert over landegrensene. Codex Alimentarius Commission, OIE og IPPC legg viktige premisser for regelverksutviklinga internasjonalt. Som følgje av EØS-avtalen blir grunnlaget for det norske regelverket hovudsakleg utvikla i EU. Nærare 90

pst. av alle nye forskrifter og forskriftsendringar på Mattilsynet sitt ansvarområde er knytt til oppfølging av EØS-avtalen. Mattilsynet vil følgje aktivt med i dei sentrale delane av arbeidet i desse organisasjonane.

Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet legg vekt på samordna og godt førebudd deltaking i alle internasjonale forum. I det internasjonale regelverksarbeidet er det viktig med ein tidleg og god dialog med relevante interessentar. Mattilsynet vil ta aktivt del i arbeidet i EU med å utvikle nytt regelverk i samsvar med norske synspunkt på utvalde område. Mattilsynet vil prioritere område med særlege norske interesser i regelverksarbeidet.

Mattilsynet skal òg bidra til at oppfølginga av dei internasjonale pliktene skjer til rett tid, og at gjennomføringa i norsk rett blir gjort på ein mest mogleg formålstenleg og brukarvennleg måte.

Regjeringa legg vekt på forenkling for næringane og brukarane. Mattilsynet vil ha særleg merksemd på å forenkle og rydde i regelverket. Mattilsynet vil leggje vekt på å fremje desse omsyna når dei deltek i internasjonal regelverksutvikling, mellom anna i arbeidsgruppene i EU og i dei aktuelle internasjonale organisasjonane på matområdet. Mattilsynet vil òg leggje vekt på å informere betre om regelverket og gjere det lettare tilgjengeleg mellom anna for produsentar av og serveringsstader med lokalmat.

For å leggje til rette for marknadstilgang for norske varer i land utanfor EØS-området vil Mattilsynet føre vidare samarbeidet med matstyresmakter i aktuelle land.

Tilsyn, rettleiing og områdeovervaking

Rettleiing og utøvande tilsyn i dei enkelte verksemdene er kjerneverksemda til Mattilsynet. Mattilsynet forvaltar eit omfattande regelverk, og det kan vere krevjande for verksemdene å ha oversikt over alle krava som gjeld. God kjennskap til regelverket er viktig for at det skal kunne etterlevast. Mattilsynet vil difor leggje større vekt på god rettleiing til næringsutøvarane. Dermed vil det òg bli tydelegare kva reaksjonar verksemdene kan vente frå Mattilsynet dersom dei bryt reglane.

Nærleik til verksemdene og god kunnskap om lokale forhold og aktuell risiko skal sikre eit effektivt, målretta og godt synleg tilsyn. Mattilsynet vil ved bruk av fagleg skjønn vere løysingsorientert i møtet med verksemdene, samstundes som omsynet til lik handsaming blir teke vare på. Det er verksemdene sjølve som har ansvar for å kjenne

til og finne løysingar som gjer at dei etterlever regelverket. Mattilsynet fører tilsyn med at slik etterleving skjer. Når det er nødvendig for å sikre at måla blir nådde, vil Mattilsynet nytte dei verke- midla lovverket stiller til rådvelde.

Som eit ledd i arbeidet for å bli meir effektivt og synleg, legg Mattilsynet vekt på å ha målretta inspeksjonar med færre kontrollpunkt, såkalla punkttilsyn. Slike tilsyn kan vere ein del av den faste tilsynsrutinen eller danne grunnlag for utvik- ling av store og små tilsynskampanjar. Smilefjestil- syn i serveringsverksemd er eit døme på dette.

Regelverket om kontroll krev at det skal vere eit effektivt, einskapleg og heilskapleg tilsyn. Iføl- gjø regelverket skal tilsynet skje på det leddet i matproduksjonskjeda der verknaden er størst. På mange område betyr dette at tilsyn bør skje tidleg i matproduksjonskjeda.

Omfanget av tilsyn med verksemdene blir til- passa risikoen for og konsekvensane av regelbrot både generelt og i den enkelte verksemda. Dette krev god kunnskap om tilstanden på dei ulike områda. Nasjonale kontrollplanar skal liggje til grunn for prioritering og rapportering.

Mattilsynet forvaltar òg regelverk som ikkje er direkte knytte til risiko for helsa til folk, planter og dyr. Også på desse områda er det viktig med mål- retta og effektive tilsyn.

Mattilsynet vil innrette arbeidet med kart- legging og overvaking slik at det blir målretta og kostnadseffektivt. Overvåkings- og kontrollpro- gram knytte til plikter etter internasjonale avtalar eller norske tilleggsгарантиar vil ha prioritet.

Mattilsynet vil arbeide vidare for å motverke matsvind og nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet er prioritert i EU.

Målet om å sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt

Mattilsynet vil arbeide for at maten og drikke- vatnet skal vere trygt med tanke på folkehelsa.

Arbeidet med å halde ved like gode hygieniske forhold i alle verksemdar i matproduksjonskjeda krev kontinuerleg merksemd frå verksemdene og aktivt og målretta arbeid frå Mattilsynet.

Regelverket om hygiene og kontroll legg vekt på at verksemdene sjølve har ansvar for å etter- leve krava og for å ha system og rutinar som sik- rar mattryggleiken i heile matproduksjonskjeda frå og med innsatsvarer og primærproduksjon til og med omsetnad til forbrukarane. Dette gjeld òg ved import.

Tilsyn med at vassforsyningsverksemdene føl- gjer opp den nye drikkevassforskrifta er viktig for

å sikre trygg vassforsyning til innbyggjarane. Dette er i samsvar med gjennomføringsplanen for nasjonale mål for vatn og helse som blei fastsett av regjeringa i 2014, og FN's berekraftsmål 6.

Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å utvikle nytt regelverk og nye tilsynsmetodar som kan bidra til å skape tryggare forhold ved import og omsetnad av kosttilskott og liknande nærings- middel.

Målet om å fremje god helse hos planter, landdyr og fisk

God plante-, landdyr- og fiskehelse er viktige føre- setnader for produksjon av trygg mat og for verdi- skaping i næringane. Det er viktig å ha gode tiltak og rutinar i næringane som kan førebyggje intro- dusjon og spreing av sjukdom og skadegjerarar.

Mattilsynet vil arbeide for at helsetilstanden hos planter, landdyr og fisk framleis skal vere god. Førebyggjande tiltak og god beredskap mot dei mest frykta planteskadegjerarane og smittsame sjukdommane hos landdyr og fisk er viktig. Dette er òg viktig for å hindre utbrott av dyresjukdom- mar, som òg kan gi sjukdom hos menneske (zoo- nosar).

Det er viktig å overvake og setje i verk tiltak som held antibiotikaresistensen i norsk husdyr- hald på eit lågt nivå. Overvaking, sanering og smitteførebyggjande tiltak mot LA-MRSA (dyre- assosierte methicillinresistente *Staphylococcus aureus*-bakteriar) i svinebesetningar vil først vidare.

Mattilsynet vil prioritere arbeidet mot skran- te-sjuka (Chronic Wasting Disease). Viktige opp- gåver er å nedkjempe sjukdommen, kartleggje utbreiinga og leggje til rette for å etablere ein ny reinsdyrflokk i Nordfjella.

Tiltaka er også av stor betydning for å hindre spreing av smitte til ville hjortedyr og tamrein, slik at ein kan bevare næringsgrunnlaget til dei som utøver reindrift. God dokumentasjon av tilstanden i Noreg er òg viktig for at eventuelle vernetiltak frå EU si side ikkje blir meir inngripande og kostnads- krevjande enn det er fagleg grunnlag for.

Mattilsynet vil framleis prioritere arbeidet med fiskehelse, mellom anna gjennom arbeidet for å redusere førekomsten av lakselus og nedkjem- ping av sjukdommane PD og ILA. Mattilsynet vil følgje opp den vidare tilsynsinnsatsen knytt til dei strengare miljøkrava ved større produksjon i hav- bruksnæringa. Mattilsynet vil òg bidra til oppføl- ging av Meld. St. 16 (2014–2015) *Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørret- oppdrett*.

Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
Mattilsynet vil leggje vekt på tilsyn med dyrevelferd. Mattilsynet vil utnytte verkemidla i dyrevelferdslova for å fremje god dyrevelferd.

Mattilsynet vil samarbeide med politiet om å gjennomføre prosjekta med dyrepoliti i politidistrikta Trøndelag, Sør-Vest og Aust og i tilsvarande prosjekt i politidistrikta Vest og Innlandet. Målet er best mogleg handsaming av saker som gjeld alvorleg omsorgssvikt og overgrep mot dyr, slik at alvorleg kriminalitet mot dyr fører til ei eventuell straffesak og domfelling.

Med bakgrunn i resultatata frå tilsynskampanjen med slaktegris i Rogaland i 2017/2018 vil Mattilsynet ha auka merksemd på risikobasert tilsyn med dyrevelferd hos gris i heile landet.

Mattilsynet vil føre vidare den gode samhandlinga med miljøstyresmaktene ved tap på grunn av rovvilt, jf. rovviltforliket i Stortinget i 2011 og Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*.

Mattilsynet vil prioritere arbeidet med fiskevelferd, spesielt i samband med tap i oppdrettsnæringa. Mattilsynet vil òg ha merksemd på å oppdretthalde god fiskevelferd når oppdrettarar tek i bruk nye produksjonsformer. Dersom nye metodar viser seg å føre til for store velferdsproblem, kan det vere aktuelt å forby bruken av dei.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
Mattilsynet vil arbeide for at mat, drikkevatt og innsatsvarer har rett kvalitet og rett innhald, og at regelverket om merking og ærleg omsetnad blir følgt. Regelverket om merking av mat skal sikre at forbrukarane har tilgang til rett informasjon mellom anna om eigenskapane til maten.

Mattilsynet har òg viktige oppgåver i ernæringsarbeidet, særleg når det gjeld tilsyn med merking, ernærings- og helsepåstandar, frivillig sunnheitsmerking (Nøkkelhølet) og arbeid med Matvaretabellen. Regjeringa la fram *Nasjonalt handlingsplan for bedre kosthold (2017–2021)* våren 2017. Planen har tiltak på ansvarsområde til sju departement. Helsedirektoratet koordinerer arbeidet med oppfølginga av planen. Mattilsynet har ansvar for å følgje opp enkelte tiltak i handlingsplanen, mellom anna i tilknytning til merking av matvarer og oversikt over næringsinnhaldet i matvarer.

Mattilsynet vil føre vidare overvakinga av genmodifisert materiale i både fôr og næringsmiddel. Sporforureining av genmodifisert materiale synest å vere størst i fôrvarer.

Mattilsynet vil medverke i oppfølginga av den nasjonale strategien for økologisk landbruk på relevante område.

Målet om å vareta miljøvennleg produksjon

Mattilsynet vil bidra til at formålet i matlova om å vareta miljøvennleg produksjon blir oppfylt. Kvaliteten på innsatsvarer som såvarer, gjødsel, plantevernmidde og fôrvarer er avgjerande for ein miljøvennleg produksjon og verkar òg inn på kvaliteten på maten.

Arbeidet for å redusere bruken av og risikoen ved bruk av plantevernmidde, vil bli ført vidare med utgangspunkt i *Handlingsplan for bærekraftig bruk av plantevernmidler (2016–2020)*. Mattilsynet vil følgje opp aktuelle tiltak.

Marknadstilgang

Mattilsynet har ei viktig rolle i arbeidet med å leggje til rette for marknadstilgang for norske produkt, og kontakt med aktuelle styresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på at norsk sjømat er trygg og har rett kvalitet. For Noreg som stor eksportør av sjømat er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda.

Mattilsynet har etablert eit eksportprosjekt som mellom anna skal medverke til auka effektivitet og forenkling av arbeidet med eksportattestar. Det blir òg arbeidd med forslag til ei ny mat-eksportforskrift.

Andre område

Dyrehelsepersonell

Mattilsynet forvaltar lovgivinga som skal sikre forsvareleg yrkesutøving hos dyrehelsepersonell og vil leggje vekt på at dyrehelsepersonell driv ei forsvareleg verksemd, særleg i samband med utlevering og bruk av antibiotika. Registeret over bruken av legemiddel til dyr er eit viktig verkemiddel i overvakinga av bruken av antibiotika til dyr og praksisen hos veterinærane når det gjeld føreskriving av medisinen.

Kosmetikk

Mattilsynet vil føre tilsyn og følgje opp arbeidet med å utvikle regelverket som skal sikre at kosmetikk og kroppspoleieprodukt er helsemessig

sikre for menneske og dyr. Mattilsynet vil samarbeide med Folkehelseinstituttet om å overvake helseskadelege biverknader ved bruk av kosmetikk og kroppspleieprodukt.

Post 22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 13,4 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje utgiftene for Mattilsynet til reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser.

Post 71 Tilskott til erstatningar

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 4,2 mill. kroner. På posten vil det bli ført utbetalingar til personar som har gitt naudhjelp til dyr etter dyrevelferdslova § 4 der det ikkje er nokon eigar av dyret som kan dekkje kostnaden. På posten vil det òg bli ført kostnader for tiltak som er sette i verk av Mattilsynet i medhald av matlova, dyrehelsepersonellova og dyrevelferdslova i dei tilfella der kostnaden ikkje kan drivast inn frå ein eigar.

Kap. 4115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Gebyr m.m.	178 539	195 787	198 704
02	Driftsinntekter og refusjonar m.m.	11 072	5 788	5 874
	Sum kap. 4115	189 611	201 575	204 578

Post 01 Gebyr m.m.

På posten blir det ført inntekter frå gebyr for særskilde ytingar som Mattilsynet gjer for konkrete brukarar og gebyr for visse tilsyns- og kontrolloppgåver der desse eintydig rettar seg mot konkrete brukarar.

Ved budsjetteringa er det lagt til grunn ordinær prisjustering av gebyrsatsane.

Post 02 Driftsinntekter og refusjonar m.m.

På posten blir det mellom anna ført diverse driftsinntekter frå oppgåver som Mattilsynet gjer for anna forvaltning, til dømes for tilsyn med omsetnad av reseptfrie legemiddel utanfor apotek, og oppgåver knytte til miljøretta helsevern for kommunane. Her vil det òg bli ført inntekter frå gebyr for særskilde ytingar som Mattilsynet av omsyn til næringsutøvarane yter utanom ordinær arbeidstid.

Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1136	Kunnskapsutvikling m.m.	227 979	235 465	227 909	-3,2
1137	Forsking og innovasjon	631 767	604 222	592 147	-2,0
	Sum kategori 15.20	859 746	839 687	820 056	-2,3

Inntekter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
4136	Kunnskapsutvikling m.m.	20 286	20 643	18 081	-12,4
	Sum kategori 15.20	20 286	20 643	18 081	-12,4

Mål og strategiar

Nasjonale og internasjonale utviklingstrekk, som folkeauke, klimaendringar og behovet for omstilling, påverkar landbruks- og matforskinga og prioriteringane innan forskinga i sektoren. Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at dei landbruks- og matpolitiske hovudmåla – mat-sikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar – blir nådde.

For å nå måla, legg departementet vekt på målretta og effektiv bruk av midlar til forsking og innovasjon. Vidare er det viktig at kunnskap og kompetanse blir gjort lett tilgjengeleg for næring og forvaltning. I tillegg er ein effektiv og sterk instituttsektor viktig for å sikre god, forskingsbasert forvaltning. Det krev eit godt samspel mellom instituttsektoren, andre relevante kunnskapsmiljø, ulike næringsaktørar og forvaltninga.

Målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon

Midlar til forsking og innovasjon skal målrettast, slik at ny kunnskap bidreg til at ein når dei landbruks- og matpolitiske måla, som går fram av relevante meldingar og strategiar.

Av Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* og Stortingets handsaming av denne meldinga, går det fram at regjeringa har som mål å auke og effektivisere norsk matproduksjon, samstundes som klimagassutsleppa frå landbruket skal redusert. Meldinga stadfestar at eit høgt ambisjonsnivå for forskings- og innovasjonsaktiviteten framleis vil vere viktig for å auke matproduksjonen, for dyrevelferda og for å styrkje konkurransekrafta i jordbruket og næringsmiddelindustrien på ein miljøvennleg og berekraftig måte. Dette krev kunnskap og teknologi som bidreg til auka produktivitet og best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar, inkludert kunnskap om korleis matproduksjonen blir påverka av, og best kan tilpassast til, eit endra klima. Ny kunnskap, mellom anna innan avls- og foredlingsarbeid, er òg avgje-

rande for å oppretthalde den gode plante- og dyrehelsa og den gode dyrevelferda i Noreg. Det trengst meir kunnskap om sjukdommar som prionsjukdommen skrantesjuke (CWD). Regjeringa legg òg vekt på å halde oppe innsatsen mot antibiotikaresistens, eit behov som mellom anna er stadfesta i regjeringa sin nasjonale strategi mot antibiotikaresistens (2015–2020) og *Handlingsplan mot antibiotikaresistens* innanfor Landbruks- og matdepartementets sektoransvar.

Kunnskap er òg berebelken i bioøkonomien, der dei mange biologiske ressursane frå landbruk, skogbruk, havbruk og fiskeri blir produserte og utnytta meir berekraftig og effektivt. I tråd med regjeringa sin bioøkonomistrategi, *Kjente ressursar – uante muligheter*, skal forskingsinnsatsen innan bioøkonomi bidra til auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av sektorar og næringar.

I Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, og i Stortingets handsaming av denne meldinga, blir det òg peika på behovet for forskning og teknologiutvikling. Her går det fram at høg forskings- og innovasjonsaktivitet vil vere viktig for å styrkje konkurransevna i skog- og trenæringa og for å utnytte rolla skogen har i klimasamanheng. Løyvingane departementet gir til forskning og innovasjon, skal bidra til å ta ut potensialet skogen har i bioøkonomien, gjennom utvikling av nye og innovative teknologiar og produkt frå norske skogressursar. Skogen spelar ei viktig rolle i klimasamanheng, både for opptak av CO₂, som karbonlager og til produkt som erstattar produkt baserte på fossile ressursar. Det er kunnskapsbehov knytte til ei framtidig utnytting av norske skogressursar og forvaltning av skogareala, både for å oppnå størst mogleg klimagevinst og auka grøn verdiskaping. Begge områda vil bidra til å nå nasjonale klimamål. Departementet vil styrkje forskingsinnsatsen retta mot bidrag frå skogen i klimasamanheng. I løpet av 2018 vil regjeringa leggje fram ein strategi for ei heilskapleg og styrkt satsing på forskning, utvikling og innovasjon i skog- og trenæringa, jf. omtale av oppmodingsvedtak nr. 448 i del 1.

Landbruket rår over eit stort ressursgrunnlag. Det gir potensial for vekst og verdiskaping i heile verdikjeda, frå primærledd til forbrukar. Samstundes med framlegget til statsbudsjett for 2019 legg regjeringa fram Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Planen er ein revisjon av Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*. For nærare omtale, sjå del

III, kap. 5, i Prop. 1 S frå Kunnskapsdepartementet. I meldinga er det stadfesta at regjeringa legg vekt på forskning som kan bidra til grøn omstilling, konkurransekraft og innovasjonsevne og på kunnskap for å møte dei store samfunnsutfordringane. Også landbruks- og matforskninga skal bidra til reduserte klimagassutslepp, auka verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar. Det er eit mål å utvikle vidare ein kunnskapsbasert landbruks- og matsektor gjennom å stimulere næringane i sektoren til auka forskingsaktivitet. Tett samarbeid mellom næring og forskingsmiljø, både nasjonalt og internasjonalt, er viktig for å oppnå dette.

Regjeringa har utarbeidd ein nasjonal strategi for å sikre eit mangfald av villbier og andre pollinerande insekt òg i framtida. *Nasjonal pollinatorstrategi* viser mellom anna til at sjølv om det finst nok kunnskap til å setje i verk målretta tiltak, er det òg nødvendig med meir kunnskap, ikkje minst om utviklinga av pollinatorbestandar og leveområde, og kva for tiltak som er mest effektive. Strategien er nærare omtalt under oppmodingsvedtak nr. 510 i del 1. Også *Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2018–2030* dannar grunnlag for prioriteringane innan landbruks- og matforskninga, jf. omtale i del 4 *Ein sektorovergripande klima- og miljøpolitikk*.

Dei utfordringane og kunnskapsbehova sektoren står overfor, er i stor grad dei same som i andre land, både i Europa og elles. Norsk deltaking i internasjonal forskning på landbruks- og matområdet er difor nødvendig for å løyse sams utfordringar, heve kvaliteten på forskinga, fornye norsk forskning og kunne forstå og nytte forskingsresultat frå andre land. Ei slik målsetjing krev ei omfattande mobilisering og eit godt samspel mellom nasjonale og europeiske forskingsmidlar, mellom anna EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. Regjeringa sin Panorama-strategi for høgare utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020) legg òg eit viktig grunnlag for meir målretta og langsiktig forskningssamarbeid på landbruks- og matområdet. Det er etablert eit forskningssamarbeid med Kina på landbruks- og matområdet, mellom anna med utgangspunkt i ein underteikna avtale mellom Landbruks- og matdepartementet og det kinesiske landbruksdepartementet.

Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Sektoren har lange tradisjonar for samarbeid mellom styresmakter, næringsaktørar og kunnskaps-

miljø når det gjeld kunnskapsutvikling og forskings- og utviklingsarbeid. Det gjer at sektoren har eit godt utgangspunkt for at forskinga er relevant, og at ny kunnskap kjem til nytte. Samstundes er det viktig med eit omfattande samspel mellom landbruket og andre sektorar i arbeidet med å fremje forskning og innovasjon. Det vil leggje grunnlaget for synergjar mellom landbruks- og matnæringane og andre næringar gjennom utveksling av kunnskap, teknologi og idear. Ikkje minst vil ei vidareutvikling av bioøkonomien, der eit av fortrinna til Noreg ligg i eit tett samarbeid mellom blå og grøn sektor, krevje samarbeid på tvers av fagområde og ulike næringar.

Ei målretta politikkkutforming for landbruks- og matsektoren krev kontinuerleg tilgang på oppdatert kunnskap. Forskingsbasert kunnskap bør i størst mogleg grad liggje til grunn for politikkkutvikling og forvaltning. Samfunnsvitskapleg forskning skal bidra med kunnskap om rolla til landbruket, fremje lokal og regional utvikling og gi kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket. Det same gjeld forholdet mellom landbruket og samfunnet elles. Samfunnsvitskapleg forskning vil òg gi meir kunnskap om samspelet mellom politikk, forvaltning og næring.

For at kunnskapen skal nå ut til næringsaktørrar, rådgivarar og andre som kan ha nytte av han, må ein sikre ei rask og effektiv formidling av resultatane frå landbruks- og matforskinga. Noregs forskingsråd stiller krav om at formidlingsaktivitet er ein integrert del av forskingsprosjekta.

Primærleddet i landbruket og industrien som foredlar mat og fiber, er høgteknologisk og kunnskapskrevjande. Dette stiller høge krav til kompetanse hos næringsutøvarar, rådgivarar og utdanningsinstitusjonar. God rekruttering både til yrkesutdanning og til høgare landbruks- og matfagleg utdanning er viktig for å utdanne kompetent arbeidskraft til eit framtidretta landbruk.

Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Det er eit mål å ha ein effektiv instituttsektor i landbruket som driv forskning av høg kvalitet og relevans, og som har godt omdømme og høg

internasjonal konkurransekraft. Nasjonale og internasjonale konkurransearenaer, strategiske løyvingar og systematisk oppbygging av kompetanse skal leggje til rette for auka kvalitet i forskingsinstitutta i landbruket.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) skal kartleggje og ha kunnskap om biologiske ressursar og arbeide for kommersialisering knytt til berekraftig bruk av ressursane, slik at Noreg kan få ei breiare næringsverksemd i framtida. Saman med Veterinærinstituttet (VI), dekkjer NIBIO viktig bioøkonomisk og biomedisinsk kompetanse.

Departementet vil føre vidare arbeidet med å leggje til rette for faglege og administrative synergjar mellom landbruks- og matforskinsinstitutta. Det blir lagt vekt på tverrfagleg arbeid og godt samarbeid mellom dei ulike landbruks- og matfaglege forskingsmiljøa.

Etablering av kunnskapsklyngjer er eit viktig verkemiddel for kompetanse- og kunnskapsutvikling. Den felles lokaliseringa av NIBIOs hovudsete, Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) og – frå 2020 – Veterinærinstituttet på Campus Ås vil skape grunnlag for eit kunnskapsbasert kraftsentrum innanfor undervisning, forskning og innovasjon. Det gjeld både innanfor dei eksisterande bionæringane og i utviklinga av ny næringsverksemd innanfor bioøkonomien.

Den felles lokaliseringa av NIBIO, NMBU og VI på Ås legg òg eit godt grunnlag for vidare samarbeid mellom desse miljøa og Nofima AS. Nofima AS har kompetanse som er sentral for å utvikle vidare og auke konkurranseevna i norsk næringsmiddelindustri. I tillegg er den tverrfaglege tilnærminga til Nofima AS sentral for å ta ut det potensialet som ligg i samarbeid mellom blå og grøn sektor på matområdet.

Landbruks- og matdepartementet vil føre vidare arbeidet med å utvikle fagleg og økonomisk robuste forskingsinstitutt og bidra til eit godt samarbeid mellom miljøa innanfor landbruks- og matforskinga og andre relevante samarbeidspartnarar. God rekruttering og moderne infrastruktur for forskinga vil òg vere viktig for å oppnå auka kvalitet.

Kap. 1136 Kunnskapsutvikling m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi	227 979	235 465	227 909
	Sum kap. 1136	227 979	235 465	227 909

Post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er Noregs største tverrfaglege forskingsinstitutt innanfor landbruk og miljø. Instituttet skal bidra til mat-sikkerheit, berekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping i verdikjeda for mat, skog og andre biobaserte næringer. Verksemda har hovudkontor på Ås og er representert på 17 lokalitetar i alle landsdelar. NIBIO skal vere nasjonalt leiande i arbeidet med å utvikle kunnskap om bioøkonomi.

Formål med løyvinga

Midlane over posten skal nyttast til kunnskapsutvikling, fagleg beredskap, utvikling av kompetanse, analyse og dokumentasjon og formidling av kunnskap på desse områda:

- mat og planteproduksjon
- beredskap, plantehelse og mattryggleik
- skog og utmark
- areal- og genressursar
- kart og geodata
- føretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi

Rapportering 2017

NIBIO har prioritert utvikling av rutinar og system for å sikre kontroll og god styring av økonomien i instituttet. Arbeidet har mellom anna resultert i at Riksrevisjonen ikkje hadde vesentlege merknader til rekneskapen for 2017.

På det faglege feltet er mat og planteproduksjon området med størst aktivitet. Instituttet har gjennomført omfattande forsøk i felt med sikte på at norske bønder får tilgang til dei beste plante-sortane og kunnskap om korleis desse sortane kan dyrkast. Siktemålet er auka produksjon og høg kvalitet innan korn, poteter, grovfôr, frukt, bær, urter og grønnsaker, både på friland og i veksthus. Ei rekkje nye plantesortar er testa ut for

Noreg. Vidare har det vore stor fagleg aktivitet for å fremje grøntnæringa under nordlege forhold, i tillegg til kunnskapsutvikling for fjellandbruket. NIBIO har i 2017 hatt omfattande aktivitet knytt til berekraft, klima og miljø relatert til matproduksjon. Dette inneber mellom anna å utvikle gjødslingsstrategiar som tek vare på miljøet og klimaet, samstundes som produksjonen skal haldast oppe. Kunnskap om økologisk landbruk er ein integrert del av innsatsen til NIBIO på matområdet.

Instituttet har lagt ned ein vesentleg innsats for å sikre nasjonal beredskap innan mattryggleik og plantehelse. NIBIO har gitt Mattilsynet brei beredskapsstøtte, og planteheslefagleg bistand til både Mattilsynet og næringslivet. I 2017 blei det oppdaga fleire planteskadegjerarar som er nye her i landet. Instituttet har arbeidd med å vidareutvikle metodar for å kunne oppdage både etablerte og nye skadegjerarar. Instituttet har òg bidrege til Mattilsynet sitt arbeid med overvaking av restar av plantevernmiddele i næringsmiddel.

På skogområdet har det vore arbeidd med å bygge kompetanse om effektive verkemiddel for å kunne nå klimapolitiske mål og å formidle informasjon om den viktige rolla skogen spelar i klimasamanheng. Tilpassing av skogskjøtsel til eit klima i endring har stått sentralt. Skogbruk og miljø har vore eit viktig tema, og i 2017 har NIBIO arbeidd vidare med å betre og vidareutvikle opplegget for miljøregistreringar i skog slik at dei blir meir presise og kostnadseffektive. Det har òg vore ein omfattande innsats innan bioenergi, særleg gjeld det kunnskapsformidling til næringa. Vidare har NIBIO utvikla og formidla kunnskap som er viktig for planteskolar og for produsentar av juletre. Verksemda har eit aktivt engasjement i internasjonalt skogsamarbeid, og deltek i ei rekke internasjonale forum.

NIBIO har vidareutvikla arealressurskartet AR5, eit grunnleggjande verktøy som er særst viktig for verkemiddelforvaltning, planarbeid, sakshandsaming, utgreiingar og næringsutvikling. I 2017 blei kartet oppdatert for 54 kommunar. Land-

bruket skal ta vare på kulturlandskap, kulturminne og miljøverdiar, og NIBIO har i den samanhengen overvaka både tilstand og endring. Dette gir nasjonal oversikt over utviklinga i kulturlandskapet og status for dei tilhøyrande kultur- og miljøverdiane.

NIBIO har hatt hovudansvaret for bidraget frå landbruket til den nasjonale geografiske infrastrukturen «Norge digitalt». I tillegg har NIBIO koordinert interesser og behov i Geovekst-samarbeidet. Instituttet har mellom anna bidrege i arbeidet med ein nasjonal digital høgde- og terrengmodell.

Instituttet har gjennomført forvaltningsoppgåver knytte til genressursar i tråd med rullerande handlingsplanar og strategi for Norsk genressurscenter ved instituttet. Ei effektiv genressursforvaltning er viktig for berekraftig avl og foredling, matsikkerheit og klimatilpassing. I 2017 har det vore arbeid med å bevare det genetiske mangfaldet innan kulturplanter, husdyr og skogstre i Noreg.

Verksemda har oppdatert kunnskapen om den økonomiske utviklinga i landbruket og på gardsbruk der ein vesentleg del av inntekta kjem frå jord- og skogbruk. Instituttet har bidrege med omfattande materiale til jordbruksoppfølging. Nærare omtale av aktiviteten i NIBIO i 2017 er gitt i årsrapporten til instituttet.

Budsjettframlegg 2019

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 227,9 mill. kroner til kunnskapsutvikling, formidling og beredskap i NIBIO. I samheng med fusjon av tre forskingsinstitutt i 2015, som førte til etablering av NIBIO, blir det venta både faglege og økonomiske gevinstar. For 2019 blir difor løyvinga noko redusert.

Følgjande område har særleg prioritet:

Mat og planteproduksjon

Løyvinga skal bidra til auka produktivitet, betre kvalitet og lønsam planteproduksjon under ulike dyrkings- og klimaforhold i Noreg. I dette ligg òg utvikling av kunnskap for å fremje økologisk produksjon. Det skal dokumenterast korleis endringar i klima og dyrkingsmetodar verkar på erosjon, forureining, biologisk mangfald og genetiske ressurser. Vidare skal innsatsen for å vidareutvikle eit berekraftig jordbruk ha høg prioritet. Mellom anna skal det utviklast kunnskap som kan gi redusert bruk av kjemiske plantevernmidde og meir bruk av alternative midde. Løyvinga skal òg bidra

til å få fram effektive verkemidde frå forvaltninga si side, slik at klimapolitiske mål for norsk jord- og skogbruk blir nådde. Løyvinga skal bidra til å auke kompetansen om omfang og konsekvensar av utslepp av klimagassar frå landbruket og potensialet for opptak av CO₂ og lagring av karbon i jord og skog.

Beredskap, plantehelse og mattryggleik

Kunnskap om planteskadegjerarar har høg prioritet, og det skal oppretthaldast beredskap for å kunne handtere sjukdommar og skadeorganismar som trugar den gode plantehelsa i Noreg. Beredskapen skal bidra til ein høg nasjonal mat- og fôrproduksjon og hindre at nye skadegjerarar etablerer seg i Noreg. Vidare skal løyvinga bidra til beredskap og kompetanse om verkemåtar og verknader av ulike plantevernmidde og andre innhaldsstoff i planter med potensielt uheldig verknad. I det ligg mellom anna at NIBIO skal ha kapasitet til å utføre analysar som nasjonalt referanselaboratorium for restar av plantevernmidde og for planteskadegjerarar.

Skog og utmark

Instituttet skal halde fram med å vidareutvikle kunnskap om klimaendringar og klimatilpassingar innanfor skogbruk, jordbruk og arealbruk. Kunnskapen skal gi grunnlag for utforming av effektive tiltak og verkemidde for å redusere klimagassutslepp, under dette økonomiske konsekvensar av tiltaka.

Landsskogtakseringa skal framleis ha høg prioritet i 2019. Arbeidet med å vidareutvikle ei kart- og innsynsløysing med data om skog og arealressurser vil bli vidareført. Det same gjeld FoU-arbeid knytt til Miljøregistreringer i skog og utvikling av skogbruksplanlegginga.

Høg beredskap for å oppdage skadar på skog i ein tidleg fase er viktig, både for å førebyggje at nye skadegjerande soppar og insekt etablerer seg i Noreg, og for å finne tiltak mot spreining av dei som allereie har etablert seg. Stortinget har oppmoda regjeringa om å arbeide for tilstrekkelege beredskapsplanar i skogbruket, og NIBIO har fått oppgåver innanfor område som stormskadar i skog med tilhøyrande risiko for utbrot av granbarkbilla og branndynamikk i skog.

Arbeidet med den nettbaserte kartløyvinga Skogportalen, med miljøinformasjon for skogforvaltninga, skal vidareførast i 2019. Her blir det informert om skog og skogbruk, klima, biologisk mangfald og ulike miljøverdiar. NIBIO vil òg få i

oppgåve å halde fram med å publisere rapporten *Bærekraftig skogbruk i Norge*. Langsiktige feltforsøk på viktige norske treslag skal framleis prioriterast. Desse feltforsøka er viktige for historisk dokumentasjon av skogutviklinga, og bidreg til eit berekraftig skogbruk og kunnskap om kva rolle skogen har i klimapolitikken. NIBIO skal delta i internasjonalt samarbeid om skog, og framleis ha ansvaret for internasjonal rapportering på området.

Areal- og genressursar

Vedlikehald av det nasjonale arealressurskartet AR5, Landsskogtakseringa og Arealrekneskapa for utmark blir prioriterte oppgåver for 2019. I dette arbeidet inngår mellom anna systematisk overvaking av kulturlandskapet og kulturminne, kartlegging av jordsmonn og eit internasjonalt forankra overvakingssopplegg for skogskadar. Vidare inngår vegetasjonskartlegging for å betre utnyttinga av beiteressursane. NIBIO vil òg få i oppgåve å føre vidare arbeidet med statistikk om utmarkseigedommar.

For norsk landbruk er det viktig å sikre at produsentane i framtida har eit tilstrekkeleg genetisk mangfald å hauste av når mat og andre landbruksprodukt skal produserast. I den samanhengen vil Norsk genressurscenter, som er ein del av NIBIO, medverke til ei effektiv forvaltning av dei genetiske ressursane i landbruket og følgje opp nasjonale handlingsplanar for vern og bruk av genetiske ressursar når det gjeld husdyr, nytteplanter og skogtre. Senteret vil overvake statusen til nasjonale genressursar og bidra med faglege råd til Landbruksdirektoratet og Landbruks- og matdepartementet i saker som omhandlar forvaltninga av genressursar både nasjonalt, nordisk og internasjonalt.

Kart og geodata

NIBIO har over fleire år hatt eit stort ansvar for å utvikle nettbaserte kart- og geodatatenester ut frå behova til ei rekkje aktørar i samfunnet, både i og utanfor sektoren. Dette arbeidet vil bli gitt høg prioritet òg i 2019. Ny statistikk og nye temakart vil bli utvikla i tråd med behovet. Mellom anna skal NIBIO støtte Mattilsynet med å utvikle kartløysingar for registrering av skadegjerarar og Landbruksdirektoratet med å gjere kartdata frå reindrifta tilgjengeleg.

For løyvinga vil landbruket sitt bidrag til Geovekst bli prioritert. Sektoren vil framleis få rett til å nytte alle kartdata som blir etablerte innanfor Geovekst samarbeidet. Vedlikehald av arealressurs-

karta, løysinga for Noreg i bilete og regelmessig nasjonal omløpsfotografering skal samla sett bidra til god dekning av detaljerte kart og flybilete over jord- og skogareala. Kommunane vil få kunnskapsstøtte til oppdatering og vedlikehald av karta.

Statens kartverk leier arbeidet med å etablere ein digital høgde- og terrengmodell for Noreg. NIBIO skal bidra i dette arbeidet.

Det internasjonale samarbeidet på kartområdet, som NIBIO deltek i, blir ført vidare. Det inneber mellom anna å støtte arbeidet til Statistisk sentralbyrå med nasjonal arealstatistikk og European Environmental Agency sitt arbeid med europeisk arealovervaking. Det vil òg bli gitt bistand til internasjonale prosessar for auka samordning av og samhandling om geodata innanfor tema som instituttet har ansvar for.

Data som er samla inn frå satellittar, har eit potensial for å bli nytta i overvaking av skog- og arealressursar. Arbeidet med å delta i Copernicus, som er EUs program for jordobservasjon, blir ført vidare i 2019. NIBIO og Statens kartverk vil bidra i utviklinga av landtenesta i Copernicus. Noreg er òg med på utviklinga av Galileo, eit europeisk system for satellittnavigasjon. Instituttet skal i denne samanhengen yte kompetansestøtte innanfor landbruksrelaterte tema.

Føretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi

NIBIO skal levere eit godt kunnskapsgrunnlag for økonomiske og politiske avgjerder i sektoren. Det gjeld særleg på område som produksjon og omsetnad av landbruksprodukt, næringsmiddelindustri og matvaremarknader, landbruksbaserte næringar og landbruket si rolle i samfunnet. NIBIO skal òg utarbeide materiale som grunnlag for arbeidet til Budsjettnemnda for jordbruket, og ha rolla som sekretariat for nemnda etter avtale med Landbruks- og matdepartementet. Instituttet har i tillegg ein del særskilde utgreiingsprosjekt der departementet er oppdragsgivar.

Utviklinga i internasjonale råvaremarknader, endringar i handelspolitiske rammevilkår og konsekvensane dette har for norsk landbrukspolitik og matproduksjon, er òg viktige tema for kunnskapsutvikling i 2019. Departementet legg vidare vekt på auka bruk av data frå driftsgranskingane til forskning og utgreiing.

I 2017 starta NIBIO arbeidet med å oppgradere og fornye IKT-systema knytte til Budsjettnemnda for jordbruket. Systema er avgjerande for verksemda og må forberast med tanke på tryggleik, nedetid og informasjonstap. Arbeidet med oppgradering og fornying vil halde fram i 2019.

Kap. 4136 Kunnskapsutvikling m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
30	Husleige, Norsk institutt for bioøkonomi	20 286	20 643	18 081
	Sum kap. 4136	20 286	20 643	18 081

Kap. 1137 Forsking og innovasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
50	Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd	260 555	242 306	248 878
51	Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	184 727	187 452	178 036
53	Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.	3 534	3 557	
54	Næringsretta matforskning mv.	173 130	159 700	158 901
70	Innovasjonsaktivitet mv., <i>kan overførast</i>	9 821	8 375	3 500
71	Bioøkonomiordninga, <i>kan overførast</i>		2 832	2 832
	Sum kap. 1137	631 767	604 222	592 147

Post 50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd**Formål med løyvinga**

Løyvinga skal bidra til at hovudmåla på landbruks- og matområdet, inkludert dei forskingspolitiske delmåla, blir nådde. Løyvinga omfattar først og fremst forskingsaktivitet i regi av Noregs forskingsråd.

Rapportering 2017

Regjeringa har fastsett fem mål for Noregs forskingsråd. Rapportering på desse måla og det samla resultatet av verksemda til Noregs forskingsråd i 2017 er omtalt i budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2019.

Rapporteringa nedanfor gir ei oversikt over aktivitet og bruk av Landbruks- og matdepartementet sine forskingsmidlar i Noregs forskingsråd i 2017, fordelt på dei tre delmåla under departementet sitt tverrgående mål for forskning, innovasjon og kompetanse. Ei meir utfyllande rapportering på resultat og effektar av departementet sine forskingsløyvingar finst i del 3.

Målretta bruk av midlar til forskning og innovasjon

Løyvingar til forskning over Landbruks- og matdepartementets budsjett har i hovudsak blitt disponerte gjennom Forskingsrådet sitt program *Berekraftig verdiskaping i mat- og biobaserte næringer* – BIONÆR. Landbruks- og matdepartementet løyvde 215 mill. kroner til BIONÆR i 2017. Samla blei det gitt tilsegn til tolv nye forskar- og innovasjonsprosjekt med ei total ramme på om lag 195 mill. kroner i prosjektperioden. Programmet har som hovudmål å fremje bioøkonomien gjennom å utløyse forskning som bidreg til auka, meir lønsam og berekraftig produksjon innanfor jordbruk, skogbruk og andre naturbaserte verdikjeder på land, inkludert næringsmiddelindustrien. I tillegg følgjer programmet opp innsatsen på dei prioriterte temaa matsikkerheit, mattryggleik, dyrehelse og dyrevelferd inkludert antibiotikaresistens, berekraftig sunn matproduksjon og redusert matsvinn.

Ved å finansiere langsiktige kunnskaps- og kompetansebyggjande forskingsprosjekt bidreg programmet til å byggje kompetanse av stor samfunnsverdi på tverrfaglege område. BIONÆR finansierer både grunnleggjande og næringsretta

forskning. Departementet har òg bidrege med forskingsløyvingar til mellom anna programma Stort program energi (ENERGIX) og Miljøforskning for ei grøn samfunnsomstilling (MILJØFORSK), som følgjer opp ulike prioriterte område innan fornybar energi og miljø. Samla utgjer løyvingane til desse tre programma ei heilskapleg oppfølging av departementet sitt sektoransvar.

I prosjektporteføljen til BIONÆR, på departementet sine prioriterte faglege område, er prosjekt knytte til området mat i fleirtal med om lag 25 pst. av løyvingane frå Landbruks- og matdepartementet. Forsking og utvikling på jordbruk og planteproduksjon er ein viktig del av løyvinga frå departementet, og utgjorde i 2017 om lag 21 pst. av porteføljen til BIONÆR. Fleire innovasjonsprosjekt blei løyvde på dette området. Innsatsen her blir sett i nær samheng med løyvingane frå Forskingsmidlane for landbruk og matindustri. Ei felles utlysning mellom BIONÆR og Forskingsmidlane for landbruk og matindustri førte til at det til saman blei gitt løyving til 15 prosjekt, seks av dei i BIONÆR.

Prosjekt på innovative biobaserte produkt utgjorde i 2017 om lag fire pst. av prosjekta i BIONÆR. Det blei i 2017 løyvd midlar til tre prosjekt, der eitt er finansiert av BIONÆR, etter ei fellesutlysning mellom fem program i Forskingsrådet innan bioøkonomi: innovativ vidareforedling av biologisk restråstoff og utvikling av nye produkt og prosessar.

Ein gjennomgang av resultat av forskinga i BIONÆR og forløparane dei siste ti åra, utført av Oxford Research for Forskingsrådet, viser at BIONÆR er eit samfunnsøkonomisk lønsamt program. BIONÆR har gitt eit solid bidrag til å auke kompetansen i næringslivet og forskingsmiljøa, og har styrkt profilen til forskingsmiljøa nasjonalt og internasjonalt. Støtta frå BIONÆR har ført til oppbygging av nye innovasjons- og kompetansmiljø og til ei styrking av eksisterande miljø. Forskingsinnsatsen frå næringslivet på områda til departementet er nærare omtalt i del 3.

Mange av prosjekta i BIONÆR har element av klima- og miljøforskning i seg. I tillegg blei det i 2017 løyvd midlar til tre forskarprosjekt med næringsinvolvering, med tematikken jordbruk og klima, innan LAVUTSLIPP2030, ei felles satsing mellom Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet.

Løyvingar over budsjettet til Landbruks- og matdepartementets blei òg i 2017 nytta til forskning for å styrkje bidraget frå skogen til verdiskaping i heile landet og for å nå energi-, klima- og miljømål. Viktige innsatsområde er auka bruk av trevirke,

energiproduksjon basert på tre og aktiv utnytting av skogen i nærings- og klimasamheng. Skog- og treforskning utgjorde til saman 13 pst. av løyvinga til BIONÆR i 2017. Det er i hovudsak BIONÆR som har hatt forskingsprosjekt på desse områda, men prosjekt i MILJØFORSK har òg gitt viktige bidrag.

Løyvinga over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet er òg retta mot forskning for å redusere uønskte utslepp til luft og vatn og auke opptaket av CO₂ i skog og jord. Løyvingane til området bioenergi blir forvalta av ENERGIX, som er det store programmet til Forskingsrådet innan miljøvennleg energi. Løyvingane frå departementet gjennom ENERGIX er retta mot særskilde tema innanfor bioenergi: biovarme, biogass og biodrivstoff. Produksjon av fornybar energi er eit næringstungt område, og innovasjonsprosjekt dominerer porteføljen.

MILJØFORSK er Forskingsrådets hovudsatsing på miljøforskning, og dekkjer landbasert miljø, ferskvatn og luft. Programmet skal bidra med auka kunnskap om sentrale miljøutfordringar, og gi forvaltning, næringsliv og samfunnet elles eit betre grunnlag for å treffe avgjerder. Blant dei nye prosjekta i 2017 blei det gitt løyving til eit prosjekt som skal gi ny kunnskap om pollinering og matproduksjon, med vekt på gjensidig avhengigheit mellom plantar og pollinatorar, og korleis arealbruksendringar påverkar naturmangfaldet.

Ein stor del av løyvinga til Forskingsrådet over budsjettet til Landbruks- og matdepartementets går til forskning for å auke innovasjonsgraden og konkurranseevna innan næringane i landbrukssektoren. Tematisk innretta program som BIONÆR og ENERGIX har vore viktige verkemiddel for å mobilisere næringslivet til å investere meir i FoU. Den brukarstyrte forskinga løyser òg ut vesentlege private midlar til forskning.

Løyvinga er vidare nytta til programmet Forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION), som har som mål at fleire bedrifter skal bruke forskning i innovasjonsarbeidet sitt, og at fleire fagmiljø i FoU-institusjonane blir relevante samarbeidspartnarar for næringslivet. 2017 var første året for programmet, og det er starta opp fleire aktivitetar for å fremje utvikling av bioøkonomien, både generelt og innan jordbruk og skogbruk. I region Innlandet er viktige satsingsområde mellom anna vidareforedling av biomasse, auka bruk av tre i bygg, småskala produksjon av mat, og natur og reiseliv.

Løyvingar over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjorde det mogleg for norske FoU-miljø å delta i konkurransen om internasio-

nale forskingsmidlar innanfor mange nettverk i European Research Area Net (ERA-NET), som er eit samarbeid mellom ulike forskingsprogram i Europa. Norske miljø deltek her på så ulike område som husdyrproduksjon, husdyrhelse, mat, økologisk landbruk, skog- og trebruk og vassforvaltning. Ved utgangen av 2017 hadde BIONÆR 28 prosjekt gjennom 7 ulike ERA-NET-prosjekt som var relevante for landbruks- og matpolitiske prioriteringar. På landbruks- og matområdet har fellesprogrammet (JPI) Agriculture, Food Security and Climate Change (FACCE) resultert i ei rekkje prosjekt med norsk deltaking innan bioøkonomi og klimaeffektar. Aktiviteten har auka kraftig dei siste åra. Norske aktørar har mellom anna stor suksess i prosjekt knytte til reduserte klimagassutslepp.

Samarbeid mellom Noreg og India har resultert i ei utlysing på områda jordbruk, anvendt bioteknologi, akvakultur og bioenergi/biodrivstoff.

Noreg er ein aktiv partnar i Nordisk komité for jordbruks- og matforskning, NKJ, som arbeider for auka nordisk forskingssamarbeid og ein kunnskapsbasert jordbruks- og matsektor. Forskningsrådet og Landbruks- og matdepartementet deltek i arbeidet i The European Agricultural Research (EURAGRI) og i Standing Committee on Agricultural Research (SCAR).

Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Forskningsrådet sine handlings- og næringsretta program er retta mot kunnskapsbehov i sektoren og i forvaltninga. Forskningsprogramma BIONÆR, MILJØFORSK og ENERGIX er viktige verkemiddel for kunnskapsutvikling i forvaltninga og for å nå målet om høg kvalitet og relevans i forskinga. I tillegg til porteføljen av samfunnsfaglege prosjekt om rammevilkår og næringspolitikk, har Forskningsrådet lagt vekt på at samfunnsfaglege problemstillingar må integrerast i prosjekt der det er relevant.

Forskningsrådet gjer ein aktiv innsats for å auke kvalitet og relevans i forskinga. Dei siste åra har det vore ein auke i kvaliteten på søknadene til BIONÆR. Prosentdelen av forskarprosjektsøknadar med høg kvalitet har auka frå 50 pst. i 2013 til 80 pst. i 2017. Til innovasjonsprosjekt har prosentdelen søknader høgt oppe på karakterskalaen auka frå 40 pst. i 2013 til 60 pst. i 2017.

For å sørge for ei heilskapleg forvaltning av dei samla forskingsmidlane innan landbrukssektoren samarbeider Forskningsrådet med styret for *Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukter*

(FFL) og styret for *Forskningsmidler over jordbruksavtalen* (JA), jf. omtale under kap. 1137, post 54 og kap. 1150, post 50. Gjennom FFL/JA blir det i hovudsak finansiert open forskning til nytte for aktørane i bransjen.

God og tilpassa forskingsformidling er viktig for at resultatane frå forskinga kan takast i bruk både av primærprodusentane og dei andre ledda i verdikjeda. Formidling er i stor grad integrert i forskingsaktivitetane og programverksemda.

Norsk Landbruksrådgiving er eit bindeledd mellom forskinga og landbruket og har ei viktig rolle i å formidle kunnskap til næringsutøvarane. Forskningskommunikasjonen omfattar tiltak for å fremje dialog mellom forskning og samfunn, og for å bidra til at forskning blir brukt i politikk, forvaltning og næringsutvikling. Gjennom forskingsprogramma blir det arbeidd målretta med nyheiter om forskingsresultat gjennom heile året. Programma gir òg viktige bidrag til formidling av ny kunnskap mellom anna gjennom konferansar, utlysing av konferansestøtte, og forskarsamlingar.

Budsjettframlegg 2019

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 248,9 mill. kroner over kap. 1137, post 50 i 2019. Løyvinga skal bidra til å nå dei fire landbruks- og matpolitiske hovudmåla – matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar – og dei tre delmåla for forskning, som er omtalte i kat. 15.20.

Skogen spelar ei betydeleg rolle i klimasamanheng, både som karbonlager og som erstatning for produkt baserte på fossilt karbon. Det er kunnskapsbehov knytte til framtidig utnytting av norske skogressursar og forvaltning av skogareala, for å oppnå størst mogleg klimagevinst. Knytt til oppfølging av revidert *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning*, vil det i 2019 bli prioritert 25 mill. kroner retta mot bidrag frå skogen i klimasamanheng. Satsinga skal bidra til auka kunnskap om innovativ utnytting av skogsråstoff for grøn omstilling, samstundes som vi opprett held eller aukar karbonlageret i skogen.

Den viktigaste oppgåva til landbruks- og matsektoren er å sikre innbyggjarane trygge matvarer av god kvalitet og bidra til ei optimal utnytting av dei jordbaserte naturressursane. Forsking som bidreg til nok og trygg mat, og under dette god plante- og dyrehelse og dyrevelferd, skal prioriterast. Noreg har god mattryggleik, som følgje av mellom anna god dyrehelse, og Europas lågaste

forbruk av antibiotika i husdyrproduksjonen. Landbruks- og matdepartementet vil òg i 2019 leggje vekt på forskning innan dyrehelse og mattryggleik, medrekna antibiotikaresistens.

Departementet vil òg ha innsats på områda betre agronomi, auka lønsemd og auka matproduksjon. Samstundes skal det takast nødvendige omsyn til natur og miljø. Klimaendringane med høgare temperaturar og meir ekstremvær skaper utfordringar for matproduksjonen, både globalt og nasjonalt. Auken i førekomsten av planteskadegjerrarar, problem med innhausting som følgje av nedbør og dårlege avlingar som følgje av tørke, er døme på dette. Samstundes kan klimaendringar skape nye moglegheiter for norsk landbruk ved at høgare temperaturar kan opne for å ta i bruk nye areal til matproduksjon eller nye plantesortar. Forskinga skal bidra med kunnskap om klimatilpassa produksjon og synleggjere moglegheiter for auka lønsemd i norsk landbruk innanfor eit endra klima.

Det er viktig at landbruks- og matforskinga bidreg til auka innovasjon og konkurransekraft innanfor dei mange næringane i landbruket. I dette arbeidet står den brukarstyrte forskinga og arbeidet innan bioøkonomi og mogleggjerande teknologiar sentralt.

Det er eit mål å auke kommersialiseringa av forskingsresultata, og det er difor viktig at Innovasjon Noreg, forskingsinstitutta, Selskapet for industrivekst (Siva) og Forskingsrådet samarbeider om å auke innovasjonsgraden i sektoren.

Departementet vil arbeide for auka internasjonalisering av landbruks- og matforskinga. Noregs forskingsråd skal sikre at dei nasjonale forskingsprogramma utviklar vidare det strategiske, tematiske og finansielle samspelet med EU-forskinga, inkludert Horisont 2020. Aktiviteten innanfor fellesprogrammet JPI FACCE (Agriculture, Food Security and Climate Change) skal vidareførast.

Landbruks- og matdepartementet sin del av løyvinga til EUs forskingsprogram på strålevern (Euratom) for perioden 2019–2022 blir auka til 2 mill. kroner årleg.

Offentlege og private aktørar står i stor grad overfor dei same kunnskapsbehova innanfor område som nok og trygg mat, betre ressursutnytting og auka verdiskaping og sysselsetjing i landbruks- og matnæringane. I denne samanhengen er det behov for både brukarstyrt forskning og forskning for forvaltninga. Også samarbeidet mellom Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og Fondet for forskingsmidlar over jordbruksavtalen (jf. kap. 1137, post 54 og kap. 1150, post 50) er viktig i denne samanheng.

Forskning er viktig for å støtte opp under behovet for kunnskap i forvaltninga. Det gjeld innanfor alle ansvarsområda til departementet.

Departementet vil òg i 2019 vurdere å bidra til forskning som ser på samanhengar mellom helse hos både dyr og menneske (éi helse), gjennom innsamling av biologisk materiale frå dyr til etablering av ein biobank i samarbeid med Helseundersøkingane i Nord-Trøndelag.

Frå 2018 er alle løyvingane til drift av Forskingsrådet samla på éin post på budsjettet til Kunnskapsdepartementet, sjå nærare omtale av Verksemdskostnader, kap. 285, post 55.

Post 51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd

Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet er ansvarlege for basisløyvingane til primærnæringsarenaen. Arenaen omfattar Norsk institutt for bioøkonomi, Nofima AS, Veterinærinstituttet, SINTEF Ocean (Fiskeri og havbruk fram til 1.1.2017) og Ruralis (Institutt for rural- og regionalforskning).

Forskingsrådet har ansvar for forvaltninga av basisløyvingane til forskingsinstitutta under Landbruks- og matdepartementets ansvarsområde: Norsk institutt for bioøkonomi, Ruralis og Veterinærinstituttet. I tillegg får Nofima AS tildelt midlar til fleirårige strategiske program frå Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, jf. kap. 1137, post 54.

Dei underliggjande forvaltningsorgana Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet blir omtalte nærare i kap. 1136, post 50 og kap. 1112, post 50. Ruralis er ei frittstående nasjonal forskingsstifting og eitt av dei leiande fagmiljøa i Europa innan tverrfaglege ruralstudiar, med eit omfattande internasjonalt og nasjonalt samarbeid. Nofima AS er eitt av Europas største næringsretta institutt med forskingskompetanse innanfor heile verdikjeda for utvikling av mat- og næringsmiddelproduksjon innan grøn og blå sektor. Sjå kap. 928, post 72 i Prop. 1 S (2018–2019) frå Nærings- og fiskeridepartementet for nærare omtale.

Formål med løyvinga

Formålet med basisløyvingar er å sikre ein sterk instituttsektor som kan tilby brukarretta forskning av høg internasjonal kvalitet til næringslivet og forvaltninga. Løyvingane på posten skal nyttast til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging innan landbruks- og matområda og stimulere til

høg vitenskapleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid. Løyvingane skal nyttast i tråd med retningslinene for statlege basisløyvingar til forskingsinstitutt.

Rapportering 2017

Primærnæringsarenaen omfatta i 2017 Norsk institutt for bioøkonomi, Veterinærinstituttet, Nofima AS, SINTEF Ocean (Fiskeri og havbruk fram til 1.1.2017) og Ruralis. For omtale av Land-

bruks- og matdepartementets delmål 3 *Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre*, sjå del 3.

Samla blei det tildelt 282,8 mill. kroner i basisløyvingar til primærnæringsinstitutta i 2017, i tillegg til den strategiske matsatsinga til Nofima. 174,9 mill. kroner blei gitt over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet og 107,9 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Strategiske midlar til Norsk institutt for bioøkonomi frå Klima- og miljødepartementet kjem i tillegg.

Tabell 2.1 Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskinsinstitutta for 2017

	Drifts- inntekter	Drifts- resultat	Basisløyving i 2017	Basis disponert til strategiske instituttsatsingar	Basisløyving per forskar- årsverk	Basisløyving i pst. av drifts- inntektene
	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Pst.
NIBIO ¹	717,6	-2,6	133,3	32,7	0,467	19
Veterinærinstituttet	371,1	1,2	26,8	10,7	0,178	7
Ruralis	45,8	0,6	8,4	2,6	0,352	19
<i>Sum</i>	<i>1 134,5</i>	<i>-0,8</i>	<i>168,5</i>	<i>46,0</i>		

¹ Samanslåing av Bioforsk, NILF og Norsk institutt for skog og landskap 1.7.2015.

Kjelde: Tal frå Forskningsrådet. Årsrapport 2017 Primærnæringsinstitutta

Basisløyvinga utgjer frå 7 til 19 pst. av inntektene til institutta. Institutta disponerer samla sett den største delen av basisløyvinga til strategiske insti-

tuttsatsingar og nettverksbygging. Noko av midlane blir òg nytta til forprosjekt/idéutvikling, publisering og eigendelar i forskingsprosjekt.

Tabell 2.2 Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskinsinstitutta for 2017

	Samla årsverk	Forskarårsverk som del av samla årsverk	Tilsette med dr. grad. per forskarårsverk	Publikasjonspoeng per forskarårsverk ¹
		Pst.	Forh. tal	Forh. tal
NIBIO	633	52	0,78	0,86
Veterinærinstituttet	310	45	0,84	0,61
Ruralis	29	83	0,63	0,86
<i>Sum</i>	<i>972</i>			

¹ Ny modell for å rekne ut publikasjonspoeng gjeld frå 2015. Poenga er difor ikkje samanliknbare med tidlegare år.

Dei tre landbruks- og matforskinsinstitutta har til saman 20 fleire årsverk i 2017 enn i 2016, mens det frå 2015 til 2016 var ein auke på 7 årsverk.

Talet på forskarårsverk har auka frå 476 i 2016 til 491 i 2017. Talet på tilsette med doktorgrad er redusert frå 396 i 2016 til 388 i 2017.

Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) blei etablert i 2015 gjennom ei samanslåing av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning og Norsk institutt for skog og landskap.

Arbeidet med å gjennomføre fusjonen mellom dei tre institutta har kravd merksemd og innsats òg i 2017. NIBIO hadde eit driftsunderskott på 2,6 mill. kroner i 2017. Dette er knytt til oppdragsverksemda til instituttet.

Instituttet har, inkludert overførte midlar frå tidlegare år, nytta 152,3 mill. kroner i basisløyving frå Noregs forskingsråd, noko som utgjer 21 pst. av driftsinntektene. NIBIO disponerte 35 mill. kroner til eigendefinerte strategiske instituttsatsingar.

Talet på årsverk i 2017 var 633, mot 626 i 2016. Forskarar utgjorde 326 årsverk, mot 312 i 2016. Instituttet produserte 351 artiklar i vitenskaplege tidsskrift og antologiar i 2017.

Veterinærinstituttet

I 2017 hadde Veterinærinstituttet eit driftsoverskott på 1,2 mill. kroner. I 2016 var overskottet på 2,1 mill. kroner.

Instituttet nytta ei basisfinansiering på 25,2 mill. kroner frå Forskingsrådet. Veterinærinstituttet disponerte 10,7 mill. kroner til eigendefinerte strategiske instituttsatsingar. Basisløyvinga utgjorde 7 pst. av driftsinntektene til instituttet, det lågaste talet på arenaen.

Instituttet hadde 310 årsverk i 2017, mot 299 året før. Talet i 2017 er ikkje samanliknbart med tidlegare år fordi Veterinærinstituttet i 2017 nytta ei anna berekning av årsverk. Forskarar utgjorde 141 årsverk, mot 142 i 2016. Veterinærinstituttet produserte 96 artiklar i vitenskaplege tidsskrift og antologiar i 2017.

Ruralis

Ruralis hadde eit driftsoverskott på 0,6 mill. kroner i 2017. I 2016 var driftsoverskottet på 1,7 mill. kroner. Instituttet har nytta 8,4 mill. kroner i basisløyving frå Forskingsrådet, noko som utgjer 18 pst. av driftsinntektene. Ruralis disponerte 2,6 mill. kroner til eigendefinerte strategiske instituttsatsingar.

I 2017 var det 29 årsverk i Ruralis, mot 27 året før. Forskarar utgjorde 24 av årsverka, mot 22 i 2016. Den vitenskaplege produksjonen resulterte i 19 artiklar i tidsskrift og antologiar.

Budsjettframlegg 2019

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving på 178,0 mill. kroner til basisløyvingar til forskingsinstitutt.

Basisløyvinga blir fordelt på primærnæringsarenaen i tråd med formålet slik det går fram av retningslinene og Prop. 1 S (2014–2015) frå Kunnskapsdepartementet. Alle dei tre institutta under departementet, NIBIO, Veterinærinstituttet og Ruralis, er med i konkurransen om den resultatbaserte omfordelinga av løyvinga. Den statlege basisfinansieringa av forskingsinstitutta er sett saman av ei grunnløyving og strategiske løyvingar. Ordninga med strategiske instituttsatsingar blir vidareført med eit tak på 30 pst.

Post 53 Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.

Formål med løyvinga

Løyvinga skal bidra til omstilling i instituttsektoren i landbruket i retning av meir faglege og økonomisk solide institutt. I første rekkje skal løyvinga bidra til å realisere regjeringa sitt formål med oppretting av Norsk institutt for bioøkonomi, og til å dekkje delar av kostnadene til Veterinærinstituttet i samband med flyttinga til Ås.

Rapportering 2017

I 2017 blei løyvinga mellom anna nytta til å førebu flyttinga av Veterinærinstituttet til Ås. Vidare blei det tildelt midlar til NIBIO som ledd i å greie ut felles lokalisering av tilsette på Ås, til vidareutvikling av regionalt nærvær og til nødvendige investeringar knytte til omstilling av verksemda.

Budsjettframlegg 2019

Det blir føreslått å avvikle posten frå 2019. Omstilling innanfor instituttsektoren i landbruket skal dekkjast innanfor eksisterande rammer, jf. kap. 1136, post 50 og kap. 1112, post 50.

Post 54 Næringsretta matforskning mv.

Formål med løyvinga

Ordninga har bakgrunn i Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, som blei oppretta i medhald av lov av 26.6.1970 om forskingsavgift på visse landbruksprodukt. I tråd med lova er formålet å sikre økonomisk grunnlag for forskning på

landbruksprodukt som blir nytta til å framstille nærings- og nyttingsmiddel og fôrkorn til husdyr. Løyvinga skal mellom anna gå til matforskningsinstituttet Nofima AS, som er eit næringsretta institutt med forskingskompetanse innanfor heile verdikjeda for utvikling av mat- og næringsmiddelproduksjon innan grøn og blå sektor. I tillegg skal løyvinga gå til næringsrelevante forskingsprosjekt etter ope utlysing og konkurranse.

Midlane blir kravde inn gjennom ei avgift på importerte og norskproduserte landbruksprodukt. Løyvinga skal forvalast av eit styre som er oppnemnt av departementet.

Løyvinga blir motsvart av inntekter frå forskingsavgifta på landbruksprodukt, jf. kap. 5576, post 70 Forskningsavgift på landbruksprodukt.

Rapportering 2017

Midlane i Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt blir forvalta av eit styre som er sett saman av seks representantar frå matområdet, i tillegg til ein styreleiar som er oppnemnt av departementet. Landbruksdirektoratet har sekretariatet for ordninga. Midlane skal støtte opp under formålet til lov om forskningsavgift. I tillegg har fondet eit særleg ansvar for grunnløyving til forskningsinstituttet Nofima AS. Midlar som ikkje går til grunnløyving til dette instituttet, går i hovudsak til finansiering av forskingsprosjekt etter open utlysing. Som hovudregel skal resultatane frå prosjekt som er støtta av fondet, vere opne for alle.

Utylysing av midlar frå fondet i 2017 var innretta mot auka berekraftig matproduksjon, auka og alternativ råstoffutnytting av biomasse, reduserte klimagassutslepp og klimatilpassa produksjon, teknologisk utvikling og innovasjon og mattryggleik, helse og samfunn. Styret for fondet løyvde midlar til 17 forskarprosjekt med ei total ramme på 61,3 mill. kroner og 9 næringsretta innovasjonsprosjekt med ei total ramme på 43,0 mill. kroner.

Matforskningsinstituttet Nofima AS er tildelt midlar til fleirårige strategiske program der inneverande periode er 2017–2020. For 2017 fekk instituttet 72,2 mill. kr til desse programma. Vidare har styret for fondet bidrege med 2 mill. kroner til miljøforskningsprogrammet i Noregs forskingsråd.

Budsjettframlegg 2019

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving på 158,9 mill. kroner på posten. Det vil vere uvisse knytt til inntektene frå for-

skingsavgifta på landbruksprodukt og til forbruk det enkelte året. Departementet legg difor opp til ei meirinntektsfullmakt mellom kap. 1137, post 54 og kap. 5576, post 70, jf. framlegg til vedtak II.

Post 70 Innovasjonsaktivitet mv.

Formål med løyvinga

Løyvinga skal bidra til vekst og konkurransekraft hos nyetablerte verksemdar gjennom inkubator-tenester til vekstbedrifter i ein tidleg fase. Inkubatorane tilbyr fagleg rådgiving, forretningsutvikling og tilgang til nødvendig kompetanse, nettverk og lokale. Tilboda må tilpassast dei behova verksemdene har for individuell oppfølging, og skje i eit miljø med høg kompetanse på innovasjon og næringsutvikling. Siva gjennomfører satsinga på vegner av departementet. Løyvinga skal fremje kommersialisering av kunnskap frå forskning i landbruks- og matsektoren og bidra til auka knoppskyting frå eksisterande næringsliv.

Løyvinga over posten er òg retta mot marknadsdriven bioinnovasjon i regi av BioSmia til Hedmark Kunnskapsark. Denne satsinga skal leggje til rette for å etablere nye arbeidsplassar og vekst innan bioøkonomien.

Løyvingane til Siva og Hedmark Kunnskapsark skal mellom anna bidra til at fleire norske bedrifter kan ta marknadsposisjonar innan avansert foredling av fornybare biologiske ressursar.

Av løyvinga blir det òg gitt midlar til satsinga på fornybar energi ved Mære landbruksskole.

Rapportering 2017

Siva – Selskapet for industrivekst SF

Løyvinga har gått til å støtte opp under gründerar på landbruks- og matområdet gjennom fire inkubatorar i regi av Selskapet for industrivekst SF (Siva). Ein inkubator gir støtte til verksemdar som har etablert ny kommersiell aktivitet. Resultatforventningane til departementet har vore auka overleving og vekst blant deltakande verksemdar samanlikna med dei som ikkje nyttar seg av tilbodet. Deltakinga styrkjer koplinga og samhandlinga mellom landbruksverksemdar og verksemdar i andre næringer og sektorar. Til saman har det vore 88 verksemdar i dei fire inkubatorane i 2017.

Validé AS i Stavanger har motteke 1 mill. kroner og hatt 23 verksemdar. Nedslagsfeltet for inkubatoren er det meste av Rogaland. Inkubatoren leverer gode resultat, med mange spennande verksemdar på landbruks- og matområdet.

Hedmark Kunnskapspark på Hamar har motteke 1 mill. kroner og hatt 14 verksemder. Miljøet har lang erfaring med inkubasjon i mellom anna jordbruk og skogbruk. Med inkubatoren, innovasjonssenteret BioSmia og arenaprojektet Heidner er det samla sett etablert eit godt system for innovasjon og nyskaping i fylket.

Proneo AS er lokalisert i Verdal og Stjørdal, og har eit veksende nedslagsfelt i heile Trøndelag. Selskapet har motteke 1 mill. kroner og hatt ni verksemder i 2017.

Inkubator Ås har motteke 2 mill. kroner og hatt 42 verksemder. Inkubatoren arbeider tett med Kjeller Innovasjon. Det blir arbeidd med kommersialisering av idear innan bioøkonomi i samarbeid med FoU-miljøa på Ås.

BioSmia – Senter for marknadsdriven bioinnovasjon

Løyvinga til BioSmia skal mellom anna nyttast til innsamling av ny kunnskap og utviklingsarbeid, i tillegg til å leggje til rette for samarbeid og nettverksarbeid. I 2017 har BioSmia oppretta direkte kontakt med bedrifter, entreprenørar og potensielle samarbeidspartnarar. Det har blitt oppretta nodar for BioSmia i dei ulike regionane i Hedmark. Nærleiken til det lokale næringslivet har gitt eit stort tilfang av prosjekt. I nokre tilfelle har BioSmia òg teke initiativ til prosjekt innan spesifikke fagområde, slik som etablering av eit bedriftsnettverk for bioraffinering av insekt.

Ved utgangen av 2017 hadde BioSmia ein portefølje på 47 aktive prosjekt, av dei var 30 nye. Prosjektporteføljen er hovudsakleg regionale prosjekt i Hedmark, men det er òg nokre prosjekt som omfattar eit større geografisk område, eller involverer nasjonale aktørar.

Av dei 28 prosjekta som blei avslutta i 2017, er om lag halvparten vidareført til hovudprosjekt eller kommersialisering.

Mære landbruksskole – Landbrukets klima- og energisenter

Løyvinga til Landbrukets klima- og energisenter ved Mære landbruksskole er i 2017 blitt nytta til utgreiingsarbeid, bygging av nettverk og etablering av FoU-samarbeid knytt til demonstrasjonsanlegga. Senteret har lagt vekt på samarbeid med FoU-miljø og har arrangert fleire fagdagar med deltakarar frå primærnæringar (gardbrukarar), rådgivarar og elevar. Hausten 2017 blei det inngått ein avtale med Felleskjøpet Agri, der Mære landbruksskole skal vere testarena for presisjonslandbruk.

Budsjettframlegg 2019

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 3,5 mill. kroner for å fremje auka innovasjonsaktivitet og støtte opp under eit sterkare og meir framtidretta landbruk.

Løyvinga blir fordelt slik:

- tilskott til samarbeidet i den blå-grøne bioteknologiske næringsklynga på Hamar gjennom innovasjonssenteret BioSmia – Senter for marknadsdriven bioinnovasjon, 2,5 mill. kroner
- tilskott til landbrukets klima- og energisenter ved Mære Landbruksskole, 1 mill. kroner

Det er ikkje føreslått å løyve midlar til inkubatorar i regi av Siva for 2019. Kunnskapsmiljøa må i større grad ta ansvar for å finansiere innovasjonsaktiviteten innanfor eigne budsjetttrammer.

Post 71 Bioøkonomiordninga

Formål med løyvinga

Løyvinga skal fremje auka innovasjonsaktivitet og støtte opp under eit sterkare og meir framtidretta landbruk. Midlane skal leggje grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane. Sjå òg omtale av ordninga under kap. 2421, post 50, i Prop. 1 S (2017–2018) frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Regjeringa ser eit stort potensial i å stimulere til vidareutvikling av produksjonsprosessar og ny næringsverksemd med utgangspunkt i fornybar biomasse frå primærnæringane. Løyvinga skal leggje grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av sektorar og næringar.

Rapportering 2017

Bioøkonomiordninga i Innovasjon Noreg blei oppretta i 2017 for å styrkje og samle innsatsen retta mot bioøkonomi. Bioøkonomiordninga fungerer som ein «paraply» over åtte ulike verkemiddel fordelte på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Alle dei tre departementa har tidlegare hatt oppdrag retta mot Bioraffineringsprogrammet, som frå 2017 blei ein del av Bioøkonomiordninga. Landbruks- og matdepartementet har tidlegare hatt oppdrag retta mot Trebasert Innovasjonsprogram, som frå 2017 er integrert i Bioøkonomiord-

ninga med oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet. Aktiviteten i den nyoppretta ordninga har i 2017 vore orientert mot mobilisering med sikte på å auke talet på gode søknader.

Målgruppa for ordninga er bedrifter (uavhengig av storleik) som utviklar og tek i bruk løysingar for produksjon, foredling og distribusjon av bioressursar. Ordninga dekkjer utviklingsstøtte både i og på tvers av eksisterande verdikjeder og er landsdekkande.

Prosjekt som blir prioritert, skal

- utvikle eller bidra til utvikling av løysingar i produksjon, foredling og/eller full utnytting i bruk av bioressursar, til dømes produktutvikling, prosessutvikling eller organisatorisk utvikling
- bidra til utvikling av marknadsretta strategi, nye marknader og/eller byggje opp merkevarer
- sannsynleggjere eit positivt klimabidrag
- bidra til auka og berekraftig matproduksjon

Løyvinga frå Landbruks- og matdepartementet har på området bioraffinering vore nytta til fleire prosjekt innan landbruksområdet, og området har fått eit stort løft gjennom mobiliseringsområdet *Biosmart – effektivisering gjennom automatisering og digitalisering*, som i 2017 særleg har fokusert på jordbruket. Her er det fleire gode prosessar på gang og tett dialog med aktørane innan landbrukssamvirket.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving til Bioøkonomiordninga i Innovasjon Noreg, med ei samla ramme på 2,8 mill. kroner for 2019. Det er òg midlar overførte på posten som det er gitt tilsegn til, og det vil ikkje alltid vere slik at løyvingane kjem til utbetaling same året som dei blir løyvde. Departementet legg difor òg opp til ei tilsegnsmakt på posten på 5,2 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak

Utgifter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1138	Støtte til organisasjonar m.m.	37 019	40 836	40 873	0,1
1139	Genressursar, miljø- og ressurs- registreringar	20 037	26 096	29 059	11,4
1140	Hautbare viltressursar			95 791	
1142	Landbruksdirektoratet	470 502	440 084	471 105	7,0
1148	Naturskade – erstatningar	91 104	156 000	182 600	17,1
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	146 540	219 722	134 705	-38,7
1150	Til gjennomføring av jordbruks- avtalen m.m.	14 852 285	15 107 993	15 920 523	5,4
1151	Til gjennomføring av reindrifts- avtalen	116 785	118 600	123 100	3,8
1161	Myndigheitsoppgåver og sektor- politiske oppgåver på statsgrunn	24 299	24 457	24 335	-0,5
	Sum kategori 15.30	15 758 571	16 133 788	17 022 091	5,5

Inntekter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
4140	Hautbare viltressursar			4 500	
4142	Landbruksdirektoratet	50 737	42 196	43 203	2,4
4150	Til gjennomføring av jordbruks- avtalen m.m.	1 278		50	
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	75 000	25 000		-100,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	317 479	159 700	253 901	59,0
	Sum kategori 15.30	444 494	226 896	301 654	32,9

Mål og strategiar

Budsjettframlegget under kategori 15.30 omfattar næringsavtalar, verdiskaping og utviklingstiltak i skogbruket, miljøtiltak, Landbruksdirektoratet, erstatning for naturskade, forvaltning av statsgrunn i skog og utmark, og støtte til organisasjonar. Sjå òg Prop. 94 S (2017–2018) *Endringer i statsbudsjettet 2018 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2018 m.m.)* og Prop. 92 S (2017–2018) *Endringer i statsbudsjettet 2018 under Landbruks- og matdepartementet (Reindriftsavtalen 2018/2019 m.m.)* og Stortinget si hand-saming av desse, for nærare informasjon om næringsavtalane.

I samband med endringane i ansvarsdelinga mellom departementa ved utviding av regjeringa i 2018, overtok Landbruks- og matdepartementet ansvaret for forvaltning av haustbare viltressursar frå Klima- og miljødepartementet, jf. Prop. 48 S (2017–2018). Kategorien omtalar etter dette òg prioriteringar knytte til forvaltning og næringsutvikling på dette området. Framlegget under kategorien rettar seg særleg mot hovudmåla *Landbruk over heile landet, Auka verdiskaping og Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar*.

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon. Tilrettelegging for landbruk over heile landet krev framleis ei differensiering av verkemidla. Regjeringa vil sikre ein effektiv bruk av statlege overføringar, redusere kostnadsnivået og gi bonden nye og betre inntektsmoglegheiter. Det skal satsast på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein framtidsetta landbruksproduksjon over heile landet.

Regjeringa vil i 2019 arbeide vidare med å følge opp meldingane om jordbrukspolitikken, skog- og trenæringa, reindriften og vekst og gründer-skap. Bidrag frå landbruket til å løyse klimautfordringane, vil også ha høg prioritet. Viktige nasjonale strategiar innanfor bioøkonomi, reiseliv, økologisk jordbruk og jordvern er med på å gi retning for arbeidet. Eit strategidokument som har til formål å mobilisere skog- og trenæringa til meir forskning, utvikling og innovasjonsaktivitet og bidra til større etterspørsel etter grøne, trebaserte produkt, blir etter planen lagt fram i 2018.

Landbruksdirektoratet, jf. kap. 1142, står sentralt i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken og er støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Det blir lagt vekt på brukarretta og effektiv forvaltning av tilskottsordningar og gode juridiske verkemiddel, i tillegg til kontroll og dokumentasjon.

God kunnskap og vitskapleg dokumentasjon er særst viktig i arbeidet med å nå dei landbrukspolitiske måla. Forvaltning av dyrka mark, skog og utmark krev god oversikt over areal- og genressursane, føresetnader for lønsam drift og god kunnskap om berekraftig forvaltning med gode miljøomsyn. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er såleis ein viktig leverandør av kunnskap til forvaltning og næringsutøvarar, jf. kap. 1136 og 1137.

Prioriteringar

Internasjonale prosessar

Regjeringa vil innanfor gitte landbrukspolitiske ramar arbeide for ein friare handel med landbruksvarer. Noreg forhandlar om marknadstilgang for landbruksvarer innanfor Verdas handelsorganisasjon (WTO), EØS-avtalen og EFTA-samarbeidet.

Fram mot ministerkonferansen i Buenos Aires i desember 2017 drøfta medlemslanda i WTO ulike tema som kunne bidra til ein friare verds-handel med landbruksvarer. Ministerkonferansen gav ingen nye resultat på landbruksområdet. Regjeringa ser det som viktig å få på plass ein ny multilateral avtale, og vil bidra aktivt framover gjennom ulike initiativ. Når det gjeld forpliktingane i den eksisterande WTO-avtalen og oppfølginga av ministererklæringa frå Nairobi i 2015, tilpassar regjeringa verkemiddelbruken i landbruket slik at Noreg held seg innanfor avgrensingane.

EØS-avtalen opnar for avtalar mellom Noreg og EU om handel med landbruksvarer. I april 2017 blei Noreg og EU-kommisjonen samde om ein ny Artikkel 19-avtale. Avtalen vil bli sett i verk 1.10.2018, og vil innebere auka kvotar inn til Noreg for mellom anna ost, kjøtt og blømande planter. Vidare gir avtalen auka eksportkvotar inn til EU for kjøttvarer, mjølkeprodukt og blomar. EFTA forhandlar i 2018 med ei rekkje land om å inngå handelsavtalar, mellom andre Kina, India, Malaysia, Indonesia, Vietnam og Mercosur (Argentina, Brasil, Paraguay og Uruguay). EFTA-forhandlingane omfattar handel med både ufor-edla og foredla landbruksvarer.

Under FN's klimakonferanse i Fiji/Bonn i november 2017, blei partane samde om vidare arbeid med klima, jordbruk og matsikkerheit. Fram mot klimakonferansen hausten 2020 vil partane sørgje for meir kunnskap og fleire tiltak i jordbruket, innanfor praktiske og overordna tema som jordsmonn, gjødselhandtering, husdyrhald, klimatilpassing og matsikkerheit. I 2019 kjem FN's

klimapanel (IPCC), med ein spesialrapport om landareal og matsikkerheit i klimasamanheng. Departementet vil halde fram med å engasjere seg i internasjonalt samarbeid om landbruk og klima. Det er viktig å sikre eit godt samarbeid mellom sekretariatet for FNs klimakonvensjon (UNFCCC), FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO), Verdsbanken og aktuelle samarbeidsland på dette området.

Mandatet til FAO omfattar global matsikkerheit, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar, inkludert jordbruk, skogbruk, arealforvaltning, vatn og genetiske ressursar. Klimaendringar er eit prioritert område for FAO i 2018–2019 og skal prioriterast innanfor alle fagområda. Noreg vil følgje opp dette. Noreg vil òg følgje og påverke det viktige arbeidet mot antibiotikaresistens innanfor One Health-rammeverket, oppfølging av berekraftsmåla og ei effektiv og resultatbasert styring av organisasjonen. I tillegg er standardsetjing for mattryggleik under Codex Alimentarius, den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar (plantetraktaten), fagkomiteane innan landbruk, skog og fiske i FAO og kommisjonen for genetiske ressursar prioriterte område.

Antibiotikaresistens vil framleis vere eit viktig område for internasjonalt samarbeid om mat og helse. Det er eit av dei største globale helsetrugs-måla i vår tid, og kan berre handterast gjennom eit breitt internasjonalt samarbeid. Noreg står sentralt i arbeidet og er ein pådrivar både gjennom FAO og Verdas helseorganisasjon (WHO).

2030-agendaen har sett ambisiøse mål – berekraftsmåla – for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling fram mot 2030. Regjeringa vil føre vidare ein aktiv innsats for å følgje opp måla.

Departementet vil framleis støtte opp om FAOs arbeid med berekraftig skogforvaltning. FAO har ei særleg viktig rolle i samarbeidet med andre land om kartlegging av og utvikling i forvaltning av skogressursane. Departementet vil òg ta aktivt del i arbeidet under FAOs kommisjon for genetiske ressursar og den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk. Det inneber òg vidareutvikling av det globale frølageret på Svalbard. Departementet arbeider spesielt for forbetringar av det multilaterale systemet for tilgang og fordelsdeling knytt til genressursar i plantetraktaten. Dette vil bidra til ei meir effektiv planteforedling og større matproduksjon både i Noreg og i andre land.

Det er behov for eit forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skog-

politiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. I Europa samarbeider landa om berekraftig skogforvaltning og utvikling av skog- og trenæringa gjennom FOREST EUROPE og FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE). Noreg deltek aktivt i dette arbeidet. FNs skogforum (UNFF) legg overordna premisser for berekraftig skogforvaltning globalt, og vedtok i 2017 ein strategisk plan for alt arbeid som blir gjort i FN på skogområdet. Noreg er medlem av European Forest Institute (EFI), eit europeisk forskingsinstitutt som er oppretta ved ein internasjonal avtale. Noreg bidreg økonomisk til den delen av EFI som arbeider med å kople forskning og politikktutvikling, noko som gir eit kunnskapsgrunnlag for nasjonal og europeisk skogpolitikk.

Nordisk ministerråd for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) arbeider for ein berekraftig og konkurransekraftig bruk av naturressursar, mellom anna dei genetiske ressursane. Det er eit mål gjennom sams nordisk innsats å skape meirverdi og nordisk nytte for dei enkelte nordiske landa og innbyggjarane deira. Det fireårige samarbeidsprogrammet utgjer, saman med dei årlege formannskapsprogramma og overordna initiativ, handlingsrommet for samarbeidet. Departementet vil også i tida framover vektleggje det nordiske samarbeidet innanfor bioøkonomi og grøn omstilling. Under ministermøtet i Haparanda sommaren 2018 blei det vedteke ein bioøkonomistrategi som skal vere retningsgivande for det nordiske ministersamarbeidet på dette området. I dette samarbeidet er både skogbruk og jordbruk sentrale element for å bidra til utviklinga mot det grønne skiftet. Ministerrådet vedtok også at det nordiske samarbeidet, og landa som inngår i det, må finne gode og langsiktige løysingar for det nordiske genressursarbeidet gjennom NordGen på ein betre måte enn til no.

Hovudtrekk i jordbruksoppgjeret

Det lokale ressursgrunnlaget, marknadsmoglegheiter og kompetansen til bonden bør i stor grad vere avgjerande for produksjonen, ikkje offentlege avgrensingar og komplekse tilskottsordningar. Utøvarar i jordbruket, som sjølvstendig næringsdrivande, skal ha høve til å ha den same inntektsutviklinga som andre i samfunnet. Gode inntektsmoglegheiter er ein føresetnad for auka matproduksjon, for at næringa skal rekruttere kompetent arbeidskraft, og for at unge menneske skal satse på ei framtid i jordbruket. Utforming av verkemidla baserast på ei prioritering

mellom måla og at måla skal bli oppnådd effektivt. Målkonfliktar inneber at auka måloppnåing innanfor eitt område kan gi lågare måloppnåing på eit anna område. Auka matproduksjon på norske ressursar har i fleire år vore hovudmålet for jordbrukspolitikken. Saman med målet om landbruk over heile landet krev det ei tydeleg prioritering i bruken av jordbruksareala mellom område som er eigna til grasproduksjon, og område som er eigna til produksjon av plantevekstar til mat.

Jordbruket la fram kravet sitt 26. april, og tilbodet frå staten blei lagt fram 4. mai. Den 7. mai melde jordbruket at dei ville gå i forhandlingar. I kravet sitt prioriterte Jordbrukets forhandlingsutval produksjonar med moglegheiter for produksjonsauke, små og mellomstore mjølkebruk og ei styrking av velferdsordningane. Statens forhandlingsutval la vekt på produksjonar med marknadsmoglegheiter, som korn, poteter, frukt og grønsaker, styrking av grunnlaget for den geografiske produksjonsfordelinga, styrking av miljø- og klimaarbeidet, prioritering av område med driftsvanskar og velferdsordningane i jordbruket. Tilbodet tok òg omsyn til dei produsentane som har fått den største auken i kostnader, og som i størst grad hentar ein vesentleg del av inntektene sine frå jordbruket. Den 16. mai inngjekk staten jordbruksavtale med Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag for perioden 2018–2019.

Ramma i jordbruksoppgjere i 2018 la til rette for ein inntektsauke i den normaliserte rekneskapen på 3,5 pst. frå 2018, før oppgjere, til 2019, gitt ein føresetnad om forbetring i marknadsbalansen tilsvarende 250 mill. kroner. Dette utgjer om lag 12 000 kroner per årsverk. Delar av ramma kan få inntektseffekt frå 1.7.2018 dersom prisauken blir realisert fullt ut.

Jordbruksoppgjere i 2018 la stor vekt på å prioritere inntektsmoglegheiter i produksjonar med marknadsmoglegheiter. I tillegg blei den geografiske produksjonsfordelinga, som i fleire av dei siste oppgjera har blitt styrkt, ytterlegare forsterka gjennom ei vesentleg styrking av økonomien i korn, poteter og grønsaksproduksjon, særleg for areal som er best eigna til slik produksjon. Tilskott til det grasbaserte husdyrhaldet blei ytterlegare differensiert, for å treffe betre dei områda med utfordringar i produksjonsforhold. Dette er i tråd med måla i Jeløya-plattformen.

Innsatsen retta mot miljø- og klima blir styrkt gjennom ein sterk auke i løyvingane til miljø- og klimatiltak, regionale miljøprogram, verdiska-

pingsprogrammet for energi og teknologiutvikling og dei særskilde miljøordningane i jordbruket (SMIL). I tillegg blir løyvingane til forskning og rådgiving auka for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag.

Velferdsordningane i jordbruket blir styrkt. Avtalen tok òg omsyn til dei små og mellomstore mjølkebruka med eit eige tilskott. Vidare inneheldt avtalen tiltak som skal gi grunnlag for betre marknadsbalanse.

Oppgjere gir ein auke i målprisar på 198 mill. kroner frå 1.7.2018. Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga til gjennomføring av jordbruksavtalen over kap. 1150 i 2019 med om lag 770 mill. kroner. I tillegg blir om lag 70 mill. kroner overførte frå 2018. Endra inntektsverdi av jordbruksfrådraget er 62 mill. kroner.

Regjeringa vil halde fram med å styrkje landbruket gjennom forenkling av lover, reglar og stønadsordningar. Ei forenkling av verkemiddelapparatet gjer kvardagen enklare for bonden, og bidreg òg til effektivitet og ei betre forvaltning.

Matsikkerheit, beredskap og landbruk over heile landet

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon i produksjonar med marknadsmoglegheiter, av omsyn til mellom anna norske forbrukarar og beredskap. Verkemidla skal innrettast slik at dei bidreg til auka produksjon. Tilrettelegging for landbruk over heile landet krev framleis differensiering av verkemidla. Regjeringa vil sikre ein effektiv bruk av statlege overføringar, redusere kostnadsnivået og gi bonden nye og betre inntektsmoglegheiter. Det skal satsast på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein framtidsetta landbruksproduksjon over heile landet.

Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane

På same måte som i fjor blei det i årets jordbruksoppgjere lagt stor vekt på å stimulere til auka bruk av utmarksressursane. Beiting i utmark utnyttar fôrressursane til matproduksjon og bidreg samstundes til å halde ved like eit ope og artsrikt kulturlandskap. Om lag 85 pst. av alle sau og lam går på utmarksbeite, og prosentdelen sau på utmarksbeite aukar med storleiken på buskapen. Delen storfe på utmarksbeite har auka dei siste tre åra, og er no på 29 pst. For storfe går prosentdelen på beite ned med storleiken på buskapen. Tilskotta til utmarksbeite har blitt vesentleg auka i dei to siste jordbruksoppgjera.

Eigedomslovgivinga

Dei om lag 150 000 landbrukseigedommane med bustadhus i Noreg utgjer eit viktig grunnlag for sysselsetjing og busetjing, og for utvikling og produksjon av varer og tenester med utgangspunkt i landbruket.

For å styrkje den private eigedomsretten og forenkla eigedomslovgivinga har Stortinget etter forslag frå regjeringa vedteke fleire endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova. Desse vedtaka er følgde opp, og endringane i lovverket er sette i verk. Stortinget har òg bedt regjeringa greie ut konsekvensane av ei vidare liberalisering av konsesjonsplikta utover dei endringane som er vedteke for reine skogeigedommar, jf. oppmødingsvedtak nr. 878 (2016–2017). Departementet vil følgje opp vedtaket og komme tilbake til Stortinget med saka.

Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Ressursgrunnlaget i Noreg er spreidd og vilkåra for jord- og skogbruksdrift varierer. Regjeringa arbeider for eit sterkt og konkurransedyktig landbruk i alle delar av landet. Landbruket bidreg med ei rekkje fellesgode og gir grunnlag for sysselsetjing, verdiskaping, næringsutvikling og vekstkraftige distrikt. I tillegg til aktiviteten i landbruket og tilhøyrande foredlingsindustri gir kjøp av varer og tenester ringverknadar for andre næringar lokalt og regionalt. Omfanget av landbruk varierer mellom ulike delar av landet, og sysselsetjing og verdiskaping frå landbruket er størst i Hedmark, Oppland, Rogaland og Trøndelag. Samstundes spelar landbruksnæringa relativt sett ei større rolle for sysselsetjinga i distrikta enn i meir sentrale strøk av landet. Det er difor viktig å ha verke-middel som stimulerer til utnytting av ressursane til landbruksproduksjon over heile landet, og som legg til rette for busetjing, sysselsetjing og verdiskaping i distrikta.

Eit mangfaldig landbruk med variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling

Føresetnadene for jordbruksproduksjon varierer mellom dei ulike delane av Noreg. Naturgitte vilkår og klimatiske forhold påverkar både produksjonsmoglegheitene og nivået på avlingane. Topografien er avgjerande for kor store og samanhengande jordbruksareala kan vere. Små og mellomstore bruk er viktige for å utnytte produksjonspotensialet i alle delar av landet. Auka produktivitet og styrkt konkurransekraft vil vere

avgjerande for å realisere målet om auka produksjon og høgare heimemarknadsdelar. Det er difor nødvendig med eit stønadssystem som kompenserer for ein del av dei ulempene mindre bruk har. I jordbruksavtalen blei det innført eit nytt tilskott til små og mellomstore mjølkebruk. Tilskottet følgjer opp signalet Stortinget gav ved handsaminga av Meld. St. 11 (2016–2017) om at bruk med 15–30 kyr skulle prioriterast, og er utforma slik at det har ein sats som aukar per ku til, til og med ku nummer 23, og deretter blir redusert slik at bruk med 51 og fleire kyr ikkje får dette tilskottet.

I årets jordbruksoppgjær blei partane samde om å forsterka den geografiske produksjonsfor- delinga i landbruket gjennom å auke tilskotta til korn i dei områda som har best føresetnader for å produsere korn. I tillegg prioriterer avtalen tilskott til areal med driftsvanskar og dei områda av landet der utviklinga i arealbruk er dårlegast, gjennom å justere og prioritere ei rekkje ordningar målretta mot desse områda. Dei viktigaste tiltaka i tilskott til område med driftsvanskar er at det i arealtilskott til grovfôr blei innført ei ny sone for områda med størst driftsvanskar. Reglane for avgrensing er justerte slik at meir areal kan få arealtilskott grovfôr, tilskott til bratt areal i dei Regionale miljøprogramma er auka og distriktstilskotta aukar i sonene med dårlegast utvikling. I tillegg blir dei områda som har den svakaste utviklinga prioriterte gjennom ein auke av satsen på ei rekkje ordningar, mellom anna areal- og distriktstilskott frukt og grønt og fleire ordningar over Landbrukets Utviklingsfond (LUF).

Leggje til rette for rekruttering i heile landet

Ei stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen er det viktigaste bidraget frå regjeringa si side for å halde ved like gode rammevilkår og grunnlag for auka lønsemd i landbruket, og for å leggje til rette for rekruttering til landbruket over heile landet. Investeringsverkemidla er eit særleg målretta verkemiddel, både fordi yngre næringsutøvarar investerer i større grad enn eldre, og delvis fordi mange eldre som investerer, gjer det for å leggje til rette for neste generasjon. Unge under 35 år er særskild prioriterte i delar av regelverket.

Landbruksnæringa har behov for kunnskap og kompetanse for å utvikle norsk matproduksjon og andre landbruksbaserte næringar. I den saman- hengen er det viktig å leggje til rette for gode og fleksible opplærings- og utdanningssystem. Frå skoleåret 2018 blir det difor etablert ein nasjonal

modell for vaksenagronomen i regi av dei fylkeskommunale naturbruksskolane. Det er vidare avgjerande for landbruket å ha eit godt omdømme i det norske samfunnet som kan haldast ved like over tid. Landbruket som heilskap og den enkelte næringsutøvarer er den viktigaste og beste ambassadøren for å rekruttere til næringa.

Ei økologisk berekraftig reindrift

Reindriften er ei urfolksnæring som er unik både i nasjonal og i internasjonal samanheng. Reindriften bidreg til eit levande landbruk gjennom beitebruk i fjellområde og utmark, og har eit stort potensial for auka verdiskaping.

Regjeringa har ei politisk målsetjing om å utvikle reindriftnæringa som ei rasjonell og marknadsorientert næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. I det ligg det mellom anna at dei som har reindrift som hovudnæring, skal betraktast og handsamast som næringsutøvarar. Med det som utgangspunkt blei det frå juli 2018 innført avgiftsfritak for kjøp av driftsmiddel i reindriften.

Økologisk berekraft er ein grunnleggjande føresetnad for å ta vare på reindriftskulturen framover, for utvikling av næringa og for potensialet for auka lønsemd. Regjeringa vil difor framleis ha stor merksemd på økologisk berekraft.

Våren 2017 la regjeringa fram Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift – Lang tradisjon – unike muligheter*. Meldinga blei lagd fram som ei oppfølging av regjeringa si politiske plattform. I meldinga blir det vist til at økologisk berekraftig drift og auka produksjon dannar grunnlaget for dei unike moglegheitene reindriften gir. Meldinga presenterte også strategiar og tiltak for at næringa betre skal kunne utnytte potensialet sitt i ei rasjonell og marknadsorientert retning. Inntektene frå reindriften skal i størst mogleg grad skapast ved å selje etterspurde produkt og tenester på marknaden. Det vil gi grunnlag for den unike næringa og kulturberaren som reindriften er.

Stortinget handsama meldinga i juni 2017, og slutta seg i all hovudsak til dei forslaga som blei fremja. Regjeringa arbeider no med ei oppfølging av meldinga. Det gjeld mellom anna arbeid med endringar i reindriftslova og prioritering av tiltak over reindriftsavtalen som støttar opp om måla i meldinga.

Reindriften er ei viktig og tradisjonsrik matproduserande næring i Noreg. Trygg mat, god dyrevelferd og marknadsorientert produksjon står sentralt i landbruks- og matpolitikken. Det er utgangspunktet for regjeringa sitt mål om å fremje

ei rasjonell og marknadsorientert utvikling av næringa. Innanfor desse rammene er det eit mål å auke produksjonen og lønsemda i næringa.

I dag er det meste av beitekapasiteten utnytta. Reindriftnæringa må auke produksjonen og lønsemda gjennom andre driftstilpassingar enn gjennom å auke talet på dyr. Skal reindriften framleis ha eit økonomisk grunnlag for heiltidsutøvarar og samstundes vere den familiebaserte reindriften, er det sentralt å sjå på alternative verksemdar i tilknytning til reindriften til dømes innanfor reiseliv, lærings- og omsorgsbaserte tenester, vidareforedling, lokalmat med meir. Desse verksemdene er særleg prioriterte over reindriftsavtalen 2018/2019.

Vinteren og våren 2017 var krevjande for reindriften. Særleg for reindriften i Aust-Finnmark var store delar av beiteområda nediste/låste. Det var mange år sidan ein hadde opplevd ein tilsvarende vanskeleg beitesituasjon. Erfaringane frå den vanskelege beitesituasjonen i 2017 avdekte behovet for ein ny gjennomgang av beredskapsarbeidet på reindriftsområdet. Med bakgrunn i framlegg frå ei partssamansett arbeidsgruppe blir det no gjennomført eit viktig arbeid med å styrkje kriseberedskapen i reindriften. Dette er òg eit område som blei prioritert over Reindriftsavtalen 2018/2019.

Reintalet er no nede på det fastsette talet, etter ein prosess som har vore krevjande både for næringa og for styresmaktane. Dei tala som no ligg føre viser at ein i all hovudsak har lykkast i dette arbeidet. Sjølv om innrapporterte tal viser at ein no har eit reintal som er tilnærma i samsvar med det fastsette talet i bruksreglane, er det nødvendig å følgje nøye med på utviklinga for å unngå at reintalet på nytt aukar.

Auka verdiskaping

Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter

Regjeringa vil prioritere dei marknadsbaserte produksjonsmoglegheitene. Til dømes har regjeringa gjennom fleire jordbruksoppgjer styrkt verke midla for å stimulere område med underdekning av norske produkt. Regjeringa har prioritert produksjonen av storfekjøtt, korn og grønnsaker der det er potensial for auka norsk produksjon.

Konkurranseskraft, kostnadseffektivitet og maktfordeling i verdikjeda for mat

Heile verdikjeda i norsk jordbruk må i større grad tilpasse seg sterkare konkurranse i framtida. Det betyr at jordbruket skal vere ei effektiv næring

som leverer det forbrukarane etterspør, og som tek inn over seg ein stadig meir krevjande internasjonal marknad. Det krev eit framtidretta jordbruk som er mindre politisk styrt og meir forbrukar- og marknadsretta. Det er òg ein føresetnad for auka norsk matproduksjon og for at det framleis kan vere eit mangfaldig jordbruk over heile landet.

Norsk jordbruk har mange konkurransefortrinn og har eit godt utgangspunkt for produksjon av konkurransedyktige kvalitetsprodukt. Regjeringa har som mål å auke og effektivisere norsk matproduksjon, og har lagt til rette for at næringa kan utvikle seg og få styrkt konkurransekraft. Enklare verkemiddelstruktur, færre offentlege inngrep i næringsdrifta, auka konkurranse og meir marknadsretting av produksjonen har stått sentralt i denne omstillinga.

Ei effektiv og lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden

Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* tydeleggjer regjeringa sine ambisjonar for vekst og gründerskap i dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Meldinga peikar på generelle tiltak knytt til stimulering til gründerskap, vekst og innovative næringsmiljø, stimulering til vidare vekst og utvikling innanfor områda lokalmat og -drikke, landbruks- og utmarksbasert reiseliv, Inn på tunet, bioenergi og juletreproduksjon. Meldinga peikar òg på kva rolle verkemiddelapparatet spelar for å skape ei positiv utvikling. Ein vesentleg del av løyvingane under Landbrukets utviklingsfond (LUF) er prioriterte til ordningar som skal stimulere til næringsutvikling i landbruket, der investerings- og bedriftsutviklingsmidlane i landbruket (IBU-midlane) og Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping er dei største ordningane.

Dei regionale bygdeutviklingsprogramma synleggjer prioriteringar og tilpassingar av verkemiddelbruken regionalt knytt til næringsutvikling, skog og klima og miljø. Samspelet mellom forvaltning, forskning og næringa sjølv er avgjerande for å oppnå gode resultat på dette området.

Som ei oppfølging av Meld. St. 31 (2014–2015), la regjeringa i 2017 fram ein strategi for reiseliv basert på ressursane i landbruket og reindrifta. Strategien er dei siste åra følgd opp med eit tverrdepartementalt samarbeid om å utvikle Noreg som matnasjon. I 2019 vil ein sjå nærare på potensialet for vidare utvikling av opplevingar og aktivitetar knytte til utmark, kulturlandskap og

reindrift. Under ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket er talet på område dei siste to åra nær dobla til 41 område. Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet samarbeider om denne ordninga. I mange av områda blir det arbeid med næringsutvikling og med betre tilrettelegging for allmenta og turistar. I jordbruksoppgjeret 2018 blei løyvinga auka med 3 mill. kroner på bakgrunn av auken i talet på område og behov for betre informasjon og synlegging av dei store miljøverdiane. Løyvinga til verdsarvområda Vegaøyan og Vest-norsk fjordlandskap blei auka med 2 mill. kroner.

I samband med endringane i ansvarsdelinga mellom departementa ved utviding av regjeringa i 2018 overtok Landbruks- og matdepartementet ansvaret for forvaltning av haustbare viltressursar frå Klima- og miljødepartementet, jf. Prop. 48 S (2017–2018). Departementet vil framover leggje vekt på auka næringsutvikling med grunnlag i viltressursane. I jordbruksavtalen for 2019, jf. Prop. 94 S (2017–2018) blei den samla avsetjinga til Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping under LUF auka, med sikte på ei satsing på næringsutvikling basert på haustbare viltressursar. Det vil bli laga ein handlingsplan for satsinga. Departementet har òg bedt Innovasjon Noreg om å utarbeide ei oppdatert samanstilling av potensialet for næringsutvikling og auka verdiskaping basert på haustbare viltressursar. Landbruks- og matdepartementet vil i 2019 òg etablere ei ordning for å stimulere barn og unge til forståing og bruk av utmarksressursane, jf. kap. 1140, post 75.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Reiselivsstrategien *Opplevingar for ein kvar smak* frå januar 2017 skal bidra til at ressursane frå landbruket og reindrifta i større grad kan nyttast i reiselivssamanheng. Å utvikle Noreg som ein internasjonalt anerkjend matnasjon med ein tydeleg lokal og regional identitet, er definert som eitt av to delmål i strategien. Målsetjinga om å nå ein samla omsetnad av lokalmat gjennom alle salskanalar på 10 mrd. kroner innan 2025 står ved lag som ein sams ambisjon for alle aktørane. Utviklinga innanfor daglegvarehandelen har så langt vore svært god, og kan tene som inspirasjon til innsats i andre salskanalar. Det er nødvendig med ein forsterka innsats i reiselivssamanheng, slik at mat og drikke av god kvalitet blir ein integrert del av det samla produktet som turistar i Noreg får tilbod om.

Regjeringa vil at matnasjonen Noreg skal vere ei felles ramme for næringsutvikling og verdiskaping med utgangspunkt i sunn og trygg norsk mat frå land og sjø. Til saman skal det bidra til vekst i matnæringa òg i framtida og til at lokalt og regionalt engasjement får ei nasjonal overbygning. Ramma er utforma etter innspel frå ei samla matnæring, inkludert råvareprodusentar, industri, lokalmataktørar, kokkar og reiseliv. Visjonen for matnasjonen Noreg i 2030 er:

«I 2030 er mat ei kjelde til matglede, stoltheit og fellesskap i heile befolkninga, og er eit synleg element i turistlandet Noreg. Noreg er internasjonalt kjend for ein spennande matkultur, sin store sjømateksport og mat- og drikkeopplevingar i verdsklasse.»

Matnasjonen Noreg byggjer på:

- 1) stor tilgang på gode råvarer
- 2) berekraftig ressursforvaltning og produksjon av mat
- 3) trygg og sunn mat
- 4) god plante-, dyre- og fiskehelse
- 5) god velferd for landdyr og fisk
- 6) kvalitet i heile matkjeda som kan dokumenterast
- 7) heiderleg omsetnad og omsyn til forbrukarane

I det vidare arbeidet vil regjeringa søkje å engasjere og forplikte organisasjonar, verksemder og enkeltaktørar slik at matnasjonen Noreg blir eit breitt offentleg-privat samarbeid innan fleire sektorar. Det skal lagast ein handlingsplakat for oppfølgingsarbeidet, og aktørane vil bli utfordra til å forplikte seg på mellom anna desse områda:

- kunnskap og kompetanse om norsk mat og drikke
- tilgang til/produksjon av norsk mat og drikke
- norsk mat og drikke i kultursektoren
- norsk mat og drikke i offentleg sektor
- norsk mat og drikke i kvardagslivet
- stoltheit over norske råvarer, mat og drikke
- gastronomi, kultur, mat-og måltidsopplevingar, reiseliv

Leggje til rette for at bonden får inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden

Som i andre sektorar er det nødvendig å fornye driftsapparatet med jamne mellomrom. Utviklinga, med større jordbruksbedrifter, høgare produktivitet og bruk av ny teknologi, stiller krav til auka investeringar. Nye krav til dyrevelferd, medrekna krav om lausdriftsfjøs, gir eit særskilt investeringsbehov innan mjølke- og storfepro-

duksjon. Regjeringa har prioritert verkemiddel til både investering og bedriftsutvikling i jordbruksoppgjera dei siste åra. Verkemidla bidreg til å redusere risikoen og betre kapitaltilgangen ved investeringane. For 2019 er det lagt til rette for ei særskild prioritering av frukt- og grøntnæringa, veksthusnæringa og innan kornproduksjon.

Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Eit aktivt og lønsamt skogbruk og ein konkurransedyktig skogindustri er viktig for busetjing, syssetjing og næringsutvikling i store delar av landet. Skogsektoren er ein del av ein open, global marknad. Ein konkurransedyktig skogindustri i Noreg er difor avgjerande for velfungerande verdikjeder og for størst mogleg verdiskaping knytt til norsk tømmer.

Sidan 2006 er fleire foredlingsbedrifter i Noreg lagde ned, særleg innanfor papir- og masseindustrien. Dette har bidrege til ein sterk auke i tømmereksporten. Eksporten har førebels løyst utfordringar med avsetjing av massevirke og flis og samstundes vore viktig for at norske sagbruk har fått nok sagtømmer. Færre foredlingsbedrifter og meir eksport aukar transportkostnadene, særleg for råstoff og biprodukt. Det er ei utfordring for lønsemda til desse bedriftene.

Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring* blei handsama av Stortinget i januar 2017. Her går det mellom anna fram at auka vidareforedling av norsk tømmer i lønsame foredlingsbedrifter i Noreg vil vere viktig for auka verdiskaping og for positive nærings-, miljø- og klimabidrag frå sektoren. Departementet vil følgje opp dette og leggje til rette for å auke oppbygginga av skogressursane og styrkje lønsemda i skogbruket.

Dei viktigaste verkemidla i skogpolitikken er skogfond, tilskott til nærings- og miljøtiltak, tilskott til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar, tilskott til skogplanteforedling og tilskott til produksjon av bioenergi. Verkemiddelbruken knytt til forbetring av infrastrukturen i skogbruket har høg prioritet. Ein god infrastruktur i form av vegar, jernbane og kaier er viktig for å auke verdiskapinga og styrkje konkurransekrafta til fastlandsindustrien. Departementet vil difor leggje til rette for bygging og ombygging av skogsvegar og bygging av tømmerkaier.

Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar gir eit godt grunnlag for berekraftig skogbruk. Departementet vil prioritere dette framover

og føre vidare kunnskapsprosjektet Miljøregistreringer i skog (MiS-prosjektet) ved NIBIO.

Under handsaminga av Meld. St. 6 (2016–2017) uttalte Stortinget at kunnskapen om den gamle skogen må styrkjast. Den eldste skogen er viktig for naturmangfaldet og har òg opplevingskvalitetar som det er viktig å ta vare på. Statistikk frå Landsskogtakseringa viser eit aukande omfang av gammal skog og døde tre. Landsskogtakseringa og databasane for skogbruksplanar er viktige kjelder til informasjon om gammal skog.

Departementet vil vurdere korleis ein kan bruke denne kunnskapen for å synleggjere kvar den eldste skogen finst. Bruk av tydelege definisjonar og kriterium blir viktige oppgåver, jf. arbeidet med Natur i Norge (NiN). I tillegg til søk i det omfattande statistikk- og datamaterialet frå Landsskogtakseringa og skogbruksplanlegginga, kan det vere behov for ytterlegare kartlegging.

Stortinget gav òg støtte til planen om å vurdere tiltak for auka varetaking av nøkkelbiotopar. Nøkkelbiotopane blir forvalta av skogeigarane som frivillige miljøomsynsområde og blir etablerte etter miljøregistrering i samband med skogbruksplanlegginga. Frå år 2000 og til i dag er det sett til side eit samla areal på om lag 900 000 dekar. Nøkkelbiotopane blir ikkje hogde, og i fleire tilfelle blir dei i dag òg vurderte til å inngå i verneområde etter opplegget for frivillig skogvern. Vidareføringa av miljøregistreringane i skogbruksplanlegginga vil auke omfanget av nøkkelbiotopar framover.

Departementet har, saman med miljøstyremaktene og skognæringa, starta arbeidet med å gå igjennom status for nøkkelbiotopane for å sjå på kor mykje som er teke vare på, og kva for utviklingsarbeid som skjer på området. Målet er å vurdere behovet for ei meir langsiktig varetaking av nøkkelbiotopane slik det mellom anna kjem fram i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*.

Skogen har ei viktig rolle i klimapolitikken, og regjeringa vil styrkje dei klimapolitiske målsetjingane i forvaltninga av norsk skog.

Noreg er i gang med å forhandle ein avtale med EU om felles oppfylling av klimamåla for 2030. Skog og annan arealbruk er éin av tre pilarar i EUs klimarammeverk. EU har i sitt regelverk eit mål for sektoren om at han skal gå i netto null. Det vil seie at CO₂-utsleppa frå sektoren ikkje skal overstige opptaket etter reknereglane EU har fastsett. Utslepp av andre klimagassar enn CO₂ frå jordbrukssektoren er omfatta av ikkje-kvotepiktig sektor, den såkalla innsatsfordelingsforordninga.

EU vedtok i desember 2017 reglane for korleis skog og annan arealbruk skal inkluderast i klimarammeverket, og kva fleksibilitet skog og annan arealbruk skal ha i forhold til dei andre ikkje-kvotepiktige sektorane under innsatsfordelingsforordninga. Forvalta skog er den viktigaste av fem arealkategoriar i sektoren skog og annan arealbruk. Kommisjonen har utarbeidd ein rettleiar for etablering av ein referansebane for forvalta skog i forpliktingsperioden 2021–2030. Parallelt med forhandlingar med EU om felles oppfylling av klimamåla vil Noreg gjere berekningar for korleis dette regelverket vil slå ut for Noreg. Noreg vil elles ha tett kontakt med andre skogland, særleg Finland og Sverige, om tolking av regelverket. EU-landa skal levere ein referansebane til Kommisjonen innan utgangen av 2018, og Noreg tek sikte på å følgje same tidsplan som EU for utarbeiding av ein referansebane for forvalta skog slik at dette er klart dersom ein kjem til semje om felles oppfylling. For Noreg er det sett eit mål om 40 pst. reduksjon av utsleppa i ikkje-kvotepiktig sektor i 2030. Kor mykje dei ulike sektorane, inkludert jordbruket, må redusere sine utslepp med, vil framleis bli fastsett nasjonalt sjølv om Noreg inngår ein avtale med EU.

Regjeringa vil føre vidare tiltak som bidreg til auka opptak av CO₂ og lagring av karbon, og leggje til rette for meir bruk av fornybart skogråstoff som kan erstatte fossile utslepp i andre sektorar. Regjeringa vil føre vidare tilskott til tettare plantering ved forynging av skog, gjødsling av skog og skogplanteforedling. Skogplanteforedling er eit viktig område for å sikre auka verdiskaping, klimatilpassing og auka opptak av CO₂ i skog. Regjeringa vil halde fram med å forbetre rutineane for kontroll og handheving av plikta til å foryngje skogen etter hogst. Regjeringa vil òg greie ut konsekvensane og klimaverknaden av å innføre eit forbod mot hogst av ungsog.

Statsallmenningslovutvalet blei oppnemnt ved kgl. res. 4.3.2016 for å gå gjennom lovverket for statsallmenningane med mål om modernisere og forenkle det. Utvalet var sett saman av dei interessene som gjer seg gjeldande i statsallmenningane. Utvalet fekk mellom anna i oppgåve å vurdere om det var mogleg å slå saman dei to lovene som finst i dag til éi lov. Utvalet fremja forslaget sitt i NOU 2018: 11 Ny fjellov i juni 2018. Her la utvalet fram eit forslag til ei ny lov om statsallmenningane som erstattar fjellova og statsallmenningslova. NOU 2018: 11 er sendt på høyring med frist i februar 2019.

Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Redusere forureining frå landbruket

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmiddel er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Den samla gjennomføringa av ulike jordarbeidings tiltak, grasdekte areal m.m. i kornområda har redusert erosjonsrisikoen på dei dyrka areala, men ikkje tilsvarende det som har vore den venta verknaden av tiltaka. Undersøkingar frå NIBIO viser at meir nedbør og ustabile vintrar har ført til auka avrenning som skjuler verknaden av tiltaka. Effektane nedstraums er òg påverka av andre prosessar, som spreidde avløp frå bustader. Etter vassforskrifta skal alle vassførekomstar ha god økologisk status innan 2021. Forvaltningsplanar for alle vassområda blei godkjende av Klima- og miljødepartementet i 2016. Tiltak skal setjast i verk innan utgangen av 2018.

Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og lagring av karbon, og gode klimatilpassingar

I utgangspunktet er alt jordbruk basert på opptak av CO₂ gjennom fotosyntesen. Jordbruksaktivitetar, særleg husdyrhald, er òg opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Utsleppet av klimagassar frå jordbruket var i 2016 på 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, og utgjorde om lag 8,4 pst. av dei samla norske utsleppa. Det er ikkje mogleg å produsere mat utan utslepp av klimagassar. Utsleppet frå jordbruket er redusert med 5,4 pst. frå 1990 til 2016. Samstundes har det vore ein auke i dei nasjonale utsleppa samla sett i perioden 1990–2016. Redusert bruk av gjødsel og færre storfe på grunn av auka effektivitet i mjølkeproduksjonen, er hovudårsakene til nedgangen i utsleppa frå jordbruket.

Jordbrukspolitikken skal leggast om i ei meir miljø- og klimavennleg retning. I jordbruksoppgjeret 2018 blei miljø- og klimainnsatsen styrkt, ved å prioritere ordningar som skal bidra til å redusere utsleppa per produsert eining og til å tilpasse produksjonen til eit klima i endring. Lågare utslepp per produsert eining vil bidra til å redusere klimavtrykket frå den norske matproduksjonen. Utsleppa av ammoniakk til luft er framleis høgare enn det Noreg er forplikta til internasjonalt i Gøteborgprotokollen og EØS-avtalen. Berekningane av utsleppa frå jordbruket har stort forbettringspotensial.

Teknisk berekningsutval for klimagassutslepp frå jordbruket som skal gi råd om korleis ein kan

forbetre metodikken for jordbruket i utsleppsrekneskapen, er no satt i drift. Utvalet vil avslutte arbeidet sitt innan 1.7.2019.

I jordbruksoppgjeret 2017 blei det vedteke å setje ned ei arbeidsgruppe som fram til jordbruksoppgjeret 2018 skulle gå igjennom eksisterande støtteordningar til klimatiltak på gardsnivå, jf. Prop. 141 S (2017–2018). Rapporten gir ei oversikt over eksisterande støtteordningar over jordbruksavtalen, og gir tilrådingar om korleis innsatsen for reduserte klimagassutslepp på gardsnivå kan styrkjast og målrettast ytterlegare.

Hovudkonklusjonane til arbeidsgruppa er at det først og fremst er innan husdyrproduksjonen, gjødselhandtering, energibruk og ved å ta i bruk ny teknologi ein kan redusere utsleppa på gardsnivå. Det er behov for å vidareutvikle eksisterande tiltak og verkemiddel, men forskning, utvikling og rådgiving er òg viktig for å finne fram til nye effektive tiltak. Dette blei følgt opp i jordbruksavtalen, mellom anna gjennom ei satsing på utvikling og utprøving av- og rådgiving om ny miljø- og klimavennleg teknologi.

Regjeringa har invitert jordbruksorganisasjonane til å inngå ein gjensidig avtale om utsleppsreduksjonar. Det overordna målet er å inngå ein forplikande avtale om kor mykje jordbrukssektoren skal redusere klimagassutsleppa sine fram mot 2030. Jordbruket skal ha fleksibilitet når det gjeld kva tiltak som kan gjennomførast. Organisasjonane har meldt til regjeringa at dei er klare til å drøfte kva jordbruket kan bidra med for å nå dei internasjonale forpliktingane Noreg har inngått på klimaområdet.

Ved ein avtale om sams oppfyljing av klimamåla for 2030 med EU, jf. Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* vil EUs reglar for å bokføre opptak og utslepp frå skog og andre areal òg gjelde for Noreg. EU-regelverket for skog og annan arealbruk som gjeld frå 2020, inneber avgrensingar i kva som kan inngå av faktiske opptak og utslepp i vurderinga av om sektoren vil oppfylle målet om at sektoren skal ha netto null opptak/utslepp. Førebelse utrekningar viser at Noreg truleg må bokføre eit netto utslepp frå sektoren på 15 mill. tonn CO₂ i sum i perioden 2021–2030, før kategorien «forvalta skog» er rekna inn, jf. Meld. St. 41 (2016–2017) – det trass i at sektoren står for eit netto opptak på rundt 25 mill. tonn CO₂, som svarer til om lag halvparten av dei samla norske utsleppa.

Meld. St. 41 (2016–2017) og klimaforliket legg opp til ei aktiv forvaltning av skogressursane for å sikre eit høgt opptak av CO₂ i skog, slik at karbon-

lageret i skogen stadig aukar. Tilveksten i skogen er no på sitt høgaste, men tilveksten og dermed brutto opptak, vil gå ned framover. Hovudårsakene til det er at mykje av skogen har nådd hogstmoden alder og at det har vore ein periode på 1990- og 2000-talet med låge investeringar i skogen. Vidareføring av arbeidet med skogplante-foredling skal bidra til at plantematerialet aukar veksten og opptaket av karbon, og at trea i størst mogleg grad er tilpassa eit klima i endring. Regjeringa vil arbeide med å vidareutvikle desse verkemidla, og vurdere andre verkemiddel og tiltak som kan bidra til reduserte utslepp og auka opptak i skog- og arealsektoren. Pilotprosjektet for planting av skog på nye areal over budsjettet til Klima- og miljødepartementet skal avsluttast i 2018 og deretter evaluerast. Regjeringa vil halde fram med å forbetre rutineane for kontroll og handheving av plikta til å forynge skogen etter hogst.

Meir bruk av fornybar bioenergi og meir bruk av tre framfor innsatsfaktorar som er baserte på fossile ressursar, kan gi viktige bidrag til energiforsyninga og minke utsleppa av klimagassar. Regjeringa vil i 2019 føre vidare satsinga på bioenergi gjennom Verdskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket. Programmet blir finansert over jordbruksavtalen. Meir bruk av tre i bygg og andre tiltak som aukar lageret av karbon i ulike produkt laga av tre, bidreg òg positivt i klimasamanheng. I Meld. St. 41 (2016–2017) går det fram at regjeringa vil bidra til meir bruk av tre i bygg. Eit viktig verkemiddel i 2019 vil vere Bioøkonomiordninga under Nærings- og fiskeridepartementet, som Innovasjon Noreg forvaltar.

Av bioøkonomistrategien til regjeringa går det mellom anna fram at fornybare biologiske ressursar vil måtte erstatte fossile ressursar i eit lågutslappssamfunn. Verdskaping basert på berekraftig hausting av biomasse frå jord-, skog- og havbruk – bioøkonomien – kan difor få ein større plass i næringslivet i framtida. Noreg har god tilgang på bioråstoff. Basert på fornybar energi og relevant kompetanse frå prosessindustri og petroleumsrelatert verksemd, kan norsk biomasse frå jordbruk, skog og hav omdannast til eit breitt spekter av høgverdige produkt. I tillegg må ein vente gjennombrutt for nye bruksmåtar for bioteknologi.

Klimaendringar aukar risikoen for at nye plante- og dyresjukdommar og zoonosar etablerer seg i Noreg. Det venta smittepresset må møtast med god beredskap og førebyggjande tiltak. Departementet vil òg prioritere midlar til plante-foredling og utvikling av sortar med sikte på betre klimatilpassing. Det er eit særst langsiktig arbeid å

prøve ut eller utvikle nye sortar til bruk i landbruket i Noreg.

Noreg skal vere mellom dei leiande landa i arbeidet med å produsere kunnskap for eit klimatilpassa landbruk, jf. mellom anna Meld. St. 33 (2012–2013) *Klimatilpassing i Norge*. Departementet legg opp til ein koordinert og målretta innsats innanfor forskning og utvikling (FoU). Departementet vil arbeide med å utvikle det internasjonale samarbeidet om forskning vidare.

Berekraftig bruk og eit sterkt vern av areal og ressursgrunnlag i landbruket

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal. Det er viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjord. Samstundes må jordvernet balanserast mot behova samfunnet har. Regjeringa la i 2015 fram ein nasjonal jordvernstrategi for å redusere omdisponeringa av dyrka jord, og omdisponeringa har gått ned dei siste åra. Ein oppdatert jordvernstrategi ligg ved denne proposisjonen.

Aktiv drift i landbruket er den viktigaste føresetnaden for å ta vare på kulturlandskapet. Kulturlandskap forma av landbruket er viktige for identitet og tilknytning. Kulturlandskapet gir ei ramme for satsing på kultur, lokal mat, friluftsliv, busetting og turisme og er leveområde for mange artar av planter og dyr.

Det genetiske mangfaldet av planter, husdyr og skogstre, er ein viktig ressurs for landbruket, ikkje minst i møte med nye utfordringar som til dømes endring av klimaet. Landbruks- og matdepartementet vil følgje opp og sikre ei rullering av dei fleirårige handlingsplanane for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar innan planter, husdyr og skogstre.

Departementet har ansvaret for drifta av Svalbard globale frøhvelv som har som mål å lagre sikkerheitskopiar av frø frå verdas viktigaste matvekstar. Frølageret har òg ei viktig rolle i arbeidet med å auke forståinga for genetiske ressursar og det internasjonale samarbeidet om dette. Departementet vil leggje vekt på å sikre eit effektivt nordisk samarbeid om å ta vare på genetiske ressursar i Nordisk genressurscenter (NordGen) og den nordiske partnerskapen for frøforedling, som har som mål å styrkje planteforedlinga og nytte dei nordiske genressursane betre.

Ta vare på kulturlandskapet og naturmangfaldet

Mangfaldet og kombinasjonen av natur- og kulturverdiar i jordbrukslandskapet utgjer ein karakteristisk og viktig del av landskapet i Noreg. Varia-

sjonen i kulturlandskapet må haldast ved like, og ei målretta forvaltning kan bidra til å nå målet om å stoppe tapet av biologisk mangfald og ta vare på kulturminne. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksavtalen skal bidra til å halde det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet ved like. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar landskapsverdiane i den kommunale planlegginga og lager planar som kan liggje til grunn for ei god forvaltning.

Samarbeidet mellom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet med ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket held fram. Den 1.1.2017 tok ei ny forskrift om tilskott til utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen til å gjelde. I jordbruksavtalen 2018 auka midlane til verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap med 2 mill. kroner og

midlane til Utvalde kulturlandskap i jordbruket med 3 mill. kroner, slik at det i alt blei avsett 18,5 mill. kroner for 2019.

I 2016 bad Stortinget om at ordninga med Utvalde kulturlandskap i jordbruket skulle vidareutviklast fram mot 2020. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har, etter tilråding frå Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren, peika ut ti nye utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Direktorata har òg fått i oppdrag å føreslå fleire område som kan inngå i ordninga i perioden 2018–2020 og i 2018 blei ni nye område utpeika. Med midlane over jordbruksavtalen og budsjettet til Klima- og miljødepartementet er det sett av nær 30 mill. kroner til Utvalde kulturlandskap i jordbruket for 2018 der ein tek vare på store miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø.

Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70	Støtte til organisasjonar	30 509	32 500	32 500
71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	1 510	1 268	1 305
72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)	5 000	7 068	7 068
	Sum kap. 1138	37 019	40 836	40 873

Post 70 Støtte til organisasjonar

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga har vore å bidra til å halde oppe aktiviteten i organisasjonar som arbeider innanfor landbruks- og matpolitiske satsingsområde. Departementet har gitt støtte til organisasjonar på nasjonalt nivå innanfor landbruks- og matområdet som

- formidlar kunnskap, interesse og positive haldningar til landbruks- og matsektoren
- fremjar forståing for grønne verdiar hos ungdom spesielt og allmenta generelt
- bidreg til å synleggjere yrkesmoglegheiter knytte til gardsbruk og bygdenæringar
- fremjar miljøarbeid, verdiskaping og næringsutvikling knytt til grøn tenesteproduksjon

- fremjar likestilling i arbeidet sitt

Storleiken på tilskotta har mellom anna vore fastsett ut frå ei vurdering av aktivitetsnivået til organisasjonane, den finansielle situasjonen deira og eventuelle andre tilskott organisasjonane har fått.

Innsende årsmeldingar og revisorgodkjende rekneskap har vore grunnlag for oppfølging og kontroll.

Rapportering 2017

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om løyvingar til organisasjonar direkte i budsjettproposisjonen. I 2017 blei det fordelt i overkant av 30,5 mill. kroner i støtte til 30 mottakarar, jf. tabell 2.3.

Tabell 2.3 Oversikt over støtte til organisasjoner i 2017 (kroner)

Organisasjonar	Støtte 2017
Biologisk Dynamisk Forening	152 000
Bondens marked Norge	505 000
Det norske Skogselskap	1 200 000
Det norske Hageselskap	1 111 000
Dyrebeskyttelsen	404 000
Dyrevern Ung	101 000
Dyrevernalliansen	754 000
Folkeaksjonen Ny Rovdyrpolitikk	1 615 000
Geitmyra matkultursenter for barn	404 000
HANEN	2 171 000
Hest og Helse	232 000
Kvinner i skogbruket	174 000
Matsentralen Oslo	800 000
Matvett	415 000
Nettverk for GMO fri mat og fôr	1 500 000
NOAH – for dyrs rettigheter	750 000
Norges Birøkerlag	250 000
Norges Bygdekvinnelag	404 000
Norges Bygdeungdomslag	140 000
Norges Vel	2 020 000
Norsk Gardsost	280 000
Norsk Seterkultur	180 000
Norsk Kulturarv	355 000
Norske Lakseelver	550 000
Oikos – Økologisk Norge	2 929 000
Slipp oss til – ungdom inn i landbruket	255 000
Spire	101 000
TreSenteret	303 000
Vitenparken Campus Ås	3 283 000
4H Norge	7 171 000
Sum	30 509 000

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 32,5 mill. kroner for 2019. Landbruks- og matdepartementet har handsama søknader frå 39 organisasjonar.

Landbruks- og matdepartementet vil gå igjennom kap. 1138 post 70 Støtte til frivillige organisasjonar, med tanke på ei omlegging av ordninga frå 2020, i lys av meldinga om frivilligpolitikken, som Kulturdepartementet vil leggje fram for Stortinget hausten 2018.

Løyvinga er fordelt på 29 organisasjonar, jf. tabell 2.4.

Tabell 2.4 Oversikt over støtte til organisasjonar i 2018 og budsjettframlegg for 2019 (kroner)

Organisasjonar	Støtte 2018	Forslag 2019
Biologisk Dynamisk foreining	152 000	152 000
Bondens marked Norge	505 000	505 000
Det Norske Skogselskap	1 200 000	1 200 000
Det Norske Hageselskap	1 111 000	1 111 000
Dyrebeskyttelsen	404 000	404 000
Dyrevernalliansen	754 000	754 000
Dyrevern Ung ¹	101 000	0
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 615 000	1 615 000
Geitmyra matkultursenter for barn	2 404 000	2 404 000
HANEN	2 171 000	2 171 000
Hest og Helse	232 000	232 000
Kvinner i skogbruket	174 000	174 000
Matsentralen Oslo	800 000	800 000
Matvett	415 000	415 000
Nettverk for GMO fri mat og fôr	1 500 000	1 500 000
NOAH – for dyrs rettigheter	750 000	750 000
Norges Birøkerlag	250 000	250 000
Norges Bygdekvinnelag	404 000	404 000
Norges Bygdeungdomslag	140 000	140 000
Norges Vel	2 020 000	2 020 000
Slipp oss til – ungdom inn i landbruket	255 000	255 000
Norsk Gardsost	280 000	372 000
Norsk Seterkultur	180 000	180 000
Norske Lakseelver	550 000	550 000
Oikos – Økologisk Norge	2 929 000	2 929 000
Spire	101 000	101 000
Norsk Kulturarv	355 000	355 000

Tabell 2.4 Oversikt over støtte til organisasjonar i 2018 og budsjettframlegg for 2019 (kroner)

Organisasjonar	Støtte 2018	Forslag 2019
TreSenteret	303 000	303 000
Vitenparken Campus Ås	3 283 000	3 283 000
4H Norge	7 171 000	7 171 000
Sum	32 509 000	32 500 000

¹ Dyrevern Ung har ikkje søkt om midlar i 2019.

Post 71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar

Formål med løyvinga

Posten omfattar midlar som skal dekkje finansiering av internasjonale skogpolitiske prosessar. Noreg arbeider for eit sterkt og forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. FN's skogforum (UNFF) er ein viktig arena for dette globalt, mens FOREST EUROPE er den sentrale arenaen for samarbeid om skogpolitikk på regionalt nivå i Europa. FOREST EUROPE samlar dei europeiske landa og ei rekkje internasjonale og frivillige organisasjonar om strategiar for å møte utfordringar og moglegheiter som skogsektoren i Europa står framfor. Det europeiske instituttet for skogforskning (EFI) er ein internasjonal organisasjon der Noreg er medlemsstat og deltek i møte i styrande organ. EFI driv forskning og utgreiing av europeiske skogspørsmål, og er ein sentral aktør i å skaffe fram kunnskapsgrunnlag for utvikling av skogpolitikk både nasjonalt og internasjonalt.

Løyvinga skal òg nyttast til medverknad frå Noreg i andre forum for internasjonalt samarbeid om skogspørsmål, som til dømes FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO). Løyvinga må sjåast i samanheng med løyvinga til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) frå kapittel 1136 post 50, som skal dekkje bidrag frå instituttet til internasjonalt skogpolitisk samarbeid.

Rapportering 2017

Noreg har i 2017 bidrege med 1 mill. kroner til eit fond som finansierer verksemda i Policy Support Facility under EFI. Dette programmet skal bidra til å kople forskning og politikktutvikling, og er eit godt bidrag til kunnskapsgrunnlag i utviklinga av

nasjonal skogpolitikk og europeisk skogpolitisk samarbeid. I 2017 har fondet finansiert to rapportar om bioøkonomi og éin rapport om Natura 2000 og skog. Think Forest har òg arrangert seminar om dei same temaa der rapportane har vore diskuterte. Det har vore stor merksemd om desse arrangementa.

NIBIO er ein viktig aktør i oppfølginga av det internasjonale skogsamarbeidet, mellom anna i FOREST EUROPE, FAO og UNECE. Ein viktig del av dette er å sikre rapportering til internasjonale organisasjonar og prosessar som dokumenterer berekraftig skogforvaltning globalt og regionalt. Arbeidet blir i hovudsak gjort av FAO og United Nations Economic Commission for Europe (UNECE), mens arbeidet med å vidareutvikle indikatorar for rapporteringa blir gjort i FOREST EUROPE. Noreg tok i 2016 på seg ansvaret for å arrangere eit arbeidsmøte under FOREST EUROPE om bioøkonomi i løpet av 2018. Til dette arbeidet blei det gitt ei tilleggsloyving til NIBIO i 2016. Arbeidsmøtet blei gjennomført i mai 2018. NIBIO hadde ei sentral rolle i planlegginga og utarbeidinga av materiale. Resultatet vil bli brukt vidare i arbeidet til FOREST EUROPE.

Departementet har òg gitt eit tilskott på 200 000 kroner til Skogbrukets Kursinstitutt (SKI) til eit prosjekt i FOREST EUROPE, der dei utforma eit kommunikasjonsopplegg for utdanning i skogsektoren.

Det er òg gitt eit tilskott på 200 000 kroner til etableringa av eit nettverk under EFI som skal arbeide med kunnskapsdeling og erfaringsutveksling når det gjeld trugsmål mot skog, slik som skogbrann, sjukdommar og skadegjerarar.

Departementet har i 2017 gitt tilskott til deltaking i ein konkurranse for studentar i skogfag i Russland for ungdom frå Noreg. Tilskottet i 2017 dekkjer også deltakinga i den same konkurransen i 2018. Dette er eit viktig bidrag til rekruttering og til utveksling av kunnskap og erfaringar mellom land.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,3 mill. kroner til internasjonalt skogpolitisk arbeid. Løyvinga skal nyttast til vidare oppfølging av internasjonale skogpolitiske prosessar og til å føre vidare bidraget til arbeidet i FFI.

Post 72 Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) er ei privat, sjølvstendig stifting som arbeider med forskning, rådgiving og formidling av kunnskap innan fagområda økologisk landbruk og matproduksjon, miljø, berekraft og fornybar energi.

Formål med løyvinga

Midlane skal gå til utvikling og formidling av kunnskap om produksjon og forbruk av økologisk mat.

Rapportering 2017

Det blei løyvd 5 mill. kroner til arbeid med utvikling og formidling av kunnskap om produksjon og

forbruk av økologisk mat. Stiftinga har drive både munnleg og skriftleg formidling til gardbrukarar, landbruksrådgivarar, studentar, offentleg forvaltning, forbrukarar og storhushald gjennom ulike nettstader, fagtidsskrift, foredrag og ulike arrangement. Innan økologisk forbruk har hovudvekt vore lagd på økologisk mat i sjukehus og til elevar i vidaregåande skole. NORSØK har bistått ulike organisasjonar og styresmakter, mellom anna gjennom svar på spørsmål, vidareformidling av relevant litteratur og tilvising til aktuelle fagpersonar. Dei har lagt vekt på dialog og samarbeid med andre organisasjonar innan økologisk landbruk. Innanfor løyvinga har NORSØK òg arbeidd med å samle og utvikle kunnskap innan temaa jord og jordkvalitet, dyrevelferd og driftsopplegg i økologisk husdyrhald og plantevern.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,1 mill. kroner. Dette er på same nivå som for 2018. Aktuelle tiltak blir avklart i dialog mellom stiftinga og departementet, mellom anna bidrag i oppfølginga av Nasjonal strategi for økologisk jordbruk.

Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	20 037	26 096	29 059
	Sum kap. 1139	20 037	26 096	29 059

Post 71 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak**Formål med løyvinga**

Over post 71 blir det gitt støtte til tiltak innanfor delmålet Berekraftig bruk og eit sterkt vern av areal og ressursgrunnlag i landbruket, som ligg under hovudmålet om berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Løyvingar over posten omfattar tiltak for å styrkje nasjonalt og internasjonalt arbeid med å ta vare på og sikre berekraftig bruk av genressursar i jord- og skogbruket. Midlar til prosjektet Miljøregistreringar i skog ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) inngår òg i denne posten.

Rapportering 2017

Koordineringa av det nasjonale arbeidet med genressursforvaltning er lagt til Norsk genressurs-senter, under NIBIO. Det er gjort greie for verksemda i senteret under kap. 1136, post 50.

Tilskott til bevaring og berekraftig utvikling og bruk av husdyr-, plante- og skogtre genetiske ressursar som har eller kan få innverknad på mat og landbruk i Noreg, forvalta av Landbruksdirektoratet. Over post 71 blei det i 2017 innvilga eit tilskott på 6,858 mill. kroner, fordelt til i alt 41 prosjekt. Tilskottet blir gitt til tiltak som bidreg til å nå nasjonale mål og til å oppfylle Noregs internasjonale forpliktingar. Prioriteringar og satsingsområde i gjeldande handlingsplanar for bevarings-

verdige husdyrrasar, plante- og skogtregenetiske ressursar er difor lagde til grunn for løyvingane.

Fleire av tiltaka som mottok tilskott i 2017 gjeld aktivitetar for å sikre genressursane på lang sikt. Døme på dette er tilskott til avslag og bevaringsbesetningar og klonarkiv som tek hand om truga husdyrrasar og plantegenetiske ressursar i samarbeid med Norsk genressursenter. Det er òg gitt støtte til drifta av genbanken for verpehøns på Hvam. Denne genbanken er unik i Europa, ved at dei tidlegare kommersielle verpehønelinene er bevarte i ein levande genbank og i eit ordinært produksjonssystem.

I 2017 blei det òg gitt tilskott til fleire prosjekt som har som mål å leggje til rette for berekraftig bruk og utvikling av ny og lokal næringsverksemd basert på nasjonale genressursar. Døme på dette er prosjektet Kvalitetskorn til mat, som bruker ikkje-kommersialisert norsk sortsmateriale, og foreininga KVANN (Kunnskap og Vern av Nytteplanter i Norge), som organiserer deling av historisk plantemateriale mellom private hobbybrukarar. Prosjektet for kartlegging av rasereinheit hos den norske brunbia vil gi betre metodar for framtidig bevaring og berekraftig avl av brune bier i Noreg. På skogtreområdet har midlane bidrege til prosjekt for å fremje bruk av norske treslag framfor utanlandske treslag i hagar og grøntanlegg.

Noreg samarbeider med dei andre nordiske landa om å sikre genressursar som stammar frå og er tilpassa jordbruket i Norden. Det nordiske genressursarbeidet er samla i NordGen, som har sete med administrasjon og plantegenetisk verksemd i Alnarp i Sverige, mens faglege oppgåver knytte til husdyr og skogtre er samlokalisererte med Norsk genressursenter på Ås.

Tilskottet på 1,85 mill. kroner til NordGen i 2017 har bidrege til synergi og samarbeid mellom Norsk genressursenter og NordGen innanfor faglege oppgåver i Noreg. NordGen er òg sekretariat for den nordiske offentleg-private partnerskapsen for planteforedling, som er oppretta for å få i stand eit slagkraftig samarbeid og utnytte ressursane hos planteforedlingsinstitusjonane i Norden. Partnerskapsmodellen har vekt internasjonal merksemd som eit nordisk døme på regionalt samarbeid mellom offentlege og private interessentar.

Det blei utbetalt 0,802 mill. kroner til den internasjonale plantetraktaten sitt fond for nyttefordeling (Benefit Sharing Fund) over posten. Det svarer til 0,1 pst. av verdien av omsett såvare i Noreg i 2017.

Svalbard globale frøhvelv er etablert for å ta vare på mest mogleg av det plantemangfaldet som har vore nytta i landbruket. Særskilde vekstar av stor verdi for den globale matforsyninga er sikra i kvelvet. Dette spesialbygde fryselageret, som er lagt inn i permafrosten i fjellet, husar sikkerheitsskopiar av frø frå heile verda. 14 institusjonar la til saman inn 64 403 nye frøprøver i 2017. Ved utgangen av 2017 har 73 institusjonar verda over lagra 960 645 sikkerheitsskopiar i kvelvet på Svalbard. Frølageret spelar ei viktig rolle i det internasjonale samarbeidet om genetiske ressursar. Midlane i 2017 gjekk til drift av frølageret, som mellom anna inkluderer husleige, kapitalkostnader, driftsutgifter til NordGen for arbeid med deponering av frø og informasjonsarbeid. I november 2017 la Statsbygg fram resultatet av prosjekteringa, med råd om kostnads- og styringsramme for gjennomføring av nødvendige tiltak for å verne Svalbard globale frøhvelv mot verknaden av framtidige klimaendringar på Svalbard.

I skogpolitikken har regjeringa som mål å leggje til rette for berekraftig forvaltning av skogressursane, og vil halde nær kontakt med næringa om mellom anna miljøarbeidet i skogbruket og andre sentrale oppgåver. Landbruks- og matdepartementet gir støtte til prosjektet Miljøregistreringer i Skog (MiS), som er eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det blei løyvd 4,550 mill. kroner til dette arbeidet for 2017. Det er skogeigarane som tek stilling til når dei ønskjer nye skogbruksplanar med miljøregistreringar. Registreringane gir grunnlag for miljøomsyn i skogbruket og blir i hovudsak utførte saman med andre ressursregistreringar som høyrer med i skogbruksplanane for skogeigedommane. Registreringane ligg òg til grunn for miljøsertifiseringa i skogbruket og blir i tillegg nytta av skogeigarane for å finne område som kan vere aktuelle for frivillig vern. Stortinget vedtok ved handsaminga av Dokument 8:89 S (2013–2014) at det er typesystemet Natur i Norge (NiN) i Artsdatabanken som skal brukast ved offentleg kartlegging av natur. NiN er eit verktøy for å beskrive variasjon i naturen, og sikrar mellom anna eit sams omgrepsapparat til bruk i vurderingar av bruk og vern av natur.

Landbruksdirektoratet starta i 2016 med å innpasse omgrepsapparatet til NiN i opplegget for MiS. I 2017 lanserte Landbruksdirektoratet ei ny rettleiing for MiS-kartlegging med bruk av NiN, og alle prosjekt med oppstart etter juni 2017 skal bruke den reviderte MiS-metodikken. Kartlegging i område som tidlegare ikkje er kartlagde og

som er starta opp etter denne datoen er no under planlegging, og feltarbeid kjem for fullt i 2019.

Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter fekk til saman 4,6 mill. kroner i 2017. Sentra har ansvar for å fremje dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Talet på fødte føl av dei nasjonale rasane er urovekkjande lågt, og tendensen har vart i ein del år. Dølahest og nordlandshest/lyngshest har vist ein auke, mens fjordhest ligg på same nivå som i 2016. Fagutvalet for avl og bevaring av nasjonale hesterasar leverer årleg ei tilråding til Landbruks- og matdepartementet om oppfølging av handlingsplan for bevaring, til støtte for departementet sine prioriteringar av midlar.

Over posten blei det òg løyvd 0,4 mill. kroner til stiftinga Det norske arboret til arbeidet med

samlingar av tre og buskar som eignar seg for norske forhold, og til formidlingsverksemd.

Stiftinga Norsk Hjortesenter fekk tildelt 1,2 mill. kroner for å vedlikehalde og utvikle seg vidare som kompetansesenter for hjort – både viltlevande og i oppdrett. Hjortesenteret bidreg til kunnskapsutvikling og auka kompetanse om hjort som ressurs, hos private, rettshavarar og i forvaltninga.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 29,1 mill. kroner på post 71. Departementet legg opp til ei fordeling av løyvinga om lag slik tabell 2.5 viser.

Tabell 2.5 Budsjett for kap. 1139, post 71 i 2018 og budsjettframlegg for 2019 (i 1 000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2018	Forslag 2019
Genressurstiltak	7 040	7 040
Svalbard globale frøhvelv	6 140	9 103
Nordisk genressurscenter (NordGen)	1 850	1 850
Prosjektet Miljøregistreringer i skog (MiS-prosjektet)	4 550	4 550
Nord-Norsk Hestesenter og Norsk Fjordhestsenter	4 947	4 947
Stiftinga Det norske arboret og Norsk Hjortesenter	1 569	1 569
Sum genressursforvaltning og miljøtiltak	26 096	29 059

Dei genetiske ressursane er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon og tilpassing til nye behov og utfordringar for landbruket.

I eit internasjonalt perspektiv vil trugsmåla mot genetisk variasjon hindre utvikling av eit berekraftig landbruk. Avskoging, marginalisering av populasjonar, sjukdomsutbrot og klimaendringar trugar dei skogtregenetiske ressursane. Endra klima er ei utfordring, og vil krevje tilpassa plante- og dyremateriale.

Midlane på posten bidreg til å oppfylle pliktene Noreg har i Den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk og i dei vedtekne sektorvise handlingsplanane for husdyr, planter og skogtre under FAOs kommisjon for genetiske ressursar.

Vidare vil arbeidet som blir finansiert over denne posten bidra til å oppfylle Noregs bidrag til FN's mål for berekraftig utvikling. Det vil òg i 2019 bli løyvd midlar frå posten til ei rekkje tiltak og

prosjekt som er viktige for å følge opp strategiplanen for genressursforvaltning og handlingsplanane for vern og berekraftig bruk av genetiske ressursar i kulturplanter, husdyr og skogtre.

Landbruksdirektoratet forvaltar tilskott til genressurstiltak i tråd med forskrift for ordninga som gjeld frå januar 2018.

Sikker drift og utviding av genbankar og kartlegging av nasjonale genressursar i planter, husdyr og skogtre er sentrale oppgåver for bruken av desse midlane. Dei skal òg bidra til berekraftige avlsprogram for små populasjonar av nasjonale husdyrrasar og rett skjøtsel av klonarkiv og av det genetiske og biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Det skal òg leggjast vekt på mellom anna klargjering av rett til, tilgang til og handsaming av genetiske ressursar i tråd med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konsekvensutgreiing av nye utfordringar, som til dømes klimaendringar.

Departementet vil aktivt følge opp samarbeidet under Nordisk ministerråd og i NordGen,

mellom anna det nordiske samarbeidet om frøfor- edling, som er eit viktig langsiktig tiltak for å utvikle klimatilpassa plantemateriale. Innanfor NordGen er den faglege verksemda knytt til hus- dyr og skogtre lokalisert i Noreg. Det er eit mål å utnytte synergieffektar som ligg i samlokalisering med Norsk genressurscenter, og departe- mentet gjer framlegg om støtte til denne verk- semda i NordGen med 1,85 mill. kroner. Det er òg sett av midlar på posten til Plantetraktaten sitt fond for nyttefordeling til oppfølging av lovnaden Noreg gav ved opninga av Svalbard globale frø- hvelv, om å gi ei årleg støtte som svarer til 0,1 pst. av verdien av årleg omsett såvare. Midlane går til bønder i utviklingsland og den berekraftige bru- ken deira av plantemangfald for å sikre lokal mat- sikkerheit.

Over posten vil det bli gitt tilskott til drift av Svalbard globale frøhvelv som inkluderer hus- leige for investeringa i anlegget, driftsutgifter, koordinering av frøinntak og informasjon til depositørar og til omverda. Statsbygg sitt arbeid med gjennomføring av nødvendige tiltak som føl- gje av klimaendringar på Svalbard er planlagt fer- digstilt i mai 2019. For departementet inneber dette ei auka husleige på til saman 2,963 mill. kro- ner i 2019, rekna frå mai 2019 og basert på ein kostnad på 30 mill. kroner for forprosjekta og ei styringsramme på 155,8 mill. kroner for sjølve ombyggingsprosjektet. Frølageret på Svalbard har god oppslutning frå verdas genbankar, og det er innleidd langsiktig samarbeid med mange av dei. Det er framleis stor interesse for det globale frølageret i internasjonale medium og hos all- menta. Internasjonale aktørar, det internasjonale panelet for frøkvelvet og partsmøte i Den interna- sjonale plantetraktaten er viktige støttespelarar i drifta av frøkvelvet. Departementet vil i samarbeid med Nordgen og Crop Trust utarbeide ein kom- munikasjonsplan for frøkvelvet.

Kunnskapsoppbygging i MiS-prosjektet om biologisk mangfald og miljøregistreringar i skog- bruksplanlegginga held fram i 2019, og departe- mentet gjer framlegg om ei løyving på 4,6 mill. kroner til dette. Slikt arbeid er avgjerande for ei kunnskapsbasert registrering, overvaking og forvaltning av naturmangfaldet. Det er viktig at skogbruket og utmarksnæringa har best mogleg kunnskap om miljøverdiane i skogen og kan ta omsyn til desse. Prosjektet tek sikte på å følgje opp resultat og erfaringar i vidare arbeid med å utvikle gode og konkrete råd om miljøomsyn i skogbruket, og registreringane vil framleis bli nytta i arbeidet med å finne område som kan vere aktuelle for frivillig vern.

Stortinget bad, ved handsaminga av Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, regjeringa om mellom anna å sørge for at relevant offentleg miljø- og ressurs- informasjon blir gjort tilgjengeleg. Oppdaterte ressurs- og miljødata frå skogbruksplanlegginga blir forvalta av NIBIO på oppdrag frå Landbruks- direktoratet. I karttenesta Kilden hos NIBIO er relevant miljøinformasjon samla og tilpassa behova til næringa og offentleg forvaltning i Skog- portalen, som er utvikla i eit samarbeid mellom Landbruks- og matdepartementet, Landbruks- direktoratet og PEFC-Norge. Artsdatabanken og Miljødirektoratet har vore med på å leggje til rette og levere data.

Landbruksdirektoratet har, i samarbeid med fleire aktørar, sørgd for at skogbruksplanlegging med miljøregistreringar tek i bruk typesystemet til Natur i Noreg (NiN) for å beskrive natur slik Stortinget bad om i 2015, jf. Innst. 144 S (2014–2015). I 2019 blir det arbeid vidare for å innpasse eit slikt nasjonalt, standardisert rammeverk som ligg i NiN, i skogbruket sitt miljøregistreringsopp- legg (MiS). NiN blir halde ved like og vidareut- vikla av Artsdatabanken.

Departementet skal saman med skognæringa greie ut tenlege tiltak for betre varetaking av nøk- kelbiotopar og kartleggje kvar den eldste skogen er. Departementet følgjer opp dette arbeidet saman med skognæringa, Landbruksdirektoratet og NIBIO og i kontakt med Klima- og miljødeparte- mentet. Data frå Landsskogtakseringa viser at det er meir gammal skog og meir dødt trevirke i sko- gane våre enn det som nokon gang tidlegare er målt. Dette er dels eit resultat av auka miljøomsyn i skogbruket, og dels eit resultat av at skogbruket hogger langt mindre enn den årlege tilveksten slik at skogen veks langt ut over normal hogstmoden alder. NIBIO vil òg bidra til å sjå på korleis ein kan revidere registreringsopplegget, der det tidlegare er gjort miljøregistreringar, for å gi grunnlag for det vidare arbeidet med nøkkelbiotopar.

Departementet gjer òg framlegg om ei løyving på 4,0 mill. kroner til Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter mellom anna til opp- gåver dei utfører i samarbeid med raselaga for å fremje og bevare dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest.

Departementet vil føre vidare støtta til stiftin- gane Det norske arboret og Norsk Hjortesenter. Norsk Hjortesenter skal, som kompetansesenter, arbeide vidare for at både viltlevande hjort og hjort i oppdrett kan gi grunnlag for auka nærings- utvikling og verdiskaping generelt, og i landbru- ket spesielt.

Kap. 1140 Haustbare viltressursar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter			16 000
21	Spesielle driftsutgifter			22 000
23	Jegerprøve m.m., <i>kan overførast</i>			4 500
71	Tilskott til viltformål, <i>kan overførast</i>			46 289
75	Organisasjonar – haustbare viltressursar			7 002
	Sum kap. 1140			95 791

Formålet med løyvinga

Kapittelet er nytt, jf. endringar i ansvarsdelinga mellom departementa per 1.5.2018.

Kap. 1140 Haustbare viltressursar omfattar utgifter til tiltak innanfor viltforvaltninga. Midlane under kap. 1140 er primært retta mot målet om auka verdiskaping under Landbruks- og matdepartementet, og resultatområda Naturmangfald og friluftsliv under Klima- og miljødepartementet.

Løyvingane over kap. 1140 er finansierte ved avgifter knytte til jakt (Viltfondet, post 01, 21 og 71), og gebyr knytte til jegerprøveeksamen (post 23). Utgifter som blir finansierte over Viltfondet, blir nytta til tiltak som fremjar viltforvaltninga, jf. viltlova § 43. Utgifter til tiltaka under kap. 1140, post 01, 21 og 71, saman med utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420, post 01 og kap. 1410, post 50 under Klima- og miljødepartementet svarer til inntektsløyvingane over kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet, post 72 Jeger- og fellingsavgifter. Utgifter til jegerprøva under post 23 svarar til inntektsløyvinga under kap. 4140, post 01 Jegerprøve.

Rapportering 2017

Midlane er rammeoverførte frå Klima- og miljødepartementet i samband med endringar i ansvarsdelinga mellom departementa per 1.5.2018. Rapportering for 2017 går fram av budsjettproposisjonen frå Klima- og miljødepartementet.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ein auke i dei samla løyvingane under kap. 1140 på 4 mill. kroner i forhold til 2018. Årsaka til auken er at det er venta større inntekter til Viltfondet i 2019 som følgje av at avgiftene er auka. I tillegg blir oppsparte midlar i Viltfondet nytta.

For nærare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1140, 1410, 1420, 5576 og inntektene til Viltfondet, sjå omtale under kap. 5576.

Løn og godtgjersler til fast tilsette innanfor det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1140, men over kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, kap. 1420 Miljødirektoratet og kap. 525 Fylkesmannsembeta.

Bruken av midlane i Viltfondet blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Dette må sjåast i samanheng med at arbeidet med konkrete tiltak i mange høve krev innsats frå dei frivillige organisasjonane, og at dei sentrale ledda i desse organisasjonane skal kunne ha synspunkt på disponeringa.

Løyvingane er budsjetterte under Landbruks- og matdepartementet, jf. Prop. 48 S (2017–2018) og Innst. 230 S (2017–2018). Løyvingane skal kunne nyttast til oppgåver under Landbruks- og matdepartementet når tiltaka er retta mot dei haustbare viltartane, men òg til oppgåver under Klima- og miljødepartementet når tiltak er retta mot artar som ikkje er rekna som haustbare. Midlane til ikkje haustbare artar skal årleg stillast til disposisjon frå Landbruks- og matdepartementet til Klima- og miljødepartementet. Budsjettet vil bli fordelt mellom haustbare og ikkje-haustbare artar basert på erfaringstal også i den nye forvaltningsmodellen.

Post 01 Driftsutgifter

Formålet med løyvinga

Midlane under posten er i hovudsak retta mot dei haustbare viltressursane.

Posten dekkjer utgifter til løn og godtgjersler for dei statlege villreinnemndene og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltninga, som det nasjonale jegerregisteret i Brønnøysund, utarbeiding av jaktstatistikk, og utgifter til utvikling og drift av betalingstenesta for jegeravgifta, informasjonstiltak og møte.

Rapportering 2017

Midlane er rammeoverførte frå Klima- og miljødepartementet i samband med endringar i ansvarsdelinga mellom departementa per 1.5.2018. Rapportering for 2017 går fram av budsjettproposisjonen frå Klima- og miljødepartementet.

Budsjettframlegg 2019

Posten er auka med om lag 1,0 mill. kroner i forhold til 2018 til 22 mill. kroner på grunn av auka driftskostnader.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Formålet med løyvinga

Midlane under posten er retta mot større nasjonale tiltak, mellom anna kjøp av tenester.

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som blir sikra gjennomførte av Miljødirektoratet eller fylkesmenn. Der regionale eller sentrale styresmakter set i verk oppdrag hos andre, eller kjøper tenester der det er krav om ulike leveransar, skal utgiftene dekkjast over post 21. Det gjeld mellom anna nasjonale overvakings-

program, forskning og utgreiing. Større tiltak som blir dekte over posten, blir konkurranseutsette.

Rapportering 2017

Midlane er rammeoverførte frå Klima- og miljødepartementet i samband med endringar i ansvarsdelinga mellom departementa per 1.5.2018. Rapportering for 2017 går fram av budsjettproposisjonen frå Klima- og miljødepartementet.

Budsjettframlegg 2019

Posten er redusert med 8 mill. kroner i forhold til 2018, ved at ein større del av midlane blir tildelt som tilskott under post 71.

Post 23 Jegerprøve m.m.

Formålet med løyvinga

Løyvinga skal gå til å drifte den obligatoriske jegerprøva.

Rapportering 2017

Midlane er rammeoverførte frå Klima- og miljødepartementet i samband med endringar i ansvarsdelinga mellom departementa per 1.5.2018. Rapportering for 2017 går fram av budsjettproposisjonen frå Klima- og miljødepartementet.

Budsjettframlegg 2019

Utgiftene til å drifte den obligatoriske jegerprøva er venta å vere på om lag 4,5 mill. kroner, jf. inntekter under kap. 4140, post 01. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4140, post 01.

Post 71 Tilskott til viltformål

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
71.1	Hjortevilttiltak		3 250	3 250
71.2	Villreintiltak		2 850	2 850
71.3	Lokale vilttiltak mv.		24 000	33 678
71.4	Viltovervaking		5 500	6 500
	Sum post 71		35 600	46 278

Formål med løyvinga

Midlane under posten er retta mot både auka verdiskaping og oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av viltressursane.

Mål

Målet for tilskottsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskott av viltet, og at produktiviteten og mangfaldet i naturen blir tekne vare på nasjonalt og regionalt.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga gjennom støtte til god forvaltning av viltet på nasjonalt og regionalt nivå medverkar til at det blir eit haustingsverdig overskott og slik at produktiviteten og artsmangfaldet i naturen blir tekne vare på. Tiltaka som blir sette i verk, skal medverke til å gi eit betre kunnskapsunderlag om artar og bestandar eller om korleis dei kan haustast på beste måte. Den faktiske effekten av tilskotta kan ikkje vurderast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium

Det blir gitt tilskott til tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jaktmoglegheiter, kartlegging av viltressursane/ leveområda for viltet og viltinteresser i kommunar og regionar, innarbeiding av leveområde for vilt og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova, iverksetjing av tiltak der målet er betre bestandsoversikt, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i driftsplanarbeidet til rettshavarar, for-

skings- og studentoppgåver og andre særleg prioriterte viltformål. Søknader om tilskott til tiltak som inngår som ein del av eit planbasert arbeid blir prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskott leverer sluttrapportar, rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Underpost 71.1 Hjortevilttiltak

Underposten skal dekkje tiltak i samband med forvaltning av hjortevilt. Midlane blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskott til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m.

Underpost 71.2 Villreintiltak

Underposten skal dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, styrking av oppsyn og registrering i villreinområda, og utvikling av driftsplanar. Innbetalte fellingsavgifter skal tilbakeførast til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda til tiltak.

Underpost 71.3 Lokale vilttiltak mv.

Midlane skal nyttast til tilskott i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. I tillegg er til-

skottsmidlane som fylkeskommunane nyttar samla på denne underposten. I samband med regionreforma har fylkeskommunane fått forvaltningsansvaret frå Fylkesmannen for enkelte artar. Den enkelte fylkeskommunen gir etter søknad midlar frå posten til praktiske tiltak knytte til desse artane. Ettersom Fylkesmannen på same tid forvaltar tilskottsmidlar innanfor forvaltningsområdet sitt er det eit krav om god samordning av bruken av midlane.

Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innanfor viltforvaltninga.

Underpost 71.4 Viltovervaking

Midlane blir nytta som tilskott til overvakingsoppgåver som skal sikre ei kontinuerleg oversikt over bestandsstatus og utvikling av artar og grupper av viltartar som ikkje er dekte over underpost 71.1 eller underpost 71.2. Overvakingssprosjekta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk sentrale, regionale og lokale tiltak for forvaltning og justering av verkemiddel og avdekkje kunnskapsbehov.

Rapportering 2017

Midlane er rammeoverførte frå Klima- og miljødepartementet i samband med endringar i ansvarsdelinga mellom departementa pr. 1.5.2018. Rapportering for 2017 går fram av budsjettproposisjonen frå Klima- og miljødepartementet.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 46,3 mill. kroner for 2019. Auka avgifter, henting

av kapital frå Viltfondet og flytting av midlar frå underpost 21 er grunnlag for auken, og at ein større del av midlane dermed blir tildelte som tilskott under post 71.

Post 75 Organisasjonar – haustbare viltressursar

Formål med løyvinga

Løyvinga skal leggje til rette for tiltak som fremjar jaktbasert friluftsliv.

Rapportering 2017

Posten er etablert i samband med endringar i ansvarsdelinga mellom departementa per 1.5.2018, og ny i 2019.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,0 mill. kroner for 2019.

Løyvinga skal dekkje grunnstønad til Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) til aktivitetar knytte til jakt på haustbare viltressursar. Tildelinga til NJFF er basert på søknad om midlar under Klima- og miljødepartementet (kap. 1400, post 70 Frivillige organisasjonar og allmenntilgjenglege miljøstiftingar) i 2018 (for 2019). Midlane som er knytte til NJFFs aktivitetar innanfor jakt, er rammeoverførte frå Klima- og miljødepartementet til Landbruks- og matdepartementet frå 2019.

Landbruks- og matdepartementet vil i 2019 òg etablere ei ordning for å stimulere barn og unge til forståing og bruk av utmarksressursane. Departementet tek sikte på at fordelinga på tiltak vil vere om lag som i tabell 2.6.

Tabell 2.6 Budsjettframlegg for kap. 1140, post 75 i 2019 (i 1 000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Grunnstønad til Norges Jeger- og Fiskerforbund	-	4 861
Tiltak for barn og unge – bruk av utmarksressursar	-	2 141
Sum kap. 1140, post 75	-	7 002

Kap. 4140 Haustbare viltressursar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Jegerprøve, gebyr m.m.			4 500
	Sum kap. 4140			4 500

Post 01 Jegerprøve, gebyr m.m.

Formålet med løyvinga

Inntektene på posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøva, jf. forskrift 9.4.2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst.

Rapportering 2017

Posten er ny, jf. endringar i ansvarsdelinga mellom departementa per 1.5.2018.

Budsjettframlegg 2019

Venta inntekter på posten er 4,5 mill. kroner. Kvar jeger som går opp til jegerprøva, må betale eit eksamensgebyr på 300 kroner. Eksamensgebyret er uendra frå 2018. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarende utgiftene under kap. 1140, post 23 til å drive eksamensordninga. Kap. 1140, post 23 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten.

Kap. 1142 Landbruksdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	236 764	221 915	243 702
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	5 140	1 312	6 312
50	Arealressurskart	7 594	7 643	7 715
60	Tilskott til veterinærdekning	142 660	146 373	150 471
70	Tilskott til fjellstover	695	819	819
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	3 935	4 460	4 524
72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	467	452	452
73	Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	67 573	55 610	55 610
74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt	177	1 000	1 000
75	Tilskott til klimarådgeving på gardar	5 446		
80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i>	51	500	500
	Sum kap. 1142	470 502	440 084	471 105

Post 01 Driftsutgifter

Formål med løyvinga

Hovudformålet med løyvinga er drift av Landbruksdirektoratet.

Landbruksdirektoratet er eit utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet er òg sekretariat for Omsetnadsrådet, styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen, styret for Utviklingsfondet for skogbruket, Reindrifststyret, styret for Reindrifstas utviklingsfond og Marknadsutvalet for reinsdyrkjøtt.

Hovudoppgåva til Landbruksdirektoratet er samordna, heilskapleg og effektiv forvaltning av økonomiske og juridiske verkemiddel retta mot primærlandbruket, landbruksbasert næringsmiddelindustri og handel. Verkemidla på området, som Landbruksdirektoratet skal forvalte i samsvar med lov/forskrift/regelverk for ordningane, skal bidra til god måloppnåing innanfor hovudmåla for landbruks- og matpolitikken. Landbruksdirektoratet skal gjennom kontroll og oppfølging av avvik bidra til å sikre at verkemidla blir forvalta trygt og effektivt i samsvar med regelverket.

Landbruksdirektoratet skal i tillegg til å administrere dei ulike ordningane, vere eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet skal ha oversikt over utviklingstrekk i ressursgrunnlaget og heile verdikjeda, bidra til erfaringsutveksling med næringa og samarbeid med anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatoppnåing opp mot gjeldande politiske mål og gi innspel til Landbruks- og matdepartementet om utvikling av verkemiddel, under dette forenkling. Landbruksdirektoratet skal drive formidling av fag- og forvaltningskompetanse og av landbruks- og matpolitikk til regional og lokal forvaltning. Landbruksdirektoratet skal samarbeide med fylkesmennene for å bidra til god lov- og tilskottsforvaltning på regionalt og lokalt nivå, mellom anna kontroll.

Landbruksdirektoratet har desse forvaltningsområda:

- areal, skogbruk, ressursforvaltning og økologisk landbruk
- reindrift
- inntekts- og velferdspolitiske tiltak
- marknadstiltak, handel og industri
- administrasjon

Rapportering 2017

Landbruksdirektoratet er lokalisert i Oslo og Alta. Vedtaket til regjeringa om å flytte 30 årsverk frå Oslo til ei ny eining i Steinkjer, og utgreiingsarbeidet på førehand, har kravd stor merksemd i direktoratet i 2017. Behovet for å omprioritere og bruke ressursar til omstillingsarbeidet auka i løpet av året. Eininga i Steinkjer skal vere på plass innan oktober 2020.

Direktoratet la i 2017 vekt på å vidareutvikle verksemda og tenestene direktoratet tilbyr, og oppdraget med å styrkje Avdeling reindrift har stått sentralt. I 2017 leverte Landbruksdirektoratet eit omfattande utgreiingsmateriale til jordbruksoppgjæret og forhandlingane om reindrifstas avtalen. Direktoratet har òg vore ein sentral bidragsytar i dei mange utvala og arbeidsgruppene direktoratet har vore sekretariat for.

Innrapporterte reintal viser at talet er tilnærma i samsvar med det styresmaktene har fastsett. Vinteren og våren 2017 var utfordrande for store delar av reindrifstas i Noreg, særleg i Aust-Finnmark, der ein fekk ei omfattande beitekrise som følgje av sein vår med mykje snø og is. Slakteuttaket i 2017 blei redusert med om lag 26 000 rein samanlikna med 2016. Dette utgjer ein reduksjon på 31 pst. Samstundes har dei vanskelege beitetilhøva resultert i at òg slaktevektene er blitt reduserte. Arbeidet med å få på plass gode bruksreglar for reinbeitedistrikta i Finnmark har vore ei prioritert sak. Dette arbeidet har vore leia av Fylkesmannen i Finnmark, med vesentleg bistand frå direktoratet.

Situasjonen for fagsystema innanfor reindrifstasområdet er ikkje tilfredsstillande. I 2017 blei det rapportert fleire hendingar som gjorde det nødvendig å stenge alle digitale tenester til reineigarane til nye system er utvikla. Direktoratet arbeider med å utvikle nye digitale løysingar.

I 2017 blei det sett i gang fleire stor utviklingsprosjekt innanfor IKT. Ny lov om naturskadeerstatning blei gjeldande frå 2017, med eit nytt regelverk og ein endra forvaltningsmodell. Ny IKT-løysing blei ferdigstilt som planlagt, og teke i bruk frå 1. januar. I 2017 handsama Landbruksdirektoratet 634 søknader om naturskadeerstatning. Av søknader etter ny lov blei om lag 90 pst. sendt inn elektronisk. Endringane gir dei som blir ramma av naturskade raskare svar på søknadene.

Eit nytt søknads- og forvaltningssystem for produksjonstilskotta blei òg teke i bruk i 2017. Det er etablert eit enklare system for brukarane, der all kommunikasjon er digital. Direktoratet har utvikla ei ny fellesteneste for å sende vedtak til

arkivsystemet til kommunane via KS si løysing SvarUT, som skal brukast for alle systema der kommunen har vedtaksmyndigheit og arkivansvar.

I februar 2017 starta Landbruksdirektoratet forprosjektet til utvikling av det nye systemet Agros, som skal erstatte fagsystemet Saturn. Systemet skal sørge for korrekt og effektiv forvaltning av fond, prosjekttilskott og direktetilskott i landbruket. Landbruksdirektoratet har fått midlar frå Landbruks- og matdepartementet til eit tre-årig utviklingsprosjekt i perioden 2017–2019. For dette prosjektet har direktoratet òg fått medfinansiering frå Difi til å forenkle og effektivisere tilskottsordninga for avløyning ved sjukdom og fødsel.

Landbruksdirektoratet har fleire verkemiddel som bidreg til å sikre matforsyning og stabile prisar. Gjennom importvern og tollnedsetjing har Landbruksdirektoratet lagt til rette for avsetnad av norsk produksjon, samstundes som det er lagt til rette for supplerande import og at internasjonale forpliktingar blir tekne vare på.

Landbruksdirektoratet har òg i 2017 hatt eit nært samarbeid med Tolldirektoratet og tollregionane. Det består i konkret samarbeid ved kontrollar, og kontinuerleg dialog om regelverksendringar.

Gjennom rettleiing, samarbeid med andre etatar og handsaming av klagesaker, bidreg direktoratet til at arealressursane i landbruket blir betre tekne vare på. I juni 2017 blei det vedteke fleire endringar i odelslova, jordlova og konsesjonslova. Landbruksdirektoratet prioriterte difor fagleg rådgiving, rettleiing og nødvendige oppdateringar av skjema og nettsider knytte til lovendingane. Landbruksdirektoratet har erfart at det har vore ein auke i behovet for rettleiing av fylkesmannsembete, kommunar og privatpersonar som følgje av lovendingane.

Landbruksdirektoratet har ei rådgivande og rettleiande rolle på jordvernområdet. I 2017 følgde direktoratet opp den nasjonale jordvernstrategien ved å støtte fylkesmennene i arbeidet deira med å rettleie kommunane gjennom nettverk, samlingar og erfaringsutveksling.

Tilskott til klimatiltaka gjødsling og tettare planting av skog blei ført vidare i 2017. Auka løyvingar til infrastrukturtiltak i skogbruket er følgde opp.

Landbruksdirektoratet samarbeider med miljøforvaltninga i areal- og miljøsaker. I 2017 har Landbruksdirektoratet på fleire område levert utgreiingar saman med Miljødirektoratet. Ei stor oppgåve som er gjennomført i samarbeid med

Miljødirektoratet og Mattilsynet, har vore utgreiing av nytt regelverk som gjeld husdyrgjødsel og andre organiske gjødselvarer.

Samarbeidsavtalen mellom Landbruksdirektoratet og Mattilsynet skal sikre informasjons- og kompetanseutvikling, og leggje grunnlaget for betre tenester til brukarane. Også i 2017 har det vore eit omfattande samarbeid om antibiotikaresistente bakteriar (MRSA).

Landbruksdirektoratet følgjer opp at fylkesmennene utfører det regionale kontrollansvaret på landbruksområdet på ein god måte. Fylkesmannen utfører forvaltningskontrollar av kommunane og føretakskontrollar. Også innan reindriftsforvaltninga har fylkesmennene ei sentral rolle, mellom anna med kontroll av Melding om reindrift frå alle reindriftsutøvarane.

Landbruksdirektoratet har vidareutvikla rutinar for styring og kontroll. Risikoanalysar for mange av dei økonomiske verkemidla blei slutført i løpet av 2017, og det er sett i verk tiltak der det har vore nødvendig. Samstundes har det vore viktig å vidareutvikle rutinane og kvaliteten på sakshandsaminga. Dialogen med brukarane skal vere god og profesjonell.

Nærare omtale av aktiviteten i Landbruksdirektoratet i 2017 finst i årsrapporten for 2017 på www.landbruksdirektoratet.no.

Budsjettframlegg 2019

Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Landbruksdirektoratet. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 243,7 mill. kroner i 2019. Det omfattar òg ei ekstra løyving på 17 mill. kroner for å dekkje kostnader til rekruttering, dobbel bemanning i kritiske roller, drift og leige av lokale i Steinkjer. Dette gjeld særskild for fagområda skogbruk, landbruks- og naturskadeerstatning og administrasjon. Det blir prioritert høgt å sikre ei god gjennomføring av utflyttingsprosjektet, samstundes med at direktoratet utfører dei andre oppgåvene på ein tilfredsstillande måte.

Under følgjer ei nærare omtale av viktige oppgåver på dei enkelte forvaltningsområda i 2019.

Areal, skogbruk, ressursforvaltning og økologisk landbruk

Landbruksdirektoratet vil i 2019 vidareføre arbeidet med å bidra til eit berekraftig skogbruk og til ein effektiv infrastruktur i skogen. Iverksetjinga av klimatiltak i skog vil bli følgd opp i samarbeid med Miljødirektoratet.

Når det gjeld klima- og miljøomsyn i jordbruket, vil Landbruksdirektoratet vidareutvikle tiltaka med sikte på forenkling og målretting til det beste for klima, miljø og næring. Regional og lokal oppfølging av vassforskrifta og arbeid med kulturlandskap vil òg vere viktige oppgåver for Landbruksdirektoratet i 2019.

Landbruksdirektoratet skal ha oversikt over praktiseringa av naturmangfaldlova på landbruksområdet, og bidra til at interessene til landbruket blir tekne vare på i saker knytt til verkeområdet til denne lova. Det er nødvendig med merksemd på jordvern både lokalt, regionalt og sentralt for å ta vare på god matjord. Direktoratet samarbeider med Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) i oppfølging av den nasjonale jordvernstrategien.

På klima- og miljøområdet vil Landbruksdirektoratet vidareføre samarbeidet med Miljødirektoratet. Direktoratet vil òg følgje opp den nasjonale strategien for økologisk jordbruk som Stortinget har slutta seg til.

Landbruksdirektoratet skal vareta den landbruksfaglege sida i roviltpolitikken, og leggje til rette informasjon om utviklinga i beitenæringane (husdyr, rein).

Landbruksdirektoratet vil i 2019 halde fram arbeidet med ei god og effektiv forvaltning og med brukarretta informasjon til søkjarar og innbyggjarar om den nye naturskadeerstatningsordninga.

Reindrift

Å oppnå eit tilpassa beitetrykk til beitegrunnet er den mest alvorlege og krevjande utfordringa reindrifta står overfor. Den er særleg alvorleg fordi ei forsvarleg ressursutnytting er avgjerande for framtida for den samiske reindrifta i store delar av Finnmark. Å sikre eit stabilt reintal og følgje opp siidaandelane og distrikta som har eit for høgt reintal, har difor framleis høgaste prioritet. Landbruksdirektoratet skal saman med fylkesmannsembeta følgje opp dei siidaandelane som har auka reintalet. I desse siidaene har fylkesmannen moglegheit til å låse reintalet gjennom å fastsetje eit øvre reintal per siidaandel. Det vil òg bli gjennomført offentleg kontrollerte teljingar. Ved større avvik mellom teljing og rapporteringane frå reineigarane, vil det bli sett i verk tiltak.

Det er viktig å vidareføre arbeidet med å stimulere til auka slakting og til eit berekraftig reintal i Finnmark. For å ha kontroll med utviklinga i reindrifta, skal Landbruksdirektoratet hente inn og gjere tilgjengeleg nødvendige grunnlagsdata, mellom anna om beiteforhold og slaktevekter.

Direktoratet skal halde fram med å etablere samarbeid med andre offentlege organ, og gjere dei kjende med behovet reindrifta har for samanhengande areal, og konsekvensane for reindrifta av ulike tiltak innanfor reinbeiteland. Landbruksdirektoratet skal arbeide for ei betre sikring av areala til reindrifta.

Vidareutvikling av sjølvstyret i reindrifta står sentralt i arbeidet for å nå dei reindriftspolitiske måla. Direktoratet skal i nær dialog med departementet og næringa arbeide aktivt med ulike tiltak for å styrkje sjølvstyre og internkontroll i reindrifta.

Landbruks- og matdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under posten med opp til 0,5 mill. kroner ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. framlegg til vedtak III.

Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Innspel til forenkling og forbetring av verkemiddel i jordbruksavtalen er viktig òg i 2019. For Landbruksdirektoratet vil 2019 bli eit viktig år i samhandlinga med Mattilsynet for å bidra til god dyrevelferd. Mattilsynet og Landbruksdirektoratet reviderte i 2018 avtale om informasjonsutveksling i saker om dyrevelferd. Mattilsynet har myndigheita på området, men landbruksforvaltninga, primært kommunane, skal vurdere trekk i tilskott ved grove brot på dyrevelferdsregelverket.

Landbruksdirektoratet vil i 2019 arbeide vidare med å styrkje grunnlaget for ei god forvaltning av husdyrkonsesjonsregelverket. Ei tydeleggjering av regelverket for produsentane og ei styrking av grunnlaget for at fylkesmennene skal kunne gjennomføre effektive og gode føretaks-kontrollar, vil bidra til å redusere sakshandsamingstida for klagesaker.

Landbruksdirektoratet vil i 2019 arbeide vidare med fleire endringar knytt til velferdsordningane. Det viktigaste er å ta i bruk nye system som bidreg til ei effektivisering av ytre forvaltning og større tryggleik for søkjarane. Landbruksdirektoratet vil òg arbeide for å betre forvaltninga av pristilskotta, der meieria, slakteria og andre mottaksanlegg er tilskottsformidlarar.

Landbruksdirektoratet er sekretariat for to forskingsstyre, styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og styret for forskingsmiddelet over jordbruksavtalen, og vil i 2019 halde fram arbeidet med å bidra til at nærings- og forskingsmiljøa saman fremjar gode søknader på prioriterte tema.

Landbruksdirektoratet vil òg i 2019 ha stor merksemd retta mot kontroll og oppfølging av kontroll. Hovudutfordringa er å leggje til rette for at fylkesmennene kan bidra til å auke kompetanse og kapasitet i kommunane til å gjennomføre ein god risikobasert kontroll og følge opp avvik.

Marknadstiltak, handel og industri

Landbruksdirektoratet vil i 2019 arbeide for å sikre ei god forvaltning av dei ulike marknadsordningane for jordbruksråvarer. Her vil like konkurransevilkår for aktørane stå sentralt.

Direktoratet vil som sekretariat for Omsetningsrådet følge opp Meld. St. 11 (2016–2017) når det gjeld gjennomgangen av regelverket for marknadsbalansering.

Landbruksdirektoratet vil forvalte importvernet for landbruksvarer i tråd med unilaterale, bilaterale og multilaterale forpliktingar, der avsetnad for norske landbruksvarer er eit viktig mål.

Landbruksdirektoratet vil vidareføre arbeidet med faglege analysar og grunnlagsmateriale til bruk i internasjonale forhandlingar (WTO, EU, EFTA). Direktoratet vil òg bidra med analysar i samband med brexit.

Landbruksdirektoratet vil halde fram med å følge nøye med på konkurransesituasjonen til den mest konkurransesutsette industrien som for- edlar jordbruksråvarer (RÅK-industrien). Marknadsovervaking med rapportering og analyse av nasjonale og internasjonale marknader for jordbruksråvarer er òg viktige oppgåver.

Administrasjon

Landbruksdirektoratet vil i 2019 halde fram arbeidet med å gjennomføre regjeringsvedtaket om utflytting av 30 årsverk til Steinkjer. Direktoratet vil i 2019 etablere lokale i Steinkjer og rekruttere tilsette til den nye eininga.

Landbruksdirektoratet vil vidareutvikle styringssystema i verksemda og halde fram arbeidet med å effektivisere verksemda og tenestene.

Digitaliseringsplanen til Landbruksdirektoratet skal bidra til gode prioriteringar av tiltak som gir nytte og gevinst for brukarane, samarbeidspartnarane og direktoratet. I 2019 vil arbeidet med å vidareutvikle datasystema halde fram, slik at desse blir meir brukarvennlege og bidreg til effektivisering og god informasjonstryggleik, mellom anna innanfor importvern og RÅK, skogbruk, reindrift, kvoteordninga for mjølk og ordningar under LUF.

Arbeidet med tryggleik og beredskap vil vere eit viktig område òg i 2019. I tillegg vil direktoratet halde fram arbeidet med å integrere den nye personvernforordninga (GDPR) i dei ulike saks- handsamings- og IKT-systema.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje utgiftene til oppfølging av ansvaret Noreg har for gjennomføringa av den nye reingjerdekonvensjonen med Finland, og for konvensjonsgjerda mot Sverige, Finland og Russland.

Posten skal òg dekkje utgiftene til oppfølging av reinbeiteavtalar i Rørosregionen, og til vedlikehald av gjerda i Hemsedal og Lærdal.

I tillegg skal posten dekkje eventuelle erstatningskrav frå finske og russiske styresmakter i samsvar med gjeldande reingjerdekonvensjon og avtalar, og etablering av eit samla informasjonssystem for areal- og ressursovervaking for reindrifta.

Rapportering 2017

Det er gjennomført vedlikehald av konvensjonsgjerda mot Sverige, Finland og Russland, vedlikehald av Hammerfest-gjerdet, og prosjektet med oppdatering og digitalisering av arealbrukskartet for reindrifta er vidareført etter planen.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6,3 mill. kroner.

Reingjerdekonvensjonen med Finland inneber mellom anna at det er eit norsk ansvar å føre opp gjerde på strekninga Karigasniemi-Levajok. Kostnaden er berekna til 17,6 mill. kroner over fire år. For 2019 er posten planlagd brukt til å dekkje dei to første delane av gjerdekostnadene i tillegg til dei ordinære oppgåvene.

Post 50 Arealressurskart

Formål med løyvinga

Over posten blir det gitt støtte til vedlikehald av eit arealressurskart (AR5) som gir næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet.

Rapportering 2017

Løyvinga er brukt til arbeidet med oppdatering og vedlikehald av arealressurskarta (AR5) hos NIBIO. Karta blir viste mellom anna i løysinga Gårdskart på nett, og er viktige i samband med kontroll av tilskottsordningar.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,7 mill. kroner.

Post 60 Tilskott til veterinærdekning**Formål med løyvinga**

Formålet med tilskottet er å bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Tilskottet blir gitt til kommunane, som etter dyrehelsepersonellova skal sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell (veterinærar).

Rapportering 2017

Midlane er fordelte til kommunane. Eit mindre beløp har vore nytta på Svalbard.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om 150,5 mill. kroner i tilskott til veterinærdekning i kommunane.

Hovuddelen av den foreslåtte løyvinga på posten, om lag 129,8 mill. kroner, er tilskott til klinisk veterinæravdelinga utanom ordinær arbeidstid. Midlane blir fordelte til kommunane ut frå ei fastsett vaktinndeling.

Framlegget til løyving omfattar òg om lag 15,1 mill. kroner som kommunane kan bruke til stimulerings tiltak for å sikre ein tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringsvake distrikt. Midlane vil bli prioriterte til kommunar som har problem med å få stabil tilgang til veterinærtenester, og som legg planar for gode lokale løysingar. Departementet legg til grunn at om lag ein firedel av kommunane vil oppfylle kriteria for å kunne søkje midlar frå denne delen av løyvinga. Eit mindre beløp kan tilsvarende brukast på Svalbard.

I framlegget er det òg sett av om lag 5,6 mill. kroner til administrative kostnader for kommunane. Landbruksdirektoratet fordeler midlane til kommunane.

Post 70 Tilskott til fjellstover**Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å halde oppe tryggleiken i veglaust terreng for mellom anna reingjetarar. Departementet har i dag tre statseigde fjellstuer – Joatka, Mollisjok og Ravnastua. Fjellstuene blir drivne på kontrakt med Landbruksdirektoratet. Fjellstuene har plikt til å halde oppe heile året.

Rapportering 2017

Det er gitt tilskott til alle fjellstuene.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,8 mill. kroner.

Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark**Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å finansiere ulike tilpassingar og tiltak for å leggje til rette for ei berekraftig reindrift i Indre Finnmark. Reinteljing og oppfølging av godkjende bruksreglar er sentrale tiltak her. Utover dette dekkjer posten overvåkingsprogrammet for Finnmarksvidda, digitalisering av arealbrukskart for reindriften og enkelte utviklings- og utgreiingskostnader.

Rapportering 2017

Det er i 2017 gjennomført reinteljing og oppfølging av reindrift og bruksreglar i Finnmark, reinteljing i Nordland, digitalisering av arealbrukskart for reindriften og to fagsamlingar for fylkesmennene.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,5 mill. kroner til omstillingstiltak i reindriften, i hovudsak i Indre Finnmark

Utfordringa med å følgje opp godkjende bruksreglar er størst i dei distrikta i Finnmark der talet på rein ikkje er i samsvar med beiteressursane, og der talet på utøvarar er for høgt til at målet om økonomisk berekraft blir nådd. Det krev ekstra arbeid å følgje opp desse distrikta. Utover bruk av reglane etter reindriften, inneber oppfølginga mellom anna at ein skal leggje til rette for fellestiltak for betre infrastruktur og at ein fram-

leis stimulerer aktivt til auka slakting og omsetnad av reinsdyrkjøtt. Kva for tiltak som blir sett i verk og finansierte over posten, vil mellom anna vere avhengig av situasjonen i det enkelte distriktet og den gjeldande marknadssituasjonen. Oppfølging av fastsett reintal og godkjende bruksreglar er prioriterte oppgåver både for direktoratet og for Fylkesmannen i 2019.

Utgifter til teljing av rein, nettverks- og kompetansetiltak, og enkelte utviklings- og utgreiingstiltak, mellom anna innanfor IKT, blir òg dekte over posten.

Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen, jf. føresetnadene i overskjønnet heimla av Frostating lagmannsrett 2.9.1999, og beiteleige i samsvar med inngåtte reinbeiteavtalar.

Rapportering 2017

Det blei i 2017 utbetalt fastsette årlege erstatningar til 45 personar.

Over posten er det dekt utgifter til beiteleige til Trollheimen/Igelfjellet Reinbeiteforening for driftsåret 2016/2017.

Budsjettframlegg 2019

Direktoratet gjer framlegg om ei overslagsløyving på 0,5 mill. kroner.

Post 73 Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon

Formål med løyvinga

Formålet med tilskottet er å gi produsentar erstatning for tap og dekning av visse utgifter i samband med pålagde tiltak mot sjukdommar, smittestoff og skadegjerarar hos dyr og planter, jf. § 22 i Ot.prp. nr. 100 (2002–2003) *Om lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven)*. Tilskottet skal òg dekkje tap i samband med tiltak som blir sette i verk som følgje av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) i svinhaldet, tiltak for å redusere innhaldet av radioaktivitet i storfe og småfe og enkelte andre kompensasjonar for å lette etterleving av

krava i matlova og plikter i primærproduksjonen, jf. matlova § 31.

Rapportering 2017

Saltslikkestein m/berlinarblått

Landbruksdirektoratet sørgjer for eit tilstrekkeleg lager av produkt med berlinarblått, som førebyggjande tiltak ved radioaktivitet i beiteområde.

Skadegjerarar i planteproduksjon

I 2017 gjekk største delen av erstatningsutbetalingane til å stanse skadegjerarar i veksthusproduksjon, etter pålegg frå Mattilsynet. Det blei funne to tilfelle av tomatmøll i Rogaland i 2017.

Pålagd slakting

Kostnadene er i hovudsak erstatning etter pålagd sanering for multiresistente stafylokokkar i svineproduksjon (MRSA). Dei største utbetalingane i 2017 var i Nord-Trøndelag. I tillegg blei det utbetalt mindre erstatningsbeløp for å hindre MRSA i fem andre fylke.

MRSA-kompensasjon

Kompensasjon etter pålagd sanering av MRSA i svinebesetningar kjem i tillegg til ordinær erstatning ved pålagd nedslakting. I 2017 blei det ikkje utbetalt MRSA-kompensasjon.

Radioaktivitet

Det blei målt moderate mengder radioaktivitet frå sau på utmarksbeite i 2017. Utbetalingane er først og fremst knytte til kontrollmåling av radioaktivitet og nedfôring etter beiting. Det var flest saker i Oppland og Hedmark

Budsjettframlegg 2019

Bygd på erfaringane frå dei seinaste åra, med store erstatningssaker særleg i samband med MRSA og sjukdomspåvisingar i veksthus, gjer departementet framlegg om ei overslagsløyving på 55,6 mill. kroner.

Forureininga etter atomulykka i Tsjernobyl skaper framleis problem for beitebruken enkelte stader på Indre Austlandet og i Midt-Noreg. For å motverke dette blir det brukt Giesesalt, som reduserer opptaket av radioaktivt cesium i dyr på beite. For høge verdiar av radioaktive stoff kan føre til at slaktet ikkje kan brukast til mat. Giesesalt blir

kjøpt inn av norske styresmakter ved Landbruksdirektoratet.

Utgiftene til innkjøp av Giesesalt er om lag 4 mill. kroner annakvart år.

Post 74 Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagde beitenekt

Formål med løyvinga

Løyvinga på posten blir brukt til å gi dyreeigarar økonomisk kompensasjon når Mattilsynet som følgje av fare for rovviltangrep, har gjort vedtak om beiterestriksjonar for storfe og småfe med heimel i dyrevelferdslova.

Rapportering 2017

Det blei utbetalt kompensasjon til eitt føretak i 2017.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 mill. kroner.

Post 75 Tilskott til klimarådgiving på gardar

Formål med løyvinga

Posten blei oppretta i 2017 som ein del av budsjettforliket. Tilskottsordninga omfattar både etablering av metodar for datafangst og eit system for klimarådgiving på gardar i regi av Noregs Bonde- lag. Prosjektet blir drive av Landbrukets Klimasel- skap.

Kap. 4142 Landbruksdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsinntekter, refusjonar m.m.	50 737	42 196	43 203
	Sum kap. 4142	50 737	42 196	43 203

Post 01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.

Posten gjeld driftsinntekter som Landbruksdirek- toratet har i samband med mellom anna sekretari- atet for Omsetnadsrådet, styret for Fondet for for-

Rapportering 2017

Prosjektet er gjennomført i tråd med planane, men enkelte aktivitetar er skuva litt ut i tid. Mange aktørar i landbruket har gått inn som aktive med- spelarar i prosjektet, slik det var lagt opp til.

Departementet gjer ikkje framlegg om løyving på posten for 2019. Ved jordbruksoppgjeret 2018 er det sett av midlar over Landbrukets utviklings- fond til prosjektet i 2019.

Post 80 Radioaktivitetstiltak

Formål med løyvinga

Ansvarstaten har for å dekkje kostnader som følgje av radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl- ulykka har som prinsipielt utgangspunkt det ved- taket regjeringa gjorde om økonomisk ska- desløyse 31.7.1986. Regelverket for tiltak mot radioaktivitet i reindrifta blir fastsett etter dei same prosedyrane som forskriftene etter rein- driftsavtalen.

Rapportering 2017

Behovet for tiltak er avhengig av radioaktiviteten i området. I 2017 har aktiviteten vore under terskel- verdiane for iverksetjing av tiltak.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,5 mill. kroner.

skingsavgift på landbruksprodukt og Utviklings- fondet for skogbruket, administrasjon av ulike fond, prisutjamningsordninga og kvoteordninga for mjølk. Inntekter frå gebyr blir òg førte på pos- ten.

Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
22	Naturskade, administrasjon, <i>kan overførast</i>	1 116		
71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	89 988	156 000	182 600
	Sum kap. 1148	91 104	156 000	182 600

Post 22 Naturskade, administrasjon**Formål med løyvinga**

Løyvinga er blitt brukt til utvikling av eit nytt elektronisk søknads- og sakshandsamingssystem for erstatningssaker etter Statens naturskadeordning i samband med at naturskadeerstatningslova tok til å gjelde 1.1.2017. Det står att berre mindre tilpassingar av systemet, og departementet gjer ikkje framlegg om vidare løyvingar under posten.

Rapportering 2017

I 2017 blei det brukt om lag 1,1 mill. kroner til tilpassingar i det nye søknads- og sakshandsamingssystemet for ordninga, og til utvikling av informasjonstiltak om den nye lova.

Post 71 Naturskade – erstatningar**Formål med løyvinga**

Statens naturskadeordning gir erstatning for dei naturskadane det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning, og løyvinga skal brukast til å dekkje desse utgiftene. Søknader om erstatning for naturskadar etter naturskadeerstatningslova blir handsama etter ein rein forvaltningsmodell. Landbruksdirektoratet avgjer sakene i førsteinstans, mens klagene blir avgjorde av Klagenemnda for naturskadesaker som klageinstans. Direktoratet skal sørge for at krav om erstatning for naturskadar blir handsama raskt og forsvarleg. Direktoratet skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats når store naturulykker inntreffer.

Rapportering 2017

I 2017 blei 634 saker handsama, noko som utgjer om lag halvparten av sakene eit gjennomsnittså. Det blei i 2017 gitt tilsegner om erstatning for om lag 88 mill. kroner. Tilsegner om naturskadeerstatning blir gitt med ein utbetningsfrist på tre år. Det inneber at utbetalingar i 2017 gjeld erstatningssaker for 2017 og tidlegare år.

Ansvaret som utgjer gitte, ikkje innfridde, tilsegner om erstatning var 31.12.2017 på om lag 94,4 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2019

Klimaframskrivingar viser at vi i Noreg må rekne med meir ekstremvær. Med ei slik utvikling kan det bli fleire og meir omfattande naturskadar i åra framover.

Dei som blir råka av naturskade har på visse vilkår rett til erstatning over Statens naturskadeordning etter naturskadeerstatningslova. Omfanget av naturulykker varierer frå år og år og er umogleg å føresjå. Det er difor knytt vesentleg uvisse til budsjetteringa for ordninga. Erstatninga blir utbetalt etter at skaden er utbeta. Fristen for utbetring er tre år, noko som verkar inn på den årlege utbetalinga. Ved budsjetteringa blir normalt eit gjennomsnittså for naturskadar lagt til grunn.

Landbruksdirektoratet skal gi ei rask og forsvarleg handsaming av krav om erstatning som er heimla i naturskadeerstatningslova. Landbruks- og matdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av mellom anna styringsdialog, rapportar og informasjon om økonomi.

Løyvinga skal dekkje innfriing av både tilsegner som blir gitt i 2019, og uteståande tilsegner frå tidlegare år. Vidare skal løyvinga dekkje kostnader ved taksering av skadar, informasjonstiltak og andre tiltak, som bidreg til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker eller aukar verknaden av ressursane som blir nytta på naturskadeområdet. Løyvinga skal òg dekkje nødvendige utgifter til ekstrahjelp og til vedlikehald og utvikling av IKT-systemet for ordninga. I tillegg skal utgifter til Klagenemnda dekkjast av posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 182,6 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 107,8 mill. kroner for 2019, jf. tabell 2.7 og framlegg til vedtak IV.

Tabell 2.7 Tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar i 2019

	(i mill. kr)
Ansvar 1.1.2018	94,4
+ Venta tilsegner i 2018	200,0
= Sum	294,4
- Venta erstatningsutbetalningar i 2018	130,0
= Venta ansvar 31.12.2018	164,4
+ Takseringskostnader, IKT-vedlikehald o.a.	6,0
+ Venta nye tilsegner i 2019	120,0
= Sum	290,4
Forslag til løyving i 2019	182,6
Forslag til tilsegnfullmakt i 2019	107,8

Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 500	3 523	3 506
71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	70 520	92 300	92 300
72	Tilskott til trebaserte innovasjonsprogram, <i>kan overførast</i>	17 024		
73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	55 496	48 899	38 899
75	Tilskott til investeringsstøtte for landbruket		75 000	
	Sum kap. 1149	146 540	219 722	134 705

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Formål med løyvinga

Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl. res. datert 25.2.1977, med endringar sist av 4.12.2014. Fondet har til oppgave å støtte opp om forskning, utvikling, informasjon og opplæring innanfor skogbruket. I styret for fondet er offentleg forvaltning og private organisasjonar innanfor skogsektoren representerte. Landbruksdirektoratet er sekretariat for fondet.

Rapportering 2017

I 2017 blei det løyvd 3,5 mill. kroner til fondet. I alt fekk 10 nye prosjekt tilskott.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,5 mill. kroner for 2019. Midlane frå fondet vil i første rekkje gå til brukarretta FoU-verksemd med klare problemstillingar og mål. Fondet skal bidra til prosjekt som utviklar og styrker skogbruket som ei rasjonell, økonomisk og berekraftig næring.

Post 71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket

Formål med løyvinga

Skogen og eit aktivt skogbruk gir viktige bidrag til sysselsetjing og verdiskaping i heile landet, i tillegg til viktige klimagevinstar. For å styrkje desse bidraga vil regjeringa leggje til rette for at ein større del av det produktive skogarealet som kan drivast lønsamt, blir teke aktivt i bruk, mellom anna ved auka hogst, hausting av virke til biobrensel og oppbygging av ny skog. Ein formålstenleg infrastruktur, med samanhengande betre standard frå skog til industri og vidare til marknadene, er eit satsingsområde for regjeringa. Som det går fram av Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, er ein god infrastruktur avgjerande for konkurransekrafta til skogsektoren og for det positive bidraget til verdiskaping for distrikta og landet som skogsektoren gir. Løyvinga skal bidra til modernisering og ei vidareutvikling av infrastruktur for transport, i tillegg til andre verdiskapingstiltak i skogbruket.

Rapportering 2017

Det blei løyvd i alt 107 mill. kroner til infrastrukturtiltak i skogbruket over posten i 2017. Av det blei det løyvd 75 mill. kroner til tømmerkaier langs kysten. Det blei gitt løyving til seks kaiprojekt; i Eydehavn i Aust-Agder, i Egersund og Saudasjøen i Rogaland, i Granvin i Hordaland, i Fjaler i Sogn og Fjordane og i Risøyhamn på Andøya i Nordland. Det blei òg gitt ei ekstraløyving til ei kai i Mandal som fekk tilskott i 2016.

Det blei løyvd 32 mill. kroner til vidareutvikling av skogsvegnettet. Desse midlane må sjåast i samheng med løyvingane til det same formålet over kapittel 1150, post 50. Det blei bygd litt over 100 km nye skogsbilvegar og ombygd rundt 390 km eldre skogsbilvegar i 2017. Det er ein nedgang på høvesvis 16 pst. og 10 pst. frå 2016.

Budsjettframlegg 2019

Departementet vil føre vidare satsinga på infrastrukturtiltak i skogbruket i 2019. Tilskott frå posten vil bli gitt til verdiskapingstiltak, med vekt på tiltak som bidreg til å redusere transportkostnadene.

Behovet for investeringar i infrastruktur er stort over heile landet, men kyst- og innlandsfylka har ulike utfordringar. I mange av kystfylka står mykje av den skogen som i dag er hogstmoden, eller som snart blir det, langt frå veggen eller i bratt og vanskeleg tilgjengeleg terreng, noko som gjer det kostnadskrevjande å utnytte ressursane. I innlandsfylka er ein stor del av skogsvegnettet gammalt og treng opprusting for å oppfylle transportbehova, og dei krava som moderne transportutstyr stiller.

Tilskott til investeringar i nybygging og ombygging av skogsvegnettet er målretta og prioriterte tiltak for auka hogst og meir kostnadseffektiv tømmertransport. Gjennom tiltak som minskar faren for erosjon og lausmasseskred ved kraftig nedbør, vil desse investeringane òg bidra til betre klimatilpassing av vegnettet i skogbruket.

Tilgang til kai og sjøtransport opnar for kostnadseffektive leveransar av trevirke og produktflyt til foredlingsindustrien i Noreg og til marknader nasjonalt og internasjonalt. Tømmerkaier er blitt stadig viktigare som følgje av endringar i avsetnaden av virke og marknadene for tømmer og treprodukt dei siste åra, òg i etablerte skogområde på Sør- og Austlandet.

Midlar over denne posten skal bidra til bygging og ombygging av kaier og kaierterminalar for rasjonell transport og logistikk av tømmer. Gode planprosessar og overføring av kunnskap og erfaring frå prosjekt til prosjekt er viktig i dette arbeidet. Kommunale hovudplanar for skogsvegar er eit godt verktøy for å utvikle skogsvegnettet vidare.

Landbruksdirektoratet forvaltar ordninga med tilskott til kaiprojekt for departementet.

Infrastrukturtiltaka har positive sysselsetjings- og verdiskapingseffektar og styrkjer konkurransekrafta i skognæringa. Som for 2018 vil departementet bruke ein kombinasjon av løyving og tilsegnsmakt som verkemiddel for ei effektiv planlegging og gjennomføring av større infrastrukturtiltak der investeringane skjer over fleire år. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 92,3 mill. kroner for 2019. Sidan tilskotta ikkje alltid kjem til utbetaling same året som det blir gitt tilsegn, gjer departementet framlegg om ei tilsegnsmakt for 2019 på 118,7 mill. kroner for å kunne dekkje ansvar frå tidlegare år, jf. framlegg til vedtak IV. Beløpet er basert på ein prognose frå Landbruksdirektoratet.

Tabell 2.8 Tilsegningsfullmakt til infrastrukturtiltak i 2019.

	(i 1 000 kr)
Ansvar per 1.1.2018	114,9
+ Forventa tilsegner i 2018	86,1
= Sum	201
- Forventa utbetalingar 2018 (inkl. overførte midlar frå 2017)	76
= Ansvar per 31.12.2018	125,0
+ Forventa nye tilsegner i 2019	86,0
= Sum	211,0
Forslag til løyving i 2019	92,3
Tilsegningsfullmakt i 2019	118,7

Post 73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak

Formål med løyvinga

Skogen spelar ei viktig rolle for klimaet. Regjeringa vil leggje til rette for tiltak som kan ta vare på eller styrkje karbonlageret i skogen, og samstundes leggje til rette for meir bruk av fornybart skogråstoff som kan erstatte fossile utslepp i andre sektorar.

Posten omfattar også bidrag til stiftinga Det norske Skogfrøverk, som har som oppgåve å sikre forsyninga av skogfrø i Noreg. Bidraget frå departementet er basert på ein avtale med Skogfrøverket om forvaltningsoppgåver frå 1995.

Rapportering 2017

Det blei løyvd 48,2 mill. kroner til tilskott til skog-, klima- og energitiltak i 2017. Av dette blei det avsett 33,4 mill. kroner til klimatiltaka tettare planting etter hogst og gjødsling av skog. I 2017 blei det gitt 16,8 mill. kroner i tilskott til tettare planting på 124 700 dekar. Det blei gitt tilskott på 12,5 mill. kroner til gjødsling av om lag 90 100 dekar.

Det blei òg løyvd 8,747 mill. kroner til Det norske Skogfrøverk til forvaltningsoppgåver. Oppgåvene omfattar kontroll etter forskrift om skogfrø og skogplanter, produksjons- og

utviklingsoppgåver og informasjons- og opplærings tiltak knytte til anlegg for frøproduksjon. Det blei òg gitt ei ekstra løyving på 8,764 mill. kroner til Det norske Skogfrøverk for å styrkje skogplanteforedlinga som eit klimatiltak i skogbruket. 2,764 mill. kroner av beløpet var ei overføring frå 2016.

Det blei òg løyvd 650 000 kroner til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) for det norske bidraget til det nordiske prosjektet Future Forest. Prosjektet har som formål å definere bruksområde for granproveniensar i Norden. Det norske bidraget er ei oppfølging av utgreiinga om moglegheitene for meir nordisk samarbeid i skogfrø- og skogplanteforsyninga, og det er venta at resultatata vil gi grunnlag for bruk av plantemateriale som er betre tilpassa klimaet i Norden.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei samla løyving på 38,9 mill. kroner i 2019 til klimatiltak i skog som oppfølging av klimaforliket og Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*. Dette er ein reduksjon i løyvinga på 10 mill. kroner samanlikna med 2018.

Landbruksdirektoratet forvaltar ordningane med tilskott til tettare planting og gjødsling.

Skogplanteforedling er ein viktig del av forvaltningsoppgåvene til Skogfrøverket. Skogplanteforedlinga krev no ei fornying av frøplantasjar med det beste materialet frå plantasjar som blei etablerte på 1960- og 1970-talet. Fornyning av skogfrøplantasjar er avgjerande både for ei satsing på skogplanteforedling som klimatiltak, og for å halde oppe produksjonen av foredla frø som i dag. Det er òg ønskjeleg at større delar av landet får tilgang til foredla frø gjennom etablering av nye frøplantasjar. Departementet gjer framlegg om ei løyving til Skogfrøverket for 2019, til arbeidet med langsiktig skogplanteforedling og utvikling på eit noko lågare nivå enn i 2018 ettersom delar av handlingsplanen no er gjennomførte.

Departementet vil òg vidareføre løyvinga til prosjektet Future Forest ved NIBIO med om lag 650 000 kroner. Prosjektet er eit samarbeid mellom landa i Norden, og det er mellom anna planar om å utvide prosjektet til òg å omfatte furuproveniensar i 2019. Klimatiltaka i skog vil styrkje ressursgrunnlaget – og dermed grunnlaget for verdiskaping i skog- og trenæringa i eit langsiktig perspektiv.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	8 615	17 500	24 033
50	Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)	1 297 601	1 123 553	1 133 553
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	308 638	317 809	302 062
71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i>	32 738	43 000	43 000
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	3 521 820	3 483 204	3 611 045
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	7 957 788	8 361 247	9 024 159
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	245 892	256 880	264 280
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 479 191	1 504 800	1 518 391
	Sum kap. 1150	14 852 283	15 107 993	15 920 523

Formål med løyvinga

Kap. 1150 og kap. 4150 om jordbruksavtalen er basert på at jordbruket har forhandlingsrett med staten om prisar, tilskott og andre reglar for produksjon og omsetnad innanfor jordbruket. Ordningane under jordbruksavtalen er nokre av dei viktigaste verkemidla for å følgje opp måla og retninglinene i landbrukspolitikken.

Mange av postane har underpostar der løyvinga er styrt av satsar per eining og omsøkt volum. Volumet på dei enkelte underpostane vil variere frå år til år. Difor ser departementet det som formålstenleg at eit større behov for midlar på ein underpost kan dekkjast inn med unytta midlar på ein annan underpost under løyvinga på den same posten.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. skal bidra til at måla for landbruks- og matpolitikken blir nådde. For meir informasjon om måla i jordbrukspolitikken for kommande budsjettperiode, sjå omtalen i innleiinga til denne proposisjonen.

Fleire faktorar bidreg til at jordbruket i Noreg har eit høgt kostnadsnivå, som til dømes klima, topografi, at produksjonen etter internasjonale mål skjer i ein småskalastruktur og det norske pris- og kostnadsnivået generelt. Difor er mange av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å bidra til lønsam produksjon over heile landet, og for å stimulere til god agronomi og berekraftig produksjon. Mange av tilskottsordningane verkar mot fleire av måla på same tid. Det gjeld mellom

anna tilskott som skal gi det økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målspesifikke vil òg kunne påverke andre mål. Dette gjer at resultatmåling som følgje av eit konkret tiltak eller tilskott ikkje gir fullgod informasjon.

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Verkemidla under jordbruksavtalen skal samla sett gi rammevilkår som gir ei god måloppnåing både for næringa og for samfunnet. Ei vurdering av hovudmåla post for post på budsjettkapitlet gir ikkje fullgod informasjon. Difor er det heller ikkje tenleg å ha ei eiga resultatrapportering på kvar enkelt ordning. I omtalen under dette kapitlet gjer departementet årleg greie for hovudtrekka i tilpassingane for ulike ordningar, og for bruken av ulike aktørar i forvaltninga av ordningane.

Marknadsregulering og pristilskott/frakttilskott

Tilskott til produsert volum, til marknadsregulering og til frakt blir dekt over fleire ordningar under kap. 1150, postane 70 og 73, og i nokon grad under post 77. Satsane er baserte på fastsette kriterium, som produktgruppe, levert volum, distrikt m.m. Grunnlaget for tilskotta som blir utbetalt til produsentane via eit omsetnadsledd, vil normalt vere det same som grunnlaget for oppgjeret mellom omsetnadsledd og produsent. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og verkemiddel som verkar samstundes mot

dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla basert på rapportering frå Budsjettnemnda for jordbruket i samband med den årlege proposisjonen om jordbruksoppgjeret. Rapporteringa blir i tillegg supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå heile forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar.

Tilskott som blir utbetalte via eit omsetnadsledd skil seg òg frå normalprosedyra ved at tilskottsmottakarane normalt ikkje søker om tilskottet. Storleiken på tilskotta er ei direkte følge av levert vare til omsetnadsleddet. Omsetnadsledda gjer ikkje eigne vurderingar ved forvaltninga av tilskotta. Dei blir difor ikkje rekna som tilskottsforvaltarar, men som medhjelparar. Vidare blir det ikkje sendt eigne tilskottsbrev til produsentane. Tilskottsbeløpet går normalt fram av avrekninga for kvar leveranse. Det blir heller ikkje kravd rapport, og det blir ikkje utført kontroll hos tilskottsmottakarane (produsentane) fordi tilskottet blir gitt mot levert vare. Nødvendig kontroll blir sikra gjennom kontroll hos omsetnadsledda som leverer grunnlaget for utbetalingane, og som formidlar tilskottet til den enkelte produsenten. Samla sett bidreg dette til ei kostnadseffektiv forvaltning av ordningane.

Direkte tilskott og tilskott til velferdsordningar m.m.

Desse ordningane ligg under jordbruksavtalen kap. 1150, postane 74 og 78. Også under post 77 har ein slike ordningar. Dei direkte tilskotta er baserte på objektive kriterium som talet på dyr, areal, produksjonstype, mengd og distrikt. Satsane står i forhold til løyvd beløp og prioriteringar mellom ulike produksjonstypar, produksjonsomfang og lokalisering av driftseiningane. Velferdsordningane er i hovudsak sette saman av refusjon av utgifter til avløyning for sjukdom og ferie/fritid. Ein står her overfor den same problemstillinga når det gjeld målformulering og kriterium for måloppnåing som for tilskott til marknadsregulering, pris og frakt, sjå ovanfor. For ordningane med direkte tilskott og velferdsordningar, vil resultatrapporteringa òg i hovudsak skje samla basert på rapportering frå Budsjettnemnda for jordbruket i samband med proposisjonen om jordbruksoppgjeret. Det er heller ikkje for denne gruppa av ordningar aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane. Det gjeld òg ordninga med tilskott til veterinære reiser der tilskott blir utbetalt etter søknad om refusjon av utgifter som allereie er oppsamla. Her kan det ikkje stillast vilkår til kva midlane skal nyttast til, eller krevjast rapportering om bruken av midlane.

Kollektive overføringar

På enkelte område er det administrativt meir effektivt å overføre tilskott samla frå departementet og/eller Landbruksdirektoratet og direkte til ein sams mottakar framfor først å utbetale tilskott til kvar produsent som igjen betaler inn til same sluttmottakar. Godtgjersla i sjukepengeordninga for bønder er finansiert gjennom ei kollektiv overføring frå jordbruksavtalen til folketrygdfondet. Ei anna kollektiv overføring er innbetaling av omsetnadsavgift for frukt og grønt på post 70. Oppfølginga av desse ordningane vil vere å føre over løyvede beløp til rett mottakar. I tillegg må ein regelmessig vurdere om ordningane verkar som føreset, og om overføringane gir eit rett uttrykk for reelle utgifter.

Tilskott til skogkultur og miljøtiltak

Tilskott til skogkultur og miljøtiltak, som blir løyvede med heimel i forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket, blir utbetalte som ein refusjon av dokumenterte utgifter, basert på ein søknad som er send kommunen etter at tiltaket er gjennomført. Det blir ikkje søkt om tilsegn på førehand, og tilskottsbrevet frå kommunen inneheld ikkje spesifikke vilkår om kva tilskottet skal brukast til eller kva rapporteringskrav som gjeld.

Kommunane utarbeider retningslinjer for prioritering av tilskotta. Årlege kunngjeringskrav gir informasjon om kva tiltak som gir rett til tilskott og om den maksimale delen av tiltaket som tilskottet dekkjer. Kontroll av tilskottet skjer ved søknadshandsaminga. Dersom løyvingssramma er avgrensa kan tilskottsdelen bli redusert. Den delen av tiltakskostnaden som ikkje blir dekt av tilskott, kan dekkjast av skogfondsmidla til skog eigaren. Det dreier seg årleg om mange tusen tiltak, og tilskottsbeløpa er ofte relativt små. Rapporteringskravet blir dekt ved at spesifiseringa av tiltaket er registrert i Landbruksdirektoratets fagsystem for skogtiltak.

Forvaltning

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Landbruksdirektoratet. Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane blir direkte dekte innanfor løyvingane over kap. 1142, til fylkesmennene over Kommunal- og moderniseringsdepartementets kap. 525 og til kommunane gjennom rammetilskottet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Ei særskild løyving på kap. 1150, post 21 skal dekkje

kostnader i samband med utgreiingar i arbeidsgrupper, evalueringar og utvikling av nye IKT-/fagsystem i Landbruksdirektoratet. Ut frå erfaring er det uvisse om kva år desse kostnadene kjem til betaling. For å kunne ha den fleksibiliteten som trengst, kan det framleis vere aktuelt å trekkje nokre utviklings- og utgreiingskostnader på enkelte av tilskottsordningane.

På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom organ som ikkje er ein del av statsforvaltninga. Dette gjeld særleg Innovasjon Noreg. Kommunane er førstelinestyresmakt for dei fleste økonomiske verkemidla på landbruks- og matområdet, og omsetnadsledda har som omtalt, ei medhjelparrolle i utbetalinga av tilskott til produsentane. I samband med ikkje-statleg tilskottsforvaltning har departementet klargjort ansvar og oppgåver for desse aktørane. På nokre område er det fastsett at eit styre, utval eller råd, skal tildele tilskottsmidlar, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat og har ansvar for alle dei andre forvaltningsoppgåvene. I desse samanhengane er det departementet si vurdering at tilskottsforvaltninga framleis skjer innanfor statsforvaltninga.

Departementet og forvaltninga arbeider kontinuerleg med å få eit så godt kontrollsystem som mogleg. Det er sett i gang prosessar for å styrkje kontrollfunksjonen Fylkesmennene har på landbruksområdet, og det blir mellom anna stilt krav til fylkesmannsembeta om at det kvart år skal utarbeidast ein risikobasert kontrollplan og gjennomførast føretakskontroll og forvaltningskontroll av kommunar. Når det gjeld kompetanse i landbruksforvaltninga, har fylkesmannen og Landbruksdirektoratet ei kontinuerleg oppfølging gjennom rettleiing og rådgiving, kommunesøk, særskilde kommunesamlingar og kompetansetiltak retta mot dei landbruksansvarlege i kommunane.

Samla sett har det målretta arbeidet med kontroll og oppfølginga av kontroll dei siste åra gitt gode resultat. Det er likevel framleis utfordringar med kontroll og vidareutvikling av kontrollsystema i jordbruket. Det gjeld særleg å sikre at kommunane har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar, og at fylkesmannen og kommunane får ei meir systematisk oppfølging av avvik. Departementet legg til grunn at det er eit kontinuerleg behov for forbetring av kontrollsystema.

Riksrevisjonen har i fleire samanhengar peika på svakheiter ved systemet for kontroll med utbetalingar av tilskott over jordbruksavtalen og rolla kommunane har i tilskottsforvaltninga. Landbruks- og matdepartementet vil følgje opp dette området vidare framover.

Rapportering 2017

Ved sida av å produsere varer og tenester for ein marknad, er norsk landbruks- og matsektor leverandør av ei rekkje fellesgode, dvs. gode som ikkje kan omsetjast i ein marknad. Verkemidla bidreg til at hovudmåla for politikken blir nådde gjennom produksjon av varer og tenester for ein marknad i kombinasjon med produksjon av fellesgode.

For å oppnå hovudmåla for politikken er mange av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å sikre lønsam produksjon over heile landet, for å optimalisere den geografiske produksjonsdelinga og i nokon grad påverke måten produksjonen skjer på. Mange av tilskottsordningane er horisontale ordningar, dvs. at dei verkar inn på fleire av måla samstundes. Det gjeld mellom anna tilskott som skal sikre det økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målspesifikke vil òg kunne påverke andre mål. Dette gjer at tradisjonell resultatmåling, som følgje av eit konkret tiltak eller tilskott, ikkje gir fullgod informasjon.

Når det gjeld måla for landbrukspolitikken, som er omtalt mellom anna i innleiinga, finst det verkemiddel for å nå fleire av desse, både over jordbruksavtalen og via andre kapittel i budsjettet. Det omfattar mellom anna økonomiske tiltak retta mot næringsutvikling, busetjing og sysselsetjing, verkemidla for matsikkerheit m.m. Produksjon av trygg mat er ein grunnleggjande føresetnad òg for næringspolitikken i jordbruket, men dei spesifikke verkemidla er i stor grad av ikkje-økonomisk karakter, og dei matpolitiske verkemidla ligg utanfor avtalen. Det finst òg fleire juridiske verkemiddel som kan verke mot same mål som dei økonomiske. Saman med at dette er tiltak og rammer for sjølvstendige næringsutøvarar, gjer dette at måloppnåinga ikkje kan bli målt på enkelte tiltak, men på indikatorar som viser utviklingstrekka i næringa samla sett. For denne resultatrapporteringa, sjå del III.

Jordbruksoppgjeret 2018

Jordbruksoppgjeret 2018 blei avslutta med ein avtale mellom staten og jordbruket ved Norges Bondelag og Norsk bonde- og småbrukarlag 16. mai 2018. I sluttprotokollen viser partane til stortingetshandsaminga av Meld. St. 11 (2016–2017), jf. Innst. 251 S (2016–2017), og regjeringa si Jeløya-plattform. Den inngåtte jordbruksavtalen er basert på dette grunnlaget. Partane viser også til formålsparagrafen i Hovudavtalen, som seier at formålet med forhandlingane er å regulere tiltak som er eigna til å fremje fastlagde mål for jordbruket.

Jordbrukspolitikken er basert på mange ulike mål, der kryssande omsyn må vegast mot kvarandre.

Jordbruksavtalen omfattar målprisane for perioden 1.7.2018 til 30.6.2019 og tilskott som blir utbetalt i 2019. Det kan òg gjerast justeringar av løyvingane i 2018 innanfor ei uendra økonomisk ramme. Den inngåtte jordbruksavtalen med forslag til endringar i budsjettvedtak for 2018 blei lagd fram for Stortinget i Prop. 94 S (2017–2018). Som vedlegg til proposisjonen la departementet også fram ein ny «Nasjonal strategi for økologisk jordbruk».

Proposisjonen blei handsama i Stortinget den 14. juni 2018 på grunnlag av Innst. 404 S (2017–2018) frå næringskomiteen.

Budsjettframlegg 2019

I jordbruksoppgjæret blei den samla løyvinga på kap. 1150 auka med 770,0 mill. kroner. Postane 71 og 73 er overslagsløyvingar der satsar og volum styrer løyvingsbehovet. Over ordningane på post 73 er det lagt til grunn ei volumendring som aukar løyvinga på kap. 1150 med ytterlegare 42,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2018. Hovudårsakene er auka normalavlingar på korn og ein aukande kjøttproduksjon. Samla løyving i 2019 blir etter dette 15 920,5 mill. kroner, mot 15 107,9 mill. kroner i saldert budsjett for 2018.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å kunne ha finansiering av kostnader til utvikling av IKT-/fagsystem i forvaltninga av tilskott til jordbruket, evalueringar av ordningane og arbeidsgrupper som er sette ned av avtalepartane eller vedtekne av Stortinget. I nokre tilfelle der kostnadene er direkte relaterte til konkrete tilskottsordningar, kan dei òg bli finansierte over ordningane.

Rapportering 2017

Landbruksdirektoratet arbeider for tida med ei omfattande fornying av IKT-plattformen for tilskottsforvaltningane. Det blei utbetalt 8,6 mill. kroner over ordningane i 2017. Arbeidet med det nye systemet i eStil har gått etter planen og blir avslutta i 2018. Det blei brukt 6,8 mill. kroner til utvikling av det nye fagsystemet «Agros» som erstattar det gamle systemet «Saturn». Dette er noko mindre en budsjettert, og kjem av at ein del kostnader er overført til 2018 og 2019.

Budsjettframlegg 2019

Det er to store pågåande prosjekt for nye IKT-løysingar til forvaltningane. Utvikling av systemet «Agros» er til saman budsjettert til 24 mill. kroner og skal vere fullført i 2019. Det er sett av 3,8 mill. kroner i 2019. Det er òg starta opp eit arbeid med ei ny IKT-løysing for forvaltning av importvern og råvareprisordningane (RÅK-ordningane). Arbeidet blei starta opp i 2018, og i 2019 er det sett av 15,5 mill. kroner til dette. Det er også sett av til saman 1,2 mill. kroner til digitalisering knytt til erstatningsordningane og til overføring av oppgåver til fylkeskommunane.

Til arbeidsgrupper og utgreingar for avtalepartane og Stortinget er det sett av 2,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 24,0 mill. kroner.

Post 50 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)

Formål med løyvinga

Midlane over posten blir løyde til Landbrukets utviklingsfond (LUF). I tråd med vedtektene til LUF kan fondsmidlane nyttast til tiltak som tek sikte på å styrkje og bygge ut næringsgrunnlaget på dei enkelte landbruksforetaka. Ordningane under LUF omfattar verkemiddel knytte til næringsutviklings- og miljøtiltak, medrekna mellom anna tilskottsordningar, utviklingsprogram og prosjekt. Auka verdiskaping er eitt av hovudmåla for landbruks- og matpolitikken, og fleire av verkemidla under LUF skal bidra til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. For ordningane som blir forvalta av Innovasjon Noreg, står målsetjingane om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø sentralt.

Gjennom utforminga av dei regionale bygdeutviklingsprogramma, medrekna regionale næringsprogram, regionale miljøprogram og regionale skog- og klimaprogram, blir det utforma regionalt tilpassa strategiar for verkemiddelbruken.

Rapportering 2017

Departementet viser til Prop. 94 S (2017–2018) for ein detaljert omtale av dei enkelte ordningane som er finansierte over LUF. Ordningane det er gitt støtte til, kan grovt sett delast inn i sju område:

- bedriftsretta midlar og støtte til Matmerk
- tilrettelegging for næringsutvikling
- rekruttering og kompetanse

- forskning
- skogbruk og fornybar energi
- konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift
- verkemiddel retta mot miljø- og klimatiltak og økologisk landbruk

Budsjettframlegg 2019

Med bakgrunn i Prop. 94 S (2017–2018), og stortingshandsaminga av han, jf. Innst. 404 S (2017–2018), gjer departementet framlegg om ei løyving for budsjettåret 2019 på 1133,6 mill. kroner. Tabell

2.9 viser kapitalsituasjonen for LUF 2017–2019. Med ei eingongsoverføring av udisponerte midlar på 225 mill. kroner for 2018 blir eigenkapitalen og likviditeten til fondet moderat svekt for 2018. Prognosen for 2019 viser at eigenkapitalen og likviditeten blir ytterlegare svekt. Erfaringa tilseier at den faktiske utviklinga kan avvike noko frå prognosane, mellom anna som følgje av fråfall i ansvar og styrking av eigenkapitalen gjennom tilførsel av eingongsmidlar. Kapitalsituasjonen og likviditetsutviklinga for LUF må haldast under oppsikt.

Tabell 2.9 Framføring av kapitalsituasjonen for LUF 2017–2019 med prognosar over framtidige utbetalingar (mill. kroner)

	Rekneskap 2017	Prognose 2018	Prognose 2019
Løyving ¹	1 148,1	1 123,6	1 133,6
Kompensasjon for auka CO ₂ -avgift, jordbruk og skogbruk	55,0		
Eingongsoverføring, udisponerte midlar	94,5	225,1	
Renteinntekter	8,1	5,8	6,8
Andre inntekter	55,9	25,2	25,2
Sum tilførsel	1 361,5	1 379,7	1 165,6
Utbetalingar, jf. statusrapport LUF 10/2018	1 338,7	1 454,4	1 454,4
Endring i tilskottsramme ²			111,0
Sum utbetalingar	1 338,7	1 454,4	1 565,4
Endring i eigenkapital	22,8	-74,8	-399,8
Innestående i Norges Bank, inkl. a konto IN	1 658,9	1 643,4	1 294,6
Utestående investeringslån	186,0	126,8	75,7
Sum eigenkapital i LUF	1 844,9	1 770,2	1 370,4
Likviditet			
Tilført årsløyving, renteinntekter m.m.	1 361,5	1 379,7	1 165,6
Netto tilførsel av kapital ifm. investeringslån (avdrag)	64,5	59,2	51,1
Disponibel likviditet	1 426,0	1 438,9	1 216,7
Utbetalingar	1 338,7	1 454,4	1 565,4
Endring i likviditet	87,3	-15,5	-348,7

¹ I tråd med føringar i Prop. 94 S (2017–2018) er det rammeoverført 10 mill. kroner frå underpost 77.15 til LUF. Det gjeld avsetjing til handlingsplanen for berekraftig bruk av plantevernmidel. Løyvinga til fondet og tilskottsramma frå fondet er difor 10 mill. kroner høgare enn i Prop. 94 S (2017–2018).

² Auken i tilskottsramme som er lagt til grunn i 2019 vil trulig ikkje komme til full utbetaling i 2019.

Tabell 2.10 viser tilskottsramma for LUF i 2019 og endringar i tilskottsramme frå 2018 til 2019. Tilskottsramma for fondet for 2019 blir sett til i alt 1 610 mill. kroner, inkl. avsetjing til rentestøtteutbetalingar. Ein vesentleg del av tilskottsramma for LUF 2019 er avsett til ordningar som skal stimulere til investeringar og bedriftsutvikling, næringsutvikling og gründerskap i landbruket. Skogbruk, og ordningar som gjeld klima- og miljøtiltak, utgjer ein annan sentral del av tilskottsramma til fondet.

Samordna innsats for utvikling og bruk av miljø- og klimavennleg teknologi i landbruket

Landbruket må tilpasse seg endra klimaforhold og bidra til redusert påverknad på miljø og klima. Teknologi er ein sentral drivar for utvikling av berekraftige løysingar innan jordbruksproduksjon. Nye teknologiske løysingar kan bidra både til auka effektivitet og lønsemd og til meir miljø- og klimavennleg drift.

Med dette som utgangspunkt er partane samde om ein meir heilskapleg og samordna utviklingspakke for miljø- og klimavennleg teknologi i jordbruket. Målet er å stimulere til reduserte klimagassutslepp frå sektoren, bidra til meir miljøvennleg drift, og auke verdiskapinga og konkurransekrafta gjennom effektiv ressursutnytting. Dette blir gjort gjennom klarare vektlegging av og ein forsterka innsats på områda i eksisterande ordningar. Dei aktuelle ordningane femnar om tiltak frå FoU, via pilotering og investering til rådgiving og praktisk gjennomføring på det enkelte gardsbruk:

- forsterka FoU-innsats gjennom forskingsmidlar og utgreiingsmidlar og gjennom klima- og miljøprogrammet
- utviding av formål og forsterking av Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket, slik at det også omfattar utviklingsprosjekt knytt til teknologiutvikling i landbruket
- prioritering av prosjekt med miljø-, klima- og energieffektive løysingar innanfor IBU-ordninga
- rådgiving om presisjonsjordbruk i regi av Norsk Landbruksrådgiving

Det er behov for betre samordning på området mellom dei ulike aktørane som har ei sentral rolle i bruken av verkemidla som er nemnde over, for å sikre ein heilskapleg og effektiv verkemiddelbruk. Det skal etablerast ei koordineringsgruppe leia av Landbruks- og matdepartementet, og som består av Innovasjon Noreg, Norsk Landbruksrådgiving, Landbruksdirektoratet, Forskningsrådet, Landbruks- og matdepartementet, Klima- og miljødepartementet og organisasjonane i jordbruket. Aktuelle tema for drøfting i gruppa kan vere synleggjering av den samla aktiviteten på området, koordinering av aktivitetar på tvers av organisasjonane og felles prosjektutlysingar.

I arbeidet skal det særleg leggjast vekt på teknologiutvikling som bidreg til reduserte klimagassutslepp frå jordbruket, auka effektivitet gjennom automatisering og digitalisering, og løysingar som bidreg til effektiv og god ressursutnytting, til dømes i samband med teknologiutvikling i grøntsektoren, bruk av husdyrgjødsel, redusert matsvinn, energiforsyning og val av byggjemateriale.

Tabell 2.10 Tilskottsramme for LUF 2019 (mill. kroner)

	2018 ⁵	2019	Endring 2018–2019
Bedriftsretta midlar til investering og utvikling	634,5	634,5	0,0
Utgreiings- og tilretteleggingsmidlar	48,0	48,0	0,0
Områderetta innsats			
<i>Arktisk landbruk</i>	2,0	2,0	0,0
<i>Fjellandbruket</i>	0,0	2,0	2,0
Rekruttering og kompetanse i landbruket			
<i>Nasjonale kompetansetiltak (KIL-midler)</i>	6,0	4,0	-2,0
<i>Regionale tilskott til rekruttering og kompetanseheving</i>	14,0	14,0	0,0
<i>Nasjonal modell for vaksenagronom¹</i>	11,0	15,0	4,0
<i>Mentorordning</i>	0,0	2,0	2,0
Forsking og utvikling	55,0	65,0	10,0
Matmerk	55,0	63,0	8,0
Utviklingsprogrammet	102,5	106,0	3,5
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	67,0	77,0	10,0
Skogbruk ²	222,0	242,0	20,0
Midlar til konfliktføreb. tiltak jordbruk/reindrift	1,5	2,0	0,5
Dyrevelferdsprogram mink	2,0	0,0	-2,0
Utsiktsrydding	8,0	0,0	-8,0
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	95,0	115,0	20,0
Drenering	58,0	58,0	0,0
Investeringsstøtte organisert beitebruk ³	13,0	18,0	5,0
Handlingsplan for plantevernmidde ⁴	0,0	10,0	10,0
Klima- og miljøprogram	20,0	20,0	0,0
Klimasmart landbruk	0,0	20,0	20,0
Biogass	2,0	3,0	1,0
Støtte verdsarvområda og utvalde kulturlandskap	13,5	18,5	5,0
Utviklingstiltak innan økologisk landbruk	31,0	31,0	0,0
SUM tilskottsramme	1 461,0	1 570,0	109,0
Rentestøtte – utbetalningar	38,0	40,0	2,0
SUM tilskottsramme inkl. utbetalningar rentestøtte	1 499,0	1 610,0	111,0

¹ Inkluderer 2 mill. kroner til implementering av felles digitale løysingar.

² 8 mill. kroner av løyvinga skal øyremerkast miljøtiltak i skogbruket.

³ Auken på 5 mill. kroner skal nyttast til investeringar innan teknologi.

⁴ Avsetjinga til handlingsplanen for berekraftig bruk av plantevernmidde er rammeoverført frå post 77.15 til LUF.

⁵ Partane er samde om at St. Olavs hospital etter søknad til Landbruksdirektoratet kan innvilgast inntil 2,5 mill. kroner i 2018 for etablering av «Nasjonalt Fagkompetansesenter for landbrukshelse».

Ein omtale av dei enkelte ordningane følgjer nedanfor. Departementet viser til Prop. 94 S (2017–2018) for ein meir utfyllande omtale av ordningane.

Investering og bedriftsutvikling i landbruket

Midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket har eit todelt formål: å bidra til utvikling av ny næringsverksemd på landbrukseigedommane, med mål om auka sysselsetjing, og å bidra til utvikling og modernisering av det tradisjonelle landbruket, med eit særskild mål om effektivisering av produksjonen. Gjennom investeringar og moderniseringar i driftsapparatet og bruk av ny teknologi, oppnår ein effektivisering og auka produktivitet i landbruket. Ordninga er også eit målretta verkemiddel for å fremje rekruttering til næringa, både fordi yngre gardbrukarar investerer i større grad enn eldre, og delvis fordi mange eldre som investerer, gjer det for å leggje til rette for neste generasjon. Næringsutøvarar under 35 år er prioriterte i delar av regelverket.

Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket skal leggjast til grunn for forvaltninga av midlane. Innovasjon Noreg får høve til å fastsetje enkelte standardar for saksbehandlingspraksis. Dette gjeld t.d. å kunne definere omfang/kriterium for «mindre investeringar» ved generasjonsskifte.

Det blir utover dette gitt følgjande nasjonale føringar for forvaltninga av IBU-midlar i 2019:

- Støtte til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon skal prioriterast i produksjonar med marknadspotensial.
- Det skal særskild prioriterast støtte til frukt- og grøntnæringa, veksthusnæringa og kornproduksjon. I kornproduksjonen skal tilskott til tørke- og lageranlegg prioriterast.
- Det skal ikkje løyvast tilskott til investeringar i sauefjøs i 2019, med unntak for støtte til økologiske saueprodusentar som må gjere større investeringar på grunn av endra krav til liggjeareal som følgje av implementeringa av EUs økologiregelverk frå mars 2017.
- I vurderinga av lønsemd i investeringsprosjektet må det takast omsyn til det samla næringsgrunnlaget på bruket.
- Ulike eigarformer skal sidestillast ved prioritering mellom søknader.
- Det skal takast omsyn til nye krav til dyrevelferd, medrekna kravet om lausdriftsfjøs, og behov for fornying av driftsapparatet.
- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av støtte.

- Innan mjølkeproduksjon er det særleg behov for å prioritere fornying av fjøs med 15–30 kyr.
- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast, til dømes ved bruk av tre som byggemateriale og investering i andre miljø- og klimasmarte løysingar i samband med investering i ny driftsbygning.
- Geitemjølkkprodusentar som omstiller til annan produksjon, og som sel heile kvoten gjennom oppkjøpsordninga for geitemjølkkvotar, kan få ekstra investeringstilskott på inntil 500 000 kroner. Dette tilskottet kjem i tillegg til eventuell ordinær IBU-støtte. Lønsemdsvurderingar må liggje til grunn for tildeling av støtte til ny produksjon. Moglegheiter for å søkje om ekstra investeringstilskott gjeld til og med 2020. Søknader må fremjast i samband med dei ordinære søknadsrundane i fylka.
- Det kan innvilgast investeringstilskott til bygging av gjødsellager med fast toppdekke eller 10–12 månaders lagringskapasitet, avgrensa til 20 pst. av godkjend kostnadsoverslag for tiltaket. Øvre grense for tilskott er sett til 100 000 kroner per prosjekt. Det kan ikkje innvilgast tilskott til bygging av gjødsellager på leigd areal.
- Det kan bli gitt inntil 100 mill. kroner i risikolån. Tapsavsetjinga skjer innanfor ramma av IBU-midlane. Nivået på tapsfondavsetjinga skal reduserast.
- Strategiske føringar frå den regionale partnerskapen er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar i den enkelte regionen/fylket. Det er også høve til å prioritere mellom ulike område i regionen/fylket. Faglagar skal inngå i dei regionale partnerskapa.
- Maksimal prosentsats for tilskott til investeringar blir ført vidare med inntil 35 pst. av godkjent kostnadsoverslag for investeringa. Den øvre grensa for tilskott på 2 mill. kroner per prosjekt, med unntak for Troms og Finnmark, blir også ført vidare.

Fylkesvise midlar til utgreiings- og tilretteleggings-tiltak

Dei fylkesvise midlane til utgreiings- og tilretteleggings-tiltak skal bidra til utvikling og fornying av det tradisjonelle landbruket og til å støtte opp under utvikling av andre landbruksbaserte næringer gjennom utviklings- og kompetansehevande tiltak og mobiliseringstiltak. Midlane skal støtte opp om innleiande fasar og arbeid knytt til landbruksbasert næringsutvikling regionalt, og kan løyvast til organisasjonar, institusjonar, kommunar

og ulike former for samarbeidsorgan, hovudsakleg innanfor landbruket.

Partane er samde om at avsetjinga til utgreiings- og tilretteleggingstiltak blir sett til 48 mill. kroner i 2019. Den strategiske innretninga på bruken av utgreiings- og tilretteleggingsmidlane må vere godt samordna med den strategiske innretninga for dei bedriftsretta verkemidla regionalt. I samband med at ordninga frå 2020 skal forvaltast av fylkeskommunane, vil det bli utarbeidd ei forskrift for forvaltninga av midlane. Det overordna ansvaret for forvaltning av ordninga blir overført frå Landbruks- og matdepartementet til Landbruksdirektoratet frå 2019.

Områderetta innsats

I perioden 2012–2014 blei det løyvd 9 mill. kroner over jordbruksavtalen til arktisk landbruk, og i perioden 2014–2016 blei det løyvd 18 mill. kroner over jordbruksavtalen til fjellandbruket, under ordninga områderetta innsats. Erfaringane frå dette arbeidet har vist at særleg innsats for utvikling av landbruket i avgrensa område har positive effektar. Med basis i desse erfaringane er partane samde om å avsetje ytterlegare midlar over jordbruksavtalen til områderetta innsats.

Fylkesmannen skal ha ansvaret for å forvalte den områderetta innsatsen. Eitt fylkesmannsembete i kvart område får eit koordinerande ansvar for satsinga opp mot andre fylkesmenn, fylkeskommunar, næringsorganisasjonar og eventuelt andre aktørar i det enkelte området. Det er semje om å avsetje 4 mill. kroner til områderetta tiltak i 2019, med sikte på ei treårig satsing i desse områda.

Arktisk landbruk

Satsinga på arktisk landbruk omfattar Nordland, Troms og Finnmark. I jordbruksoppgjæret 2017 blei det sett av 2 mill. kroner til arktisk landbruk for 2018, som skal byggje på erfaringane frå satsinga i perioden 2012–2014. Avsetjinga blir ført vidare i 2019.

Fjellandbruket

Satsinga omfattar fjellandbruket i Trøndelag, Innlandet, Telemark og Vestfold, samt Viken. Satsinga skal byggje vidare på erfaringane med tilsvarende satsing i perioden 2014–2016, der det blei lagt vekt på rekruttering til næringa og utvikling av potensialet for auka verdiskaping i fjellandbruket. Det blir sett av 2 mill. kroner til satsinga i 2019.

Rekruttering og kompetanseheving i landbruket

Agronomisk kompetanse og kunnskapsbasert driftsleiing er viktig for eit berekraftig landbruk, og for å nå målet om auka matproduksjon. Fleire ordningar over jordbruksavtalen bidreg til å styrkje kompetansen i næringa. Samspelet mellom formell landbruksutdanning, andre kompetansehevande tiltak og den landsomfattande rådgivingstenesta frå Norsk Landbruksrådgiving gir samla sett den enkelte næringsutøvar i landbruket eit omfattande tilbod innan kunnskaps- og kompetanseheving.

Fylkesvise midlar til rekruttering og kompetanseheving

Fylkeskommunane forvaltar verkemiddel til styrking av innsatsen innanfor rekruttering og kompetanseheving i landbruket.

Partane er samde om å setje av 14 mill. kroner til rekruttering og kompetanseheving for 2019. Prioriterte område for ordninga er støtte til etter- og vidareutdanning i landbruket og tiltak som rettar seg inn mot rekruttering, likestilling og omdømmebygging.

Nasjonal modell for vaksenagronom

Ei fleksibel landbruksutdanning er eit viktig tiltak for dei som ønskjer seg inn i næringa, men som ikkje har landbruksfagleg utdanning eller tilknytning til landbruket frå før. Avtalepartane er samde om å løyve 15 mill. kroner til ein nasjonal modell for vaksenagronomopplæring i 2019. Av beløpet skal 2 mill. kroner nyttast til implementering av felles digitale løysingar.

Gartnarutdanninga er ikkje omfatta av retningslinene for Vaksenagronomen og den tilhøyrande finansieringsordninga. Det er viktig også å leggje til rette for rekruttering til gartnarutdanning og bidra til rett kompetanse innanfor grøntsektoren. Partane er difor samde om at det kan vere formålstenleg at den nasjonale modellen også kan omfatte tilbod om gartnaropplæring for vaksne. Før ein kan innarbeide ei slik ordning i retningslinene må det gjerast ei vurdering i samarbeid med utdanningsstyresmaktene. Det er difor sett ned ei hurtigarbeidande gruppe med representantar frå partane og utdanningsstyresmaktene med sikte på å innarbeide retningsliner i den nasjonale modellen for vaksenagronomen som også omfattar gartnaropplæring tilsvarende Vg3 Gartnarfag. Partane ønskjer også å ha med Norsk Gartnerforbund i arbeidet. Tidspunktet for ei slik innføring vil vere avhengig av kva som kjem

fram i dette arbeidet, men det er eit mål at det kan implementerast så raskt som råd, gjerne allereie frå hausten 2019.

Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket

Programmet skal bidra til kompetanseutvikling for yrkesutøvarar innan primærlandbruket eller innanfor andre næringar som har tilknytning til landbruket, gjennom utvikling av nasjonale og regionale kompetansetilbod.

Landbruksdirektoratet vil frå 2019 overta forvaltninga av Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL) frå Matmerk. Faglagar i jordbruket vil framleis ha ei rolle når det gjeld bruken av midlane. Det blir lagt opp til ein nærare dialog om dette i løpet av 2018.

Partane er samde om å løyve 4 mill. kroner til KIL i 2019. Inntil 1 mill. kroner kan nyttast til kurs for avlørsarar og landbruksvikarar.

Mentorordning i landbruket

I tråd med føringane frå jordbruksoppgjeret i 2016 er det frå 2017 prøvd ut ei lågterskel mentorordning i landbruket i regi av Norsk Landbruksrådgiving (NLR). Prøveordninga vil gå ut 2018 og bli prøvd ut i regionane Trøndelag, Agder, Hedmark/Oppland og Sogn og Fjordane. Partane er samde om at ordninga skal først vidare i si noverande form i 2019, og finansierast med 2 mill. kroner. Ordninga er i dag avgrensa til ei prioritering av unge bønder under 35 år. Dette blir endra til prioritering av *nye bønder*. Forsøket skal evaluerast til jordbruksoppgjeret 2019.

Forsking og utvikling

Partane er samde om at avsetjinga til forsking blir auka med 10 mill. kroner til 65 mill. kroner i 2019.

Midlar til forsking og utvikling over jordbruksavtalen har som formål å støtte utvikling av ny kunnskap og teknologi i landbruks- og matsektoren. Forsking av høg kvalitet og med relevans for næringsliv i sektoren skal bidra til auka matproduksjon og trygg mat og til berekraft og konkurransevne i sektoren. Styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen skal ved utlysing og tildeling ta omsyn til behovet for kunnskap om reduserte utslepp av klimagassar frå jordbruket og auka lagring av karbon i jord og skog. Vidare skal prosjekt som bidreg til oppfølging av regjeringa sin strategi for bioøkonomi prioriterast. Det skal leggjast mindre vekt på internasjonal relevans for prosjekt som blir finansierte med JA-midlar. Vi

viser vidare til kap. 7.2 i Prop. 94 S (2017–2018) og behovet for ein heilskapleg innsats for utvikling av miljø- og klimavennleg teknologi. Styret prioriterer nærare innanfor desse områda.

For å sikre tilstrekkeleg kunnskap om miljø, klima og dyrevelferd, må fullfinansiering av forskingsprosjekt innanfor desse områda vurderast i større grad. Vidare skal deltaking i det norsk-svenske samarbeidet innan hesteforskning først vidare. Det skal avsetjast 3 mill. kroner årleg til eit femårig forskingsprosjekt for å styrkje kunnskapsgrunnlaget innan skog og klima.

Minst 5 mill. kroner av avsetjinga skal disponerast under posten til utgreiingar. Utgreiingar som er knytte til teknologiutvikling som kan gi reduserte klimautslepp og auka konkurransekraft skal prioriterast. Følgjande tema bør greiast ut til jordbruksoppgjeret 2019:

- økonomiske og miljømessige gevinstar ved presisjonsjordbruk
- moglegheiter for auka binding av karbon i jord
- korleis tilbodet frå ulike husdyrproduksjonar varierer med endringar i prisar og tilskott, medrekna ulik vektning av produksjonsavhengige og produksjonsnøytrale tilskottsordningar

Utgreiingsmidlane skal lysast ut på ordinær måte.

Matmerk

Stiftinga Matmerk har som formål å styrkje konkurransevne til norsk matproduksjon og å skape preferanse for norskprodusert mat. Det skjer gjennom arbeid med kvalitetssikring, kompetanse og synleggjering av norske konkurransefortrinn og opphav overfor matprodusentar, handelsnæringa og forbrukarane. Stiftinga har som oppgåve å administrere og utvikle vidare Kvalitetssystem i landbruket (KSL), godkjenning- og merkeordninga for Inn på tunet, merkeordningane Nyt Noreg, Beskytta nemningar og Spesialitet, generisk informasjon om økologisk mat, og å drifte databasen lokalmat.no. Stiftinga skal også bidra til profilering og marknadstilgang for norske matspesialitetar og drifte den nasjonale nettstaden for Inn på tunet. Frå 2019 blir oppgåva med å forvalte KIL-midlar overført frå Matmerk til Landbruksdirektoratet.

I samband med eit oppgradert KSL-system er det behov for eit nasjonalt opplæringsprogram for bønder, skolar og rådgivarar for å sikre god kunnskap og bruk av systemet. Matmerk har peika på eit stort behov for å auke revisjonsfrekvensen i KSL, særleg innanfor risikobaserte produksjonar.

Matmerk har ansvaret for godkjenningsordninga for Inn på tunet. For 2019 er det planlagt gjennomført om lag 300 ny-/regodkjenningar. Vidare er det behov for vidareutvikling av standardar. Som ei oppfølging av handlingsplanen for Inn på tunet skal også rettleiande materiell for Inn på tunet innanfor psykisk helse og rusomsorg ferdigstillast i 2019.

Lokalmat.no har etter kvart utvikla seg til å bli ein viktig kanal for både kjøparar og seljarar av lokalmatprodukt. Det er behov for å vidareutvikle og forbetre databasen ytterlegare, spesielt med tanke på forenkling og auka nytteverdi for lokalmatprodusentane. Dette må skje med utgangspunkt i råd og føringar frå styringsgruppa som er etablert for arbeidet.

Det er eit mål å auke den samla omsetnaden av lokalmat frå alle salskanalar til 10 mrd. kroner innan 2025. Dagens salsmålingar omfattar sal via dagligvarehandelen. HoReCa-marknaden er ein viktig omsetnadskanal for lokalmatprodukt som det òg er viktig å inkludere i målingane for å få eit meir korrekt inntrykk av utviklinga på området.

Matmerk forvaltar fleire merkeordningar for norsk mat. Auka verdiskaping i landbruket gjennom mangfaldige, synlege og tilgjengelege norske matspesialitetar og merkebrukarar er mellom anna vektlagd i regjeringa sin strategi for landbruks- og reindriftsbasert reiseliv. Det er òg starta eit arbeid med å utvikle matnasjonen Noreg, der merkeordningane kan spele ei viktig rolle.

Basert på dette er partane samde om å auke den samla avsetjinga til Matmerk for 2019 med 8 mill. kroner til 63 mill. kroner.

Utviklingsprogrammet

Utviklingsprogrammet – landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping skal skape vekst og verdiskaping innan lokalmat, reiseliv, medrekna jakt- og fisketurisme, reindriftsnæringa, Inn på tunet, innlandsfiske og andre landbruksbaserte næringar som er baserte på landbruksressursar. Programmet blir forvalta av Innovasjon Noreg, og er eit sentralt verkemiddel for å nå målsetjingane i landbrukspolitikken og særleg Meld. St. 31 (2014–2015) om vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar. Regjeringa sin strategi for reiseliv basert på ressursane i landbruket og reindrifta, *Opplevingar for ein kvar smak* og ambisjonen om 10 mrd. kroner i samla omsetnad av lokalmat og -drikke frå alle marknadskanalar innan 2025 gir også føringar for Utviklingsprogrammet. Tiltaka over programmet skal også bidra til å realisere matnasjonen Noreg.

Programmet tilbyr tilpassa kompetansetiltak til bedrifter, finansiering til bedrifter som ønskjer å vekse, og støtte til etablering av forpliktande produsentnettverk. Programmet gir også støtte til omdømmetiltak for å byggje stoltheit og auke kompetansen i næringa, i tillegg til å auke kunnskapen om dei ulike områda som programmet dekkjer, både hos forbrukarar, i marknaden og i samfunnet generelt. Fleire regionar er i gang med strategiar og handlingsplanar innan mat og reiseliv, noko som vil gjere det mogleg å bidra til ei vidare utvikling av sterke mat- og reiselivsregionar, i tråd med måla i reiselivsstrategien.

Auka verdiskaping basert på haustbare viltressursar

Ansvaret for forvaltning av haustbare viltressursar blei i 2018 overført frå Klima- og miljødepartementet til Landbruks- og matdepartementet, jf. kgl. res av 27. april 2018. Noreg har lange og sterke tradisjonar for hausting av overskott frå naturen mellom anna ved jakt og fangst. Rekruttering av nye, kompetente jegerar er viktig for at grunneigarane skal kunne hente inntekter frå jakt og for kva omdømme jakta har i samfunnet. Det ligg eit vesentleg potensial for auka verdiskaping gjennom ei berekraftig og meir aktiv forvaltning av dei haustbare viltressursane. Dette kan vere tiltak og aktivitetar som omfattar mellom anna etablering og vidareutvikling av jaktprodukt med ulik tilretteleggingsgrad, i tillegg til foredling og omsetnad av viltkjøtt.

For å få til ei heilskapleg satsing på næringsutvikling basert på haustbare viltressursar, er det sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein handlingsplan. Arbeidsgruppa skal bestå av avtalepartane, samt representantar frå skogbruksorganisasjonane og Norges Jeger- og Fiskerforbund.

Den samla avsetjinga til Utviklingsprogrammet aukar med 3,5 mill. kroner til 106 mill. kroner for 2019. Tiltak som bidreg til fleire vekstbedrifter og oppfølging av reiselivsstrategien skal prioritert, medrekna tiltak som bidreg til næringsutvikling og verdiskaping basert på haustbare viltressursar og andre utmarksressursar.

Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket

Ein auke i produksjonen av biobrensel og leveransar av biovarme frå landbruket aukar verdiskapinga, og bidreg til å nå måla i klima- og energipolitikken.

Frå 2017 opna Innovasjon Noreg for å gi investeringsstøtte til anlegg som kombinerer biovarme-produksjon med straumproduksjon frå solceller. Kombinerte el-/varmeanlegg basert på biobrensel, sokalla CHP-anlegg kan også få støtte. Her blir det stilt dei same krava til lønsemd som for reine bioenergianlegg. Slike løysingar gjer det mogleg for gardsbruk å bli sjølvforsynte med energi. Bioenergi er framleis hovudprioriteringa i satsinga. Eit anna utviklingsområde er produksjon av biokol som sideprodukt til bioenergi. Dette kan vere spesielt interessant som eit klimatiltak, gjennom binding og lagring av karbon i jord. Utviklinga av gardsbaserte biogassanlegg er også eit prioritert område innanfor programmet og den nasjonale klimapolitikken.

Målområdet for programmet blir i 2019 utvida til å omfatte utviklings- og utprøvningsprosjekt innan klima, miljø og energi på gardsnivå. Formålet er å teste ut ny produksjonsteknologi og nye løysingar på gardsnivå som skal bidra til reduserte klimagassutslepp og auka konkurransekraft for næringa. Her vil det mellom anna vere viktig å kople leverandørindustrien og bøndene for utvikling av teknologi og løysingar som enno ikkje er «hylleware».

Norsk Gartnerforbund (NGF) har gjennom tre prosjekt for energirådgeving, som er finansierte over jordbruksavtalen og delvis over dette programmet, oppnådd svært gode resultat. Det er framleis eit stort behov og potensial for energirådgeving for meir klimavennleg og energieffektiv produksjon av norske mat- og prydplanter i veksthus. Det er også eit vesentleg potensial for utvikling av moderne teknologi i veksthus og kjølelager som kan bidra til effektiv og stor produksjon med utvida sesong og moglegheiter for større volum av norske produkt i marknaden. Det er viktig at grøntproduksjonen framover får lågare klimagassutslepp, ein utvida norsk sesong og mindre svinn i produksjonen.

Med utvidinga av formålet for programmet til å omfatte teknologiutvikling i landbruket, endra programmet namn til Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket. Avsetjinga til programmet blir auka med 10 mill. kroner til 77 mill. kroner for 2019.

Skogbruk

Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst*, og Stortingshandsaminga av ho, er retningsgivande for regjeringa sin politikk for skog- og trenæringa. Skogressursane er viktige for sysselsetjing og verdiskaping i Noreg, og som kjelde til fornybar

energi og trematerialar som erstattar meir klimabelastande byggjemateriale. For å bidra til auka verdiskaping i heile verdikjeda, vil regjeringa leggje til rette for auka avverking innanfor berekraftige rammer, dersom det er etterspørsel etter det i marknadan. Samstundes stimulerer regjeringa til auka etterspørsel gjennom å arbeide for bruk av tre i ulike produkt og gjennom opptrappingsplanen for bruk av biodrivstoff. Regjeringa vil styrkje miljøomsyna i skogbruket ved å bruke verkemidla i naturmangfaldlova, og verkemidla i skogbruket, som miljøregistreringar, kunnskapsutvikling og Norsk PEFC Skogstandard, slik at uttaket av biomasse frå skog kan aukast samstundes som det biologiske mangfaldet blir teke vare på. Med bakgrunn i at hogsten har auka dei siste åra, aukar også behovet for planting og ungsogpleie.

Eit godt fungerande skogsvegnett er avgjerande for eit lønsamt skogbruk. Det er framleis behov for å byggje nye skogsvegar og for å heve standarden på gamle vegar for å leggje til rette for ein rasjonell og kostnadseffektiv transport. Veginvesteringane bidreg også til å gjere skogsvegnettet meir robust med tanke på klimaendringar og klimarelaterte skadar.

Eit berekraftig skogbruk krev eit godt kunnskapsgrunnlag for mellom anna å sikre balanse mellom næringsverksemda og varetaking av viktige miljøverdier. Viktige kjelder er Landsskogtakseringa, Kilden (Skogportalen), Askeladden (kulturminne) og Naturbase. Skogeigarane har ansvar for å følgje opp forynging og ta vare på nøkkelbiotopar, i tillegg til friluftsliv og kulturminneverdier. Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar står sentralt i miljøarbeidet i skogbruket. Gjennom skogbruksplanen kan skogeigarane sjølve vurdere balansen mellom bruk og vern i sine prioriteringar. Ei langsiktig forvaltning av skogressursane krev god kunnskap om skogressursar og miljøverdier for å gjere dei rette vurderingane både på kort og lang sikt, og avvegingar mellom bruk og vern. Fordi skogbruksplanprosjekta går over fleire år varierer både arealtal og utbetalingar frå år til år. Med bakgrunn i behovet for tilskottsmidlar som fylkesmennene melder inn, er det grunn til å tru at kartleggingsaktiviteten vil auke framover.

Tilskott til miljøtiltak i skogbruket skal sikre at miljøverdier knytte til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen blir tekne vare på og utvikla vidare. Til dømes kan midlane gå til skjøtsel av nøkkelbiotopar og til å fjerne frammande artar. Tiltaka skal gjennomførast i tråd med forskrift om næringsutvikling og miljøtiltak i skogbruket. Kompetansehevande tiltak står sen-

tralt i gjennomføringa av skogpolitikken. Skogbrukets Kursinstitutt (Skogkurs) er ein viktig aktør, som rettar seg mot både offentleg forvaltning og det private rettleiingsapparatet, skogeigarar, skogsarbeidarar og entreprenørar over heile landet. Jamleg kompetanseheving er ein føresetnad for at det skal vere mogleg for skogeigarane sjølve å leggje til rette for auka verdiskaping med basis i ressursane på eigedommen.

Avsetjinga til skogbruk aukar med 20 mill. kroner til 242 mill. kroner for 2019. Av dette skal 8 mill. kroner nyttast til miljøtiltak i skogbruket. Det er ein auke på 5 mill. kroner frå 2018. Fordelinga mellom dei ulike verkemidla vil bli gjort etter drøftingar mellom avtalepartane. Næringsorganisasjonane i skogbruket vil også bli inviterte til å delta.

Midlar til konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift

Midlar til konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift blir forvalta av Fylkesmannen i Trøndelag og blir hovudsakleg nytta til gjerdebygging, men òg til ekstraordinære tiltak for gjeting, føring og beiteundersøkingar. Partane er samde om å auke avsetjinga for 2019 med 0,5 mill. kroner til 2 mill. kroner. Auken skal øyremerkjast prosjektet «Fremtidsrettet reindrift og jordbruk i områder med arealkonflikter i Hedmark og Trøndelag», jf. avtale om dette i årets reindriftsforhandlingar. Prosjekteigaren for prosjektet blir Fylkesmannen i Hedmark. Den total avsetjinga er på nivå med den tilsvarende avsetjinga over reindriftsavtalen. Arbeidet med å gjere ordninga kjend i aktuelle område, må vidareførast.

Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen

Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen skal bidra til å halde kulturlandskapet ved like og til å redusere miljøbelastninga frå jordbruket, som utslepp til luft og vatn. Fleire av miljøordningane bidreg òg til betre agronomi og vil ha positiv innverknad på jordbruksproduksjonen.

Miljø- og klimavennleg matproduksjon

Over jordbruksavtalen er det fleire økonomiske verkemiddel som skal stimulere til redusert avrenning til vassdrag og kyst, til dømes blir det gitt tilskott for at areal med korn og vassdragsnære areal ikkje blir jordarbeidde om hausten. Gjennom arbeidet med vassforvaltningsplanane i tråd med EUs rammedirektiv for vatn og vassfor-

skrifta har internasjonale mål for vassmiljø i seinare tid blitt konkretiserte ned til dei enkelte vassområda og vassførekomstane. Dei første vassforvaltningsplanane blei godkjende av Klima- og miljødepartementet i juli 2016, og tiltak skal vere sette i gang innan utgangen av 2018. Gjennom dette arbeidet har det komme fram behov for forsterka innsats mot avrenning frå jordbruket, særleg i dei utsette vassområda som er prega av jordbruk.

Stortinget var i handsaminga av Meld. St. 11 (2016–2017) tydeleg på at sektoransvaret for miljøtiltak i jordbruket først vidare gjennom miljøprogramssatsinga.

Klimagassutsleppa frå jordbruket utgjorde 8,4 pst. av dei samla utsleppa i 2016. Om lag 70 pst. av klimagassutsleppa som blir krediterte jordbrukssektoren i klimagassrekneskapen kjem frå metan frå naturlege prosessar i fordøyinga hos husdyr som storfe og sau og lystgass frå husdyrgjødsel. Dei biologiske prosessane i landbruket kan ikkje erstattast på same måte som prosessar som er baserte på ikkje-fornybare råstoff og produksjonssystem basert på fossile kjelder. Klimautfordringane i jordbruket blei grundig handsama både i rapporten *Landbruk og klimaendringer*, som blei levert til jordbruksoppgjeret 2016, og i Meld. St. 11 (2016–2017), med stortingshandsaminga i Innst. 251 S (2016–2017).

Noreg har ratifisert Parisavtalen og arbeider no for å innfri forpliktinga om å redusere dei nasjonale klimagassutsleppa gjennom ei felles gjennomføring med EU i perioden 2021–2030. Klimalova tredde i kraft 1.1.2018. I lys av 2030-forpliktinga skal jordbruket bidra med sin del for å redusere klimagassutsleppa frå jordbruket, og jordbrukspolitikken skal gå i ei meir klimavennleg retning, jf. Meld. St. 11 (2016–2017), og Meld. St. 41 (2016–2017) og handsaminga av desse meldingane i Stortinget.

Hovuddelen av metanutsleppa kjem frå fordøyingsystemet hos dyra, særleg drøvtyggjarane. Resten kjem frå lagring av husdyrgjødsel. Færre storfe, på grunn av meir effektiv mjølkeproduksjon, og redusert bruk av gjødsel er hovudårsakene til nedgangen i utslepp frå jordbruket frå 1990. Ifølgje Geno har arbeid med avl bidrege til at klimagassutsleppa frå mjølkekyr er reduserte med 10 pst. per produsert eining frå 1980 til i dag. Trass i auka produksjon har endringar i jordbruket bidrege til at forbrenningsutsleppa i jordbruket er reduserte med 30 pst. sidan 1990, av det er 15 pst. frå bruk av traktorar og andre reiskapar. Ammoniakkutsleppa til luft ligg framleis over grensa som Noreg har forplikta seg til internasio-

nalt gjennom Gøteborgprotokollen og EØS-avtalen. Det er stor uvisse om berekningane av utsleppa frå jordbruket. Klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren blir berekna med metodikk etter råd frå FN's klimapanel (IPCC).

Teknisk berekningsutval for klimagassutslepp frå jordbruket som skal gi råd om korleis ein kan forbetre metodikken for jordbruket i utsleppsrekneskapan, er no sett i drift. Utvalet skal avslutte arbeidet sitt innan 1.7.2019.

Utvikling av kunnskapsgrunnlaget for å få betre kunnskap om verknader, kostnader og konsekvensar av eksisterande og moglege nye tiltak må prioriterast høgt framover. Det må òg gjennomførast tiltak i jordbruket som bokførast i andre sektorar enn jordbruk i den norske utsleppsrekneskapan, til dømes å redusere forbruket av energi innan transport og bygg. Det er òg viktig med meir kunnskap om korleis det norske jordbruket kan tilpasse seg eit klima i endring.

Klimasmart landbruk

Prosjektet Klimasmart Landbruk blei etablert i 2017 med formålet å redusere klimaavtrykket frå norsk landbruk ved å sikre betre informasjon om og gode verktøy for klimasmart drift på norske gardsbruk. Klimasmart Landbruk er eigd og blir drifta av Landbrukets Klimaselskap SA som er stifta av Norges Bondelag, Norsk Landbruksrådgiving, Tine, Nortura og Felleskjøpet Agri. Etter kvart har fleire andre sentrale bedrifter og aktørar innan landbruket gått inn i selskapet.

Klimasmart Landbruk skal utvikle eit nytt system og verktøy for å berekne klimaavtrykk og registrere klimakutt tilpassa kvart enkelt gardsbruk, med omsyn både til produksjon og storleik. Målet er òg at grunnlagsdata som blir fanga opp gjennom dette systemet, på sikt skal kunne bidra til betre berekningsmetodar for rapportering i følge Paris-avtalen.

Arbeidet med innsamling av data for å utvikle ein klimakalkulator for landbruket er i gang. I første omgang er utviklingsarbeidet retta inn mot mjølkeproduksjonen og jord/plantedata. Utviklingsperioden held fram ut 2019, då ein vil få på plass klimakalkulatorar og rådgiving om alle typar produksjonar i norsk landbruk.

Det er sett av 20 mill. kroner over statsbudsjettet til prosjektet for 2017 og 2018. Det er i tillegg gitt midlar til prosjektet over Klima- og miljøprogrammet (LUF) i 2018. Partane i jordbruksopp-

gjeret blei samde om å setje av 20 mill. kroner til Klimasmart Landbruk over LUF for 2019.

Utviklingsperioden for prosjektet går ut 2019. Det er ei føresetnad at Klimasmart Landbruk går over i ein driftsfase frå 2020. Partane blei samde om at Klimasmart Landbruk skal leggje frem ein plan for overgangen frå utviklingsfase til driftsfase, der òg planar for framtidig finansiering går fram. Planen skal sendast til avtalepartane innan 31.12.2018.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Formålet med SMIL-ordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og å redusere forureininga frå jordbruket. Tiltaka som bidreg til å redusere forureining under SMIL-ordninga, kan òg bidra til betre agromisk driftspraksis og tilpassing til klimaendringar. I jordbruksoppgjeret 2018 blei det sett av 115 mill. kroner for 2019, noko som er ein auke på 20 mill. kroner. Hydrotekniske tiltak skal prioriterast der er stort behov.

Tilskott til drenering av jordbruksjord

Godt drenert jordbruksjord er avgjerande for å kunne auke matproduksjonen i åra som kjem. Avsetjinga på 95 mill. kroner blir ført vidare i 2019. Mellom anna av omsyn til vassmiljøutfordringar skal areala med korn, grønsaker og poteter framleis prioriterast ved fordeling av midlar.

Investeringsstøtte til tiltak i beiteområde (organisert beitebruk)

Ordninga stimulerer til effektivt samarbeid mellom dyreeigarar og til realisering av nødvendig infrastruktur for næringsutvikling i husdyrproduksjonar basert på utmarksbeiteressursene. Avsetjinga aukar med 5 mill. kroner til 18 mill. kroner i 2019. Auken skal prioriterast til investeringar i teknologi. 3 mill. kroner av avsetjinga skal øyremerkjast tiltaka for beitenæringa som følgje av nedkjemping av skrantesjuke (CWD).

Klima- og miljøprogrammet

Avsetjinga til Klima- og miljøprogrammet er ført vidare med 20 mill. kroner for 2019. Prosjekt som bidreg til å styrkje kunnskapsgrunnlaget om klimautfordringar og teknologisatsing i jordbruket skal prioriterast.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvsatsinga Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen

Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvsatsinga Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen er sektorovergripande satsingar som skal ta vare på verdifulle jordbrukslandskap i Noreg. Utvalde kulturlandskap i jordbruket består no av 41 område, som er eit representativt utval av verdifulle norske jordbrukslandskap over heile landet. Aktiv landbruksdrift er nødvendig for å vareta kulturlandskapsverdiene i begge satsingane. Avsetjinga til ordningane blir auka med høvesvis 3 mill. kroner til Utvalde kulturlandskap i jordbruket for å følgje opp iverksetjinga av dei nye områda, og 2 mill. kroner til verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen i 2019. Samla avsetjing blir 18,5 mill. kroner i 2019. Midlane til verdsarvområda og Utvalde kulturlandskap i jordbruket må sjåast i samanheng med midlar på budsjettet til Klima- og miljødepartementet.

Biogass

Forskrift om tilskudd for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg blei sett i verk i desember 2014. Handsaming av husdyrgjødsel i biogassanlegg reduserer metanutsløppa. Interesse for ordninga aukar, og det er difor sett av 3 mill. kroner i 2019. Ordninga skal evaluerast til jordbruksoppgjæret 2019.

Tilskott til utsiktsrydding i kulturlandskap knytt til landbruket

Attgroing av kulturlandskapet og vegkantar er ei aukande utfordring mange stader i Noreg. Attgroing er ei ulempe for landbruket, og vil svekkje grunnlaget for mellom anna reiselivet, som er ei næring i vekst. I jordbruksoppgjæret 2015 blei det vedteke å etablere ei ny tilskottsordning med formål å bidra til utsyn og fremje verdiar knytte til kulturlandskapet i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre- og Romsdal frå 2016. Ordninga skulle òg gi ein klimagevinst ved at ryddingsvirket kan nyttast til bioenergiformål der dette er mogleg. Fordi iverksetjinga av ordninga var forseinka, er det ikkje nødvendig å setje av midlar til ordninga i 2019.

Utviklingstiltak for økologisk jordbruk

Avsetjinga til utviklingstiltak blir ført vidare med 31 mill. kroner i 2019. Føregangsfylkesatsinga blir ikkje ført vidare i ein ny prosjektperiode. Kunnskap og kompetanse frå denne satsinga skal vidareformidlast og byggjast vidare på i arbeidet med økologisk jordbruk framover. Stortinget har slutta seg til Nasjonal strategi for økologisk jordbruk, og strategien blir følgd opp i 2019.

Post 70 Marknadsregulering, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70.11	Avsetjingstiltak	24 400	24 400	27 400
70.12	Tilskott til råvareprisutjammingsordninga m.m.	246 058	255 409	236 662
70.13	Tilskott til potetsprit og potetstivelse	38 180	38 000	38 000
	Sum post 70	308 638	317 809	302 062

Underpost 70.11 Avsetjingstiltak

Formålet med marknadstiltaka er å bidra til å nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukt, jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetnad for produsert vare og bidra til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. I grøntsektoren blir kostnadene ved

marknadsregulering og faglege tiltak dekte av løyvinga til marknadstiltak, mens dei blir dekte gjennom omsetnadsavgift for andre produksjonar. Partane er samde om ei auka løyving på 3,0 mill. kroner som skal nyttast innan frukt- og grønt sektoren.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 27,4 mill. kroner i 2019.

**Underpost 70.12 Tilskott til råvarepris-
utjammingsordninga**

Formålet med RÅK-ordninga er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og for norske varer som blir eksporterte. Det er viktig at løyvingane over denne ordninga er avpassa engrosprisane på norskproduserte jordbruksvarer.

Prisane på verdsmarknaden kan variere mykje i løpet av kort tid. Det påverkar løyvingsbehovet til RÅK-ordninga. Endringane i målprisar i jordbruksoppgjere påverkar òg løyvingsbehovet. I 2017 var det relativt låge verdsmarknadsprisar, og det blei betalt ut 246,1 mill. kroner over ordningane.

Prognosane for 2019 viser stigande priser på verdsmarknaden, mens jordbruksoppgjere aukar løyvingsbehovet noko. Den samla verknaden av endringar i prisar som følgje av jordbruksoppgjere og utviklinga på verdsmarknaden, reduserer løyvingsbehovet med 18,7 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 236,7 mill. kroner i 2019.

**Underpost 70.13 Tilskott til potetsprit og
potetstivelse**

Formålet med prisnedskrivingsstilskottet er å sikre avsetjing av norsk potetsprit og potetstivelse gjennom marknadsordninga for potet.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 38,0 mill. kroner til ordninga i 2019.

Post 71 Tilskott til erstatningar m.m.**Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å redusere økonomiske tap i plante- og honningproduksjon som er forårsaka av klimatiske forhold det ikkje er mogleg å sikre seg mot. Posten omfattar ordningane med erstatning ved avlingssvikt i planteproduksjon og erstatning ved svikt i honningproduksjon.

Erstatningsordningane som dekkjer kostnader i samband med statlege pålegg blir løyvde utanfor jordbruksavtalen, jf. kap. 1142, post 73.

Rapportering 2017

I både 2016 og 2017 var det relativt lite avlingsskadar som følgje av klimatiske faktorar. Dei samla utbetalingane over ordninga i 2017 var på 32,7 mill. kroner mot om lag 43 mill. kroner i eit normalår.

Budsjettframlegg 2019

I 2018 har det vore ein meir langvarig tørke- og varmeperiode enn på svært lenge. Dette har gitt omfattande avlingsskadar i fleire produksjonar, og særleg kritisk har det vore å skaffe nok grovfôr. Det har vore sett i verk ei rekkje tiltak for skaffe nok grovfôr til husdyra, men også i nabolanda våre har tørken gitt reduserte avlingar. Difor har mykje av løysinga blitt auka fôring med halm og meir bruk av kraftfôr. Det er anslått at det vil komme om lag 12 000 søknadar om erstatning for avlingsskade hausten 2018, og at dei samla erstatningane for 2018 kan bli om lag 1 100 mill. kroner.

Då mange bønder også har kome i en vanskelig økonomisk situasjon som følgje av tørken og høge kostnader til innkjøp av grovfôr, har staten gjennomført tilleggsforhandlingar med jordbruket med ekstraordinære tiltak innanfor ei ramme på 525 mill. kroner. Det er lagt stor vekt på at dette er ein ekstraordinær situasjon der det er viktig at bøndene får den økonomiske støtta raskt. Det er difor lagt til grunn at både dei ordinære erstatningssakene og dei ekstraordinære tiltaka blir betalte ut i 2018. Departementet legg dirfor til grunn at utbetalingane over erstatningsordningane i 2019 blir i samsvar med eit normalt år.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 43 mill. kroner i 2019.

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
73.11	Tilskott til norsk ull	132 489	140 000	134 000
73.13	Pristilskott mjølk	596 776	619 800	666 000
73.15	Pristilskott kjøtt	1 511 761	1 474 400	1 452 260
73.16	Distriktstilskott egg	3 670	3 508	3 335
73.17	Distriktstilskott, frukt, bær, grønnsaker og potet	95 804	103 800	123 500
73.18	Fraktilskott	362 643	362 096	361 450
73.19	Tilskott til prisnedskrivning av norsk korn	745 804	696 000	779 100
73.20	Tilskott matkorn	72 874	83 600	91 400
	Sum post 73	3 521 820	3 483 204	3 611 045

Underpost 73.11 Tilskott til norsk ull

Formålet med tilskottet er å bidra til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg bidra til å betre kvaliteten på norsk ull og sikre avsetnad i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

I jordbruksoppgeret blei ordninga vidareført med uendra satsar, men prognosane viser ein nedgang i volumet som gir grunnlag for ein reduksjon i løyvinga på 7,3 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 134,0 mill. kroner for 2019.

Underpost 73.13 Pristilskott mjølk

Løyvinga omfattar ordningane med grunntilskott til geitemjølkk og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt.

Formålet med pristilskott til mjølk er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som bidreg til å oppretthalde busetjing og sysselsetjing i heile landet ved lag gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen.

Distriktstilskottet blir gitt med ni ulike satsar for mjølk produsert i område med høge produksjonskostnader i Sør-Noreg, og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskottet varierer frå null og opp til 180 øre per liter.

Som ledd i tiltaka for å betre økonomien i område med driftsvanskar blei distriktstilskottet for mjølk auka med 6 øre/liter i sone D, E og F. I

sone G-J blei satsen auka med 2 øre/liter. Dei auka satsane utgjer 56 mill. kroner, men volumprognosen gir noko reduksjon. Til saman aukar løyvingsbehovet i 2019 med 46,2 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 666,0 mill. kroner til pristilskott for mjølk i 2019. Løyvinga er fordelt med 70,0 mill. kroner til grunntilskott for geitemjølkk og 596,0 mill. kroner i distriktstilskott for all mjølk.

Underpost 73.15 Pristilskott kjøtt

Ordninga omfattar grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt, kvalitetstilskott for storfekjøtt og kvalitetstilskott for heile slakt av lam og kje.

Formålet med tilskotta er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling som bidreg til å oppretthalde busetjing og sysselsetjing i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen. Grunntilskottet skal òg bidra til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren, mens kvalitetstilskotta skal stimulere til ein auke i produksjonen av kjøtt med høg kvalitet.

Distriktstilskott går i hovudsak til kjøtt frå grovførbaserte produksjonar differensiert på fem soner. Det blir òg gitt distriktstilskott til produksjon av svinekjøtt i Nord-Noreg, Agder og Vestlandet med unntak av Rogaland.

Grunntilskottet for kjøtt blir berre gitt til slakt av sau/lam og geit/kje.

I 2016 blei tilskott til slakt av lam og kje lagt om frå å bli forvalta saman med produksjonstilskotta til å bli utbetalt via slakteria saman med

slakteoppgjera. I dette året blei halvparten av tilskottet framleis utbetalt med bakgrunn i søknad om produksjonstilskott basert på talet på slakt levert året før. Frå 2017 blir heile tilskottet utbetalt på grunnlag av talet på slakt levert same året. I samband med dette har denne løyvinga blitt flytta frå post 74 til post 73 fordelt på åra 2016 og 2017.

I jordbruksoppgjeret blei satsen for kvalitets-tilskott til lammeslakt redusert frå 500 kroner til 450 kroner per slakt. For kvalitetstilskottet til storfekjøtt blei ikkje gjort satsendringar, men for å sikre at volumet ikkje går ut over forpliktinga Noreg har i WTO-regelverket, var partane samde om å trekkje slaktekategorien «okse» ut av tilskottsgrunnlaget.

Som ledd i den auka prioriteringa av produksjonsområde med driftsvanskar blei satsane i distriktstilskott for kjøtt av storfe, sau og geit auka i sone 2–5.

Volumprognosen viser framleis ein auke i produksjonen, men noko mindre enn dei seinaste åra. Verknaden på desse tilskotta frå 2018 til 2019 er berekna til 13,6 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 452,3 mill. kroner i 2019. Av dette utgjer grunn-tilskottet til sau/lam og geit/kje 95,0 mill. kroner, kvalitetstilskottet til storfekjøtt 247,7 mill. kroner, distriktstilskottet 654,4 mill. kroner og tilskott til lammeslakt og kjeslakt 455,2 mill. kroner.

Underpost 73.16 Distriktstilskott egg

Formålet med ordninga er å bidra til eggproduksjon i heile landet gjennom å jamne ut geografiske skilnader i lønsemda i produksjonen. Tilskottet omfattar Nord-Noreg og Vestlandet unnateke Rogaland. Det blei ikkje gjort satsendringar i jordbruksoppgjeret, mens det er prognosert ein volumnedgang tilsvarende 0,17 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,3 mill. kroner i 2019.

Underpost 73.17 Distriktstilskott frukt, bær, grønsaker og potet

Formålet med ordningane er å betre inntekta for produsentane innan grøntsektoren og bidra til ein geografisk spreidd produksjon.

Ordninga omfattar distriktsdifferensierte tilskott til konsumproduksjon av eple, pære, plomme, kirsebær, morellar og bær. I tillegg blir det gitt eit tilskott for all pressfrukt og til produksjon av matpotet i Nord-Noreg. Det blir òg gitt distriktsdifferensierte tilskott til veksthusproduksjonane tomat og slangeagurk og til salatproduksjon.

Distriktsdifferensieringa følgjer dei same sonene som tilskott til areal- og kulturlandskap.

I jordbruksoppgjeret blei satsane for distriktstilskott for frukt og bær auka tilsvarende 12,1 mill. kroner. Den største auken blei gitt til sone 5 som mellom anna omfattar fylka på Vestlandet. For grønsaker blei satsane auka tilsvarende 1,8 mill. kroner og for potet i Nord-Noreg med 0,3 mill. kroner. Volumprognosen aukar løyving-behovet med 5,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 123,5 mill. kroner i 2019, som gir ein auke på 19 pst. samanlikna med året før.

Underpost 73.18 Frakttilskott

Ordninga omfattar tilskott til frakt av kjøtt, egg, korn, kraftfôrråvarer og kraftfôr. Frakttilskotta skal bidra til å jamne ut prisane til produsent og forbrukar. Frakttilskotta er baserte på at råvarekjøparane og produsentane må dekkje ein eigen del av kostnadene.

I jordbruksoppgjeret blei det ikkje gjort endringar i tilskotta til frakt. Volumprognosen viser ein nedgang på om lag 0,6 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 361,5 mill. kroner i 2019, fordelt med 134,0 mill. kroner til kjøtt, 8,1 mill. kroner til egg og 220,0 mill. kroner til korn og kraftfôr.

Underpost 73.19 Tilskott til prisnedskrivning av norsk korn

Formålet med prisnedskrivningstilskottet er å sikre avsetnad av norskprodusert korn, erter og oljefrø gjennom marknadsordninga, og å skrive ned prisen på råvarer til matmjøl og kraftfôr. For å fremje avsetnaden av økologisk korn og erter, blir det gitt høgare satsar til økologisk produksjon.

I jordbruksoppgjeret blei målprisane auka med 10 øre/kg for matkorn og 8 øre/kg for fôr-korn. Prisnedskrivningstilskottet til norsk korn blei auka med 3,7 øre/kg. Referanseprisen på protein blei auka tilsvarende. Den regulerer tollsatsen ved import til kraftfôr og prisutjammingsbeløpet på norsk protein, som til dømes soya som er importert tollfritt til matproduksjon.

Det er lagt til grunn at verdsmarknadsprisane på protein vil halde seg så høge at auka referansepris på protein ikkje vil påverke råvarekostnaden til kraftfôr i 2019. Det er etter dette berekna ein auke i råvareprisane til kraftfôr på 3,0 øre/kg.

Satsauken i jordbruksoppgjeret krev ei auka løyving på 45,1 mill. kroner. Tørken i 2018 har gitt kornavlingar langt under det normale i 2018. Nor-

malt blir om lag 30 prosent av kornavlinga lagra over til neste år. På dette tidspunkt er det usikkert kor mykje av avlinga i 2018 som blir levert i 2019. Departementet har valt å prognosere slik at dette ikkje verkar inn på levert kornvolum i 2019.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 779,1 mill. kroner for 2019.

Underpost 73.20 Tilskott matkorn

Formålet med ordninga er å gi grunnlag for ein rekningsvarande pris på norsk matkorn og samstundes halde prisen på matmjøl på eit nivå som

kan sikre konkurransekrafta til norskprodusert matmjøl og bakevarer samanlikna med import. Tilskottet blir gitt til norske matmjølprodusentar på grunnlag av forbruk av norskprodusert matkorn. Tollsatsen på import av matkorn blir administrert ned til det same nivået som prisen på norsk matkorn minus prisnedskrivning.

I jordbruksoppgjæret blei satsen auka med 6,3 øre/kg, tilsvarande 7,8 mill. kroner. Dette vil isolert sett gi uendra råvarekostnad på korn for matmjølbransjen.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 91,4 mill. kroner i 2019.

Post 74 Direkte tilskott, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
74.11	Driftstilskott, mjølkeproduksjon og kjøttfe- produksjon	1 374 664	1 569 200	1 601 600
74.14	Tilskott til husdyr	2 193 714	2 279 010	2 442 800
74.16	Beitetilskott	852 017	916 500	917 200
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 008 784	3 047 400	3 447 500
74.19	Regionale miljøprogram	419 716	435 537	493 159
74.20	Tilskott til økologisk landbruk	108 893	113 600	121 900
	Sum post 74	7 957 788	8 361 247	9 024 159

Underpost 74.11 Driftstilskott, mjølkeproduksjon og kjøttfeproduksjon

Formålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å styrkje økonomien i mjølkeproduksjonen. Tilskottet skal òg jamne ut skilnader i lønsemd mellom føretak av ulik storleik og mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg, og mellom Jæren og resten av Sør-Noreg. Formålet med driftstilskottet i spesialisert kjøttfeproduksjon er å stimulere til produksjon av storfekjøtt av høg kvalitet.

Driftstilskottet til mjølkeproduksjon er like stort per føretak for alle som har fem kyr eller meir. I jordbruksoppgjæret blei satsane auka med 5 000 kroner per føretak i sone 5, 6 og 7, mens tilskottet til føretak med geitemjøl blei auka med 15 000 kroner per føretak.

For driftstilskottet til spesialisert ammekuproduksjon blei satsen auka med 400 kroner per ku opp til 16 000 kroner per føretak med meir enn 40 kyr i sone 5–7.

Satsaukingane gir ein auke i løyvinga på 29,0 mill. kroner til mjølkeproduksjon og 17,3 mill. kroner til spesialisert kjøttproduksjon. Ein reduksjon i talet på føretak med mjølkeproduksjon gir ei innsparing på posten med 18,2 mill. kroner, sjølv om talet på føretak med ammekyr aukar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 601,6 mill. kroner for 2019 fordelt med 315,3 mill. kroner til kjøttproduksjon og 1 286,3 mill. kroner til mjølkeproduksjon.

Underpost 74.14 Tilskott til husdyr

Tilskottet skal bidra til å styrkje og jamne ut inntektene til føretak med ulike husdyrproduksjonar og etter storleiken på husdyrhaldet. Ordninga skal òg støtte birøkt og genbevaring av gamle husdyrassar.

Tilskottet blir gitt per dyr/slakt/bikube. Satsane per dyreslag blir avtrappa med aukande dyretal per føretak. I jordbruksoppgjæret blei det

også innført ei ny delordning med tilskott til «små og mellomstore» mjølkebruk med ein sats på 1 400 kroner per ku for bruk med 6–23 kyr. For føretak med meir enn 23 kyr blir det gjort eit frådrag på 1 150 kroner per ku slik at tilskottet blir null for bruk med meir enn 50 kyr. Partane har lagt til grunn ei løyving på 145,5 mill. kroner til denne delen av ordninga.

Partane endra også inndelinga på tilskott for mjølkekyr slik at satsintervalla no er ved 15, 30 og 50 kyr, og det blei gitt auka satsar for gruppa 15–30 kyr. Ut over dette ga partane ein auke i satsane for birøkt og hjort.

I jordbruksoppgjret blei det også gitt ein auke i satsane for genbevaring tilsvarande 2,8 mill. kroner.

Den samla verknaden av endra satsar i jordbruksoppgjret og tilpassing av løyvingsbehovet til dyretalet, er ein auke i løyvinga på 163,8 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2 442,8 mill. kroner i 2019.

Underpost 74.16 Beitetilskott

Formålet med ordningane er å stimulere til pleie av kulturlandskap og å oppnå ei god utnytting av utmarksbeiteressursane.

Ordninga består av eit tilskott for dyr som beitar i utmark, og eit tilskott for dyr som beitar i kulturlandskapet (innmark og/eller utmark). Det er krav til minimum beitetid for å få rett til tilskotta, og dei som får tilskott for dyr som beitar i utmark kan òg få det generelle beitetilskottet for dei same dyra.

I jordbruksoppgjret blei satsane for tilskott til utmarksbeite auka med 50 kroner for kyr, storfe og hest, mens det blei auka med 10 kroner per dyr for sau, lam og kje. For det generelle tilskottet til alt beite blei satsen auka med 10 kroner per dyr for storfe m.m. mens den blei uendra for småfe. Satsendringane gir ei auka løyving tilsvarande 46,3 mill. kroner, mens prognosen for 2019 gir om lag same reduksjon i løyvinga.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 917,2 mill. kroner i 2019, som fordeler seg med 573,3 mill. kroner til dyr på utmarksbeite og 343,9 mill. kroner i generelt beitetilskott.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskaps-tilskott

Formålet med tilskottet er å bidra til å skjøtte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å halde jordbruksareal i drift i

samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål. Tilskottet er ein del av det nasjonale miljøprogrammet, og må kunne dokumentere oppfølging av miljøkrav knytt til produksjonen for å oppnå maksimalt tilskott.

Ordninga er sett saman av eit kulturlandskaps-tilskott med den same satsen per dekar til alt jordbruksareal som oppfyller vilkåra for arealtilskott. Som eit tiltak for å nå målet om aktivt jordbruk over heile landet, blir det i tillegg gitt eit arealtilskott der satsane per dekar er differensierte ut frå type produksjon og kvar i landet produksjonen skjer. Dette skal bidra til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, og mellom distrikta.

I jordbruksoppgjret blei satsen i kulturlandskaps-tilskottet til alt dyrka areal auka med 7 kroner per dekar til 162 kroner. Det gir ei auka løyving på 137 mill. kroner.

I jordbruksoppgjret blei dei områda av landet som har størst del areal med driftsvanskar prioritert. I samband med dette blei sone 5 for arealtilskott grovfôr delt opp i sone 5A og sone 5B. Sone 5B omfattar Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland, og dei delane av Rogaland som har sone 5 i dag, mens 5A er resten av sone 5. Tilskottet blei auka med 63 kroner per dekar i sone 5A og om lag halvparten i sone 5A og i sone 6 og 7. Samla gav dette ei auka løyving på 170,6 mill. kroner.

For å stimulere norsk kornproduksjon og den geografiske produksjonsfordelinga blei arealtilskottet til kornproduksjon auka med 33 kroner per dekar i sone 1 til 4. Dette gir ein auke i arealtilskottet til kornproduksjon på 92,6 mill. kroner.

Arealtilskottet til potetproduksjon blei auka med 98 kroner/dekar, til grønnsakproduksjon, med 200 kroner/dekar, til fruktproduksjon med 500 kroner/dekar og til bærproduksjon med 300 kroner per dekar.

Samla ga auka arealtilskott til potet og grønt ei auka løyving på 42,6 mill. kroner.

Tilpassing av løyvinga til den gjeldande arealfordelinga krev 10,0 mill. kroner, og samla gir endringane ei auka løyving på 400,1 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3 447,5 mill. kroner i 2019. Dette fordeler seg med om lag 1 393,4 mill. kroner i kulturlandskaps-tilskott og 2 054,1 mill. kroner i arealtilskott.

Underpost 74.19 Regionale miljøprogram

Formålet med ordninga er å sikre miljøkvalitetar og kulturlandskap, og å hindre erosjon og avrenning av næringsstoff til vatn gjennom eit regionalt og lokalt tilpassa regelverk for økonomisk støtte.

Ordninga opnar for at fylka kan støtte dei tiltaka som er mest målretta i deira eige område, og vil bidra til å hindre attgroing og stimulere til beiting og betre opplevingskvalitetar i kulturlandskapet. Rapportering tyder på stor aktivitet i fylka og at det gir auka målretting og differensiering av miljøarbeidet.

Miljøutfordringane varierer frå fylke til fylke, og dei regionale miljøprogramma bidreg til gjennomføring av mange regionalt tilpassa miljøtiltak.

I Meld. St. 11 (2016–2017) blei det signalisert at RMP skal forenklast, mellom anna gjennom å utarbeide ei felles nasjonal RMP-forskrift. Dette er også omtalt i Prop. 141 S (2016–2017) om jordbruksoppgjøret 2017. Gjennomgangen av dei fylkesvise regelverka med sikte på harmonisering har synleggjort at dersom ei tilfredsstillande målretting av tiltaka skal bli vareteke, vil det i tillegg til nasjonalt fastsett regelverk, også vere behov for fylkesspesifikke avgrensingar og vilkår. For å unngå eit fragmentert regelverk, der reglane både følger av nasjonalt og regionalt regelverk, vil ein behalde dagens modell med regionale forskrifter. Det er likevel nødvendig å gi sentrale føringar for utforminga av dei regionale forskriftene. Landbruks- og matdepartementet føreslår difor at det blir utarbeidd ein instruks, heller enn ei forskrift, som skal gjelde for fylkesmannens utforming av dei regionale forskriftene. Forslaget om nasjonal RMP-instruks er no sendt på høyring av Landbruksdirektoratet.

I jordbruksoppgjøret var partane samde om å prioritere areal med driftsvanskar for å førebyggje attgroing gjennom å auke løyvinga med 50 pst. for dei fylka som har hatt ei slik ordning. Det blei også sett av midlar til dei andre fylka med unntak for Akershus, Vestfold og Østfold. Den samla auken i løyvinga til bratt areal i 2019 er på 30 mill. kroner.

Partane var også samde om å styrkje satsinga på seterdrift. Alle fylkesmannsembeta skal leggje til rette for tilskott på minst 50 000 kroner per

seter, under føresetnad av produksjon av ku- eller geitemjolk for eiga foredling, eller levert til meieri. Produksjon på seter i 4–6 veker kan utløyse eit lågare tilskott. Dette gir ei auka avsetjing på 8,3 mill. kroner i 2019.

Det er ein føresetnad at tiltaket miljøvennleg spreiring av husdyrgjødsel med bruk av nedlegging eller nedfelling blir innlemma i alle dei regionale miljøprogramma. Tilskott til inga/utsett jordarbeiding gir rett til tilskott for areal i erosjonsrisikoklasse 1 og 2 i alle område. Den fylkesvise RMP-ramma for Trøndelag og Nordland blir auka med 0,5 mill. kroner, til saman 1 mill. kroner. Dette skal prioriterast til beiteareal for kortnebbgås og kvitkinngås. Samla auke i løyvinga for desse satsingane er 19 mill. kroner i 2019.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 493,1 mill. kroner i 2019.

Underpost 74.20 Tilskott til økologisk landbruk

Formålet med posten er å stimulere til at ein større del av jordbruksproduksjonen er økologisk produksjon. Ordninga omfattar ekstra arealtilskott og husdyrtilskott til økologisk produksjon.

I jordbruksoppgjøret blei satsane for det ekstra arealtilskottet til økologisk produksjon av poteter, grønsaker, frukt og bær auka med 100 kroner per dekar, og til korn med 50 kroner per dekar. I tillegg blei det lagt opp til ei ordning med 150 kroner per dekar i tilskott for areal i første karensår.

På dei ekstra tilskotta til økologisk husdyrproduksjon blei satsen for mjølkeku auka med 200 kroner. Endringa i satsane til økologisk produksjon aukar løyvinga med 10,9 mill. kroner, mens volumtilpassinga reduserer løyvinga med 2,6 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 121,9 mill. kroner i 2019. Summen fordeler seg med 68,6 mill. kroner i husdyrtilskott og 53,3 mill. kroner i arealtilskott.

Post 77 Utviklingstiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
77.11	Tilskott til dyreavl m.m.	80 344	82 300	88 700
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	18 126	15 720	18 720
77.13	Tilskott til rådgiving	84 500	88 500	93 500
77.15	Tilskott til kvalitetstiltak	49 922	56 360	49 360
77.17	Tilskott til fruktlager	13 000	14 000	14 000
	Sum post 77	245 892	256 880	264 280

Underpost 77.11 Tilskott til dyreavl m.m.

Tilskott til dyreavl m.m. skal bidra til avlsmessig framgang og populasjonar av friske og sunne husdyr tilpassa miljøet. Ordninga skal òg sikre genetisk variasjon i populasjonane og byggje på berekraftige prinsipp basert på ein tilstrekkeleg stor effektiv avlspopulasjon og inkludering av funksjonelle eigenskapar i avlsmålet.

Løyvinga skal bidra til at kostnadene ved inseminering av ku og svin kan haldast på om lag same nivå i heile landet, og til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

I jordbruksoppgjæret blei satsane til veterinærreiser auka tilsvarende 5,3 mill. kroner og til semintener med 1,0 mill. kroner. For 2019 er det prognosert 25,6 mill. kroner i tilskott til semintener, 48,8 mill. kroner til veterinærreiser og 14,3 mill. kroner til avlorganisasjonar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på om lag 88,7 mill. kroner for 2019.

Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.

Formålet med ordninga er å fremje frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det er tre typar tilskott under ordninga: pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott. For å sikre tilgang til klimatilpassa såvare blir det òg gitt tilskott til overlaging av såkorn mellom kornsesongar.

Tilskottet til frøavl blir gitt til sertifisert frøavl av godkjende sortar.

I jordbruksoppgjæret blei avsetjinga auka frå 12,0 til 15,0 mill. kroner knytt til auka volum.

Avsetjinga til lagring av såkorn blei vidareført med 3,7 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 18,72 mill. kroner for 2019.

Underpost 77.13 Tilskott til rådgiving

Formålet med ordninga er å bidra til kunnskapsoppbygging hos bøndene ved å leggje eit økonomisk grunnlag for drift i dei regionale rådgivingseiningane hos Norsk Landbruksrådgiving (NLR). Rammevilkåra og utfordringane for landbruket krev både næringspolitiske tilpassingar, produksjonstilpassingar og faglege tilpassingar. Løyvinga over jordbruksavtalen er med på å sikre eit likeverdig rådgivingstilbod over heile landet.

Rådgivingseiningane utgjer eit fagleg bindeledd mellom landbruksforskninga og landbruket. NLR er viktig for å utvikle god agronomi og auka kompetanse i næringa. NLR har kjernekompetanse på god agronomi og gir råd innan planteproduksjon, maskin- og byggeteknikk, næringsutvikling, føretaksøkonomi, økologisk landbruk, miljøtiltak, klimatiltak og HMS.

Prosjektet Klimarådgiving på gardsnivå er eit nytt, viktig arbeid som NLR er involvert i. I jordbruksoppgjæret var partane samde om å auke løyvinga til NLR med 5 mill. kroner. Av den samla løyvinga skal minst 14 mill. kroner nyttast til HMS-rådgiving og HMS-relaterte tiltak, og minst 5,5 mill. kroner skal gå til byggeteknisk rådgiving. Partane var også samde om at NLR får ei utvida rolle innan økologisk produksjon med å utvikle og koordinere faglege nettverk.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 93,5 mill. kroner for 2019.

Underpost 77.15 Tilskott til kvalitetstiltak

Ordninga skal bidra til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette er å skaffe den norske potet- og grøntnæringa plantemateriale som er kontrollert for særskilde skadegjerarar, og med definerte eigenskapar som er tilpassa norske forhold. Formålet med å gi tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet.

I jordbruksoppgjæret var partane samde om å auke avsetninga til handlingsplanen for berekraftig bruk av plantevernmidlar frå 9,0 til 10,0 mill. kroner og at ordninga i budsjettet blir flytta til post 50 LUF.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 49,36 mill. kroner i 2019 som er fordelt på desse tilskottsordningane:

Framlegg for kap. 1150, underpost 77.15	
Utvikling av plantemateriale, nordisk	2,4 mill. kroner
Utvikling av plantemateriale, oppformering	12,5 mill. kroner
Utvikling av plantemateriale, Graminor	24,96 mill. kroner
Kvalitetstiltak settepotetavl	9,5 mill. kroner
Sum underpost 77.15	49,36 mill. kroner

Underpost 77.17 Tilskott til fruktlager

Formålet med tilskottet er å fremje samarbeid om lagring, sortering, pakking og omsetnad av frukt som bidreg til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 14,0 mill. kroner til ordninga i 2019.

Post 78 Velferdsordningar, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
78.11	Tilskott til avløyning for ferie/fritid	1 133 744	1 147 000	1 176 600
78.12	Tilskott til avløyning for sjukdom m.m.	138 409	153 300	153 200
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	73 000	69 300	50 200
78.15	Tilskott til landbruksvikarordninga	60 893	63 000	65 891
78.16	Tilskott til tidlegpensjonsordning for jordbrukarar	73 145	72 200	72 500
	Sum post 78	1 479 191	1 504 800	1 518 391

Underpost 78.11 Tilskott til avløyning for ferie/fritid

Formålet med ordninga er å leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fritid og hjelp til avlasting gjennom å bidra til finansiering av leige av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar per dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag, men avgrensa til eit maksimalt tilskott per føretak. Dei som søker om tilskottet skal kunne dokumentere faktiske kostnader til avløyning.

I jordbruksoppgjæret blei både maksimalt tilskott per føretak og satsane per dyr auka med

6 pst. Det nye taket er etter dette 78 700 kroner per føretak. Dette gir ei auka løyving på 66,6 mill. kroner, mens nedgangen i talet på føretak med husdyr gir ei innsparing på 37 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 176,6 mill. kroner for 2019.

Underpost 78.11 Tilskott til avløyning for sjukdom m.m.

Formålet med ordninga er å bidra til å finansiere avløyning på føretak med husdyrproduksjon, honningproduksjon eller heilårs veksthusproduksjon og til føretak med planteproduksjon i onneperio-

dar. Finansieringa skal skje når brukaren på grunn av sjukdom eller andre særlege grunnar ikkje kan ta del i arbeidet på bruket.

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå eit berekna maksimalt tilskott i ordninga med tilskott til avløyserutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette grunnlaget blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskottet. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløysering, opp til maksimal dagsats per bruk.

I jordbruksoppgjeret blei dagsatsen auka med 7,4 pst., frå 1 555 kroner til 1 670 kroner, tilsvarende 10,2 mill. kroner. Samstundes gir redusert bruk av ordninga ei innsparing på om lag det same.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 153,2 mill. kroner for 2019.

Underpost 78.11 Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket

Ordninga er ei kollektiv innbetaling over jordbruksavtalen til Nav for å dekkje differansen i sjukepengar for næringsdrivande og jordbrukarar som får 100 pst. av sjukepengegrunnlaget ved sjukdom utover 16 dagar. Tilskottet blir utbetalt av Nav til jord- og skogbrukarar som oppfyller dei generelle vilkåra for utbetaling av sjukepengar. Løyvinga blir fastsett ut frå utbetalingane frå Nav Midlane blir overførte sentralt til Folketrygda.

Frå 1.10.2017 blei sjukepengane frå NAV heva frå 65 til 75 pst. av sjukepengegrunnlaget for sjølvstendig næringsdrivande. Dette reduserer løyvinga over jordbruksavtalen for å sikre jordbruka-

rar 100 pst. av sjukepengegrunnlaget med 19,1 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 50,2 mill. kroner til ordninga for 2019.

Underpost 78.11 Tilskott til landbruksvikarordninga

Formålet med landbruksvikarordninga er å sikre at primærprodusentane over heile landet har tilgang på arbeidshjelp når dei treng det ved akutt sjukdom eller i andre krisesituasjonar. Det er eit mål at ordninga vil nå eit omfang på 240 årsverk. Partane i jordbruksoppgjeret var samde om å auke maksimal støtte per årsverk med 4,5 pst til 282 400 kroner, tilsvarende 2,9 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 65,9 mill. kroner for 2019.

Underpost 78.11 Tilskott til tidlegpensjonsordning for jordbrukarar

Formålet med ordninga er å bidra til lettare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk. I jordbruksoppgjeret var partane samde om at dei som får tidlegpensjon også kan motta avtalefesta pensjon og arbeidsavklaringspengar, uførepensjon og etterlattepensjon frå NAV. Endringa gir ei auka løyving på 1,0 mill. kroner, mens reduksjon i talet på dei som får tilskott over ordninga gir ei innsparing på 0,7 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 72,5 mill. kroner for 2019.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2017	budsjett 2018	2019
85	Marknadsordninga for korn	1 278		50
	Sum kap. 4150	1 278		50

Formål med løyvinga

Posten omfattar inntektene frå prisutjammingsbeløp på kraftfôrråvarer.

Ordninga har som formål å sikre tilnærma like konkurransevilkår mellom korn og andre råvarer i kraftfôr til husdyr. I jordbruksavtalen blir det

rekna ut referanseprisar for protein og feitt som gir om lag den same råvareprisen for energien i desse varene som for norsk korn. Råvarer som soyabønner blir ikkje pålagt toll når dei blir importerte til Noreg som mat. Den delen av dette som blir brukt til produksjon av kraftfôr til husdyr blir då pålagt ei prisutjamning.

Rapportering 2017

Verdsmarknadsprisane på soya og proteinråvarer har i lengre tid vore så høge samanlikna med prisen på norskprodusert korn at det berre i nokre månader har blitt avrekna eit mindre prisutjammingsbeløp tilsvarende 1,3 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2019

I jordbruksoppgjæret gav prisendringane på norsk korn og justert prisnedskrivning grunnlag for ein auka referansepris på soya på 6,4 øre per kg til 4 082 kroner per tonn.

Prognosen for verdsmarknadsprisane på protein inneber at det likevel ikkje vil bli rekna prisutjammingsbeløp på protein til kraftfôr i 2019.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	19 500	32 800	33 900
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	6 100	6 500	7 500
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	88 793	76 700	79 100
79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	2 392	2 600	2 600
	Sum kap. 1151	116 785	118 600	123 100

Formål med løyvinga

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindrifftsavtalen.

Reindrifftsavtalen er, ved sida av reindrifftslova, det viktigaste verkemiddelet for å følgje opp måla og retningslinene i reindrifftspolitikken. I forhandlingane om reindrifftsavtalen blir dei sentrale økonomiske verkemidla drøfta, mellom anna ut frå dei behova og utfordringane næringa til kvar tid står overfor.

For nærare omtale av mål og strategiar i reindrifftspolitikken, og resultatane frå dei ulike tiltaka som sorterar under reindrifftsavtalen, sjå omtale under kat. 15.30, Prop. 92 S (2017–2018) *Endringer i statsbudsjettet 2018 under Landbruks- og matdepartementet (Reindrifftsavtalen 2018/2019 m.m.)* og Innst. 403 S (2017–2018). Sjå nærare omtale av målsetjingane for dei enkelte ordningane på kapitlet i budsjettframlegget for 2019.

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Som for tilskottsforvaltninga under kap. 1150, er det behov for tilpassingar til dei normale prosedyrane for ordningar under kap. 1151. Kostnadssenkande og direkte tilskott under post 75 og velferdsordningar under post 79 er baserte på fast-

sette kriterium. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og ei rekkje verkemiddel som verkar samstundes mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla basert på rapportering frå *Økonomisk utval for reindrifta* for dei årlege forhandlingane om reindrifftsavtalen. Rapporteringa er supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar. For ordningane under postane 75 og 79 er det ikkje aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane.

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Landbruksdirektoratet. Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane er direkte dekte innanfor løyvingane over kap. 1142. For å kunne ha nødvendig fleksibilitet vil det likevel vere aktuelt å trekkje nokre utviklings- og utgreiingskostnader på nokre av tilskottsordningane. Det same gjeld store evalueringar. På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom Innovasjon Noreg (IN). I samband med dette har departementet klargjort ansvar og oppgåver for IN. Vidare er det på ein del område eit styre som forvaltar ulike ordningar. Dette styret er partssamansett. Styret skal tildele tilskottsmidlar, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat for styret.

Rapportering 2017

Reindriftslova av 2007 skal gi grunnlag for ei god indre organisering og forvaltning av reindrifta. I tillegg skal reindriftsnæringa etter lova, gjennom internt sjølvstyre, sjølv spele ei aktiv rolle og ha ansvaret for at reindrifta er berekraftig. Eit sentralt verktøy i denne samanhengen er bruksreglane. Dei siste åra har arbeidet til styresmaktene vore prega av bistand og tett oppfølging av næringa sitt arbeid med å utarbeide bruksreglar og oppfølging av vedtak om øvre reintal. Sjå kap. 1142 for nærare omtale.

Utfordringane i reindrifta er mange og samansette. Den viktigaste føresetnaden for å nå måla om økologisk, økonomisk og kulturell berekraft er at reintalet er i samsvar med beitegrunnlaget, at reindrifta sine areal for auka produksjon og lønsemd blir tekne vare på, og at tapet av rein blir redusert. Tal frå totalalkylen viser ein reduksjon i resultatmåla frå 2015 til 2016. Samla sett blir vederlag for arbeid og eigenkapital redusert frå 102,3 mill. kroner til 87,2 mill. kroner. Per årsverk blir vederlaget for arbeid og eigenkapital redusert frå 107 600 kroner til 95 200 kroner. Hovudårsaka er ein reduksjon av dei produksjonsbaserte inntektene. Tala viser store regionale skilnader mellom reinbeiteområda, men òg store variasjonar innanfor det enkelte området. Førebelse tal for 2017 viser ein vesentleg reduksjon av resultatmåla. Årsaka er ein reduksjon i slaktinga.

Vinteren og våren 2017 var utfordrande for store delar av reindrifta i Noreg, særleg i Aust-Finnmark der store delar av beiteområda låste seg og gav ei omfattande beitekrise. Årsaka til krisa var sein vår med mykje snø og is. Ser ein på slaktetala for 2017, er slakteutaket redusert med om lag 26 000 rein samanlikna med 2016. Dette utgjer ein reduksjon på 31 pst. Samstundes har dei vanskelege beiteforholda resultert i at slaktevektene òg er blitt reduserte.

Budsjettframlegg 2019

Den 27.2.2018 kom staten og Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL) fram til ein avtale for 2018/2019. Reindriftsavtalen for 2018/2019 har ei ordinær ramme på 123,1 mill. kroner. Dette er ein auke på 4,5 mill. kroner samanlikna med reindriftsavtalen for 2017/2018.

Hovudmålet med reindriftsavtalen 2018/2019 er å leggje til rette for å utvikle reindriftsnæringa som ei rasjonell marknadsorientert næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. I tråd med regjeringsplattforma er tiltak som støttar opp om

økologisk berekraft prioriterte. Ved inngåinga av dei siste reindriftsavtalane er det sett i verk ei rekke tiltak med mål om å forenkle avtalen. I tillegg er tiltak som støttar opp om dei utøvarane som har reindrift som hovudverksemd, og tiltak som bidreg til økologisk bærekraft, blitt prioriterte. Reindriftsavtalen 2018/2019 har òg stor merksemd retta mot desse områda. Med bakgrunn i reduksjonen i produksjonsinntektene og at prosessen med tilpassing av reintal nyleg er gjennomført, har det vore viktig å føre vidare hovudlinene i tilskottssystemet. Det gir stabilitet i ordningane over reindriftsavtalen. Ei vidareføring støttar òg opp om dei reindriftsutøvarane som har følgd opp gitte reduksjonsvedtak. Siidaeiningar som ikkje følgjer gitte reduksjonskrav, har heller ikkje rett til tilskott over avtalen.

Reindriftsavtalen 2018/2019 er den femte avtalen der regjeringa har komme fram til semje med NRL. Semje i avtaleforhandlingane er viktig for å støtte opp om avtaleinstituttet og den hovudavtalen som er inngått mellom Landbruks- og matdepartementet og NRL. Ved Stortingets handsaming av dei siste fem reindriftsavtalane har ein samla næringskomité støtta opp om reindriftspolitikken til regjeringa. Gjennom innstillingane har komiteen vist at det er brei politisk semje om endringane i virkemiddelbruken dei siste åra, med vektlegging av næringsretting og tilrettelegging for dei som har reindrift som hovudverksemd.

Departementet gjer framlegg om løyvingar under kap. 1151 for 2019 i samsvar med Stortingets handsaming av reindriftsavtalen for 2018/2019, jf. Innst. 403 S (2017–2018). I omtalen av dei enkelte postane er det gjort kort greie for formål og innhald i dei ulike ordningane. Nærare omtale finst i Prop. 92 S (2017–2018) *Endringer i statsbudsjettet 2018 under Landbruks- og matdepartementet (Reindriftsavtalen 2018/2019 m.m.)* og i Innst. 403 S (2017–2018).

Post 51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet

Reindriftas Utviklingsfond (RUF) skal gjennom bruk av økonomiske verkemiddel bidra til å utvikle reindriftsnæringa i samsvar med dei reindriftspolitiske måla. Frå fondet blei desse avsetjingane gjorde:

- 1,45 mill. kroner til konfliktførebyggjande tiltak
- 8,20 mill. kroner til Utviklingsprogrammet
- 2,00 mill. kroner til fagbrevordninga
- 5,00 mill. kroner til ulike marknadsførings-tiltak

- 4,50 mill. kroner til pramming av rein
- 1,27 mill. kroner til lærings- og omsorgsbaserte tenester
- 0,75 mill. kroner til drift av nytt klassifiserings-system
- 1,00 mill. kroner til fjerning av gammalt gjerde-materiell m.m.
- 0,30 mill. kroner til videreutvikling av reindrifta sine arealbrukskart
- 2,00 mill. kroner til beredskapsfond
- 0,50 mill. kroner til prosjektet «Fremtidsrettet rein- og jordbruksdrift i Hedmark og Trøndelag», jfr omtale under kapittel 1150.
- 0,20 mill. kroner til støtte til reindriftsfaglege møte med fylkesmannen
- 0,20 mill. kroner til prosjekt for gjennomgang av tidlegare utgreiingar knytte til tiltak for å styrkje kvinner si stilling i reindrifta
- 2,00 mill. kroner til frakttilskott
- 0,30 mill. kroner til rapportering av rein

Avsetjingane over midlane til RUF utgjer i alt 33,9 mill. kroner. Det er ein auke på 1,1 mill. kroner samanlikna med reindriftsavtalen 2017/2018. Samstundes er ordningane frakttilskott og tilskott til rapportering av rein flytta frå post 75 til post 51.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Dei store utfordringane reindriftsnæringa står overfor, krev aktiv deltaking frå næringa sjølv. Organisasjonstilskottet til NRL er sett til 7,5 mill. kroner. Av dette utgjer 200 000 kroner HMS-tiltak i reindrifta.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, kan overførast

Kostnadssenkande og direkte tilskott skal bidra til å fremje berekraft, kvalitet og produktivitet i reindrifta, heve inntekta og verke utjamnande mellom einingar i næringa. Regjeringa gjer framlegg om ei samla løyving under posten på 79,1 mill. kroner for 2019. Dei kostnadssenkande og direkte tilskotta er sette saman av fleire ulike tilskottsordningar, jf. omtalen under.

Produksjonspremie

Formålet med produksjonspremien er å premiere innsats, produksjon og vidareforedling i næringa. Produksjonspremien til siidaandelane er berekna med 34 pst. av avgiftspliktig sal av kjøtt og biprodukt frå rein. Vidare er det utbetalt produksjonspremie for andre avgiftspliktige inn-

tekter frå vidareforedla produkt frå reinen. Det er ikkje utbetalt produksjonspremie for avgiftspliktig inntekt som overstig 0,6 mill. kroner per siidaandel og 1 mill. kroner per tamreinlag. Produksjonspremien er utbetalt til eigaren av siidaandelen. For tamreinlaga vil årsrekneskapen danne grunnlaget for utrekninga av produksjonspremien. Det er sett av 33,0 mill. kroner til produksjonspremie.

Etableringstilskott

Ordninga med tilskott ved overdraging av siidaandel er vidareført med ein sats på 80 000 kroner det første året, for så å bli sett til 65 000 kroner dei to påfølgjande åra. Det er sett av 2,6 mill. kroner til etableringstilskott.

Særskild driftstilskott til ungdom

For å støtte opp om leiarar av siidaandelar som er under 30 år, er tilskottet auka frå 25 000 kroner til 40 000 kroner. Tilskottet er gitt til leiarar av siidaandelar som er under 30 år per 1.1.2019. Det er sett av 2,0 mill. kroner til ordninga med særskild driftstilskott til ungdom.

Kalveslaktetilskott

Formålet med kalveslaktetilskottet er å stimulere til at ein større del av produksjonen av kjøtt er basert på kalv, noko som er ressursøkonomisk gunstig. Uttak av kalv reduserer presset på vinterbeita, og reduserer tapa i løpet av vinteren. Eit større uttak av kalv medverka òg til auka produktivitet fordi tilveksten på kalv er større enn tilveksten på større dyr. Satsen for tilskottet er auka frå 475 kroner til 500 kroner per kalv. Det er sett av 24,0 mill. kroner til ordninga med kalveslaktetilskott.

Ektefelletillegg

Formålet med ektefelletillegget er å støtte opp om den familiebaserte reindrifta. Ordninga med tillegg til siidaandelar der begge ektefellane eller sambuarane utøver aktiv reindrift, er fastsett med ein sats på 30 000 kroner. Det er sett av 1,4 mill. kroner til ordninga med ektefelletillegg.

Distriktstilskott

Formålet med distriktstilskottet er å bidra til at reinbeitedistrikta skal kunne ta større ansvar for utvikling av næringa i ei berekraftig retning. Det

inneber å få talet på rein i balanse med beitegrunnlaget, sikring av areala til reindrifta, større lønsemd og tilrettelegging for kriseberedskap. For å styrkje HMS-arbeidet i reindrifta og dermed førebyggje skadar og ulykker, er det lagt til rette for at distriktstilskottet kan brukast til kjøp av relevante hjelpemiddel. For å leggje til rette for at distrikta i større grad set av midlar til kriseberedskap og bruker desse midlane i samsvar med formålet, er det fastsett ein ny regel om at distrikta skal setje av midlar til kriseberedskap for å kunne motta distriktstilskott.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 11,6 mill. kroner.

Post 79 Velferdsordningar, kan overførast

Det er sett av 1,0 mill. kroner til ordninga med tidlegpensjon. Satsen for einbrukarpensjon er 100 000 kroner per år, og for tobrukarpensjon 160 000 kroner. Posten omfattar medlemsavgift til

folketrygda og sjukepengeordninga. Det gjeldande regelverket og dei gjeldande satsane blir førte vidare.

Det er sett av 1,0 mill. kroner til ordninga med særskild tilskott til leigd hjelp ved svangerskap/fødsel. Tilskottet skal bidra til å styrkje kvinners stilling i reindrifta. Det gjeldande regelverket og dei gjeldande satsane er førte vidare.

Det er sett av 0,6 mill. kroner til sjukepengeordninga. Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen dekkjer tilleggspremien for ein auke av sjukepengane frå 65 pst. til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 16 dagar. Fødselspengar blir òg dekte med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utøvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overførte sentralt til folketrygda.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 2,6 mill. kroner.

Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70	Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	14 173	14 265	14 194
75	Tilskott til oppsyn i statsallmenningar	10 126	10 192	10 141
	Sum kap. 1161	24 299	24 457	24 335

Post 70 Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver

Formål med løyvinga

Posten omfattar tilskott til dei kostnadene Statskog SF har med delegerte styresmaktoppgåver og sektorpolitiske oppgåver, slik dei går fram av avtalen mellom Statskog SF og Landbruks- og matdepartementet.

Statskog SF skal sørgje for at dei rettane bruksretthavarar og andre har på eigedommane, blir sikra i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningsliner. Føretaket skal arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er tenleg for samfunnet, for distrikta der eigedommane ligg og for staten som eigar. Innanfor skogbruket følgjer oppgåvene av lov 19. juni 1992 nr. 60 om

skogsdrift m.v. i statsallmenningene (statsallmenningslova), og oppgåvene er særleg knytte til utvising av virke i statsallmenningar til bruksretthavarar. I tillegg skal tilskottet dekkje driftskostnader der det blir selt virke til inntekt for allmenningsfonda.

Vidare utfører Statskog SF oppgåver der føretaket handlar som offentleg styresmakt, hand-samar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova og statsallmenningslova. Kostnadene Statskog SF har med forvaltninga av tilskottet til oppsyn, jf. post 75 Tilskott til oppsyn i statsallmenningar blir òg dekte over denne posten.

I tillegg til dei lovpålagde oppgåvene har Statskog SF ei rekkje oppgåver som har grunnlag i pålegg og retningsliner frå departementet. Statskog SF skal vere til stades på eigedommane og ha oppsyn og kontakt med brukarane av areala. Statskog SF har eit eige feltapparat for naturopp-

syn og forvaltning av statleg grunn i Nordland og Troms. Tenesta skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging bidra til å sikre naturverdiar og bevare biologisk mangfald. Fjelltenesta sel tenester til fleire oppdragsgivarar, mellom anna Statens naturoppsyn (SNO), og tek også del i redningsaksjonar etter oppmoding frå politiet. Statskog SF har inngått ein samarbeidsavtale med SNO om at Fjelltenesta skal utføre offentlegrettsleg naturoppsyn for SNO.

Statskog SF skal leggje til rette for at folk flest skal kunne drive eit aktivt friluftsliv på areala til føretaket. Som ledd i dette arbeidet held føretaket opne husvære i fjellet, merkjer stiar og løyper og byggjer og driv vedlikehald av bruer, klopper, rasteplassar og fiskebrygger. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern. Statskog SF har eit nært samarbeid med miljøvern-, landbruks- og helsestyresmaktene og dei frivillige organisasjonane i dette arbeidet.

Rapportering 2017

På post 70 er det i 2017 rekneskapsført 14,2 mill. kroner, i samsvar med løyvinga det året. Rekneskapan viser at det er brukt 2,2 mill. kroner på skogbruksverksemd i statsallmenningane. Dette er noko høgare enn året før. Om lag 3 752 m³ tømmer og ved er utvist til bruksrettshavarane eller selt til inntekt for allmenningfonda i statsallmenningar med virkesrett. Dette er ein nedgang frå 2016, då talet var på 8 421 m³. Utvist virke er på om lag same nivå som i 2016, men utvist virke til ved har auka noko. Nedgangen har i hovudsak vore i sal til inntekt for allmenningfondet. Til samanlikning er det avverka 14 728 m³ i statsallmenningar utan virkesrett, slik at den samla avverkinga i statsallmenningane i 2017 var på 18 482 m³. Det er utført skogkultur for over 500 000 kroner i 2017. Det er planta på 344 dekar, mens det er utført ungskogpleie på 561 dekar og markbereding på 754 dekar.

Det blei brukt om lag 0,2 mill. kroner til oppgåver i statsallmenningar der føretaket har handla som offentleg styresmakt.

Vidare viser rekneskapan at det blei brukt 5 mill. kroner til oppsyn. Det er ein liten reduksjon frå året før. Oppsynet rettar seg mot førebyggjande verksemd, ordinært oppsyn, vedlikehald og skjøtsel av areala. I 2017 har det vore ein auke i brukarkontakt i felt når det gjeld talet på informerte, og talet på kontrollerte og i reaksjonar som er gitt.

Til arbeidet med friluftsliv blei det brukt om lag 5 mill. kroner. Det er om lag 0,3 mill. kroner mindre enn i 2016.

I 2017 blei det brukt om lag 0,4 mill. kroner på Statens kulturhistoriske eigedommar og Noreg digitalt, det same nivået som i 2016. Dette arbeidet er knytt til utarbeiding av ein landsverneplan for eigedommane til Statskog SF og til ein prosess for å frede enkelte av eigedommane. I 2017 gav Riksantikvaren ei forskrift om freda eigedommar i landsverneplanen for Statskog SF.

Statskog SF deltek i Noreg digitalt for å sikre tilgang til kartdata som er nødvendige for at dei skal kunne utføre oppgåvene sine.

Grunneigarfondet

Statskog SF har ansvaret for forvaltninga av eit fond for grunneigarinntektene frå statsallmenningane. Hovuddelen av inntektene er frå feste-kontraktar i statsallmenningane. I tillegg kjem inntekter frå fallrettar, eigedomsutvikling og andre grunndisponeringstiltak. Bruken av Grunneigarfondet er regulert i § 12 i fjellova. Inntektene skal nyttast til å dekkje utgifter til administrasjon av statsallmenningane og til stønad til ein fellesorganisasjon for fjellstyra (Noregs fjellstyresamband). Fondet skal òg nyttast til tiltak i statsallmenningane, med sikte på verdiskaping og lønsame arbeidsplassar. Slike tiltak skal tildelast i samråd med Noregs fjellstyresamband.

Inntektene i grunneigarfondet var i 2017 på 42,2 mill. kroner. Dette var ein sterk auke frå 2016, då det tilsvarende talet var 23 mill. kroner. Årsaka til den store auken er eingongsinntekter frå eigedomsutvikling, som ei følgje av arbeid med eigedomsutvikling over fleire år.

Kostnadene i 2017 var på 25,9 mill. kroner. Tilskottet til Noregs fjellstyresamband var på 3,1 mill. kroner i 2017, og det blei gitt 2,6 mill. kroner i tilskott til tiltak i statsallmenningane. Resultatet for 2017 var 16,4 mill. kroner. Behaldninga i Grunneigarfondet var per 31.12.2017 28,7 mill. kroner. Det tilsvarende talet i 2016 var 10,1 mill. kroner.

Økonomien i grunneigarfondet er viktig for omfanget av og kvaliteten på Statskog SF sine oppgåver i statsallmenningane og for moglegheita til å bruke midlar til tiltak i statsallmenningane. Fondet er no på eit nivå som gjer det mogleg å nytte meir av midlane til tiltak enn tidlegare.

Allmenningfond

Allmenningfond i statsallmenningar med virkesrett blir forvalta av Statskog SF og det enkelte allmenningsstyret i fellesskap. Allmenningfondet er delt i tre delar; ein del som skal dekkje investerin-

gar i skogen i allmenningen og dekkje virkesretten der den blir utøvd ved fellesdrift, éin del som er skogfond etter skogbrukslova, og éin del som er erstatningar for vern. Allmenningsfonda var per 31.12.2017 på 138 mill. kroner. Av det utgjer erstatning for vern av skog 121,8 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 14,2 mill. kroner.

Oppgåver knytte til skogbruk i statsallmenningar omfattar planlegging og gjennomføring av arbeidet med utvising av virke til dei som har bruksrett, utarbeiding av skogbruksplanar, miljøregistreringar i skog, landskapsplanar m.v. I 2019 skal Statskog SF prioritere takseringar av skogen i statsallmenningane.

Statskog Fjelltenesta skal halde fram med å føre tilsyn på statsgrunn i Nordland og Troms gjennom oppsyn, nærvær og brukarkontakt.

Statskog SF skal i 2019 halde fram med å leggje til rette for bruk av og tilgang til areala for allmenta. Innsatsen skal i hovudsak rettast mot kvalitetssikring og vedlikehald av eksisterande anlegg og tilbod som fremjar tryggleik for og vern av kulturminne, og informasjon om tilboda. Det er behov for vedlikehald av opne husvære for allmenta. Mange av desse husværa blei tidlegare nytta i næringsverksemd, og er viktige kulturberarar som bør haldast i stand så langt det er mogleg. Statskog SF skal halde fram samarbeidet med andre aktørar for å rette merksemd mot friluftsliv og dei store mogleheitene allmenta har til å drive friluftsliv i statsallmenningane og på annan statsgrunn.

Statskog SF skal i 2019 halde fram arbeidet med forvaltningsplanar for dei eigedommane i landsverneplanen som det blei gjort fredingsvedtak for i 2017.

Post 75 Tilskott til oppsyn i statsallmenningar

Formål med løyvinga

Posten dekkjer tilskott til refusjon av kostnader ved oppsynet fjellstyra fører i statsallmenningane. Etter § 36 kan fjellstyra tilsetje oppsynsmenn til å føre tilsyn med statsallmenningen. Oppsynsmenn blir lønte av fjellkassa. Når tilsetjinga av oppsynsmenn skjer i samsvar med oppsynsordninga som departementet har godkjent og innanfor årlege budsjett, har fjellstyra krav på å få refundert halvparten av lønsutgiftene frå

denne posten. Ordninga skal leggje til rette for å vareta samfunnsinteresser, oppsyn og tilrettelegging der staten som grunneigar har eit særleg ansvar. Fjellstyret gir ein instruks for oppsynstenesta som blir godkjend av Statskog SF. Forvaltninga av tilskottsordninga er delegert til Statskog SF.

Statsallmenningane i Sør- og Midt-Noreg utgjer over 26 mill. dekar, tilsvarande 11 pst. av alt utmarksareal i Noreg. Dette er viktige område for rekreasjon og lokal næringsutvikling. Fjelloppsynet har som formål å bidra til berekraftig bruk av statsallmenningane. Fjelloppsynet skal vareta føresegner gitt i eller i medhald av fjellova, og utføre sakshandsaming for fjellstyra. Dette omfattar tilsyn med utøvinga av bruksrettane og jakt og fiske. Fjelloppsynet skal føre tilsyn med statsallmenningane på vegner av staten som grunneigar etter nærare prioriteringar gitt av Statskog SF. Fjelloppsynet skal også føre kontroll med at lovene som er nemnde i naturoppsynslova § 2 blir følgde. Fjelloppsynet skal i slike tilfelle følgje instruks frå SNO. Fjelloppsynet sel også tenester til SNO, og kostnader med desse tenestene blir dekte av SNO, ikkje frå løyvinga på denne posten. Oppsynsmenn kan bli gitt politifullmakt etter politilova § 20.

Rapportering 2017

I 2017 blei det løyvd vel 10,1 mill. kroner i tilskott til fjellstyra for oppsynsordningar i statsallmenningane. Statskog SF har fordelt midlane på grunnlag av budsjett, rekneskap og rapportering frå fjellstyra, og etter ein nøkkel som mellom anna kjem små fjellstyre til gode. 66 av 94 fjellstyre har fått tilskott i 2017. Fjelloppsynet hadde 66 årsverk i 2017. Av dei er 48 årsverk brukte på oppgåver som gir rett til tilskott. Av dei oppgåvene som gir rett til tilskott, er 43 pst. arbeid i felt.

Noko under halvparten av tilskottet er brukt på arbeid i felt knytt til oppsyn og skjøtsel, mens dei resterande midlane er brukte til sakshandsaming og anna innarbeid som gir rett til tilskott. For 2017 er talet på kontrollar på om lag same nivå som i 2017, mellom 6 000 og 7 000. Det er rapportert om 105 ulovlege forhold. Dette er ein auke frå 2016, men det er på eit lågare nivå enn det var tidleg på 2000-talet.

Budsjettframlegg 2019

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 10,1 mill. kroner. Løyvinga på posten gir grunnlag for eit synleg oppsyn i statsallmenningane og rom

for vidare tilrettelegging for friluftslivet. Oppsyn i statsallmenningar skjer gjennom både fjelloppsynet og det offentlegrettslege oppsynet SNO fører. Den lokale forankringa og kunnskapen

fjelloppsynet har er eit viktig bidrag i det samla oppsynet. Det er nødvendig med eit godt samarbeid mellom fjelloppsynet og SNO.

Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
90	Avdrag på lån	75 000	25 000	
	Sum kap. 4162	75 000	25 000	

Post 90 Avdrag på lån

Under posten er det ført inntekter frå avdrag på det statlege lånet Statskog SF fekk i samband med

oppkjøpet av Borregaard Skoger AS, Borregaard Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010–2011) *Kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF*. Lånet blei innfridd i 2018.

Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70	Forskingsavgift på landbruksprodukt	173 130	159 700	158 901
71	Totalisatoravgift	144 349		
72	Jeger- og fellingsavgifter			95 000
	Sum kap. 5576	317 479	159 700	253 901

Post 70 Forskningsavgift på landbruksprodukt

Formål med løyvinga

Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt blei oppretta i medhald av lov av 26.6.1970 om forskningsavgift på visse landbruksprodukt. I tråd med lova er formålet å sikre økonomisk grunnlag for forskning på landbruksprodukt som blir nytta til å framstille nærings- og nytingsmiddel og på førkorn til husdyr. Inntektsposten har ein motsvarande utgiftspost under kap. 1137, post 54. Det er uvisse knytt til dei endelege inntektene frå forskningsavgifta på landbruksprodukt, og departementet gjer difor framlegg om ei meirinntektsfull-

makt mellom kap. 5576, post 70 og kap. 1137, post 54, jf. framlegg til vedtak II.

Post 71 Totalisatoravgift

Under posten blir det ført inntekter frå avgift på totalisatorspel. I 2017 var den samla omsetnaden på totalisatorspel 3 893 mill. kroner. Dette var på nivå med året før. Av omsetnaden blei det betalt 3,7 pst. totalisatoravgift, i alt 144 mill. kroner

Totalisatoravgifta har ingen sektorpolitiske formål. Avgifta blei frå 2018 budsjettert på kap. 5562, post 70 under Finansdepartementet, sjå nærare omtale i Prop. 1 LS (2018–2019) frå Finansdepartementet.

Post 72 Jeger- og fellingsavgifter

Formål med løyvinga

Posten er ny. Jeger- og fellingsavgiftene som blir betalte inn til Viltfondet, blir inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Kapittelet dekkjer utgifter under kap. 1140. I tillegg dekkjer kap. 5576, post 72 òg nokre av utgiftene til viltforskning under kap. 1410 post 50 og utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420, post 01.

Rapportering 2017

Midlane er rammeoverførte frå Klima- og miljødepartementet i samband med endringar i ansvarsdelinga mellom departementa per 1. mai 2018. Rapporteringa for 2017 går fram av budsjettproposisjonen frå Klima- og miljødepartementet.

Budsjettframlegg 2019

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 95,0 mill. kroner i 2019. Forslaget er basert på venta inntekter frå avgiftene til Viltfondet i 2018 og 2019, jf. omtale av fondet under. Løyvinga er auka med 4 mill. kroner frå til 2018. Auken blir finansiert ved ein auke i avgiftene, basert på endring i konsumprisindeksen (mars 2016–mars 2018), og ved bruk av oppspart kapital i fondet.

Nærare om Viltfondet

Mål

§ 40 i viltlova fastset at «den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastsetter» og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom handsaminga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget desse retningslinene for bruken av midlane i Viltfondet:

«Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegersørvis.»

Det er ein føresetnad for den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde overat om lag halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta, og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein skal nyttast i villreinforvaltninga.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggingstiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige inntekter frå enkelte typar fallvilt.

Kommunane krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Det er fastsett ei statleg rammeforskrift for dei kommunale viltfonda, der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein er det etablert ei tilsvarande ordning, der midlar frå innbetalte avgifter frå føregåande år blir tilbakeførte til det enkelte villreinområdet.

Jeger- og fellingsavgiftene blei sist endra i 2017, og departementet gjer framlegg om å justere avgiftene i 2019. Satsane for dei ulike avgiftene går fram av tabellen under.

For oversikta sin del er inntektene for kommunane i 2019 tekne med, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. For kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 2.11 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2019

(tal i heile kroner)				
Type avgift	Storleiken på avgifta i 2019	Estimert tal på innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
Jegeravgift generelt	349	196 900	68 718 100	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt	93	134 600	12 517 800	Viltfondet
Ekstraavgift ved manglande levering av jaktstatistikk ¹	215	12 600	2 709 000	Viltfondet
Gebyr ekstra jegeravgiftskort	70	20 200	1 414 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein	308	5 100	1 570 800	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv	180	2 000	360 000	Viltfondet
Sum statlege avgifter			87 289 700	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg	562	23 700	13 319 400	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv	331	11 200	3 707 200	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort	430	27 100	11 653 000	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv	261	9 000	2 349 000	Kommunane
Sum kommunale avgifter			31 028 600	Kommunane

¹ Innkrevjing skjer etterskottsvis i 2019 for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2017/2018.

Inntektene frå avgiftene gjer at det blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabellen under.

Tabell 2.12 Berekning av kapital i Viltfondet i 2019

(i 1000 kr)	
Saldo per 31.12.17 ¹	19 036
Budsjettert innbetalt i 2018 ²	83 727
Budsjettert refusjon i 2018 (utbetalingar frå fondet)	- 91 000
Budsjettert saldo per 31.12.18	11 763
Budsjettert innbetalt i 2019 ³	87 290
Budsjettert refusjon i 2019 (utbetalingar frå fondet)	- 95 000
Budsjettert saldo per 31.12.19	4 053

¹ Saldo per 31.12.2017 er i denne oversikta redusert for refusjonsbeløpet på 9,763 mill. kroner som ved en feil ikkje blei utbetalt i 2017, men korrigert ved RNB i 2018.

² Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

³ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Viltfondet blir forvalta av Landbruks- og matdepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet det same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitaliserast i fondet og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Inntektene over kap. 5576, post 72 finansierer utgifter til vilttiltak, viltforvaltning og drift av Jegerregisteret over kap. 1140 postane 01, 21 og 71, kap. 1420, post 01, og forskning på viltressursar over kap. 1410, post 50. I budsjettet for 2019 er det lagt inn at 6 mill. kroner blir refunderte til Brønnøysundregistera for drifta av Jegerregisteret. Planlagd bruk av inntektene går fram av tabellen under.

Tabell 2.13 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2019

	(i 1000 kr)
Formål	
Drift av villreinnemndene, drift av jegerregisteret, offentlig jaktstatistikk og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltning (kap.1140.01):	16 000
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	1 591
Prosjekt, FoU, overvakingssystem, sentrale fallviltutgifter m.v. (kap. 1140.21):	22 000
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	2 852
Hjortevilttiltak (kap. 1140.71.1):	3 250
Villreintiltak (kap. 1140.71.2):	2 850
Lokale vilttiltak (kap. 1140.71.3):	33 678
Viltovervaking (kap. 1140.71.4):	6 500
Sum under kap. 1140:	88 721
Viltforskning, NINA (kap.1410.50):	2 998
Tilskottsforvaltning i Miljødirektoratet (kap. 1420 post 01):	3 281
Totalsum:	95 000

Spesielt om hjortevilt og fallvilt

Det er kommunane som har primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt. Det er likevel òg nasjonale oppgåver innanfor desse felta som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom eit tillegg til jegeravgifta for hjorteviltjegerar. På denne måten medverkar hjorteviltjegerane til finansieringa av nødvendige nasjonale oppgåver.

Det er behov for at Miljødirektoratet gjennomfører sentrale analysar av individ som blir funne som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartane. Utgiftene til sentrale oppgåver i samband med hjortevilt og fallvilt er difor budsjetterte under kap. 1140 post 21 Spesielle driftsutgifter. For dei artane der fallviltet har ein salsverdi etter at nødvendige analysar av dyra er gjennomførte, omset Miljødirektoratet skinn og skrottar til inntekt for Viltfondet.

Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Inntekter under programkategori 15.40 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	204			
5652	Statskog SF – renter og utbytte	55 166	26 630	24 750	-7,1
	Sum kategori 15.40	55 370	26 630	24 750	-7,1

Graminor AS

Graminor AS driv planteforedling, sortsrepresentasjon og oppformering for å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale. Selskapet tek imot lisens- og foredlaravgift ved omsetnad av sjukdomsfritt plantemateriale i marknaden, forskingsmidlar frå jordbruksavtalen og tilskott, jf. omtale under kap. 1150, post 77.

Staten eig 34 pst. av aksjane i selskapet. Av dette forvaltar departementet 28,2 pst., mens Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) forvaltar høvesvis 5 pst. og 0,8 pst. Dette skal sikre eigar- og samfunnsinteressene i planteforedling og oppformering av plantemateriale i Noreg.

Graminor AS hadde i 2017 ein omsetnad på 72,3 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 0,8 mill. kroner. Det blei ikkje utbetalt utbytte for 2017.

Graminor AS har utarbeidd ein strategi for verksemda, som er lagd til grunn for selskapet si drift for 2019. I strategien blir verksemda skissert som ei forretningsmessig verksemd basert på planteforedling, representasjon og prebasisproduksjon og planteforedling på vegner av staten. I strategien til verksemda er det lagt til grunn ein langsiktig utbyttepolitikk basert på stabilitet, og på at ein stor del av det årlege overskotet skal heldast tilbake til finansiering av planteforedlingsaktivitet. Det blir difor ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2019.

Staten kategoriserer dei direkte eigde selskapa basert på formålet med eigarskapen. Statens eigarpost i Graminor er plassert i kategori 4, der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen. Målet med statens eigarskap i selskapet er å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale.

Kimen Såvarelaboratoriet AS

Kimen Såvarelaboratoriet AS (Kimen) er Noregs kompetansesenter for frøkvalitet og frøanalysar. Kimen er òg nasjonalt referanselaboratorium for desse analysane. Selskapet har bygd opp kunnskapen gjennom vel 130 år. Staten eig no 51 pst. av aksjane, og dei to andre eigarane Felleskjøpet Agri SA og Strand Unikorn AS, eig 34 og 15 pst. kvar. Staten har ikkje eigarinteresser i selskapet av forretningsmessige grunnar, og Kimen er plassert i ein kategori der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen (kategori 4). Målet med eigarskapen i Kimen er å sikre at norske såvareverksemdar får utført nødvendige analysar, jf. forskrifter for såvare, floghavre, plantehelse og planteproduksjonsområdet.

Kimen hadde i 2017 ein omsetnad på om lag 12 mill. kroner og ein eigenkapitaldel på om lag 80 pst. Kimen blei i 2016 revidert av International Seed Testing Association (ISTA) og akkreditert for tre nye år. Styret for Kimen har vedteke ein handlingsplan til strategisk plan for perioden 2015–2020.

Noko av utfordringa for Kimen framover er svingingar i etterspørselen etter analysetenester.

Ein solid eigenkapital og vedlikehald av kompetanse vil difor framleis vere nødvendig for kommande år.

Staur gård AS

Staur gård AS har ansvar for å drive egedommen Staur i Stange. Egedommen er eigd av staten ved Landbruks- og matdepartementet, og forholdet mellom staten som eigar og selskapet som leigetakar av egedommen er regulert i eigen leigeavtale. Staur gård AS har eit sektorpolitisk ansvar for å leggje til rette for forskings- og forsøksverksemd i jordbruket og for å drive egedommen på best mogleg måte. Av dei viktigaste funksjonane på garden er teststasjonen for storfe, seminastasjonen for sau og korn- og planteforsøk i regi av Graminor AS. Selskapet driv også gjestegard og annan utleigeverksemd. Egedommen som Staur gård AS driv er spesiell og eigenarta, og hagen, parkanlegget og fleire bygningar er freda av Riksantikvaren. Selskapet har til oppgave å drive egedommen på ein rasjonell måte innanfor ramma av desse omsyna. Selskapet er heileigd av staten og har dei seinare åra vore i ein utfordrande situasjon økonomisk.

Selskapet hadde i 2017 ein omsetnad på 9,1 mill. kroner, og eit overskot på om lag 0,7 mill. kroner. Etter oppmoding frå Stortinget gjorde Landbruks- og matdepartementet i 2017 eit kapitalinskott for å gjere selskapet i stand til å innfri forpliktingane sine og få ein tilfredsstillande eigenkapital jf. vedtak nr. 290 av 16. desember 2016. Selskapet har i 2017 innfridd dei langsiktige forpliktingane sine, og sum eigenkapital utgjorde ved utgangen av 2017 7,5 mill. kroner. Det blir no vurdert strategi og moglegheiter for kva aktivitet selskapet skal ha i framtida, og som kan vere økonomisk berekraftig over tid. Marknaden Staur gård AS opererer i i dag er krevjande, og selskapet har utfordringar med å nå fram i konkurransen med dagens forretningsmodell. Det blir ikkje budsjettert med utbytte i 2019.

Staten kategoriserer dei direkte eigde selskapa basert på formålet med eigarskapen. Eigarposten i Staur gård AS er plassert i kategori 4, der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen.

Instrumenttjenesten AS

Instrumenttjenesten AS blei etablert i 1991 for å levere datatenester til seks forskingsinstitusjonar som òg var eigarar. Statens formål med eigarskapen er å leggje til rette for effektiv forskning og utvikling i sektoren. Staten eig heile selskapet. Verksemder under Landbruks- og matdepartementet forvaltar 60 pst. av aksjane, mens NMBU forvaltar dei resterande 40 pst.

Instrumenttjenesten AS hadde i 2017 ein omsetnad på 12,5 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 7 849 kroner. For 2019 blir det fremja forslag om at Stortinget samtykkjer i at NIBIO og Veterinærinstituttet kan avvikle eigarskapen sin i Instrumenttjenesten AS. Bakgrunnen er at eigarskapen ikkje lenger er fagleg viktig for institutta.

ITAS Eierdrift AS

ITAS Eierdrift AS blei etablert i 2009. Aktiviteten i 2017 har vore å drifte sentrale IKT-system og Landbruksmeteorologisk tjeneste for NIBIO. Verksemder under Landbruks- og matdepartementet forvaltar 76 pst. av aksjane, mens NMBU forvaltar dei resterande 24 pst.

ITAS Eierdrift AS hadde i 2017 ein omsetnad på 6,4 mill. kroner og eit årsresultat etter skatt på 56 397 kroner.

Frå og med 2017 har ikkje selskapet kundar sidan NMBU og NIBIO har avslutta kundeforholdet. I den samanhengen blei det i Prop. 25 S (2017–2018) bedt om fullmakt frå Stortinget om avvikling av selskapet. Ei slik fullmakt blei gitt gjennom handsaminga av Innst. 63 S (2017–2018) frå næringskomiteen. Etter planen vil avviklinga slutførast i løpet av 2018.

Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
80	Renter	1 766	630	
85	Utbytte	53 400	26 000	24 750
	Sum kap. 5652	55 166	26 630	24 750

Mål og strategiar

Statskog SF forvaltar om lag ein femdel av land-arealet i Noreg. Statskog SF er den største skog-eigaren i landet med om lag 7 pst. av det samla skogarealet. Resten er fjell- og utmarksareal, for det meste i Troms og Nordland. I Sør-Noreg er ein stor del av arealet (om lag 27 000 km²) statsallmenning, der eigedommar med allmenningsrett har rett til å få vist ut tømmer og ved, beite og seter.

Statskog SF er, med sin kompetanse og si erfaring innanfor skog- og utmarksområdet, ein sentral aktør i ei berekraftig forvaltning av dei norske skog- og utmarksressursane. Føretaket er òg viktig for å løyse oppgåver knytte til skog- og utmarksspørsmål. Statskog SF skal ut frå vedtektene forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjeleigedommar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette, og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsetjinga kan Statskog SF òg drive andre eigedommar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal leggje vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsinnteresser. Ressursane skal utnyttast balansert.

Skogbruk er det viktigaste forretningsområdet til Statskog SF. Etter kjøpet av skogeigedommane frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010–2011) *Kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF*, auka den samla hogsten til Statskog SF frå om lag 150 000 m³ til 400 000 m³ per år. I 2017 var den samla hogsten på 332 000 m³. Statskog har som mål å utnytte skogproduksjonen som grunnlag for verdiskaping og høge skogverdiar, og føretaket har ambisjon om å vere den dyktigaste industrielle skogeigaren i landet. Skogbruket i Statskog SF rettar seg mellom anna etter Norsk PEFC Skogstandard for eit berekraftig skogbruk.

Departementets styring, oppfølging og kontroll av Statskog SF

Departementets styring og kontroll av Statskog SF følgjer reglane i lov om statsføretak og vedtektene til føretaket. Alle avgjerder frå eigaren som er bindande for styret i føretaket, skjer som vedtak i føretaksmøte. Det ordinære føretaksmøtet i Statskog SF er i juni, og utover dette blir det kalla inn til ekstraordinært føretaksmøte ved behov.

Spørsmål om korleis føretaket handsamar myndigheita som er delegert gjennom fellova og

allmenningslova, ligg utanfor sjølve eigarstyringa og blir handterte gjennom eigne kontaktmøte og tildelingsbrev, jf. kap. 1161.

Departementet har kontakt med og får informasjon frå føretaket i aktuelle saker. For å styrkje eigarstyringa blei det i 2011 innført regelmessige kontaktmøte mellom departementet og Statskog SF ommellom anna Statskog SFs framlegging av kvartalsresultat. Økonomien i verksemda og viktige hendingar blir gjennomgått på kontaktmøta og på ordinært føretaksmøte.

Landbruks- og matdepartementets forventningar til Statskog SF går fram av Prop. 1 S (2015–2016).

Vidareføring og utviding av arronderingssalet frå Statskog SF

Arronderingssalet, som er ein del av oppfølginga av Statskog SFs skogkjøp i 2010, jf. Prop. 11 S (2010–2011), kom i gang i 2011 og omfatta frå starten spreidde skogeigedommar på om lag 600 000 dekar som Statskog SF eigde før 2010. I eit ekstraordinært føretaksmøte i januar 2016 blei det opna for at Statskog SF kan utvide arronderingssalet med opp til 150 000 dekar der dette gir arronderingsgevinst for føretaket. Føretaket har innarbeidd ei slik utviding i planane sine, der det er lagt opp til at salet vil halde fram til 2021.

Arronderingssalet vil betre eigedomsstrukturen i føretaket og samstundes bidra til å styrkje det private skogbruket.

Fram til hausten 2018 er det selt 205 eigedommar som til saman utgjer 451 241 dekar der kjøparen har fått konsesjon. Eigedommane er fordelte på 81 kommunar i 17 fylke. 68 pst. av eigedommane er selde til lokale kjøparar, mens 19 pst. er selde til kommunar og til Miljødirektoratet. Dei resterande 13 pst. er i hovudsak selde til jord- og skogeigarar i nabokommunar.

Rapportering 2017

Resultatet etter skatt var på 80,1 mill. kroner i 2017. Det er 53,6 mill. kroner lågare enn i 2016, noko som i hovudsak kjem av lågare eingongsinntekter frå skogvern og sal av eigedom.

I samband med at Statskog SF kjøpte selskapa Borregaard Skoger AS, Borregaard Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, fekk føretaket eit statleg lån på 475 mill. kroner, jf. Prop. 11 S (2010–2011). I 2017 blei det innbetalt 75 mill. kroner. Saldo på lånet var 25 mill. kroner per 31.12.2017. Lånet blei nedbetalt i 2018.

Post 85 Utbytte

Utbetalt utbytte til staten frå Statskog SF i 2017 var på 53,4 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2019

Utbyttet frå føretaket for 2018 blir sett til 75 pst. av årsresultatet etter skatt. Det blir budsjettert med


eit ordinært utbytte for 2018 på 24,75 mill. kroner. Endeleg framlegg til ordinært utbytte vil bli fastsett når årsresultatet for 2018 ligg føre, og vil bli lagt fram i den ordinære budsjettprosessen. Vedtak om utbytte blir gjort på ordinært føretaksmøte første halvår 2019.

Del III
Rapportering på dei landbruks-
og matpolitiske måla

3 Nærare om dei ulike landbruks- og matpolitiske måla

Ei overordna framstilling av måla i gjeldande målstruktur på det landbruks- og matpolitiske området går fram av proposisjonen si innleiing (Del I). I det følgjande er det ein meir grundig

omtale av alle måla enkeltvis, med rapportering om tilstand og utviklinga over tid der dette er relevant.



Figur 3.1 Målstruktur for landbruks- og matpolitikken

3.1 Overordna mål: Matsikkerheit og beredskap

Sikre forbrukarane trygg mat

All mat som blir omsett i Noreg skal vere trygg. Trygg mat er viktig for Noreg som matnasjon. Produksjon av trygg mat skapar tillit og sikrar avsetnad av varer og legitimitet for eit levande landbruk og for næringsmiddelindustrien.

Infeksjon grunna næringsmiddel er framleis eit stort helseproblem internasjonalt. Noreg har generelt færre smittestoff i mat samanlikna med andre land. Ein stor del av dei melde tilfella av matborne infeksjonar kjem frå smitte i utlandet. Førekomensten av smittestoff i husdyr og mat som er produsert i Noreg, er låg samanlikna med dei fleste andre land, sjølv om enkelte smittestoff har eit reservoar blant norske husdyr.

For å halde den gode statusen ved like, blir det lagt vekt på kontinuerleg overvaking slik at tiltak kan setjast inn i tide. Faktorar som verkar inn på førekomsten av matborne infeksjonar i Noreg er mellom anna auka internasjonal handel med mat, nye matvanar og nye produksjonsrutinar.

Sjølvs om mattryggleiken i Noreg generelt er god, opplever vi kvart år fleire større og mindre utbrott av matborne infeksjonar. Talet på varsla utbrott har vore ganske stabilt dei siste åra.

Kvaliteten på drikkevandet er generelt god. Svært få av oss blir sjuke av vatnet som kjem ut av krana. Likevel er det mange stadar eit gammalt og dårleg leidningsnett som kan føre til at vatnet blir ureina.

Tilstanden er god med omsyn til framandstoff og restar av legemiddel i mjølk, kjøtt og fisk og når det gjeld restar av plantevernemiddel i vegetabilsk mat. Ei utfordring er det derimot med kosttilskott som inneheld udeklarerte og ulovlege ingrediensar eller som er tilsette legemiddel. Bruk av slike kosttilskott kan føre til alvorleg helseskade. Det er òg ei utfordring knytt til produkt som blir omsette over internett og per postordre. Mattilsynet skal utvikle tilsynet og auke kompetansen for å følgje opp nye omsetnadsformer og auka netthandel.

Auka matvareberedskap

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon i produksjonar med marknadsmoglegheiter. Hovudoppgåva til jordbruket er matproduksjon, og verkemidla skal difor innrettast slik at dei bidreg til dette. I fleire produksjonar er det nær full marknadsdekning av norske varer. Det gjeld til dømes sau/lam, egg, storfe og fjørfe. Jordbruksoppgjeret i 2018 prioriterte difor inntektsmoglegheiter for produksjon av korn, frukt, grønsaker, bær og poteter.

Sjølvsforsyningsgraden beskriv heimemarknadsdelen rekna på energibasis. Det vil seie kor stor del av matvareforbruket på engrosnivå som kjem frå norsk produksjon av jordbruksprodukt eller fisk. Importerte innsatsvarer og eksport av til dømes fisk er ikkje med i berekinga av sjølvsforsyningsgraden. Sjølvsforsyningsgraden gir først og fremst eit bilete av den prosentdelen av heimemarknaden målt i energi som er produsert i Noreg og kan, per definisjon, ikkje overstige 100 pst.

Sjølvsforsyningsgraden for varer som er produserte i jordbruket, blir særleg påverka av vêret, men òg av ulike kvalitetskrav, prisar, landbrukspolitiske verkemiddel og internasjonale handelsavtalar. Sjølvsforsyningsgraden er gjennomgåande

høg for husdyrprodukt, og klart lågare for planteprodukt. Etter fleire år med reduksjon i sjølvsforsyningsgraden frå 2008, auka han med 3 prosentpoeng frå 47 pst. til 50 pst. frå 2014 til 2015. Dette kom i stor grad av gode kornavlingar, og at mykje av kornet hadde matkornkvalitet. Frå 2015 til 2017 har sjølvsforsyningsgraden gått ned 1 prosentpoeng, til 49 pst., som følgje av redusert matkornandel. Naturgitte forhold gjer at sjølvsforsyningsgraden er låg for energirike plantevekstar og høg for husdyrprodukt med større del proteininnhald.

Av det samla fôrbehovet (grovfôr og kraftfôr) er om lag 20 pst. importerte råvarer. Av dei tre hovudførekomstane i kraftfôr, er delen norskprodusert råvare særleg redusert for feitt- og proteinfraksjonen som følgje av forbodet mot kjøtt- og fiskebeinsmjøl. Bruken av norsk korn i kraftfôr er avhengig av vêret. Krav til energi- og proteininnhald i kraftfôret gjer at karbohydratdelen blir redusert. Delen av norskprodusert karbohydrat blir òg påverka av kva type proteinråvare som blir nytta – ei proteinråvare med låg karbohydratinnehald gjer rom for auka bruk av norsk karbohydrat i fôret. Delen av norskprodusert karbohydrat i kraftfôret har auka frå 61 pst. i 2014 til 78 pst. i 2017. Signal frå næringa viser at det er rom for meir norskprodusert kveite i kraftfôret fordi kveiten har eit høgare proteininnhald enn anna fôr-korn. Ein auke i produksjonen av norsk kveite er difor ein viktig faktor for å auke delen norskprodusert råvare i kraftfôret. Delen av norskprodusert feittråvare i kraftfôret har auka med 11 prosentpoeng frå 2014 til 2017, og ligg no på 56 pst.

God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

God plante- og dyrehelse er viktig for mattryggleik, kostnadseffektivitet og ein langsiktig og berekraftig matproduksjon. Ein stor del av det globale potensialet for matproduksjon blir i dag ikkje utnytta på grunn av skadegjerarar i planteproduksjon og dyresjukdommar. Klimaendringar og auken i ferdsel over landegrensene er risikofaktorar for både plante- og dyrehelsa.

Plantehelsa er generelt god i Noreg samanlikna med mange andre europeiske land, sjølv om det kvart år er tilfelle av skadegjerarar i viktige kulturar.

Helsesituasjonen i norske husdyrpopulasjonar er god. Det er svært få tilfelle av salmonellainfeksjon hos norske husdyr samanlikna med mange andre land. Smitte til menneske frå norskprodusert kjøtt og kjøttprodukt er difor uvanleg.

Antibiotikabruken i norsk husdyrhald er svært låg i internasjonal samanheng. Dyktige og

ansvarsbevisste bønder, ansvarsfulle veterinærer og eit godt samarbeid mellom næringa og styresmaktene, er avgjerande faktorar for den gode situasjonen i Noreg.

Landbruks- og matdepartementet har utarbeidd ein eigen handlingsplan mot antibiotikaresistens innanfor eige sektoransvar. I denne planen er det mellom anna ei målsetjing at den antibiotikaresistente LA-MRSA bakterien ikkje skal etablerast i norsk svinehald. I 2017 blei det ikkje gjort funn av den bakteriestammen som internasjonalt blir rekna som LA-MRSA i norske svinebuskar. Det er ein nedgang i forbruket av veterinære antibakterielle middel på 32 pst. til kjæledyr frå 2013. Nedgangen er på om lag 20 pst. når ein reknar med bruk av humane antibakterielle middel. Forbruket til dei viktigaste matproduserande landdyra er i same periode redusert med omlag 9 pst.

Bruken av antibiotika til behandling av slaktekylling er framleis svært låg. Narasin blei fasa ut som førtilsetningsmiddel til slaktekylling sommaren 2016. Vitskapskomiteen for mattryggleik vurderte i 2015 risikoen for overføring av antibiotikaresistens frå mat og matproduserande dyr i Noreg. Dei konkluderte med at det er lite sannsynleg at vi blir utsette for antibiotikaresistente bakteriar frå norske matvarer.

Generelt er helsa god òg hos viltlevande dyr, men i april 2016 blei sjukdommen Chronic Wasting Disease (CWD) påvist hos villrein og elg. Denne sjukdommen hos hjortedyr er smittsam og dødeleg. Sjukdommen er ikkje påvist i Europa tidlegare og aldri før hos reinsdyr. Mattilsynet starta raskt med kartlegging og tiltak for å avgrense og helst utrydde sjukdommen. Det er etablert verne-tiltak mot spreiding innanlands og mot utlandet. Den smitta villreinflakken i Nordfjella sone 1 er teken ut, og det blir gjennomført omfattande prøveuttak for å kartlegge om sjukdommen finst andre stadar. Dette arbeidet er òg viktig for å sikre at dei dyra som blir nytta til å byggje opp ein ny villreinstamme i Nordfjella, er friske.

God dyrevelferd er eit mål i seg sjølv, i tillegg til at det er eit gode for samfunnet og eit konkurransefortrinn for norsk mat. Generelt er dyrevelferda i Noreg betre enn i mange andre land. Det er stor offentleg merksemd på dyrevelferd.

Regjeringa har styrkt arbeidet for god dyrevelferd, mellom anna gjennom prøveprosjekt med dyrepoliti i fem politidistrikt.

Sjølv om dyrevelferda generelt er god, er det framleis utfordringar knytt til dyrevelferd i enkelte produksjonar og hos enkelte eigarar av både produksjonsdyr, sportsdyr og kjæledyr. Mat-

tilsynet gjennomførte i 2017 og 2018 ein tilsynskampanje som viste alvorlege avvik i mange slaktegrisesetningar i Rogaland. Mattilsynet har, på grunnlag av funna i kampanjen, merksemd på risikobasert tilsyn med slaktegris i heile landet.

Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane

For god utnytting av dei biologiske ressursane er langsiktig avlsarbeid viktig. Gjennom BIONÆR-programmet i Noregs forskingsråd har Landbruks- og matdepartementet over fleire år bidrege med finansiering av viktige forskingsprosjekt innan husdyravl, der avlsorganisasjonane Geno og Norsvin er sentrale aktørar.

Både Geno og Norsvin har i avlsmåla gjennom mange tiår vektlagt fleire eigenskapar enn berre auka produksjon av mjølk og kjøtt. Det er vektlegginga av eigenskapar som helse, fruktbarheit, haldbarheit, beinkvalitet, gemytt og moreigenskapar som har bidrege til at den norske grisen og mjølkekua av rasen Norsk Raudt Fe (NRF) i dag er særst ettertrakta i mange land.

FNs mat- og landbruksorganisasjon, FAO, omtalar NRF som eit godt døme på moderne, god og berekraftig avl. Geno eksporterer NRF-sæd til over 30 land, og det er spesielt den gode dyrehelsa og fruktbarheita som har ført til auka interesse for NRF-kua i mange land.

Norsvin har òg lukkast godt i sitt internasjonale arbeid, og norske svinegen finst no i mange land. I tillegg aukar interessa. Norsvin har ved å kombinere interessene til produsentar, foredlingsindustri og forbruket i avlsarbeidet utvikla ein gris med unike eigenskapar. Høg forskingsaktivitet har vore viktig for det ovannemnde avlsarbeidet, og i 2018 er forskings- og utviklingsbudsjettet til Norsvin på nærare 200 mill. kroner.

Det er fleire aktive forskingsprosjekt med mål om berekraftig, klimavennleg og auka utnytting av dei biologiske ressursane. Som døme kan nemnast prosjekt som studerer nye norske proteinråvarer, alternative fôrkjelder, auka fôrutnytting, betre fôringsrutinar, avl for auka fertilitet hos storfe, ultralydmåling på levande gris for sikker registrering av intramuskulært feitt, genomsekvensering og genomisk seleksjon av storfe, svin og sau, berekraftig sauehald, veksthusdyrking, karbonlagring i jord, auka produksjon og utnytting av skog og trevirke, plantevernmiddel i mat og miljø, miljøvennleg energi og utvikling av elektrisk traktorrobot.

For auka bruk av dei biologiske ressursane er rekruttering av fagpersonar viktig. Det har dei

Boks 3.1

Presisjonslandbruk er viktig for å redusere bruken av plantevernmiddel (pesticider og herbicider). Fordi ugras som oftast veks flekkvis, kan bruken av ugrasmiddel (herbicider) reduserast ved å tilføre middelet berre der det er eit reelt behov. Tverrfagleg forskning i samarbeid med næringsaktørar, der NIBIO har bidrege med agronomi og plantevernfagleg kompetanse, har ført til at ugrasmiddel kan nyttast etter behov i korn og radkulturar. Ein ny metode er å montere ein DAT-sensor på åkersprøyta. Sensoren «ser» ved spesialutvikla maskinsyn kor det er behov for sprøyting. Den andre måten er ein sjølvgåande robot («Asterix») som ved spesialutvikla maskinsyn avset dråpar med ugrasmiddel berre på ugrasblad og ikkje på nytteplantane eller jorda. Det er tverrfagleg forskning som ligg til grunn for begge metodane, med kombinasjon av agronomi, maskinsyn og robotikk. Forskinga har bidrege til utvikling innanfor fleire bedrifter, og det er vist at det kan gi store reduksjonar i bruken av plantevernmiddel.

siste åra vore ein klar auke i talet på søkjarar til yrkesfaga innan «grøn» sektor, men det er relativt få som vel denne retninga samanlikna med andre programfag. Innan høgare utdanning har det også vore ein positiv trend dei siste åra når det gjeld talet på studentar innan landbruksfag og andre grøne utdanningar, men tala varierer. Fleire kandidatar innanfor dei tradisjonelle landbruksfaga legg òg grunnlaget for rekruttering til forskarutdanning. Tiltak for å auke rekrutteringa er viktig, og det må stimulerast til auka samarbeid både internt i sektoren og på tvers av sektorane.

3.2 Overordna mål: Landbruk over heile landet

Leggje til rette for bruk av beite- og jordressursane

For å nå målet om landbruk i heile landet må det leggjast til rette for bruk av beite- og jordressur-

sane. Dette krev ei geografisk differensiering av verkemidla i jordbruket.

I perioden 1979–1999 auka det registrerte jordbruksarealet med 8,2 pst. I perioden 1999–2018 er det estimert ein reduksjon i det samla jordbruksarealet på ca. 5 pst. Registrert totalareal var på sitt høgaste 1998.

Frå 2005 er eit nytt digitalt kartgrunnlag teke i bruk som kontrollgrunnlag ved søknad om produksjonstilskott. Overgangen er no fullført. Tal frå Landbruksdirektoratet viser at innføringa av det nye kartverket i perioden 2005–2013 gav ein reduksjon i arealet på om lag 3,3 pst. Effekten av det nye kartverket kan både komme av meir nøyaktige målingar og at endringar som har skjedd over tid først blir fanga opp når eit nytt kartverk blir teke i bruk. Arealnedgangen utanom nytt kartverk har vore på om lag 1,4 pst. i same periode. Arealavgangen er redusert frå 60 000 dekar per år i perioden med digitalisering, til om lag 10 000 dekar per år etter 2013. Sidan 2010 har nesten 150 000 dekar areal blitt godkjent til nydyrking. Både i 2016 og 2017 blei over 21 500 dekar areal godkjent til nydyrking.

I 2004 blei det sett eit nasjonalt mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord skulle reduserast til under 6 000 dekar. Dette målet blei nådd i 2013. I 2016 fastsette Stortinget i Innst. 56 S (2015–2016) eit nytt jordvernsmål på under 4 000 dekar per år innan 2020. For 2017 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 4 025 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk. Særleg har omdisponeringa til samferdselsformål gått ned frå 2016 til 2017.

Reduksjonen i jordbruksareal i drift frå 1999 til 2017 har først og fremst skjedd på Vestlandet, i Agder-fylka og i Nord-Noreg. I perioden frå 2010 til 2017 blei arealet av open åker på Austlandet redusert med om lag 150 000 dekar, mens arealet av eng og beite auka med om lag 60 000 dekar. Dette kjem delvis av auka hald av ammeku og sau. Enkelte stadar bidreg det òg til redusert avrenning til vassdrag gjennom auka grasdekke mellom dyrka mark og vassdrag. Tal frå Budsjettnemnda for jordbruket viser ein marginal auke i jordbruksarealet frå 2016 til 2017. På landsbasis har prosentdelen fulldyrka jord gått marginalt ned dei siste fire åra, mens prosentdelen anna eng og beite auka med 2,7 pst. frå 2014 til 2017. Kornarealet har auka med 0,1 pst. sidan 2014. Budsjettnemnda prognoserar ein marginal reduksjon i kornarealet frå 2017 til 2018 på grunn av dårlege dyrkingsforhold hausten 2017.

Tabell 3.1 Jordbruksareal i drift, 1989–2017

	1989	1999	2014	2015	2016	2017	Endring 99–17	Endring 14–17
Korn og oljevekstar		3 345	2 879	2 862	2 892	2 883	-14 %	0,1 %
Åker og hage	4 402	3 995	3 326	3 303	3 332	3 314	-17 %	-0,4 %
Fulldyrka eng og beite	4 443	4 876	4 785	4 799	4 750	4 732	-3 %	-1,1 %
Sum fulldyrka jord	8 846	8 871	8 111	8 102	8 082	8 046	-9 %	-0,8 %
Anna eng og beite	1 096	1 511	1 756	1 759	1 755	1 804	19 %	2,7 %
Jordbruksareal i drift i alt	9 941	10 384	9 868	9 860	9 837	9 850	-5 %	-0,2 %
Areal daa/innbyggjar	2,35	2,34	1,93	1,90	1,90	1,90	-19 %	-1,6 %

Talet på dyr som gav grunnlag for beitetilskott/utmarksbeitetilskott var lågare i 2017 enn dei føregåande åra. Landbruksdirektoratet meiner det kan vere fleire grunnar til nedgangen. Eit nytt søknadssystem for produksjonstilskott blei teke i bruk i 2017, og misforståingar ved utfylling av søknaden kan ha gjort at ikkje alle føretak førte opp dyr på beite/utmarksbeite. Alle føretak fekk høve til å registrere dyr på beite/utmarksbeite etter fristen, utan at det førte til at talet blei særleg høgare. Ei anna mogleg forklaring på at talet er lågare, er at tidspunktet for søking blei endra i 2017. Tidlegare år blei det søkt om beitetilskott midt i beitesesongen, slik at føretaka ikkje visste om vilkåra for beitetilskott var oppfylte då dei leverte søknaden. I 2017 blei søknaden levert i oktober, og då visste dei fleste om vilkåra var oppfylte. Beitesesongen 2017 var òg prega av store nedbørmengder fleire stader i landet, noko som kan ha gjort at færre dyr enn tidlegare år oppfylte vilkåra for beitetilskott/utmarksbeitetilskott.

Om lag 85 pst. av sau og lam går på utmarksbeite. Prosentdelen sau på utmarksbeite aukar etter som besetningane blir større. I sauehaldet beitar 62 pst. av besetningane med under 20 sau i utmark, mot 87 pst. av besetningane med over 200 sau.

Prosentdelen storfe på beite har auka med 8 prosentpoeng dei siste ti åra. Prosentdelen som går på utmarksbeite har auka med 6 prosentpoeng i same periode. For storfe går prosentdelen dyr på beite ned når besetningane blir større.

På grunnlag av utvalsundersøkinga «Arealrekneskap i utmark» og statistikk frå Landbruksdirektoratet på søknadar om produksjonstilskott i 2016, har NIBIO gjort berekningar av kor stor del av det tilgjengelege utmarksbeitet i kvart fylke som blir nytta av husdyr. Oslofjordfylka, Telemark og heile området frå det tidlegare Nord-Trøndelag til Finnmark har ei utnyttingsgrad som er lågare enn landsgjennomsnittet. I Oppland og fylka langs kysten frå Agder til Møre og Romsdal er utnyttingsgraden for utmarksbeite høgare enn landsgjennomsnittet. Berekningane viser at det er store ressursar i utmarka som ikkje blir utnytta, og at det unytta potensialet er særleg stort i Nordland og Troms.

Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Jordbruket stod for i alt 1,8 pst. av den samla sysselsetjinga i Noreg i 2017. I alt var det i underkant av 90 000 sysselsette personar i landbrukssektoren, ein liten auke frå 2016. Av dei var om lag 35 500 sysselsette i jordbruk og reindrift og 5 650 i skogbruk, jf. tabell 3.2. Samstundes var 32 900 sysselsette i jordbruksbasert matindustri og over 15 750 i skogbruksbasert industri. Den regionvise fordelinga av sysselsetjinga i jordbruket over tid er relativt stabil. Rogaland skil seg ut med størst prosentdel i den jordbruksbaserte sysselsetjinga.

Landbruks- og matdepartementet

Tabell 3.2 Sysselsette personar i landbruket, 2017

	Sysselsette i alt		Sysselsette i jordbruk og reindrift		Sysselsette i skogbruk		Sysselsette i matindustri		Sysselsette i skogbruksbasert industri		Sysselsette i landbruket		Landbruksbasert sysselsetjing som del av total sysselsetjing	
	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.
Østfold	118 320	5,0 %	1 780	5,8 %	329	9,0 %	2 966	9,2 %	1 445	6 520	7,3 %			
Akershus	270 337	4,8 %	1 699	7,0 %	395	7,1 %	2 343	3,2 %	500	4 937	5,5 %			
Oslo	468 375	0,5 %	161	2,3 %	131	10,5 %	3 472	1,4 %	215	3 979	4,4 %			
Hedmark	86 628	8,5 %	3 012	19,1 %	1 080	6,2 %	2 040	12,5 %	1 965	8 097	9,0 %			
Oppland	86 968	9,9 %	3 514	11,0 %	626	4,7 %	1 550	7,5 %	1 185	6 875	7,7 %			
Buskerud	125 938	4,3 %	1 535	11,1 %	628	4,1 %	1 338	7,2 %	1 134	4 635	5,2 %			
Vestfold	106 932	4,0 %	1 427	4,4 %	248	7,5 %	2 458	5,0 %	787	4 920	5,5 %			
Telemark	74 749	2,8 %	992	7,2 %	410	1,6 %	514	2,3 %	360	2 276	2,5 %			
Aust-Agder	47 867	1,6 %	551	5,5 %	311	1,3 %	421	5,2 %	825	2 108	2,3 %			
Vest-Agder	86 998	2,5 %	872	3,9 %	223	2,9 %	968	7,6 %	1 202	3 265	3,6 %			
Rogaland	233 986	13,7 %	4 856	1,7 %	94	12,0 %	3 963	8,4 %	1 325	10 238	11,4 %			
Hordaland	254 288	5,5 %	1 955	2,5 %	144	6,6 %	2 187	3,9 %	607	4 893	5,4 %			
Sogn og Fjordane	54 490	5,5 %	1 964	2,0 %	111	3,5 %	1 166	4,0 %	628	3 869	4,3 %			
Møre og Romsdal	127 061	5,6 %	1 999	2,7 %	155	4,3 %	1 409	3,9 %	619	4 182	4,7 %			
Sør-Trøndelag	166 480	7,6 %	2 683	3,3 %	188	8,5 %	2 794	6,8 %	1 078	6 743	7,5 %			
Nord-Trøndelag	62 621	8,2 %	2 915	6,6 %	375	3,7 %	1 208	6,8 %	1 074	5 572	6,2 %			
Nordland	116 018	5,7 %	2 033	2,7 %	152	2,2 %	732	4,0 %	634	3 551	4,0 %			
Troms	84 538	2,7 %	949	1,0 %	58	3,2 %	1 039	1,0 %	155	2 201	2,4 %			
Finnmark	37 143	1,8 %	631	0,2 %	10	1,0 %	342	0,2 %	27	1 010	1,1 %			
Sum	2 609 737	100 %	35 528	100 %	5 668	100 %	32 909	100 %	15 765	89 870	100 %			

Landbruksnæringa betyr relativt sett meir for sysselsetjinga i område med spreidd busetnad og småsenterregionar enn i meir sentrale område av landet. Områda med spreidd busetnad og småsenterregionar har over fleire år hatt ein større og meir vedvarande nedgang i sysselsetjinga enn andre regionar.

Ressursane knytte til landbrukseigedommane spelar ei viktig rolle for sysselsetjing og busetjing i store delar av landet. Tal frå SSB viser at det var registrert 5 258 317 innbyggjarar i Noreg per 1.1.2017. Av dei var 372 656 fast busett på ein landbrukseigedom. Det er ein nedgang frå 423 412 personar i 2010. I 2017 var det registrert om lag 146 100 landbrukseigedommar med bustadhus i Noreg. I overkant av 115 600 landbrukseigedommar var registrerte med fast busetnad av eigaren eller andre. I snitt bur 3,2 personar på kvar landbrukseigedom, målt ut frå desse tala.


I 2017 budde 7,1 pst. av befolkninga på ein landbrukseigedom. I område med spreidd busetnad og i småsenterregionar bur ein større del av befolkninga på landbrukseigedommar. Her er det høvesvis om lag 23 pst. og 18 pst. av befolkninga som bur på slike eigedommar, mens tilsvarende tal for storbyregionar er om lag 3 pst.

Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling

Den geografiske fordelinga av produksjon i landbruket er viktig for å oppretthalde målet om land-

bruk over heile landet. Figur 3.2 viser endringa i produsert mengde fordelt på nokre produksjonar og på landsdel i denne regjeringsperioden. Produksjonen av mjølk er jamt fordelt over heile landet på grunn av kvotesystemet. Dei siste åra har den samla produksjonen gått noko ned i heile landet med unntak av Vestlandet, som har hatt ein liten auke. Produksjonen av storfekjøtt har auka i alle delar av landet med unntak av Nord-Norge. Særleg sterk har auken vore i Trøndelag. Produksjonen av sau har auka i heile landet, mest på Austlandet og i Trøndelag. Åkerarealet har auka i Rogaland og Nord-Noreg, målt i prosent frå eit lågt nivå.

Produksjonen av fjørfekjøtt har hatt ein sterk auke dei siste ti åra, trass i reduksjonen i 2015 og 2016 som følgje av marknadssvikt i samband med merksemda kring antibiotikaresistens. I dag blir fjørfekjøtt i hovudsak produsert på Austlandet, i Trøndelag og i Rogaland. Produksjonsauken frå 2016 til 2017 har komme i Rogaland. I Trøndelag har produksjonen av egg auka mykje dei siste åra, mens han har vore stabil i resten av landet. Veksten i produksjon av grønsaker har komme på Austlandet. I svinekjøttproduksjonen har veksten i størst grad komme i Rogaland, men òg i Agder/Telemark, på Vestlandet og i Nord-Noreg har produksjonen auka noko.




Figur 3.2 Endring i produsert mengde fordelt på produksjon og landsdel, 2014–2017

For å nå målet om eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur må produksjonsgrunnlaget (areal og struktur) vere innretta på ein tenleg måte. Tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) viser at over halvparten av jordbruksverksemdene (59 pst.) hadde mellom 100 og 499 dekar jordbruksareal i drift i 2016. Dette er ein nedgang frå 2006, då prosentdelen for desse jordbruksverksemdene var på 64 pst. I 2016 hadde 4 300 jordbruksverksemdar 500 dekar og meir jordbruksareal i drift mot om lag 4 200 året før. Tala viser framleis ein auke i jordbruksverksemdar med 500 dekar og meir jordbruksareal i drift – frå 2,5 pst. i 2000 til i underkant av 11 pst. i 2016.

Tala for jordbruksverksemdene analyserte på BA-sentralitet viser omtrent same strukturfordeling som året før. Om lag 69 pst. av jordbruksverksemdene ligg i ulike former for byregionar. Største delen ligg i småbyregionane (25 pst.), færrast i område for spreidd busetnad (9 pst.). Småbyregionane er òg i 2016 dei regionane som har flest dekar jordbruksareal i drift (2,6 mill. dekar) og mest leigd areal (i underkant av 1,2 mill. dekar). Tala frå åra 2012 og 2016 for desse regionane viser òg at det eigde jordbruksarealet i drift har gått ned frå 1 490 600 dekar til 1 430 800 dekar, mens leigd jordbruksareal i drift har auka frå 1 135 600 dekar til om lag 1 180 500 dekar.

Det er i dag eit stort omfang av leigejord. Over halvparten av jordbruksverksemdene (60 pst.) driv landbruksproduksjon med både leigd og eigd jordbruksareal. Om lag 30 pst. av jordbruksverksemdene driv produksjonen berre på eige jordbruksareal. 7 pst. driv landbruksproduksjon berre med leigd jordbruksareal, jf. figur 3.3, som viser jordbruksverksemdene fordelte etter jordbruksareal i drift. Tala for 2015 og 2016 viser ein nedgang i jordbruksverksemdar som driv landbruksproduksjon berre med eigd jordbruksareal, men òg ein nedgang i talet på jordbruksverksemdar som driv produksjon med både eigd og leigd jordbruksareal.

Det eigde jordbruksarealet i drift på jordbruksverksemdene var på vel 5,4 mill. dekar i 2016. Det leigde jordbruksarealet var på 4,4 mill. dekar. Samanlikna med tala frå 2015 viser dette ein nedgang i det eigde jordbruksarealet i drift på 52 100 dekar og ein auke i jordbruksarealet som blir leigd av jordbruksverksemdene, på 28 300 dekar. Gjennomsnittleg areal i drift per jordbruksverksemd var 239 dekar i 2016 (fordelt på 132 dekar eigd areal og 107 dekar leigd areal). Det er 4 dekar meir enn året før og 23 dekar meir enn i 2010. Av jordbruksarealet i drift var i alt 45 pst. leigejord i 2016 mot 44 pst. i åra 2015, 2014 og 2013.




Figur 3.3 Jordbruksverksemdar etter jordbruksareal i drift, 2016

Regjeringa vil leggje til rette for ein variert eigdomsstruktur der bonden har rett til å disponere over eigen eigedom i tråd med egne val og prioriteringar. Statistikk frå SSB viser at det var om lag 184 400 registrerte landbrukseigedommar i 2016. Dette er landbrukseigedommar som er sette saman av minst 5 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktiv skog. Ei gruppering av landbrukseigedommane etter storleiken på det eigde jordbruksarealet viser at mange eigedommar har eit lite jordbruksareal. Hovudtyngda (70 pst.) av eigedommane hadde mellom 5 og 100 dekar eigd jordbruksareal både i 2015 og 2016. Om lag 18 pst. hadde mellom 100 og 500 dekar eigd jordbruksareal. Under 1 pst. hadde eigd jordbruksareal på 500 dekar og meir. Utviklinga frå 2013 til 2016 viser ein auke i talet på landbrukseigedommar som har mellom 100 og 500 dekar eigd jordbruksareal. Endringa var størst for landbrukseigedommar mellom 200 og 300 dekar (om lag 250 eigedommar). Utviklinga viser òg ein liten auke i talet på eigedommar med 500 dekar og meir eigd jordbruksareal i perioden (om lag 100 eigedommar). Om lag 7 pst. av eigedommane var registrerte utan eigd jordbruksareal i 2016. Dette er på same nivå som i perioden 2013–2015.

Tal frå KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering) i 2017 viser at om lag 17 pst. av dei som fekk

samtykke til å dele ein landbrukseigedom, skulle selje jorda som tilleggsjord til ein annan landbrukseigedom, dvs. at areal frå 627 eigedommar skulle overførast som tilleggsjord til ein eller fleire landbrukseigedommar i 2017. I perioden 2009–2014 var den tilsvarande prosentfordelinga på om lag 12 pst. Fordelinga i 2015 var 15 pst. og i 2016 14 pst.

Av dei 184 400 registrerte landbrukseigedommane i 2016 har om lag 163 000 eigedommar (88 pst.) minst 5 dekar eigd jordbruksareal. Av dei har om lag 51 pst. av eigedommane jordbruksareal som berre blir drive ved bortleige. Om lag 22 pst. av eigedommane blir drivne berre ved hjelp av eige jordbruksareal, jf. figur 3.4 som viser landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal i 2016. Tala for åra 2015 og 2016 viser ein auke for eigedommar som har areal som anten blir drive av eigaren sjølv eller av andre ved bortleige, ein nedgang i talet på eigedommar der eigaren sjølv òg er brukar av areala, og ein nedgang i talet på eigedommar som berre blir drivne ved bortleige. For eigedommane med minst 5 dekar eigd jordbruksareal var den gjennomsnittlege arealstorleiken på jordbruksarealet om lag 67 dekar.



Figur 3.4 Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, 2016

Fordelinga av landbrukseigedommane på BA-sentralitet i 2016 viser om lag same prosentforde-

ling av eigedomsmassen for eigedommane med minst 5 dekar jordbruksareal mellom regionane som for åra 2013 til 2015. Om lag 65 pst. av landbrukseigedommane ligg i ulike former for byregionar. Største delen ligg i småbyregionar (28 pst.) og færrast i område med spreidd busetnad (11 pst.).

Tala for 2016 viser òg, til liks med tala for 2013 til 2015, at småbyregionar hadde flest landbrukseigedommar med jordbruksareal som berre blir drive ved bortleige (14 pst.) og flest eigedommar der eigaren sjølv òg er brukar av areala (6 pst.). Av regionane var det òg småbyregionane som hadde flest landbrukseigedommar utan registrert jordbruksaktivitet i 2016.

Leggje til rette for rekruttering i heile landet

Stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen inneheld sentrale rammevilkår og gir grunnlag for auka lønnsemd i landbruket, og er slik det viktigaste verktøyet for å leggje til rette for rekruttering i heile landet. Særleg er ordninga med investerings- og bedriftsutviklingsmidlar målretta for å fremje rekruttering til næringa, både fordi yngre investerer i større grad enn eldre, og fordi mange eldre som investerer, gjer det for å leggje til rette for neste generasjon. Næringsutøvarar under 35 år er prioritert i delar av regelverket. I 2017 gjekk 27 pst. av tilskottsmidlane til personlege støttemottakarar under 35 år. Dette er ein markant auke sidan 2010/2011, då det tilsvarande talet var 19 pst.

For å sikre og utvikle norsk matproduksjon og andre landbruksbaserte næringar, har landbruksnæringa, som andre næringar, behov for kunnskap og kompetanse. Det er difor viktig å leggje til rette for eit godt utdanningssystem i landbruket. I vidaregåande opplæring er det tilbod om landbruksutdanning i alle fylke, og i høgare utdanning er det tilbod om landbruksutdanning på tre ulike stadar i landet – ved Nord universitet, Høgskolen Innlandet og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet. Ved mange av naturbruksskolane har det vore ulike tilbod om agronomutdanning for vaksne. Frå 2018 blir det etablert ein nasjonal modell for Vaksenagronomen i regi av dei fylkeskommunale naturbruksskolane.

Ei økologisk berekraftig reindrift

Regjeringa vil sikre økonomisk berekraft i reindriffta gjennom auka slakteuttak, tilretteleg-

ging av tilleggsnæringar og betre lønsemd. Tilgangen på slaktedyr er avhengig av kalvetilgangen, tap av dyr og kor mange dyr reineigaren set til livdyr. Tal frå totalkalkylen viser ein reduksjon i resultatmåla frå 2015 til 2016. Samla sett blir vederlag for arbeid og eigenkapital redusert frå 102,3 mill. kroner til 87,2 mill. kroner. Per årsverk blir vederlaget for arbeid og eigenkapital redusert frå 107 600 kroner til 95 200 kroner. Det er i hovudsak ein reduksjon av dei produksjonsbaserte inntektene. Tala viser store regionale skilnader mellom reinbeiteområda, men òg store variasjonar innanfor det enkelte området. Førrelse tal for 2017 viser ein vesentleg reduksjon av resultatmåla. Dette kjem i hovudsak av reduksjon i slaktinga.

Vinteren og våren 2017 var utfordrande for store delar av reindrifta i Noreg, særleg i Aust-Finnmark, der store delar av beiteområda låste seg og gav ei omfattande beitekrise. Årsaka til krisa var sein vår med mykje snø og is. Krisa resulterte i redusert slakteuttak og reduserte slaktevekter. Innrapporterte tal viser at det blei slakta om lag 58 600 rein i kalenderåret 2017, av dei om lag 52 300 rein hausten 2017 ved dei registrerte slakteria. Det er ein reduksjon på heile 26 000 rein samanlikna med 2016. Slaktedata for 2017 viser ei gjennomsnittleg slaktevekt på 18,9 kg (19,3 kg i 2016) for kalv og 34 kg (32,1 kg i 2016) for vaksne dyr, og ein kalveandel på 77 pst. (78 pst. i 2016).

Totalproduksjonen per livrein varierer mykje mellom reinbeiteområda og mellom distrikta i det enkelte området. Sidan driftsåret 2009/2010 er den samla produksjonen redusert frå 8,0 kg per livrein til 5,2 kg per livrein i 2014/2015. Frå driftsåret 2014/2015 auka produksjonen per livrein til 8,5 kg i 2015/2016. Produksjonen per livrein var òg 8,5 kg i 2016/2017.

Det er mange årsaker til tap av rein, kor dei viktigaste er rovdyr, sjukdom, ernæringsvikt, reintjuveri eller trafikkulykker. Tamreinlaga har dei klart lågaste oppgitte kalvetapa, etterfølgt av Sør-Trøndelag/Hedmark og Polmak/Varanger. Generelt god kondisjon hos reinen og lågare dyretettleik på beiteareala, har vore viktige faktorar for å forklare dei lågare tapa heilt aust i Finnmark samanlikna med Karasjok og Vest-Finnmark. På grunn av store tap til rovdyr har Troms og Nordland over tid hatt dei største oppgitte tapa av kalvar og vaksne dyr. Samla tap i driftsåret 2016/2017 var 68 213 rein (68 606 for perioden 2015/2016). Av dei var 51 848 (2015/2016) tap av kalv.

3.3 Overordna mål: Auka verdiskaping

Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter

Sjølvforsyningsgraden, eller heimemarknadsandelen målt på energibasis, viser kor mykje av maten vi et som er produsert i Noreg. I fleire tiår har sjølvforsyningsgraden vore om lag 50 pst. Etter nokre år med reduksjon frå 2008 auka sjølvforsyningsgraden med 3 prosentpoeng frå 47 pst. til 50 pst. frå 2014 til 2015, i stor grad fordi kornavlingane var svært gode. Frå 2015 til 2016 gjekk sjølvforsyningsgraden ned med 1 prosentpoeng, til 49 pst., som følgje av at noko mindre av kornavlinga heldt matkornkvalitet. Dette var òg gjeldande for 2017. For husdyrprodukt er sjølvforsyningsgraden gjennomgåande høg, mens han er lågare for planteprodukt.

Importen av landbruksvarer til Noreg aukar i verdi, men har eit relativt stabilt volum. Importen er stort sett varer som ikkje blir produserte i Noreg, eller varer som blir importerte utanfor norsk sesong. Samla blei det i 2017 importert landbruksvarer og fiskefôr for 64 mrd. kroner. Det er ein auke på om lag 5 pst. frå 2016 til 2017. Auken i import av råvarer til fiskefôr stod for ein stor del av auken i den samla importen. Av den samla mengda importerte fôrråvarer var fiskefôr om lag to tredelar og råvarer til kraftfôr om lag éin tredel.

Økologisk mat representerer eit mangfald som forbrukarar i aukande grad etterspør. For alle produktgruppene samla auka omsetnaden i daglegvarehandelen med om lag 8 pst. frå 2016 til 2017. Det blei omsett økologiske matvarer for 2,6 mrd. kroner i 2017, noko som utgjer omlag 1,9 pst. av totalmarknaden. Marknaden for økologiske produkt er såleis framleis liten sjølv om etterspørselen er aukande.

I 2017 blei det arbeidd med å utarbeide ein ny strategi for økologisk jordbruk som blei ferdigstilt i 2018, som oppfølging av Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* og Stortingets handsaming av denne meldinga 25. april 2017.

Lokalmat er definert som mat- og drikkevarer med ein lokal identitet, eit særskild opphav eller særskilde kvalitetar knytt til produksjonsmetode, tradisjon eller råvarer. Omsetnaden av lokalmat gjennom daglegvarehandelen har auka sterkt dei siste åra. Frå 2010 til 2017 er salet meir enn fordobla, frå 2,3 mrd. kroner til 4,9 mrd. kroner. Det siste året har det ikkje vore den same vekstutviklinga gjennom daglegvarehandelen som tid-

legare. Salet av lokalmat gjennom denne kanalen utgjer no om lag 2,8 pst. av totalomsetnaden av matvarer. Tilsvarende tal for 2010 var om lag 1,7 pst. I tillegg kjem ein monaleg, men ikkje talfesta, omsetnad av lokalmat gjennom andre kanalar, som hotell, restaurant og catering, Bondens marknad, matfestivalar og direkte sal frå produsentane.

Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat


Landbrukspolitikken skal leggje til rette for ein kostnadseffektiv matproduksjon. Regjeringa vil styrkje landbruket gjennom ytterlegare forenkling av lover, reglar og støtteordningar, og sikre landbruket føreseielege rammevilkår som kan bidra til at samla lønsemd i næringa kan bli betre i åra som kjem.

Jordbruket stod i 2017 for om lag 44 100 årsverk ifølgje Budsjettneimnda for jordbruket. Nærings- og nytingsmiddelindustrien, inklusiv fisk, drikkevarer og tobakk, er den nest største industribransjen i Noreg, og hadde i 2017 ein omsetnad på om lag 214,5 mrd. kroner. Nærings- og nytingsmiddelindustrien bidrog med 52 mrd. kroner i verdiskaping i 2017. Det er ei gjensidig binding mellom norsk næringsmiddelindustri og norsk landbruk, og det er viktig å sikre verdiskaping og lønsemd i heile verdikjeda. Store delar av næringsmiddelindustrien foredlar norskproduserte råvarer, samstundes som han i aukande grad er eksponert for internasjonal konkurranse. Det er viktig å oppretthalde norsk matproduksjon og sikre tilgangen på norske råvarer til næringsmiddelindustrien over heile landet, for å sikre at norske forbrukarar får den maten dei ønskjer. Importen av næringsmiddel aukar, men

det gjer òg den samla omsetnaden av matvarer i Noreg.

Det siste tiåret har det samla produksjonsvolumet i jordbruket auka med 4,2 pst. Produksjonen av husdyrprodukt har auka med om lag 5 pst. mens produksjon av planteprodukt har auka med 2,2 pst. Det er særleg det kraftfôrbaserte husdyrhaldet som har auka, i tillegg til delar av det grovfôrbaserte. Desse produksjonane har dei siste åra hatt problem med marknadsbalansen, først i svinproduksjonen og så for sau/lam. Det er framleis noko import av storfekjøtt, men produksjonsauken har vore stor dei siste åra, og marknaden vil kunne dekkjast av norske varer i løpet av nokre få år.

Produksjonen av korn, potet og frukt har felle det siste tiåret. For korn har dette å gjere med både redusert areal og svak avlingsutvikling på grunn av dårleg vèr. 2014, 2015 og 2016 var gode avlingsår, men desse åra er ikkje nok til å snu den negative trenden. Produksjonen av poteter har gått ned med over 8 pst., og frukt har hatt ein reduksjon på 5,7 pst. Bær har hatt ein sterk produksjonsauke dei siste åra, etter ein periode med nedgang. Produksjonen av grønsaker har hatt ein auke på i overkant av 18 pst. Grøntsektoren har hatt utfordrande marknadsforhold dei siste åra, både som følgje av nasjonale forhold, som til dømes endringar i eigarskap og organisering i omsetnadskanalane, og konkurranse frå import. Årsaka til auken i grønsaksproduksjon er ein kombinasjon av fleire faktorar, mellom anna større grønsaksareal, betre dyrkingsmetodar og større preferanse for norskproduserte varer. Samla sett er det marknadmoglegheiter for ein auke i planteproduksjonen, særleg for grøntsektoren.



Figur 3.5 Endring i produksjonsvolum 2009–2018, ifølgje normalisert rekneskap

Kjelde: Budsjettnemnda for jordbruket

Lønsemnd er den viktigaste drivaren for avgjerdene den enkelte produsenten tek. Det inneber at dei økonomiske verkemidla mellom anna verkar inn på den geografiske produksjonsfordelinga.

Hovudbiletet for produksjonsutviklinga var tidlegare at vekst i produksjonar kom i dei meir sentrale områda, noko ein har sett ei endring på dei siste åra. Frå 2014 har Vestlandet og Trøndelag auka sine delar av mjølkeproduksjon, sau, eng og beite. Trøndelag har i tillegg auka marknadsdelane sine av produksjonen av storfekjøtt. Endringar i den geografiske fordelinga må sjåast i samanheng med produksjonsutviklinga generelt. Den sterke auken i produksjon av fjørfe, trass i reduksjonen i 2015 og 2016 som følgje av merksemda kring antibiotikaresistens, har først og fremst komme i Trøndelag, i dei to siste åra også i Rogaland. I Trøndelag har eggproduksjonen auka dei siste åra, mens han er stabil i andre område av landet. Auken i produksjon av grønnsaker på friland har i stor grad komme på Austlandet. Austlandet har òg hatt ein auke i marknadsdelen på sau. Auken i svinekjøttproduksjon har vore størst i Rogaland.

For mjølkeproduksjon er produksjonsdelinga relativt stabil med produksjon over heile landet, som følgje av at ein kvote ikkje kan flyttast ut av produksjonsregionen. Innanfor produksjonsregionane er det ikkje noko systematisk flytting av kvotar til områda med dei beste produksjonsforholda, men det er ein aukande konsentrasjon av mjølkeproduksjon i dei områda som allereie har

sterke produksjonsmiljø. Slike klynger av produsentar med eit sterkt fag- og produsentmiljø, ser ut til å ha større innverknad på lokaliseringa av mjølkeproduksjonen enn naturgitte produksjonsforhold. I handsaminga av jordbruksoppgjeret i 2017 blei det vedteke å redusere talet på produksjonsregionar for mjølkekvotar frå 18 til 14. Formålet med samanslåinga var å bidra til meir fleksibilitet og betre tilrettelegging av driftsomfanget til den enkelte produsenten. Dei nye produksjonsregionane blei gjeldande frå omsetnadsrunden hausten 2017, med verknad frå 2018.

I følgje nasjonalrekneskapa var bruttoproduktet i jordbruk og skogbruk i faste 2005-prisar 17,97 mrd. kroner i 2017. Dette inneber ein marginal auke frå 2016. Produktivitetsveksten i jordbruket er høg. Dei siste ti åra har jordbruket hatt ein gjennomsnittleg vekst i brutto arbeidsproduktivitet på om lag 4 pst. per år. Det er ingen tydelege teikn på at produktivitetsutviklinga blir svakare framover. Landbruket er dyktig til å ta i bruk ny teknologi, og graden av presisjonsjordbruk aukar.

Regjeringa vil leggje til rette for at landbruket har føreseielege rammevilkår som kan bidra til at samla lønsemnd i næringa kan auke òg i kommande år. Det er avgjerande at utøvarane i landbruket skal ha moglegheit til ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper. Innanfor desse rammevilkåra har utøvarane i landbruket, som sjølvstendig næringsdrivande, ansvar for eiga inntekt. Regjeringa vil styrkje bruk som har ressursgrunnlag til å vere heiltidsbruk. På

knapt halvparten av bruka blir det utført meir enn eitt årsverk, og desse bruka står for meir enn 80 pst. av den samla produksjonen.

Frå 2016 til 2017 er bruttoinntektene i jordbruket (inkl. tilskott) redusert med 0,2 pst. Dei blir budsjettert til å auke med 1,1 pst. frå 2017 til 2018, som følgje av 5 pst. auke i direkte tilskott. Kostnadene auka med 1,6 pst. frå 2016 til 2017, og er venta å auke med 3,6 pst. i 2018. Denne auken kjem på store kostnadspostar som gjødsel, kraftfôr, energi og kapitalslit/leasing. Budsjettnemnda prognoserer at vederlag til arbeid og eigenkapital i 2018 vil bli redusert med 2,2 pst. frå 2017. Den svake inntektsutviklinga dei siste to åra kjem i stor grad av svikt i inntektene frå marknaden, særleg som følgje av overproduksjon av svin og sau/lam. Den ekstraordinære tørkesituasjonen i 2018 vil i stor grad verke inn på resultatata i jordbruket.

Landbruksdirektoratet har lagt ned store ressursar på IKT-området dei siste åra. Dei nye IKT-løysingane skal bidra til ein enklare kvardag for både brukarar og forvaltning, og til ei effektiv og sikker forvaltning. Denne satsinga har òg gjort det mogleg for fylkesmannsembeta og kommunane å forvalte dei landbrukspolitiske verkemidla meir effektivt. Stadig fleire av tenestene til Landbruksdirektoratet er no tilgjengelege digitalt. Dei siste åra er fleire store IKT-prosjekt finansierte over jordbruksavtalen, mellom anna eStil RMP, eStil PT og Agros.

Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine samla ressursar

Det er heilt sentralt for landbruks- og matpolitikken at dei ulike verkemidla bidreg til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* tydeleggjer ambisjonane regjeringa har for landbruksbasert næringsutvikling utanom tradisjonelt jord- og skogbruk.

Dei fleste bedriftsretta verkemidla over Landbrukets utviklingsfond (LUF) er forvalta av Innovasjon Noreg (IN), der måla om fleire gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø står sentralt. Dei offentlege verkemidla verkar saman med fleire andre faktorar, og det er difor svært krevjande å måle utvikling i lønsemd, produktivitet og omsetnad som følgje av tildeling av midlar. Dei fleste landbrukskundane hos IN er enkeltpersonføretak eller personkundar, og rekneskapstala deira er ikkje tilgjengelege på same måten som for aksjeselskap. Mangelen på rekneskapsdata gjer at det ikkje er mogleg å måle effekten av midlane til tradisjonelt landbruk med

same metode som for midlar til andre tenester til næringslivet hos IN. For tenester innan INs landbruksoppdrag utanom tradisjonelt landbruk har SSB gjort berekningar av effekt.

I IN sin rapport til oppdragsgivarane for 2017 viser effektindikatorar for finansiering gitt til AS under landbruksoppdraget at bedrifter som har fått tilsegn frå INs tenester har ein større årleg vekst i salsinntekter, verdiskaping og produktivitet enn dei som ikkje har fått tilsegn frå IN. Sett opp mot tenester og verkemiddel frå andre departement har prosjekt som er finansierte av Landbruks- og matdepartementet ein betre produktivtetsvekst. Når det gjeld effekt på salsinntekter og verdiskaping ligg landbruksprosjekta på same nivå som prosjekt som er finansierte frå andre departement.


Tilgang til investeringsverkemiddel bidreg til fornying av produksjonsapparatet i landbruket og til framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar) er Landbruks- og matdepartementets viktigaste verkemiddel for å fremje investeringstiltak i landbruket. Det er stor etterspørsel etter investeringsverkemiddel. I overkant av 80 pst. av tilskottsmidlane går til fornying av produksjonsanlegg for tradisjonelt landbruk, dvs. knytt til delmålet om vekst i bedrifter. Ein vesentleg del av midlane som går til landbruksbaserte næringar utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, er knytt til delmålet om fleire gründerar. Rapporten frå IN om bruk av IBU-midlar for 2017 legg til grunn ein sysselsetjingsvekst på om lag 449 årsverk samla for dei prosjekta det er løyvd støtte til innan tiltaksgruppene etablerartilskott, bedriftsutvikling og investeringar i andre landbruksbaserte næringar. INs kundeeffektundersøkingar viser at ordninga ligg på same nivå som snittet for INs tenester når det gjeld prosjekt som er viktige for betra lønsemd, overleving og auka omsetnad.

Utviklingsprogrammet – landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping er eit breitt anlagt program, etablert i si noverande form i 2015, og med tiltak retta mot vekstkraftige bedrifter og forpliktande produsentsamanslutningar. Målet med programmet er å skape auka vekst og verdiskaping innan lokalmat, reiseliv, reindriftsnæringa, Inn på tunet, innlandsfiske og annan ny næringsverksemd basert på ressursane i landbruket. Kundeeffektundersøkingane til IN viser at Utviklingsprogrammet i stor grad er utløysande for realisering av prosjekta. Undersøkingane viser vidare at ordningane bidreg positivt til kompetanseheving og samarbeid. Det er stadig behov

for meir kunnskap om korleis programmet verkar og verknader av dei ulike tiltaka mellom anna for å utvikle programmet vidare og sikre best mogleg utnytting av midlane. Vekstordninga blei evaluert hausten 2016 av Oxford Research, mellom anna for å undersøkje den bedriftsøkonomiske verknaden av ordninga nærare. Evalueringa viser at vekstordninga i stor grad er avgjerande for realisering av vekstprosessen hos den enkelte, og at ho bidreg til betre evne til overleving, vekst og auka lønsemd for verksemdene. Ordninga for forpliktande produsentsamanslutningar (bedriftsnettverk) blei evaluert i 2017 som ledd i ei breiare evaluering av Innovasjon Noreg si generelle ordning for bedriftsnettverk. Denne evalueringa viser at ordninga for bedriftsnettverk bidreg til å gi verksemdene tilgang på, eller påfyll av, dei mest sentrale ressursane for å oppnå verdiskaping på sikt. Evalueringa viser òg at landbruks- og reiselivsnettverka som får finansiering over Utviklingsprogrammet, generelt oppgir større bidrag til utvikling og resultat enn dei andre bedriftsnettverka. I 2018 er det sett i gang ei

evaluering av kompetansesatsinga innanfor Utviklingsprogrammet.

Driftsgranskingane til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er ei viktig kjelde til kunnskap om utvikling og lønsemd innanfor dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Av dei 920 enkeltbruka som var med i driftsgranskingane i 2016, hadde 81 pst. omsetnad knytt til anna landbruksbasert næring. Det er på same nivå som i 2015. Prosentdelen bruk med andre landbruksbaserte næringar av vesentleg omfang var størst på Austlandet og minst i Nord-Noreg. Omsetnaden seier noko om kor høgt aktivitetsnivået i bedriftene er, men ikkje nødvendigvis noko om fortjeneste og inntekt. 62 pst. av bruka hadde ein omsetnad på meir enn 20 000 kroner frå andre landbruksbaserte næringar. Gjennomsnittleg omsetnad på desse bruka var 239 700 kroner, ein auke på 11 pst. frå 2015. Gjennomsnittleg omsetnad auka i alle dei fem regionane. Auken var størst i Nord-Noreg, med 35 pst. auke frå 2015. Også Austlandet hadde ein stor auke i gjennomsnittleg omsetnad, med 15 pst.



Figur 3.6 Driftsoverskot frå ulike former for andre landbruksbaserte næringar, kroner per bruk. Bruk med omsetnad over 20 000 kroner i andre landbruksbaserte næringar, 2014–2016

Driftsoverskotet frå andre landbruksbaserte næringar utgjorde i gjennomsnitt 78 900 kroner per bruk i 2016. Det er ein auke på 11 100 frå 2015. Driftsoverskotet varierer mykje mellom dei ulike næringane jf. figur 3.6. Grappa «Anna tenesteyting» (mellom anna Inn på tunet, klauvskjering og saueklipping) har hatt størst driftsoverskot per bruk av gruppene. For gruppene turisme og vare-

produksjon er det stor variasjon mellom år og vesentleg lågare driftsoverskot enn innanfor det tradisjonelle jordbruket. Driftsgranskingane viser at bidraget frå desse næringane til familieøkonomien samla sett er lite, og har lege nokså stabilt på mellom 6 og 7 pst. det siste tiåret.

Landbruks- og matdepartementet har i regi av NIBIO i 2015 og 2016 fått gjennomført landsdek-

kjande spørjeundersøkingar til bedrifter innanfor både Inn på tunet og landbruksbasert reiseliv. Undersøkingane viser teikn til både aukande profesjonalisering, god framtidstru og investeringslyst og aukande omsetnad, i følgje bedriftene sjølve. Matmerk rapporterer på talet godkjende Inn på tunet-bedrifter ved årsskiftet. Per 31. desember 2017 var det 398 godkjende bedrifter og 128 under godkjenning. Tala vil variere år for år i takt med godkjenningsskapasitet og rekruttering av nye bedrifter. Når det gjeld landbruksbaserte reiselivsbedrifter, manglar ein oversikt. Ein indikator kan vere talet på medlemmar hos HANEN. Per 31. desember 2017 hadde HANEN 517 medlemmar, ein vesentleg auke frå 2016.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Regjeringa vil bidra til å utvikle Noreg som matnasjon og vil bruke omgrepet for å synleggjere den samla matproduksjonen og matmangfaldet i Noreg. Slik vil vi stimulere til næringsutvikling og verdiskaping med utgangspunkt i sunn og trygg norsk mat.

Stiftinga Matmerk har ei sentral rolle i utviklinga av Noreg som matnasjon. Stiftinga administrerer og utviklar Kvalitetssystem i landbruket (KSL), merkeordningane *Nyt Noreg*, *Beskytta nemningar* og *Spesialitet* og har ansvar for generisk marknadsføring av økologisk mat. Utviklinga i merkeordningane kan gi nyttig informasjon om korleis matnasjonen Noreg utviklar seg.

KSL ligg til grunn for alle merkeordningane Matmerk forvaltar. I 2017 leverte Matmerk 4170 revisjonar gjennomførte av til saman 60 KSL-revisorar. Samstundes har styret i Matmerk vedteke å starte eit stort utviklingsarbeid for datasystemet som ligg til grunn for KSL. Dei samla tekniske løysingane må oppgraderast for å svare på nye krav og utfordringar. Innan 2020 skal prosjektet STEM 2020 bidra til ei samla oppgradering, samordning og digitalisering av både KSL og drifta av heile stiftinga.

Ved utgangen av 2017 var 3 580 produkt frå til saman 81 ulike verksemder godkjende for Nyt Noreg-merket. Det utgjer ein netto auke på 580 produkt og 3 nye verksemder sidan 2016. Forbrukarmålingar viser at 88 pst. av forbrukarane som kjenner til merket, seier at det gjer at dei får lyst til å kjøpe norsk mat.

Per juni 2018 er Spesialitet-merket brukt på til saman 471 produkt frå 95 godkjente verksemder. Det representerer ein monaleg auke frå den spede starten i 2001, mellom anna på grunn av tekniske

endringar i registreringa. Merket blir tildelt for tre år om gongen. Kwart år er det fleire produkt og verksemder som ikkje får fornya godkjenninga eller som sjølve vel ikkje å fornye godkjenninga.

2017 var eit merkeår for Beskytta nemningar. Fenalår frå Noreg blei godkjend i EU som det første norske landbruksproduktet. Nasjonalt blei Pinnekjøtt frå Noreg det 28. produktet med Beskytta nemning. Fleire nye produkt er til vurdering og kan bli godkjende i løpet av 2018.

Lokalmatdatabasen, lokalmat.no, blei etablert i 2016 og er ein viktig reiskap for å kople saman produsentar og innkjøparar. Databasen blir drifta i eit samarbeid mellom næringa (daglegvarehandel og hotell, restaurant og catering, HoReCa) og det offentlege. Produsentar som ønskjer å selje til daglegvarehandelen og til HoReCa, må gjennomføre ein eigenrevisjon for å kunne leggje inn produkt i basen. Per juni 2018 er 446 produsentar med til saman 1 601 produkt registrerte i basen. 270 innkjøparar er registrerte og 112 eksterne revisjonar er gjennomførte.

Leggje til rette for at bonden får inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden

Inntektsutviklinga i jordbruket

Frå 2014 til 2016 auka vederlag til arbeid og eigenkapital i jordbruksnæringa med om lag 20 pst. Årets berekningar frå Budsjettnemnda for jordbruket viser ein reduksjon i vederlag til arbeid og eigenkapital frå 2016 til 2017 på 1,5 pst, eller 5 000 kroner per årsverk. I berekningane er ikkje effekten av jordbruksfrådraget med. Det er fleire årsaker til reduksjonen, mellom anna svikt i inntektene frå marknaden som følgje av overproduksjon, ein sterk auke i både energi- og rentekostnaden og redusert verdi av jordbruksfrådraget som følgje av lågare skatt på alminneleg inntekt.

Utvikling i produktivitet

Produktivitetsveksten i jordbruket er høg. Dei siste ti åra har jordbrukssektoren hatt ein vekst i brutto arbeidsproduktivitet på i gjennomsnitt 4 pst. per år. Dei siste åra har veksten vore noko mindre samanlikna med tidleg i perioden. Tilsvarende produktivetsmål for norsk industri (bruttoprodukt per timeverk) viser ein gjennomsnittleg årleg vekst på 1,6 pst. dei siste åra, ifølgje *Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene*. Gjennomsnittleg vekst i Fastlands-Noreg var 0,7 pst. Den samla faktorproduktiviteten i jordbruket har auka med 2,9 pst. per år i same periode.

Investeringar i jordbruket

Det samla investeringsnivået i driftsbygningar innan jord- og hagebruk auka frå 3,5 mrd. til 4 mrd. kroner frå 2014 til 2016. Tabell 3.3 gir ei oversikt over gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket for 2016 fordelt på regionar. Driftsgranskingane omfatta 920 bruk i 2016. Ettersom tala baserer seg på alle deltakarane i driftsgranskingane, vil det innanfor kvar region også vere bruk som ikkje investerte i 2016. Talet for investeringsnivå må difor sjåast i lys av det. Storleiken på investeringsnivået for det enkelte bruket vil mellom anna vere avhengig av produksjonstype og bruksstorleik.

Tabell 3.3 Gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket 2016 fordelt på regionar

Regionar	(1 000 kroner) Bruttoinvestering per bruk
Austlandet	
Flatbygdene	483,6
Andre bygder	381,7
Agder og Rogaland	
Jæren	490,2
Andre bygder	634,2
Vestlandet	353,5
Trøndelag	
Flatbygdene	510,6
Andre bygder	385,5
Nord-Noreg	268,3

Med utgangspunkt i desse tala finn ein dei største bruttoinvesteringane per bruk i Agder og Rogaland utanom Jæren og på flatbygdene i Trøndelag.

Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Skogbruk og trebasert industri er ei viktig verdikjede i Noreg. I 2017 var i overkant av 21 000 personar sysselsette i denne verdikjeda. 5 668 av desse var sysselsette i skogbruket med tilhøyrande tenester. I 2017 var bruttoverdien av tøm-

mer selt til industrien på 3,3 mrd. kroner, og omsetnaden i skogindustrien var på 43,3 mrd. kroner.

Noreg eksporterte tømmer og trebaserte varer til ein verdi av 12,9 mrd. kroner i 2017, 60 pst. var eksport frå cellulose og papirindustrien. I 2017 blei det eksportert i underkant av 3,7 mill. kubikkmeter tømmer, ein oppgang på om lag 0,2 mill. kubikkmeter frå 2016. Eksportvolumet var fordelt på rundt 2 mill. kubikkmeter massevirke og 1,3 mill. kubikkmeter sagtømmer, og kategorien «anna tømmer» på 0,2 mill. kubikkmeter.

Det blei i alt avverka 10,4 mill. kubikkmeter tømmer for sal til industrien i 2017. Det er om lag på same nivå som året før. Hogsten er likevel under halvparten av den årlege nettotilveksten for all skog på om lag 25 mill. kubikkmeter.

I 2017 blei det i Noreg sett ut i overkant av 36 mill. skogplanter. Dette er det høgaste nivået for planting på meir enn ti år. Plantearealet auka med om lag 15 pst. frå året før, til 214 000 dekar. Areal der det var utført ungsogpleie, auka med under 2 pst. til 269 000 dekar. Det blei utført markbearbeiding på om lag 62 000 dekar, ein reduksjon på rundt 7 pst. samanlikna med 2016.

Det blei bygd og ferdigstilt 103 km med nye skogsbilvegar og ombygd 388 400 km med eksisterande skogsbilvegar i 2017. Dette er ein nedgang på 10,4 pst. for nybygging og 5,8 pst. for ombygging samanlikna med 2016. I tillegg blei det bygd om lag 172 km med nye traktorvegar, og om lag 51 km blei bygde om. Dette er ein auke for nybygging på rundt 10 pst. frå 2016. For ombygginga var det ein nedgang på 25 pst. frå 2016. I alt blei det investert 227 mill. kroner til skogsbilvegar og 40 mill. kroner til traktorvegar i 2017.

I 2017 blei det utarbeidd skogbruksplanar med miljøregistreringar (MiS) for om lag 5,5 mill. dekar skog. Fordi desse prosjekta går over fleire år, svingar både arealtala og utbetalingane frå år til år. Stortinget vedtok ved handsaminga av Dokument 8:89 S (2013–2014) at det er Natur i Norge (NiN) hos Artsdatabanken som skal nyttast ved offentleg kartlegging av natur. Dette sikrar mellom anna eit sams omgrepsapparat ved vurderingar av bruk og vern av natur. Landbruksdirektoratet starta i 2016 med å innpasse omgrepsapparatet til NiN i opplegget for Miljøregistrering i skog (MiS). I 2017 lanserte Landbruksdirektoratet ny rettleiar for MiS-kartlegging med bruk av NiN, og alle prosjekt med oppstart etter juni 2017 skal bruke den reviderte MiS-metodikken. Kartlegging i område som tidlegare ikkje er kartlagde og som er starta opp etter

denne datoen, er no under planlegging, og feltarbeid kjem for fullt i 2019.

Med bakgrunn i behova for tilskottsmidlar som fylkesmennene melder inn, er det grunn til å tru at kartleggingsaktiviteten vil auke framover. Det meste av det økonomisk drivverdige skogarealet i skogstrøka på Sør-Austlandet er no kartlagt, og det blir starta opp nye skogbruksplanprosjekt med revisjon av miljøregistreringar frå tidlegare. Før eksisterande data blir førte vidare i nye planar, blir dei kvalitetssikra, og nøkkelbiotopar som er øydelagde av hogst eller anna, blir erstatta av nye. På Vestlandet og nordover er det framleis store område som ikkje er dekte med skogbruksplanar med miljøregistreringar, og det er starta eit arbeid for å auke innsatsen i desse områda, med tanke på både omfang og regionale tilpassingar.

Med grunnlag i dette arbeidet tek skogeigarane særlege omsyn til miljøverdiane. Det er no sett til side eit samla areal med nøkkelbiotopar på omkring 900 000 dekar. Miljøinnsatsen frå det private skogbruket sikrar god miljødokumentasjon og gode miljøomsyn i næringsverksemda, og bidreg mellom anna til å auke omfanget av frivillig vern.

3.4 Overordna mål: Berekraftig landbruk

Norsk landbruk forvaltar store delar av norsk natur gjennom jordbruk, skogbruk, reindrift og annan aktivitet. Landbruket skaper økonomiske verdiar, mat, trevirke og miljøgode av ulike slag. Kulturlandskapet er eit resultat av eit aktivt landbruk. For å sikre at innbyggjarane i dag og framtidige generasjonar har tilgang til nok og trygg mat, tømmer og treprodukt, energi og andre varer og tenester, må landbruket ha eit langsiktig perspektiv for vern og berekraftig bruk av areal og ressursgrunnlag i landbruket. Gjennom berekraftig produksjon skal landbruket bidra til redusert forureining og reduserte utslepp av klimagassar, og leggje til rette for auka opptak av klimagassar og nødvendig tilpassing av produksjonen til klimaforholda i framtida.

Redusert forureining frå landbruket

Tiltak for å avgrense forureininga

Reduksjon av vassforureininga (avrenning av næringsstoff og plantevernmiddel) er viktig for at vatn skal oppnå ein god økologisk tilstand, jf. vassforskrifta. Konsentrasjonar og tap av næringsstoff frå jordbruksareal varierer mykje frå år til år på

grunn av variasjonar i nedbør, temperatur og jordbruksdrift. Åkerareal utan vernande plantedekke haust og vinter gir større risiko for erosjon. Årlege tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding om hausten er difor eitt av dei viktigaste tiltaka for å redusere vassforureininga frå jordbruket. Innsatsen er størst der vassførekomstane har eller har hatt ein dårleg tilstand, slik som i Østfold, Akershus, Hedmark og Oppland. I 2017 blei det gitt om lag 215 mill. kroner i tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding, vegetasjonssoner, fangdammar og hydrotekniske anlegg over ordningane Regionalt miljøprogram og Spesielle miljøtiltak i landbruket. Det har gjennom fleire år vore lagt vekt på å målrette innsatsen mot dei areala der det er viktigast å gjennomføre tiltak, noko som kan ha bidrege til at redusert jordarbeiding i mindre grad blir gjennomført på lite utsette areal. Tilskott til drenering blei innført frå 2013. Godt drenert jord reduserer faren for jordpakking og utslepp av lystgass frå jordbruksjord. Oppslutninga om ordninga har auka tydeleg etter at satsen blei dobla frå 1.7.2017.

Salet av plantevernmiddel varierer årleg mellom anna på grunn av klimatiske forhold. Det er difor vanskeleg å seie noko sikkert om risikoutviklinga på kort sikt. Dei siste åra har det i hovudsak vore ei dreining mot bruk av preparat med lågare helse- og miljørisiko. Basert på omsetnaden av plantevernmiddel er berekna helserisiko for 2017 redusert til 76 pst. av 1996/1997-nivå, mens berekna miljørisiko er redusert til 79 pst. av 1996/1997-nivået.

Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og gode klimatilpassingar

Reduserte utslepp av klimagassar

Utsleppet av klimagassar frå jordbruket var i 2016 på 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar og utgjorde om lag 8,4 pst. av dei samla norske utsleppa. Utsleppet frå jordbruket er redusert med 5,4 pst. frå 1990 til 2016. I same periode har det vore ein auke i dei nasjonale utsleppa på 3 pst. Jordbruksaktivitetar og særleg husdyrhald er opphav til utslepp av klimagassar hovudsakleg i form av metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Klimagassutsleppa frå jordbruket utgjorde 8,4 pst. av dei samla utsleppa i 2016. Om lag 70 pst. av klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren i klimagassrekneskapen, er metan frå naturlege prosessar hos husdyr som storfe og sau og lystgass frå husdyrgjødsel. Færre storfe, på grunn av auka produktivitet i mjølkeproduksjonen, og redusert bruk av gjødsel er hovudårsakene til nedgangen i utsleppet frå jordbruket.

Avlsarbeid innan mjølkeproduksjon har bidrege til reduserte klimagassutslepp med 10 pst. per produsert eining frå 1980 til i dag. Trass i auka produksjon har endringar innan jordbruket bidrege til at forbrenningsutsleppa i jordbruket er redusert med 30 pst. sidan 1990, av det er 15 pst. frå bruk av traktorar og andre reiskapar. Det er stor uvisse knytt til utsleppstala for jordbruket. Ifølgje Miljødirektoratet er uvisse for berekna utslepp av metan og lystgass på høvesvis 14 og 59 pst. Det er behov for meir kunnskap om korleis jordbruket kan redusere klimagassutsleppa, om potensialet til lagring av karbon i jord, og korleis ein kan tilpasse seg eit klima i endring. Det er difor viktig i det vidare arbeidet å leggje vekt på at produksjon av mat skal skje med lågast mogleg klimagassutslepp per produsert eining.

Auka opptak av CO₂ og karbonlagring i skog og jord

I 2016 stod norske skogar for eit nettoopptak på 28,8 mill. tonn CO₂. Når anna areal blir teke med, blir nettoopptaket 24,4 mill. tonn, noko som svarar til om lag halvparten av dei samla norske utsleppa av klimagassar.

Netto karbonopptak i skog er eit resultat av differansen mellom brutto opptak i form av tilvekst og utslepp som følgje av hogst og naturleg avgang. Sidan tømmerhogsten i Noreg har vore på eit temmeleg stabilt nivå på rundt 10 mill. kubikkmeter årleg, har omfanget av forynging av skog mykje å seie for tilveksten og med det karbonopptaket. Planteaktiviteten i Noreg har auka dei siste åra. Den positive utviklinga har halde fram i 2017. I 2017 blei det planta 36,4 mill. skogplanter, ein auke på 1,5 mill. planter frå 2016. Noko av auken kan komme av at det i 2016 blei innført eit målretta tilskott til tettare planting for å betre produksjonen og dermed CO₂-opptaket i skogen.

Omfang av bruk av tre i varige konstruksjonar

Tre som bygningsmateriale har klare miljøfortrinn, og Noreg har store uutnyttja skogressursar. Bruk av tre legg grunnlaget for lokal og regional næringsaktivitet.

Tresatsinga til regjeringa blei frå 2017 ein del av bioøkonomiordninga som blir forvalta av Innovasjon Noreg. Eitt av måla er auka bruk av tre og styrkt konkurransekraft i næringa. Bioøkonomiordninga byggjer på arbeidet som blei gjort i Trebasert innovasjonsprogram, som gjennom fleire år har hatt høg aktivitet. Trebasert innovasjonsprogram har gjennom mobilisering og finansiell

støtte bidrege til realisering av alt frå arkitektoniske konsept til byggprodukt og konstruksjonsmetodar. Programmet har bidrege til å utvikle det moderne trebyggeriet slik at tre blir vurdert som eit aktuelt materiale av arkitektar, utbyggjarar, eigedomsutviklarar og entreprenørar.

Produksjon og bruk av bioenergi

Landbrukssektoren er leverandør av råstoff til bioenergi til andre sektorar og til intern bruk i næringa. Landbruks- og matdepartementet gir tilskott over jordbruksavtalen til investering i produksjon av småskala bioenergi. Dei seinare åra er det opna for å kombinere bioenergi med solvarme. Frå 2019 får ordninga namnet Verdskapsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket. Programmet gir mellom anna støtte til investering i gardsvarmeanlegg og anlegg for sal av biovarme og kombinerte anlegg for bio- og solenergi, både kraft og varme. Programmet bidreg såleis til meir miljøvennlige energiløysingar både i landbruket og i andre sektorar. Breidda i programmet vil framover gjere det mogleg for gardsbruk å bli sjølvforsynte med energi. I 2017 blei det gitt støtte til 148 prosjekt over programmet, 16 fleire enn i 2016. I programmet si levetid er det i alt etablert over 1 705 gardsvarmeanlegg, 34 anlegg i veksthus og 214 varmesalsanlegg med ein samla planlagd energiproduksjon på 413 GWh.

Utvikling av småskala biogassanlegg for gardsbruk har òg vore eit prioritert område innanfor programmet. Denne satsinga blir koordinert med biogasstrategien til regjeringa, som ligg under ansvarsområdet til Klima- og miljødepartementet. I ein tidleg fase vil det bli etablert pilotanlegg for kombinert behandling av husdyrgjødsel og anna biologisk avfall. Eit anna utviklingsområde for programmet er produksjon av biokol som sideprodukt til bioenergi. Dersom denne produksjonen blir vellykka vil det kunne gi ein ny klimagevinst for jordbruket i tillegg til utsleppsreduksjonen knytt til energiproduksjonen.

Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal- og ressursgrunnlag

Omdisponering av areal

Stortinget handsama jordvernstrategien til regjeringa i desember 2015 og vedtok innstillinga frå næringskomiteen, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I oppmodingsvedtak nr. 140, 8. desember 2015, fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponering av dyrka mark til 4 000 dekar og bad regje-

ringa sørgje for at målet blir nådd gradvis innan 2020. For 2017 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 4 025 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk, og at ein difor er nær ved å nå målet.

Talet på dekar godkjent nydyrka mark gjekk opp med 5 pst. frå 21 612 dekar i 2016 til 22 702 dekar i 2017, og ligg på eit høgt nivå samanlikna med 2000-talet. I alt blei 958 søknadar handsama i 2017. Frå og med 2007 har i gjennomsnitt 17 000 dekar blitt godkjent nydyrka årleg.

Økologisk jordbruksareal og husdyrproduksjon

Det økologiske arealet utgjorde 436 804 dekar i 2017, om lag 4,4 pst. av det samla jordbruksarealet. Medrekna karensareal, det vil seie areal under omlegging, er delen 4,8 pst. Dette er ein liten nedgang samanlikna med 2016. For dei enkelte produksjonane var det ein auke av det økologisk drivne arealet til frukt- og bærproduksjon, grønnsaker og poteter. Areal til økologisk korn og oljevekstar har vore relativt stabile det siste året. Husdyr i økologisk driftsform utgjør førebels ein liten del av det samla talet på husdyr i Noreg. Frå 2016 til 2017 var det ein auke i talet på dyr som slaktekyllingar, verpehøner, storfe og gris, mens talet på økologisk sau gjekk ned. Talet på økologisk storfe utgjør 3,5 pst. av storfehaldet, mens sau og lam utgjør 4,6 pst. Det var ein auke i produksjonen av økologiske egg og økologisk kjøtt, mens produksjonen av økologisk mjølk gjekk litt ned.

Genressursane i landbruket

Genmangfaldet i landbruket er viktig for tilgangen til mat i verda. Genmangfaldet gir grunnlag for at husdyr, matplanter og skogtre skal kunne tilpassast nye og endra dyrkings- og driftsforhold, sjukdommar og nye krav til sluttprodukta. FN's berekraftsmål 2.5 forpliktar Noreg til å sikre berekraftig bruk og bevaring av husdyrrasar og plantesortar som eit tiltak for å utrydde svolt.

Av dei 39 husdyrrasane som er rekna som nasjonale i Noreg er 20 i kategorien «*kritisk truga*» i 2017. Ytterlegare ni rasar blir rekna som «*truga*». Den samla summen av bevaringsverdige husdyr aukar jamt for kvart år. Det er sett i verk tiltak som skal sikre dei truga og kritisk truga rasane for framtida. Også innanfor dei husdyrrasane som ikkje er truga, blir det lagt vekt på berekraftig avl som sikrar det genetiske mangfaldet i populasjonane.

I 2017 var det i alt elleve bevarings- og tradisjonssortar på den norske plantesortslista. Det er

øg oppretta bruksgenbankar for gamle sortar innan korn og potet, der interesserte bønder kan få materiale for utprøving. Nasjonalt er det etablert 22 klonsamlingar for bevaring av norske sortar av grønnsaker, poteter, urter, frukt, bær, staudar og roser. Gjennom drifta av Nordisk genressurscenter (NordGen), under Nordisk ministerråd, samarbeider Noreg med dei andre nordiske landa om bevaring av nordiske plantesortar som kan frøformerast.

I upløgde og permanente enger har viktige engvekstar fått utvikle seg over lang tid og tilpassa seg klima og andre vekstvilkår. Dette har resultert i stor genetisk variasjon i viktige eigenskapar. I 2015 var det i alt 584 slike in situ bevaringslokaltetar med genressursar i kulturlandskap som blir haldne ved like etter skjøtelsesplan og avtalar. Handlingsplan for slåttemark under Miljødirektoratet og øvrige fylkesvise initiativ bidreg til å halda ved like lokalitetane gjennom tradisjonell skjøtsel og drift.

Innanfor skogbruket er gran det treslaget som er best karakterisert genetisk. Per 31.12.2017 var 3 373 individ utprøvd i skogplanteforedlinga på gran. Desse individa dannar grunnlaget for eit utval av dei beste individa for produksjon av foredla frø i frøplantasjar og neste generasjon foredlingspopulasjon, jf. målsetjingar i *Strategi for skogplanteforedling 2010–2040*. For å bevare genetiske ressursar in situ er det oppretta bevaringsområde for skogtregenitetske ressursar i nokre verneområde. Desse områda bidreg til å sikre den potensielle tilgangen på genetisk materiale frå ulike klima og veksestader. Det er oppretta 23 genressursreservat for skog, som omfattar 10 ulike treslag, mellom anna alm, ask, barlind, bøk, kristtorn, lind, sommareik, spisslønn, vintereik og gran.

Svalbard globale frøhvelv er i dag det største sikkerheitslageret i verda for biologisk mangfald innanfor vekstar, og er eit norsk tiltak av stor verdi for den globale matforsyninga. Dette spesialbygde fryselageret husar sikkerheitskopiar av frø frå nasjonale og internasjonale frøsamlingar. Ved slutten av 2017 har i alt 73 institusjonar til saman deponert meir enn 900 000 frøprøvar i kvelvet. Meir enn ein tredel av alt mangfald av matplanter som ifølgje FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO) ligg lagra i frøsamlingar verda over, er med dette sikra i Svalbard globale frøhvelv.

God agronomi

God agronomi kan bidra både til større husdyrproduksjon og avlingar og til betre kvalitet i pro-

duksjonen. For å nå måla regjeringa set for berekraftig produksjon av nok og trygg mat er det nødvendig med meir kunnskap om agronomi, klimatilpassingar og miljøomsyn både hos den enkelte bonden og i heile apparatet rundt norsk matproduksjon. Denne kunnskapen vil òg kunne auke den landbaserte produksjonen av mat i tråd med etterspørselen frå den veksande befolkninga. Kompetanseauken på desse områda blir kombinert med større kunnskap om korleis klimagassutslepp som følgje av matproduksjon kan haldast på eit så lågt nivå som mogleg.

Forsking på matområdet har hatt høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet, noko som kjem fram i forskingsløyvingane. Berekningar frå Noregs forskingsråd viser at løyvingane frå departementet retta mot matområdet har lege på det same høge nivået dei siste åra. Kvaliteten på forskinga er generelt god, og Noreg ligg i den internasjonale kunnskapsfronten på enkelte område, til dømes innanfor avl, teknologiutvikling og reduksjon av klimagassar. Gjennom løyvingar til BIO-NÆR-programmet i Noregs forskingsråd har Landbruks- og matdepartementet støtta opp under nærings- og forvaltningsretta forskning knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon og fram til forbrukaren. Resultata frå forskinga skal komme til nytte både hos næringsutøvarar og forbrukarar.

God dyre- og plantehelse er avgjerande for berekraftig produksjon av trygg mat. Klimaendringar, med fare for introduksjon av nye skadegjerarar og sjukdommar, vil krevje ny kunnskap på dette området. Fleire prosjekt finansierte gjennom Noregs forskingsråd har støtta opp under forskning for å sikre god dyre- og plantehelse.

På området agronomi er det lagt vekt på utfordringane norsk jordbruk står overfor, forventningane om auka matproduksjon, vidareføring av norsk sjølvbergingsgrad og landbruk i heile landet. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har leidd det tverrvitskaplege forskingsprosjektet AGRO-PRO – Agronomi for auka matproduksjon, finansierte av Noregs forskingsråd. Prosjektet har undersøkt samanhengen mellom agronomi og matproduksjon i Noreg. Døme på tema som er representerte i prosjektet, er betre jordstruktur (jordpakking), miljøeffektar av lystgassutslepp frå ulike driftssystem og verdien av fysiske og kjemiske forhold i jorda for næringsopptaket til planter.

Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet

Det er eit mål å vareta og utvikle kulturlandskapet.

Midlane som var sette av til kulturlandskapsformål, blei i 2017 nytta til å hindre attgroing, halde ved like eit variert og levande kulturlandskap i heile landet, og ta vare på spesielle og verdifulle landskap og kulturmiljø. Ein del areal med særskilde landskapsverdiar kan takast vare på gjennom tradisjonell slått. Det blei mellom anna gitt tilskott til slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap og til skjøtsel av bratte jordbruksareal. Det blei òg gitt tilskott til skjøtsel av særeigne landskapselement som åkerholmar, gardsdammar og store tre. Til saman blei det gjennom Regionale miljøprogram og SMIL-ordninga innvilga støtte på over 300 mill. kroner til tiltak i kulturlandskapet i 2017. I tillegg kjem dei generelle ordningane med tilskott til dyr på beite og areal- og kulturlandskapstilskott.

Ny forskrift for Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap blei gjort gjeldande frå 2017. Det var i 2017 sett av til saman 24,5 mill. kroner til ordninga, som er finansierte over Jordbruksavtalen og budsjettet til Klima- og miljødepartementet. Midlane har gått til skjøtsel av landskap med viktige miljøverdiar knytte til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø. I 2016 bad Stortinget om at ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket blei vidareutvikla med sikte på å auke talet på område fram mot 2020. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet peika våren 2017 ut ti nye område basert på forslag frå Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og Riksantikvaren og ytterlegare ni område sommaren 2018. Det er planlagt å utvide ordninga med ytterlegare nokre område fram til og med 2020 ut over dei 41 som til saman no er valde ut.

Dyrka jord er ein grunnleggjande ressurs for å kunne produsere mat og sikre matforsyninga på kort og lang sikt. Det registrerte jordbruksarealet i drift i 2016 utgjorde vel 9,8 mill. dekar. Samanlikna med 2015 viser tala ein liten nedgang på om lag 15 000 dekar.

Husdyrbeiting i utmark bidreg til skjøtsel av kulturlandskapet og til å halde utmarka open og har samstundes ein positiv innverknad på det biologiske mangfaldet. I satsingar som Utvalde kulturlandskap i jordbruket, Verdsarvområda og Utvalde naturtypar er beiting i mange tilfelle eit viktig skjøtseltiltak. Dei ulike dyreslaga har ulik innverknad på naturmangfaldet, det er difor behov for storfe, geit og sau på beite. I 2016 blei det gitt tilskott til i alt 2,4 mill. husdyr på utmarksbeite. I perioden frå 2000 til 2016 auka talet på beitande dyr med 4 pst. Samanlikna med 2014 auka talet med 7,3 pst.

3.5 Ei effektiv landbruks- og matforvaltning

Landbruks- og matforvaltninga har ansvar for samfunnsoppgåver som er viktige for enkeltmenneske og næringsliv over heile landet. Forvaltninga skal vere tilgjengeleg for folk, organisasjonar og næringsliv i tillegg til å leggje til rette for auka verdiskaping. Organiseringa av forvaltninga skal vere enkel og tilgjengelege ressursar skal nyttast effektivt. Brukarane skal oppfatte forvaltninga og kommunikasjonen med forvaltninga som god, open og tilgjengeleg, gjennom mellom anna brukarretta digitale tenester.

Landbruks- og matforvaltninga har ein desentralisert struktur med arbeidsplassar over heile landet, og ei oppgåveløysing som er delt mellom nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Departementet har fire underliggjande verksemdar. Direktorat- og tilsynsoppgåver er lagde til Mattilsynet og Landbruksdirektoratet. Dei to underliggjande forskingsinstitutta, Veterinærinstituttet og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), er sentrale kunnskapsleverandørar for departementet, sektoren og næringslivet. For nærare omtale av dei underliggjande verksemdene, sjå omtale under kat. 15.10, 15.20 og 15.30.

I tillegg til departementet og underliggjande verksemdar har både fylkesmannsembeta, fylkeskommunane, kommunane og Innovasjon Noreg sentrale roller og oppgåver i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken regionalt og lokalt.

Fylkesmannsembeta er statleg styresmakt på landbruks- og matområdet regionalt, og har ansvar for å følgje opp nasjonale vedtak, mål og retningslinjer innanfor landbruks- og matpolitikken. Fylkesmannsembeta er eit viktig bindeledd mellom staten og kommunane i gjennomføringa av den nasjonale landbruks- og matpolitikken. Fylkesmannsembeta er administrativt underlagde Kommunal- og moderniseringsdepartementet, mens Landbruks- og matdepartementet har det faglege ansvaret for oppfølging av embeta på landbruks- og matområdet.

Fylkeskommunane har som regional nærings- og samfunnsutviklar ansvar for oppgåver innanfor verdiskaping, klima, samfunnsplanlegging, rekruttering og kompetanseheving i landbruket, og skal bidra til gode koplingar mellom landbruket og det regionale plan- og utviklingsarbeidet.

Kommunane er førstelinje for forvaltninga av dei fleste økonomiske og juridiske verkemidla i landbruket, og er saksførebuande organ for Innovasjon Noreg på landbruks- og matområdet. Opp-

gåvene blir finansierte gjennom det kommunale inntektssystemet.

Innovasjon Noreg forvaltar midlar til investering og utvikling av verksemdar, i tillegg til anna programstøtte til landbruket og andre landbruksbaserte næringar. Innovasjon Noreg er organisert som eit særlovsselskap, og er eigd av staten ved Nærings- og fiskeridepartementet og fylkeskommunane i fellesskap. Selskapet utfører oppgåver for Landbruks- og matdepartementet med bakgrunn i dei føringane som blir gitt i årlege oppdragsbrev frå departementet.

Ei moderne, effektiv og brukarvennleg forvaltning med god kvalitet

For å sikre eit berekraftig velferdssamfunn òg i framtida blir det stadig viktigare å gjennomgå offentleg bruk av økonomiske ressursar, slik at dei blir brukte effektivt. Det inneber klare prioriteringar av utgiftene i statsbudsjettet og at offentleg sektor må vise vilje og evne til å omstille, effektivisere og avbyråkratisere. Effektiv bruk av ressursar inneber både å utføre oppgåvene rett og å prioritere dei rette formåla. Regjeringa vil gjennomføre strukturtiltak som bidreg til ein meir effektiv bruk av dei samla ressursane i samfunnet. Dette kan gi gevinstar i form av reduserte utgifter over statsbudsjettet, men ein annan effekt kan vere betre kvalitet og betre resultat utan at utgiftene blir endra. Det er også viktig at dei landbruks- og matpolitiske verkemidla blir forenkla og målretta, slik at dei samla bidreg til å auke produksjonen og verdiskapinga.

Ei landbruks- og matforvaltning som er effektivt organisert og styrt

Dei seinare åra har organisasjonsstrukturen i landbruks- og matforvaltninga blitt forenkla ved at talet på verksemdar under Landbruks- og matdepartementet er redusert frå sju til fire. Talet på nivå og regionar i Mattilsynet er òg redusert.

Landbruks- og matdepartementet er i styringsdialogen oppteke av at verksemdene skal bruke dei tildelte ressursane på ein effektiv måte og at forvaltninga skal ha god kvalitet. Utgiftsramma til departementet er i åra 2015–2018 redusert med totalt 48,9 mill. kroner som følgje av ein generell reduksjon i løyvingar med utgangspunkt i ABE-reforma. I tillegg er løyvingane til enkelte verksemdar reduserte ut over ABE-reduksjonar med ytterlegare krav til effektivisering. I styringa av Landbruksdirektoratet og Mattilsynet har departementet hatt merksemd på at utgiftene til admi-

nistrasjon skal reduserast, og at verksemdene set i verk tiltak for å bli meir effektive. Landbruks- og matdepartementet legg også vekt på at vi skal ha ein effektiv og robust instituttsektor.

Departementet har delegert mykje av gjennomføringa av politikken til underliggjande verksemder. For å oppnå ei mest mogleg effektiv styring og leiing av dei underliggjande verksemdene, ønskjer departementet klare mål og tydelege prioriteringar i styringsdialogen samstundes som verksemdene skal stå tilstrekkeleg fritt til å utøve oppgåvene sine på ein formålstenleg og effektiv måte. På det administrative området legg departementet særleg vekt på at verksemdene skal utvikle den interne verksemdsstyringa, og at landbruks- og matforvaltninga etterlever lov- og regelverk. Departementet er oppteke av at underliggjande verksemder har tilstrekkeleg internkontroll og ei tilfredsstillande risikostyring. Institutta

og Mattilsynet har etablert internrevisjon som skal bidra til å forbetre drifta av verksemdene.

Landbruks- og matforvaltninga er representert over heile landet og i alle fylke. Tabell 3.4 viser at det samla talet på årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga har blitt redusert med 7,2 pst. (147 årsverk i perioden 2013–2018). Veterinærinstituttet og Norsk institutt for bioøkonomi er ikkje med i årsverkoversikta fordi institutta og talet på årsverk for dei ikkje er samanliknbare med dei andre verksemdene som hovudsakleg er finansierte av statlege løyvingar. Institutta hentar omkring halvparten av inntektene sine frå andre kjelder enn direkte statlege løyvingar. Talet på tilsette vil difor kunne variere med etterspørsel i marknaden og tilslag på midlar til forskning. Institutta er likevel omfatta av krav til avbyråkratisering og effektivisering.

Tabell 3.4 Årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring i pst. 2013–2018
Landbruks- og matdepartementet	144	148	145	138	139	135	-6,3
Mattilsynet	1 329	1 319	1 281	1 257	1 255	1 224	-7,9
Landbruksdirektoratet	243	217 ¹	218	214	216	204	-16,0
Fylkesmannen	322	346 ¹	343	332	328	328	1,9
Sum	2 038	2 030	1 987	1 941	1 938	1 891	-7,2

¹ Det regionale nivået i reindriftsforvaltninga blei 1.1.2014 flytta frå Statens reindriftsforvaltning (SRF) til fylkesmannsembeta.

I tabellen gir det ein reduksjon hos Landbruksdirektoratet og ein auke på 32 årsverk hos Fylkesmannen i 2014.

Kjelde: Årsrapportar for Mattilsynet, Landbruksdirektoratet og Fylkesmannen.

Landbruks- og matdepartementet har i perioden 2013–2018 redusert talet på tilsette med 6,3 pst., reduksjonen har hovudsakleg vore blant administrativt tilsette. Departementet har vore oppteke av reduksjon av administrative stillingar og effektivisering av drifta i tråd med strategien frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for betre og meir effektive administrative tenester i departementa. Hausten 2017 blei også departementet omorganisert og redusert med éi avdeling. Løyvingane til drift av departementet har i åra 2015–2018 blitt redusert med 3 mill. kroner som følge av krav om effektivisering og avbyråkratisering (ABE-reforma).

Mattilsynet står for den største nedgangen i talet på tilsette, med ein reduksjon på 105 tilsette i perioden 2013–2018. Mattilsynet har i perioden 2015–2018 fått redusert løyvingane med til saman

om lag 31 mill. kroner med utgangspunkt i ABE-reforma og fått redusert budsjettet ytterlegare med om lag 68 mill. kroner. Summen av krava til effektivisering utgjer dermed nær 100 mill. kroner i denne perioden. På same tid har budsjettet til Mattilsynet auka med 66 mill. kr som følge av særskilde prioriteringar i statsbudsjettet. Mattilsynet arbeider i 2018 med utgreiingar og analysar for å vurdere og identifisere område med potensial for effektivisering og reduksjon i kostnadene. Departementet legg til grunn at Mattilsynet framleis skal prioritere det utøvande arbeidet med tilsyn. I 2017 brukte Mattilsynet mindre tid på administrasjon og leiing, og meir ressursar på kjerneaktivitetar og utvikling.

Landbruksdirektoratet har hatt høg stabilitet i talet på tilsette etter 2014. Frå 2017 til 2018 gjekk talet på tilsette ned. Ei viktig årsak til dette er høg

turnover på grunn av omstilling i direktoratet, og at direktoratet i 2017 har halde ledige stillingar vakante. Direktoratet har i ettertid tilsett personar i ledige stillingar som ikkje kjem til syne av tala i tabell 3.4. Landbruksdirektoratet har likevel vedteke at prosessen med omstilling også skal innebere effektivisering og reduksjon av tilsette i administrasjonen. Omstillinga av direktoratet er i prosess og ikkje slutført. Departementet har dei seinare åra skjerp krava til effektivisering av drifta av direktoratet. I tillegg til den årlege generelle reduksjonen i løyvingane i tråd med ABE-reforma, fekk direktoratet ein reduksjon i løyvinga til drift for 2018 på 4,3 mill. kroner i tråd med forventningane om effektivisering som låg til grunn då direktoratet blei oppretta i 2014.

Sjølv om talet på tilsette og budsjetta til verksemdene i landbruks- og matforvaltninga går ned, legg departementet til grunn at kvaliteten på forvaltninga og dei faglege leveransane skal vere gode og ikkje reduserte som følgje av krav til effektivisering og reduksjon i løyvingane. Det heile handlar om å finne smartare og betre måtar å jobbe på, prioritere tida betre og innrette verksemda på meir tenleg vis. Gjennom god drift, formålstenleg organisering, modernisering og digitalisering av forvaltninga og tenestene til verksemdene, vil ein over tid kunne oppnå innsparingar og auka tilgjengelegheit og meir brukarvennlege tenester for brukarane.

Samarbeid i sektoren og med andre sektorar

Dei underliggjande verksemdene til departementet har eit omfattande samarbeid. Det gjeld òg samarbeid med dei andre aktørane i landbruks- og matforvaltninga. Det er utforma formaliserte avtalar om samarbeid mellom fleire av verksemdene, og samarbeidet inneber mellom anna levering av tenester mellom verksemdene, og utveksling av data, kunnskap og kompetanse, i tillegg til regelmessige direktørmøte.

Landbruksdirektoratet arrangerer fagsamlingar for tilsette hos Fylkesmannen, og det er dialog mellom direktoratet og Fylkesmannen i forvaltninga av dei juridiske og økonomiske verkemidla. Det er også nødvendig å ha eit godt samarbeid og ein dialog med relevante aktørar innan andre forvaltningsområde. Eit døme på samarbeid med andre forvaltningsområde er det utstrekte samarbeidet mellom Landbruksdirektoratet og miljøforvaltninga, der talet på saker på tvers av forvaltningsområda er aukande. Landbruksdirektoratet har også eit godt samarbeid med tolletaten og skatteetaten når det er nødvendig. Landbruks-

direktoratet og skatteetaten fekk i 2017 på plass ein avtale som gjer det enklare for direktoratet å hente opplysningar frå databasane til Skatteetaten. Det gir eit betre grunnlag for kontroll, og dokumentasjonskrava til søkjerane kan redusereast.

Mattilsynet samarbeider aktivt med andre etatar i kampen mot matsvindel, mellom anna politiet, tolletaten, Nav, Arbeidstilsynet og ulike avdelingar i kommunane. I kampen mot skrantesjuka (CWD) har Mattilsynet, Veterinærinstituttet, Miljødirektoratet, Statens naturoppsyn og Norsk institutt for naturforskning hatt eit godt samarbeid for å nå målet om å utrydde sjukdommen frå norsk natur.

Kommunikasjon

Klar, målretta og god kommunikasjon med omverda er nødvendig i ei brukarvennleg forvaltning. Arbeidet med kommunikasjon i landbruks- og matforvaltninga skal vere i tråd med dei statlege prinsippa om ein open og heilskapleg kommunikasjon og ta vare på omsynet til medverknad. Landbruks- og matdepartementet arbeider for offentleg merksemd om landbruks- og matpolitiske spørsmål og problemstillingar. Ny kunnskap og informasjon på aktuelle saksområde skal raskt gjerast tilgjengeleg, mellom anna på nettsidene til departementet – www.regjeringen.no/lmd – og i tett samarbeid med dei underliggjande verksemdene. Departementet er aktivt på sosiale medium og arbeider kontinuerleg med å utvikle vidare ulike kanalar for kommunikasjon. Dette er ein vesentleg del av innsatsen for å presentere informasjon som skaper interesse, er truverdig, tek omsyn til behovet for brukarmedverknad og aukar kunnskapen om landbruks- og matpolitikken.

Modernisering og digitalisering

Digitalisering av tenester og interne arbeidsprosessar er viktig for å modernisere, forenkle og forbetre forvaltninga. Verksemdene i landbruks- og matsektoren skal tilby fleire og meir brukarretta digitale tenester. Tenester som ikkje krev nærleik til brukarane skal normalt vere tilgjengelege digitalt, og verksemdene skal vurdere om manuelle tenester kan fasast ut der digitale tenester gir eit tilstrekkeleg godt tilbod til brukarane. Digitale tenester bidreg til å gi innbyggjarar og næringsdrivande ein enklare kvardag, samstundes som det legg til rette for at stat og kommune kan løyse oppgåvene sine meir effektivt. Vidare skal digitale

tenester bidra til å skape grunnlag for verdiskaping, kvalitet i offentlege tenester, demokratisk deltaking og inkludering. Kommunikasjonen mellom forvaltninga og brukarane skal normalt skje gjennom digitale, nettbaserte tenester. Digitalisering av interne arbeidsprosessar kan gi innsparingar og betre utnytting av ressursane, i tillegg til å auke kvaliteten på interne prosessar.

Landbruksdirektoratet

Landbruksdirektoratet har dei siste åra gjennomført eit omfattande IKT-utviklingsarbeid. Mellom anna har søknadsprosessen for naturskadeerstatning på papir blitt erstatta av ein ny elektronisk søknadsprosess, og allereie det første driftsåret blei om lag 90 pst. av søknadane leverte elektronisk. Éin av gevinstane ved endringa er redusert sakshandsamingstid, og ein meir effektiv søknadsprosess for både brukarane og forvaltninga.

Ei IKT-løysing for produksjonstilskott har vore under utvikling sidan 2015, og blei teken i bruk i 2017. Parallelt blei det gjennomført ei omlegging av forvaltningsmodellen for produksjonstilskotta. I den nye løysinga skjer all kommunikasjonen digitalt, alle søknadane blir leverte digitalt, og alle tilskottsbrevne blir sende ut digitalt.

Mattilsynet

Digitalisering skal bidra til at Mattilsynet forbetrar måten dei løyser samfunnsoppdraget sitt på. Mattilsynet har gjennom 2017 mellom anna forbetra utnyttinga av eigne data frå kjøttkontroll. Det inneber ei utprøving av dataterminalar i sju slakteri. Bruken av terminalane gjer kjøttkontrollarbeidet meir effektivt, og dataa som blir samla inn, blir meir pålitelege. Formålet med prosjektet er å hente inn matkjedeinformasjon om slaktedyra, og bruke slike data til mellom anna å risikoklassifisere besetningane. Løysinga gir Mattilsynet betre oversikt, slik at dei kan prioritere prøveuttak og kjøttkontroll.

NIBIO

Fleire av NIBIO sine digitaliserte tenester er verksemdkritiske for næringsdrivande særleg innan jord- og skogbruk, reindrift, og for sentral, regional og lokal forvaltning.

NIBIOs teneste *Gardskart på internett* gir detaljert innsikt i arealressursar og arealtal for den enkelte landbrukseigedommen sett saman av informasjon frå fleire kjelder. Tenesta er gratis for brukarane, og har dei seinare åra hatt ein stor

auke i talet på oppslag. I 2017 hadde tenesta 3,1 mill. oppslag, mot 2,2 mill. i 2016.

AR5 er eit heildekkjande nasjonalt kart som beskriv tilstanden for arealressursane ut frå produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk. Det er ein viktig reiskap både for verkemiddelforvaltning, planarbeid, sakshandsaming, utgreiingar og næringsutvikling. NIBIO har i 2017 oppdatert data for 54 kommunar i arealressurskartet AR5.

NIBIO har vidare arbeidd med utvikling og drift av ei nasjonal forvaltningsløysing for ortofoto, «Norge i bilder», der ortofoto etablert gjennom Geovekst-samarbeidet og omløpsfotograferinga blir forvalta. Nasjonal omløpsfotografering sikrar tilgang til nasjonale ortofoto for heile Fastlands-Noreg med tidsseriar på fem til sju år. Det blei fotografert 35.348 km² i 2017.

NIBIO har vidare også ei viktig oppgåve innan laserskanning av areala i landet. I 2017 skanna verksemda 58 000 km². I revidert nasjonalbudsjett 2017 blei det løyvd ekstra midlar til arbeidet, slik at heile landet kan bli skanna etter planen, dvs. innan 2022.

Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet har gjennom 2017 vore oppteke av å modernisere verksemdsprosessar som dannar grunnlaget for digitalisering av tenester ved instituttet. Målsetjinga for digitaliseringa er å leggje til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og bidra til å auke produktiviteten internt og eksternt.

Veterinærinstituttet har arbeidd med å utvikle eigne heimesider, inkludert arbeid med presentasjon av statistikk, bilete og arkivstoff. Av arbeid som enno pågår, er digitalisering av faglege rapportar og betre prislister.

Gode system for samfunnstryggleik og beredskap

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor. Ansvarer er hovudsakleg knytt til matproduksjon og matsikkerheit, sjå omtale under kat. 15.10 og kap. 1115.

Landbruks- og matdepartementet er førebudd på å møte kriser i eigen sektor og på å gi bistand til andre departement ved eventuelle sektorovergripande kriser. Viktige element i departementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er å sikre personell og kritisk infrastruktur, og å redusere risikoen for at det inntreffer uønskte hendingar. Departementet og underleggjande

verksemder skal i størst mogleg grad kunne drive verksemda vidare, uavhengig av eventuelle uønskte hendingar og kriser. Departementet er oppteke av at arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal vere sporbart og integrert i eige planverk, styringssystem og i styringsdialogen med underliggjande verksemder.

Departementet legg vekt på høg leiarmerksemd i styringa av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Ein overordna analyse av risiko- og sårbarheit inngår i arbeidet med tryggleik og beredskap. I styringsdialogen med underliggjande verksemder får arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap systematisk merksemd, mellom anna gjennom formidling av krav i tildeingsbrev, verksemdsinstruksane og i den ordnære styringsdialogen.

Departementet øver regelmessig på eige ansvarsområde og deltek òg i tverrsektorielle øvingar. I 2017 gjennomførte eller deltok departementet i fem øvingar.

Mattilsynet arrangerte saman med Veterinærinstituttet i 2017 den landsomfattande øvinga Pegasus, som hadde den alvorlege dyresjukdommen Afrikansk hestepest som tema. Avdelingane har i tillegg arrangert beredskapsøvingar på ulike problemstillingar som sporing av produkt, miltbrann, fugleinfluenza, sabotasje av drikkevann og funn av ulike dyre- og plantesjukdommar. Mattilsynet har òg arbeidd med opplæring innan beredskap i samarbeid med andre. Mattilsynet har teke i bruk verktøyet MatCIM som skal sikre betre loggføring, kommunikasjonsflyt og situasjonsforståing i alle ledd når hendingar inntreffer.

Landbruksdirektoratet har viktige oppgåver innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Oppgåvene omfattar handtering av hendingar og kriser innanfor matforsyning, skog, natur- og avlingsskadar. Beredskapsplanverket skal sørge for at Landbruksdirektoratet er i stand til å halde oppe funksjonane sine i ein krisesituasjon. Verksemda nyttar i stor grad IKT i forvaltninga, og ein viktig del av beredskapsplanverket er tiltak for å kunne handtere kritiske hendingar på IKT-området. Direktoratet gjennomførte i 2017 ei øving om alvorleg marknadsforstyring før kjøtt, mjølk og korn.

3.6 Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruks- og matpolitikken blir nådde

Forsking og forskingsbasert innovasjon er viktig for å nå hovudmåla i norsk landbruks- og matpoli-

tikk: matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Regjeringa legg difor til rette for ein kontinuerleg høg kunnskapsproduksjon. I denne rapporteringa vil innsats og resultat på utvalde område bli omtalte innanfor dei tre forskingspolitiske delmåla for landbruks- og matforskninga:

- målretta bruk av midlar til forskning og innovasjon
- kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning
- ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Målretta bruk av midlar til forskning og innovasjon

Løyvingane til forskning og innovasjon skal nyttast mest mogleg målretta for å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken.

Gjennom løyvingar til forskning og innovasjon har Landbruks- og matdepartementet støtta opp under nærings- og forvaltningsretta forskning knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon til forbrukar – og lagt eit viktig grunnlag for auka innovasjon og konkurransekraft i næringa.

Sikre forbrukarane trygg mat og auke matvareberedskapen

Forsking på matområdet har høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet. Prosjekt på område som dyrehelse, dyrevelferd og antibiotikaresistens er ein god basis for å halde ved like den gode posisjonen Noreg har når det gjeld mattryggleik. For å sikre forbrukarane trygg mat er det avgjerande å sjå heile verdikjeda under eitt.

Løyvingar frå departementet finansierer store nasjonale forskarprosjekt, innovasjonsprosjekt i næringslivet og norsk deltaking i europeiske forskarnettverk. Mellom anna skal det undersøkast korleis moglegheiter og utfordringar knytte til forbetra agronomisk praksis kan bidra til meir berekraftig matproduksjon i Noreg. Det blir òg forska på integrert plantevern, og i 2016 starta NIBIO forskingsprosjektet BioFresh, som skal skaffe forskingsbasert kunnskap om berekraftige, lukka produksjonssystem for grønsaker i veksthus.

Midlar frå *Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt* og *Forskningsmidlar over jordbruksavtalen* blir òg nytta til forskning innanfor både matsikkerheit og mattryggleik.

Boks 3.2*FoodProFuture*

NMBU og NIBIO har med prosjektet Food-ProFuture som mål å utvikle ei kunnskapsplattform for optimal produksjon og utnytting av norske proteinrike vekstar til gode, helse-riktige og attraktive plantebaserte matvarer med høgt proteininnhald. Slike produkt står sentralt i overgangen til eit meir berekraftig kosthald med redusert miljøavtrykk og betre helse for store folkegrupper.

Aktuelle sortar av erter og åkerbønner er prøvde ut i feltforsøk ved tre lokalitetar (Apelsvoll, Vollebekk og Landvik). Plante-materialet skal brukast vidare i prosesseringsforsøk og i analysar av kvalitet. Ein metodikk for avskaling og prosessering av erter og åkerbønner er identifisert og prøvd ut. Proteinrike fraksjonar av erter er brukte for å utvikle prototypar av pasta med ulik mengde erter saman med durumkveite.

Forskningsprosjektet omfattar heile verdikjeda frå primærproduksjon til forbrukar, og skal studere berekraft, klimagassutslepp, planteprotein frå eigen primærproduksjon, prosess-teknologi og utvikling av innovative produkt, kvalitet på råstoff, prosessert plantemateriale og modellprodukt, i tillegg til forbrukarpreferansar, innovasjon og moglegheiter i marknaden.

Boks 3.3*Mjølkeføring av kalvar*

Det har i mange tiår blitt anbefalt at kalvar på mjølkeføring ikkje må få meir enn to-tre liter mjølk per måltid. Større volum kan føre til at mjølk flyt over til vomma og blir årsak til fordøyingsproblem, diaré og redusert vekst. Med føring to gonger i døgnet vil ei så låg mjølkeføring føre til underføring av kalvar i mjølkeproduksjonen. I eit dyrevelferdsprosjekt på Veterinærinstituttet fekk kalvane fri tilførsel av kroppsvarm heilmjølk. Undersøkingane viste at løypen har stor kapasitet for utviding, og det blei ikkje observert mjølk i vomma eller teikn på magesmerter hos kalvane. Funna tyder på at bønder kan meir enn doble porsjonane til kalvane dersom det blir gitt varm heilmjølk gjennom ein smokk med relativt lita opning.

basert landbruks- og matsektor i heile landet ved å stimulere næringane til å forske meir og nytte seg av forskinga til andre både nasjonalt og internasjonalt. Departementet har innretta forskingsmidlane slik at dei støttar opp under innovasjonsaktivitetar i næringane gjennom tydelege forskingsprioriteringar i verdikjeda og god dialog med aktørar som kan finansiere forskinga.

Mange av verdikjedene på matområdet har liten tradisjon for eiga forskning. Éi årsak er strukturen i primærnæringane med mange mindre føretak og stor geografisk spreing. Offentleg finansiering av forskning er difor svært viktig, og næringsretta forskingsinnsats innan landbruksnæringa blir finansiert gjennom mellom anna Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt (FFL). Det er òg lagt vekt på å betre forskings- og innovasjonssamarbeidet mellom blå og grøn sektor. Nofima AS har ein viktig funksjon i arbeidet med å hente ut synergjar frå eit slikt samarbeid.

Brukarstyrt og innovasjonsorientert forskning har høg prioritet. Stor forskingsaktivitet er ein føresetnad for å halde oppe og styrkje konkurranseevna mellom anna i skog- og næringsmiddelindustrien. Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA), tematisk innretta program som BIONÆR og store program som ENERGIX er viktige verkemiddel for å mobilisere næringslivet til å investere meir i FoU.

God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

Forsking på dyre- og plantehelse kan ha stor innverknad på og grenseflater mot mattryggleik, og begge fagfelt er viktige for berekraftig og klimavennleg matproduksjon. Fleire prosjekt finansierte gjennom Noregs forskingsråd har støtta opp under forskning for å sikre god dyre- og plantehelse og dyrevelferd. Dei siste åra er det utvikla mykje ny kunnskap om plantesjukdommar, sortsutvikling og klimatilpassing, til dømes korleis vintertoleranse blir utvikla i plantane.

Auka verdiskaping

Forsking skal bidra til auka verdiskaping i landbruks- og matsektoren. Landbruks- og matdepartementet bidreg til å utvikle vidare ein kunnskaps-

Bruken av ressursar på forskning i næringsmiddelindustrien har auka dei siste åra. Mange nye innovasjonsprosjekt er sette i gang, og mykje av forskings- og utviklingsinnsatsen går til å betre mattryggleiken gjennom auka kompetanse og kunnskap, produktivitetssauke gjennom lagring, kvalitetsheving og betre produkt gjennom prosessoptimalisering og hygieniske tiltak. Betre utnytting av råstoff og utnytting av restråstoff er òg tema som blir undersøkte. Næringsmiddelindustrien har blitt involvert i fleire av prosjekta på matområdet. Samarbeidet mellom næringsmiddelindustrien og forskingsmiljøa er såleis styrkt, og fleire bedrifter har innført ny teknologi basert på dei forskingsresultata som har komme fram av samarbeidet. Samarbeid og forskingsbasert innovasjon er viktig for å auke konkurransekrafta i næringsmiddelindustrien.

Forskningsprogramma BIONÆR og ENERGIX følgjer opp overordna politiske føringar for å levere kunnskap om skog- og trebasert næringsverksemd. Det blir arbeid målretta med å etablere store, tverrfaglege prosjekt som analyserer kva rolle skogen har i klimasamanheng. Dette arbeidet dekkjer heile livsløpet, frå etablering, skjøtsel og avverking, til livsløpsanalysar innanfor verdikjeda tremekanisk industri, papirindustri og

Boks 3.4

Matlyst – Tilpassa matprodukt som dekkjer måltidsdøgnet for heimebuande seniorar

Prosjektet Matlyst (2017–2020) skal bidra til å dekkje måltidsdøgnet for eldre som bur heime med gode, sunne og berekraftige løysingar som er lette å velje, lette å bruke og baserte på norske råvarer. Saman skal Tine, Nortura, Fjordland og Norgesmøllene utvikle treffsikre innovasjonar som vender seg til denne marknaden. Nofima, NMBU og SESAM er forskingspartnarane i prosjektet og skal samle kunnskap om kva for faktorar som styrer matval til aktive eldre, effekten av nyutvikla produkt med tanke på kosthald med rett ernæring, og korleis informasjon og kommunikasjon kan fremje helse og trivsel hos eldre.

Prosjektet er finansiert med forskingsmidlar frå BIONÆR.

Resultat frå forskingsprosjektet blir lagt ut på nettstaden www.matlyst.org.

Boks 3.5

Miljøvennleg trebeskyttelse med elektropuls

For å oppretthalde og helst auke bruken av tre i konstruksjonar og bygg er det viktig å finne løysingar for å verne trevirket som ikkje gir negative miljøkonsekvensar som høgt energiforbruk ved produksjon, utleking av kjemikalier og avfallsproblematikk.

Undersøkingar ved NIBIO har vist at svake, pulserande, elektriske felt vernar ulike treslag mot soppangrep og termittar (ei gruppe insekt). Metoden inneber ingen bruk av kjemikalier, har ingen negativ miljøpåverknad og er ufarleg for menneske og dyr. Der som teknologien viser seg å fungere i praksis, kan metoden erstatte bruk av fungicid (soppgifter), som i dag blir nytta for å auke haldbarheita til treverk.

Typiske innsatsområde for impregnert tre er konstruksjonsvirke, kledning, leikeapparat, terrassar, støyskjermer, autovern, telefonmaster og kaianlegg. I tillegg har teknologien potensial til å brukast til vern av vindauge og dører av tre.

Teknologien er installert i eit postbygg i Telemark og i små forsøkshus, og det er vist at angrep av råtesopp kunne stoppast i ulike treslag. Veksten av nokre overflatesoppartar blei også redusert. NIBIO har søkt patent på teknologien.

bioenergi. Det er eit komplekst samspel mellom primærproduksjon, hausting og bruk av trebaserte produkt i samfunnet. Dette gjer tverrfaglege tilnærmingar og eit tett samarbeid mellom næringsliv, forskning og forvaltning heilt nødvendig. Ei utfordring for forskinga er å bidra med kunnskap til arbeidet med å balansere auka innsats for klimatiltak i skog, økonomisk avkastning i skogbruket, og omsyn til miljø og biologisk mangfald.

Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon mellom anna av omsyn til norske forbrukarar og beredskap. Samstundes er omsynet til miljø og klima viktig. For å nå dette målet er det avgjerande

Boks 3.6

Lavutslipp 2030 er Forskeringsrådets satsing på forskning og innovasjon som skal bidra til at Noreg når klimamåla for 2030 og 2050, først og fremst i ikkje-kvotepfiktige sektorar. Det blir lyst ut midlar innanfor Lavutslipp 2030 i fleire av Forskeringsrådet sine program, mellom anna i BIONÆR, der det i 2017 blei løyvd midlar til tre prosjekt leia av NIBIO:

- Climate smart use of Norwegian organic soils
- Implementing biochar-fertilizer solution in Norway for climate and food production benefits
- Exploring solar on-farm energy production combined with fleet of electrical vehicles and precision agriculture for reduced GHG-emissions

at dei ressursane vi rår over, blir utnytta på best mogleg måte. Avlsarbeid for størst mogleg produksjon av friske og sunne dyr og sortsutvikling som sikrar eit plantemateriale som er tilpassa klimaforholda, vil vere viktig i denne samanhengen. Løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet finansierer fleire prosjekt på dette området, og mange av prosjekta har brei medverknad frå brukarar. Kunnskap som sikrar berekraftig og klimatilpassa produksjon av mat, som kunnskap om betre agronomi, vil få endå større plass i tida framover.

Produksjon og bruk av fornybar energi er ein viktig del av bidraget frå landbruket til å redusere utslepp av klimagassar. Hovudsatsinga på energiforskning skjer gjennom programmet ENERGIX, som er Noregs forskingsråds store program innanfor miljøvennleg energi. Prosjekta er i hovudsak retta mot utvikling av nye og meir effektive konverteringsprosessar frå råstoff til energi, medrekna både varme og elektrisk straum. Innanfor bioenergiforskinga har områda miljø og klima, hausting av skog til produksjon av varme og drivstoff, og biogass frå husdyrgjødsel og matavfall vore sentralt for departementet.

Deltaking frå næringslivet i forskingsprosjekt på departementet sitt område

Landbruks- og matforskinga skal bidra til å stimulere forskingsinnsatsen i næringslivet og til at næringslivet i større grad gjer seg nytte av for-

Boks 3.7

Biokol som berekraftig klimatiltak for nullutsleppssamfunnet

Biokol gjer det mogleg å fange ei vesentleg mengde CO₂ frå atmosfæren og lagre han som stabilt karbon i jorda. For at biokol skal bli eit velfungerande klimatiltak i Noreg, må teknologien bli meir effektiv og lønsam, og fordelane og avgrensingane ved biokol må bli betre kjende. Målet med prosjektet CAPTURE+ har vore å utvikle biokolsystem som eit verktøy for å realisere nullutsleppssamfunnet. Dette ville prosjektet gjere gjennom ei tverrfagleg tilnærming for å utvikle, analysere og implementere biokol i norsk landbruk. Utgangspunktet var at biokol har potensial til å bidra til utsleppsreduksjonar i norsk landbruk, men at det er ei rekkje hinder i vegen. Mellom anna er det mangel på sertifiseringsordningar, teknologien er umoden og kostbar, det er uvisse når det gjeld effektar på jorda, og det er lågt kunnskapsnivå blant potensielle brukarar. For å spreie kunnskap om biokol har prosjektet i samarbeid med Skjærgaarden Gartneri i Vestfold etablert eit demonstrasjonsanlegg for gardsskala produksjon og bruk av biokol. Anlegget har bidrege til læring, bevisstgjerjing og kunnskapsspreiing til jordbrukarar, politikarar og allmenta, og vil fungere som ein viktig kunnskapsbase for vidare spreieing av biokol i Noreg. For å fremje biokol som klimatiltak i norsk landbruk blir det gitt råd om å innrette verkemiddelbruken særleg mot informasjons- og kommunikasjonsarbeid, sertifiseringsordningar og demonstrasjons- og pilotprosjekt og ved å skape nisjemarkadar til dømes gjennom offentlege anbod.

skingsbasert kunnskap. Midlane til forskning frå Landbruks- og matdepartementet går i stor grad til næringsretta prosjekt med krav til medverknad frå næringa. Ein stor del av prosjekta krev òg medfinansiering frå næringslivet. Krav om medverknad frå næringa bidreg til meir relevant og løysingsorientert forskning når det gjeld problemstillingar i landbruks- og matnæringsa.

I ein gjennomgang av resultatane av forskinga i BIONÆR og forløparane dei siste ti åra viser

Oxford Research AS at programmet må betraktast som samfunnsøkonomisk lønsamt. Gjennomgangen viser at prosjekta fører til innovasjon, særleg blant industripartnarane. Fleire bedrifter oppgir at dei kjem styrkt ut av prosjekta, gjennom betre konkurranseevne, auka lønsemd, nye markadar eller auka marknadsdelar. Vidare viser gjennomgangen at BIONÆR gir eit solid bidrag til å auke kompetansen i næringslivet og i forskingsmiljøa, og har styrkt profilen til forskingsmiljøa nasjonalt og internasjonalt. Støtta frå BIONÆR har ført til oppbygging av nye innovasjons- og kompetansemiljø, og ei styrking av eksisterande miljø.

SkatteFUNN er ei skattefrådragsordning og har ingen direkte løyvingar frå departementa. Ordninga er likevel eit viktig verkemiddel for innovasjon og verdiskaping i næringslivet. Aktiviteten ligg på eit høgt nivå, særleg på områda jordbruk og mat, og har auka dei siste åra. I 2017 blei det registrert 67 aktive prosjekt innan skog- og tresektoren, og 521 prosjekt innan jordbruk og mat. Begge områda har ein auke frå året før. Aktiviteten indikerer at dette er eit treffande verkemiddel for innovasjon i landbruks- og matsektoren.

Internasjonal forskingsaktivitet

Dei norske forskingsinstitutta har eit stort internasjonalt engasjement. Norsk landbruks- og matforskning er mellom anna godt representert i internasjonalt samarbeid gjennom ulike European Research Area-nett (ERA-NET) og fellesprogram (JPI, Joint Programming Initiatives).

EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, er ei viktig finansieringskjelde for norske landbruks- og matforskningsmiljø. Mellom anna er spørsmål knytte til mat-sikkerheit og klima særdeles aktuelle forskingsområde i Horisont 2020. Internasjonalt forskings-samarbeid på desse områda er viktig for å løyse globale utfordringar, heve kvaliteten og fornye norsk forskning og kunne forstå og nytte forskingsresultat frå andre land. Samarbeid er i tillegg nødvendig for at Noreg skal kunne ta sin del av ansvaret for den internasjonale kunnskapsoppbygginga på sentrale område. Det er viktig å leggje til rette for best mogleg utnytting av samarbeidet.

Horisont 2020 har ei sterk kopling til dei ulike fellesprogramma (JPI, Joint Programming Initiatives). På landbruks- og matområdet er det sett i gang to JPI-ar. Den eine er knytt til landbruk, mat-sikkerheit og klimaforandringar (JPI FACCE, Agriculture, Food security and Climate change), og den andre til området mat og helse (JPI HDHL, A healthy diet for a healthy life). Det internasio-

nale samarbeidet gjennom JPI FACCE og ANIHWA (Animal Health and Welfare) har trygg og nok mat, dyrehelse og dyrevelferd, inkludert antibiotikaresistens, som sentrale tema.

Norske forskarar hevdar seg godt i konkurransen med andre land. Noreg har størst gjennomslag og suksessrate i Matprogrammet (FOOD), som er eit av dei 17 programma i H2020. I Matprogrammet har Noreg per juni 2017 henta heim opp under 30 mill. euro, noko som utgjjer meir enn 5 pst. av dei samla økonomiske midlane i H2020. Norske forskarar har hittil delteke i kvart fjerde prosjekt som er finansiert innanfor landbruk, mat og grøn bioøkonomi i Horisont 2020.

Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Som grunnlag for innovasjon og utvikling er det viktig å få ei god spreing av relevant kunnskap frå universitet og institutt. For å få dette til må det leggjast til rette for at fleire aktørar saman kan bidra i formuleringa av kunnskapsbehov og finansiering.

Effektiv kommunikasjon og formidling av forskingsbasert kunnskap på landbruks- og matområdet er ei viktig oppgåve for institutta. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Ruralis og Veterinærinstituttet (VI) publiserer og formidlar mykje av forskinga si òg utanfor dei vitenskaplege kanalane.

Det samla talet på publikasjonspoeng per forskarårsverk auka frå 2016 til 2017 for NIBIO og Ruralis, men gjekk noko ned for Veterinærinstituttet. Den populærvitenskaplege formidlinga var stor for alle institutta òg i 2017, med mange aviskronnikkar, intervju og foredrag. Forskarane har eit høgt fagleg nivå, men prosentdelen tilsette med doktorgrad per forskarårsverk gjekk noko ned frå 2016 til 2017. Primærnæringsinstitutta oppnår høge tal på publikasjonspoeng per forskarårsverk samanlikna med mange andre institutt i Noreg.

NIBIO og Veterinærinstituttet har mange forskarar under doktorgradsutdanning, og i 2016 og 2017 blei det til saman avlagt 22 doktorgradar ved institutta. Doktorgradsutdanning er viktig for rekrutteringa til institutta, men òg for næringsliv og forvaltning som har behov for høg kompetanse på viktige fagområde.

Søking til yrkesfag og høgare utdanning i landbruks- og matfaga

God rekruttering av fagpersonar med rett kompetanse er viktig for å sikre eit sterkt landbruk og ein sterk matindustri.

Søkjartalet til yrkesfag i naturbruk i vidaregåande skolar er lågt samanlikna med andre programfag, men dei siste åra har det vore ei aukande interesse både for naturbruk Vg1 og programfag landbruk og gartner Vg2. For fjerde år på rad har søkjartalet auka, og når ein ser dei to siste åra (2016–2018) under eitt, er auken på 14 pst. for Vg1 naturbruk og 21 pst. for Vg2 landbruk og gartner.

Det er samla sett få søkjarar til utdanningsprogrammet restaurant- og matfag, og fråfallet er blant det høgaste i vidaregåande skole. Både styresmaktene og industrien sjølv er tydelege på at rekruttering til matfagleg utdanning til industrien er ei utfordring. Etter Vg1 restaurant- og matfag er det få som går vidare til Vg2 matfag og fagarbeidarutdanninga som matindustrien treng. Dei fleste innan restaurant- og matfag søker vidare på Vg2 kokk og servitør, der det også trengst fleire fagfolk. Regjeringa arbeider med å utvikle Noreg som matnasjon. Både reiselivssektoren og helse- og omsorgssektoren er viktige og relevante i arbeidet med å synleggjere behovet for å rekruttere fleire til kokkeyrket.

Søkjartala til universitet og høgskolar innan landbruksfag, veterinærstudium og andre grøne utdanningar viser til saman ein auke på i overkant av 8 pst. frå 2017 til 2018, mens auken i det samla søkjartalet til høgare utdanning samla i same periode er på under 5 pst. Når det gjeld produksjonsretta landbruksfag, ligg talet på førstevalssøkjarar på same nivå i 2018 som i 2017 når ein ser på søkjartala for Nord universitet, Høgskolen i Innlandet og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) under eitt. Det er framleis behov for auka rekruttering til fleire av landbruksstudia.

Overgangen til eit grønt samfunn med ein effektiv bioøkonomi fordrar eit breitt spekter av fagkompetanse, både innanfor og utanfor det som kan definerast som biobaserte fag. For at landbrukssektoren skal vere ein del av løysinga på klimautfordringane er det difor nødvendig å sikre kompetanse innanfor andre relevante fag. Talet på førstegangssøkjarar til matvitenskap, biologi, bioteknologi, fornybar energi og økologi og naturforvaltning auka med til saman 5 pst. frå 2017 til 2018.

Søking til etter- og vidareutdanning

Rapportane frå fylkeskommunane om bruken av midlar over jordbruksavtalen til rekruttering, likestilling og kompetanse viser at desse midlane utløyser stor aktivitet i etter- og vidareutdanning som gir kompetanse dei næringsdrivande i land-

bruket treng. Etterspørselen er særleg knytt til praktisk retta kompetansetiltak for dei som er på veg inn i landbruksnæringa.

Rekruttering til næringsliv og forskning

Rekruttering, både til næringa og til forskingsmiljøa, representerer ei stor utfordring for å sikre forskingskvaliteten i framtida.

For å auke rekrutteringa må det stimulerast til auka samarbeid både internt i sektoren og på tvers av sektorane. Studenttala innanfor landbruksfag og andre grøne utdanningar har auka dei seinaste åra, noko som er viktig for å sikre rekruttering og til forskarutdanning.

Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Ein økonomisk solid instituttsektor er ein viktig føresetnad for å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken. Dei tre landbruksfaglege forskingsinstitutta – NIBIO, Veterinærinstituttet og Ruralis – omsette i 2017 for 1 134,5 mill. kroner og utførte 972 årsverk. Av dei var 491 forskarårsverk, og 388 hadde doktorgrad. Sjå òg omtale under kap. 1137, post 51.

Institutta må vere økonomisk solide

I 2017 hadde NIBIO driftsunderskot, mens Ruralis og Veterinærinstituttet hadde driftsoverskot. Departementet følgjer nøye med på den økonomiske utviklinga i institutta. Dei tre institutta oppnådde gode resultat innan forskning og innovasjon i 2017.

Om lag ein tredjedel av driftsinntekta til dei tre institutta er knytt til forvaltningsoppgåver som blir finansierte av mellom anna Landbruks- og matdepartementet. Hovuddelen (om lag fire femdelar) av forvaltningsoppgåvene er kunnskapsutviklingsmidlar som departementet prioriterer direkte gjennom tildelingsbrev til institutta for å sikre kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling, statistikk, analyse, politisk avgjerdsstøtte og beredskap for landbruks- og matsektoren.

Basisløyvinga i 2017 utgjer mellom 7 og 19 pst. av driftsinntektene, og blir tildelt frå Forskringsrådet, som både fastset og utbetalar basisløyvingar til institutta på primærnæringsarenaen. Forskringsrådet lyser òg ut midlar gjennom forskingsprogramma. Desse midlane konkurrerer institutta om når det gjeld både kvalitet og relevans. NIBIO og Ruralis har ein stor del av inntektene sine frå internasjonale prosjekt, mens Veterinærinstituttet har ein mindre del internasjonale

inntekter. Det er eit klart mål for Veterinærinstituttet å auke denne delen.

Institutta konkurrerer òg om oppdragsinntekter i marknaden. Nasjonale oppdragsinntekter utgjer 27 pst. av driftsinntektene for Ruralis og Veterinærinstituttet og 6 pst. av driftsinntektene for NIBIO. Nivået på den nasjonale etterspørselen er eit hinder for å utvikle denne delen av aktiviteten, og institutta vurderer kontinuerleg om det er mogleg å etablere aktivitet innanfor nye marknader.

For å sikre kompetanse i institutta, høg forskingskvalitet og økonomi, må publiseringa og talet på doktorgradar innanfor sektoren aukast framover.

Samspel nasjonalt og internasjonalt

Samspel med andre aktørar er nødvendig for fagleg utvikling, for å byggje nettverk og for å vere i stand til å innhente og ta i bruk kunnskap som er utvikla internasjonalt. Difor er internasjonalisering av forskinga svært viktig for å byggje opp instituttsektoren. Både innanfor europeiske fellesprogram (JPI-ar og EJP-ar) og i europeisk program-til-program-samarbeid (ERA-nett) i matsektoren, blir det i aukande grad stilt krav om god nasjonal samordning og effektivt samspel med dei europeiske satsingane. Bilateralt samarbeid er viktig for å heve kvaliteten på og relevansen for norsk utdanning og forskning. Den internasjonale innsatsen til dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta er òg omtalt over.

Forskning gjennom programaktivitet skal dekke bidraget frå landbruks- og matområdet til relevant forskning for sektoren. Innsatsen skjer gjennom forskingsprosjekt og tiltak direkte retta mot næringslivet. Dette er sentrale verkemiddel for å nå målet om høg kvalitet og relevans i forskinga. Basisløyvingane til instituttsektoren og senteratsingane er òg viktige reiskapar for å sikre forskning med høg kvalitet og relevans.

Forskringsrådet peikar på at fleire aktørar frå næringslivet og instituttsektoren samarbeider godt innanfor denne typen prosjekt. Viktige aktørar i sektoren har òg godt gjennomslag på dei opne arenaene som ikkje har finansiering frå Landbruks- og matdepartementet. Nokre av dei største aktørane i næringslivet har i ein femårsperiode vore Borregaard AS, Norske Skog-industrier ASA, Nortura SA, Tine SA, Graminor AS, Geno SA og Norsvin SA.

Dei tre forskingsinstitutta på Landbruks- og matdepartementets ansvarsområde har mest sam-

Boks 3.8

Chronic Wasting Disease (CWD)

Veterinærinstituttet påviste i mars 2016 prionsjukdommen skrantesykje, eller Chronic Wasting Disease (CWD), for første gong i Europa og for første gong i verda på eit reinsdyr. Veterinærinstituttet har etter dette bidrege med kunnskapsråd til regjeringa som har gjort at flokken på om lag 2 200 villrein i Nordfjella Sone 1 no er teken ut og området brakklagt. Formålet er å stoppe utbrotet, slik at Noreg også i framtida kan ha friske hjortedyrpopulasjonar. Etter testing av 40 000 hjortedyr ved Veterinærinstituttet etter 2016, er 23 dyr påviste positive. CWD-forskninga ved instituttet har studert forskjellar mellom ulike typar CWD (klassisk vs. atypisk) som er sett i Noreg, det er utvikla meir sensitive diagnostiske testar, og den genetiske variasjonen hos norske hjortedyr er kartlagd. Forskinga omfattar òg moglegheit for etablering av ein metode for testing for CWD på levande dyr før reetablering av reinstammen i Nordfjella. Dei norske erfaringane med å påvise sjukdommen på hjortedyr blir viktig for dei seks EU-landa som no skal teste hjortedyr.

arbeid med NMBU og Nofima AS. Det er òg eit vesentleg samarbeid med fleire universitet, høgskolar og andre forskingsinstitutt.

3.7 Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar

På landbruksområdet har Noreg slutta seg til ei rekkje internasjonale avtalar som dekkjer mellom anna handel, plante- og dyrehelse, skog og klima. Mange avtalar og regelverk blir fornya med jamne mellomrom. Noreg kan ha særigne nasjonale interesser som må inkludrast i avtaleverket. Dette kan vere løysingar som er tilpassa naturgitte forhold (plante- og dyrehelse) eller kostnadsnivået (importvernet), og som trengst for å kunne oppfylle måla for landbrukspolitikken.

Handelsavtalar

Dei sentrale avtalane for handel med landbruksvarer er WTO-avtalen, EØS-avtalen og EFTAs frihandelsavtalar. I samsvar med artikkel 19 i EØS-avtala skal Noreg og EU gjennomgå villkåra for handelen med basis jordbruksvarer med sikte på ei gradvis liberalisering. Avtala skal likevel vere til fordel for begge partar og innanfor rammene av landbrukspolitikken til dei enkelte partane. Artikkel 19 har ført til auka gjensidig marknadstilgang for landbruksvarer der ost og kjøtt er særleg viktige. Noreg og EU har tidlegare inngått to slike avtalar, og i april 2017 blei regjeringa og EU-kommisjonen samde om ein ny artikkel 19-avtale. Denne avtala blei sett i verk 1. oktober 2018, og inneber større kvotar for EU inn til den norske marknaden av mellom anna ost, kjøtt og blømande planter. For Noreg inneheld avtalen større eksportkvotar for kjøttvarer, mjølkeprodukt og blomar.

EFTA forhandlar med ei rekkje land om å inngå handelsavtalar, mellom andre India, Malaysia, Indonesia, Vietnam og Mercosur. Mercosur, som er ein økonomisk fellesskap mellom Argentina, Brasil, Paraguay og Uruguay, har store offensive interesser innan handel med landbruksvarer. Noreg forhandlar òg bilateralt om ein handelsavtale med Kina. Forhandlingane omfattar handel med både uforedla og foredla landbruksvarer.

Meld. St. 29 (2014–2015) *Globalisering og handel* slår fast at Noregs primære handelspolitiske interesse er bevaring og styrking av det multilaterale handelssystemet. Dei siste åra har det vore lite framgang i WTO-forhandlingane. Ministerkonferansen i Buenos Aires i desember 2017 gav ikkje resultat på landbruksområdet.

I sum utgjer dei internasjonale avtalane for handel eit omfattande sett av forpliktingar som Noreg må overhalde når det gjeld importvern, omfang og innretting av landbruksstøtte og omfanget av eksportstøtte. Verkemiddelbruken i landbrukspolitikken må tilpassast slik at Noreg held seg innanfor gjeldande avgrensingar for bruk av støtte. Forpliktingane inneber òg ei omfattande årleg rapportering til WTO. Noreg legg stor vekt på å ha eit ope handelssystem som synleggjer oppfølginga av handelsforpliktingane. Landbruk var òg eit sentralt tema under den handelspolitiske gjennomgangen av Noreg i WTO i juni 2018.

Importvernet er eitt av fleire verkemiddel som påverkar konkurransesituasjonen for norske jordbruksprodukt. Meld. St. 29 (2014–2015) viser til at framtidige handelsforhandlingar framleis skal «vektlegge norsk landbruks beskyttelsesbehov»,

og vidare at «[d]efensive interesser på landbruksområdet avveies mot våre generelle handelspolitiske interesser og offensive interesser på andre områder». Det blir òg vist til at regjeringa vil «arbeide for en friere handel med landbruksvarer for å bidra til global velferdsutvikling og matsikkerhet, samt av hensyn til norske forbrukere og mangfoldet i det norske matmarkedet». På sikt vil endringane i landbrukspolitikken gi eit meir effektivt landbruk og styrkje konkurransekrafta for norske jordbruksprodukt. Styrkt konkurransekraft vil kunne gjere det mogeleg å senke importvernet, noko som vere til fordel for forbrukarane ved at det blir lagt til rette for eit breiare produktutval i butikkane.

Matsikkerheit

Ein omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene krev eit sterkt internasjonalt samarbeid om regelverk og tilsyn. Dette er nødvendig for å sikre trygg mat som møter krava frå forbrukarane og for å kunne fremje god plante- og dyrehelse. Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er nødvendig for å påverke utviklinga av standardar og regelverk for å vareta norske synspunkt og for å bidra til utveksling og utvikling av kunnskap.

Krava på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Hovuddelen av det norske regelverket på matområdet er EØS-basert. Matområdet er ifølgje NOU 2012: 2 *Utenfor og innenfor* det kvantitativt største området under EØS-avtalen, med om lag 40 pst. av rettsaktene. Regjeringa legg vekt på ein aktiv Europapolitikk. Som del av oppfølginga utarbeider Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, som alle har fagansvar på matområdet, sams prioriteringar for arbeidet retta mot EU.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt arbeid mellom anna i Codex Alimentarius Commission (FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) og Verdas helseorganisasjon (WHO) sin organisasjon for matvarestandardar), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og Verdas plantehelseorganisasjon (IPPC). Desse organisasjonane utviklar standardar som blir lagde til grunn i WTO/SPS-avtalen for handel, og som òg legg premissar for regelverket i EU.

Matsikkerheit står sentralt på 2030-agendaen som eit av dei 17 berekraftsmåla FN vedtok i 2015. Berekraftsagendaen set ambisiøse mål for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvik-

ling dei neste 15 åra. Dei nye måla, og tiltaka som følgjer av desse måla, vil gjelde alle land. Innsatsen for å nå måla er ei krevjande oppgåve nasjonalt og internasjonalt.

Folketalet i verda vil auke til 9 milliardar menneske i 2050. Matproduksjonen må difor aukast med 60 pst. innan same tid. Dette er ei stor utfordring fordi vilkåra for jordbruksproduksjon blir endra som følgje av klimaendringar og manglande tilgang på jord og vatn i mange område. FNs mat- og landbruksorganisasjon (FAO) arbeider med verdas matvareutfordringar. Mandatet til organisasjonen er breitt og omfattar mellom anna matsikkerheit, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar, inkludert land, vatn, luft og genetiske ressursar.

Noreg er eit aktivt medlem i komiteen for matsikkerheit, CFS, og legg vekt på arbeidet med globale retningslinjer og rammeverket for matsikkerheit.

Innsatsen for bevaring, berekraftig bruk og rettferdig godedeling av genetiske ressursar er viktig for departementet. Dette er følgt opp i FAOs kommisjon for genetiske ressursar og i den internasjonale plantetraktaten for mat og landbruk. Noreg er medlem av arbeidsgruppa som skal presentere framlegg for å betre funksjonen til den globale fordelingsmekanismen som sikrar foredlarar, forskarar og bønder tilgang til viktige plantegen for mat og landbruk. Noreg er òg attvalt som byråmedlem i Plantetraktaten på vegner av den europeiske regionen for perioden 2017–2019. Vidare skal Noreg leie ekspertgruppa på bønder rettar saman med India.

Internasjonalt samarbeid

Landa i Europa samarbeider framleis i FOREST EUROPE og vil utvikle dette samarbeidet vidare. Frå 2015 til 2020 er det Slovakia som leier prosessen. Noreg sit ikkje lenger i styrande organ i samarbeidet, men deltek aktivt.

FNs skogforum UNFF er ein viktig aktør i arbeidet med å fremje forståinga av berekraftig

skogforvaltning globalt. I 2017 og 2018 er det arbeid med å implementere den strategiske planen for arbeidet med skog i FN som blei vedteken i 2017. Den strategiske planen er eit viktig steg i arbeidet med å sikre ei heilskapleg tilnærming til skogforvaltning i FN.

FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) er ein viktig aktør for å fremje berekraftig skogforvaltning og har ei særleg viktig rolle i samarbeidet med land om ressuroversikter og kartlegging av utviklinga i forvaltning av skogressursane. FAO fremjar kunnskap om rolla skogen har når det gjeld matsikkerheit. FAO leier og koordinerer samarbeidet mellom dei ulike organa i FN og andre institusjonar som er engasjerte i skogspørsmål, det såkalla Collaborative Partnership on Forests (CPF).

Noreg støttar opp om arbeidet i European Forest Institute (EFI), som er eit forskingsnettverk basert på ein mellomstatleg konvensjon der Noreg er part. Instituttet forskar mellom anna på utviklinga av skognæringa i Europa og gjer eit omfattande arbeid knytt til rammevilkår for sektoren. EFI produserer eit viktig kunnskapsgrunnlag for europeiske styresmakter innanfor økonomi, klima, andre rammevilkår og internasjonal konkurranse i skognæringa.

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) har heilt sidan Nidarosdeklarasjonen blei vedteken på ministermøtet i Trondheim i 2012, arbeid med å følgje opp måla om samarbeid for berekraftig og konkurransedyktig produksjon innan sektorane. Under ministermøtet i Haparanda i Sverige sommaren 2018 vedtok dei nordiske landa ein bioøkonomistrategi som skal vere retningsgivande for det nordiske ministersamarbeidet på dette området. I dette samarbeidet er både skogbruk og jordbruk sentrale element for å sikre utviklinga mot det grøne skiftet. Ministerrådet vedtok også at det nordiske samarbeidet, og landa som inngår i det, må finne gode løysingar for å sikre det nordiske genressursarbeidet gjennom NordGen på ein betre måte enn til no.

Del IV
Særlege tema

4 Ein sektorovergripande klima- og miljøpolitikk

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på at alle samfunnssektorane har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å bidra til at dei nasjonale klima- og miljømåla kan bli nådde. For ein omtale av regjeringas samla klima- og miljørelevante saker, sjå fagproposisjonen frå Klima- og miljødepartementet.

Mangfaldige skogar

I skogbruket står mellom anna arbeidet med skogbruksplanlegging, prosjektet Miljøregistrering i skog (MiS-prosjektet) og Landsskogtakseringa, i tillegg til FoU knytt til skogbruk og biologisk mangfald, sentralt. Død ved er viktig for det biologiske mangfaldet, og årleg aukar mengda død ved med om lag 3 mill. kubikkmeter i dei norske skogane, mellom anna som følge av at hogsten berre er rundt halvparten av tilveksten. Areal med gammal skog i Noreg har vore aukande i lang tid.

Samarbeid med miljøstyresmaktene om frivillig vern og vidareutvikling av miljøstandardar i skogbruket er to viktige tilnærmingar for å ta vare på naturmangfaldet i skogen.

Landbruks- og matdepartementet gav òg i 2017 støtte til vidare arbeid med MiS-prosjektet, som er eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det blei løyvd 4,6 mill. kroner til dette arbeidet for 2017. Registreringane gir grunnlag for miljøomsyn i skogbruket og blir i hovudsak utførte saman med andre ressursregistreringar som høyrer med i skogbruksplanane for skogeigedommane.

Det er til no sett til side livsmiljø med eit samla areal på omkring 900 000 dekar. Stortinget vedtok ved handsaminga av Dokument 8:89 S (2013–2014) at det er typesystemet Natur i Noreg (NiN) hos Artsdatabanken som skal brukast ved offentleg kartlegging av natur. NiN er eit verktøy for å beskrive variasjon i naturen og sikrar mellom anna eit sams omgrepsapparat ved vurderingar av bruk og vern av natur. Landbruksdirektoratet starta i 2016 arbeidet med å innpasse omgreps-

apparatet til NiN i opplegget for MiS. I 2017 lanserte Landbruksdirektoratet ei ny rettleiing for MiS-kartlegging med bruk av NiN, og alle prosjekt som startar opp etter juni 2017, skal bruke den reviderte MiS-metodikken. Kartlegging i område som tidlegare ikkje er kartlagde og som er starta opp etter denne datoen, er no under planlegging, og feltarbeidet kjem for fullt i 2019.

Verdifulle kulturminne og kulturlandskap

Attgroing, deling og nedbygging av kulturlandskapet er eit trugsmål mot naturmangfaldet, særleg i artsrike naturtypar som slåttemyr, slåttemark og beitelandskap. Kulturlandskap og verdifulle naturverdiar i landbruksområde skal sikrast gjennom eit aktivt landbruk, og det skal leggjast til rette for at verkemidla i naturmangfaldlova kan verke saman med verkemidla i landbruks- og matpolitikken. Miljøsettinga i jordbruket er organisert under Nasjonalt miljøprogram, med nasjonale, regionale og lokale tiltakspakker. I 2017 blei det gjennomført tiltak hos 20 179 føretak for 435,7 mill. kroner innanfor dei regionale miljøprogramma (RMP) for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff, hindre attgroing eller ta vare på verdifulle kulturlandskap og naturtypar. Om lag 55 pst. av dei lokale midlane til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) blei løyvd til tiltak for å fremje verdiar i kulturlandskap, kulturmiljø, naturmangfald og friluftsliv, mens 41 pst. av midlane gjekk til tiltak for å redusere forureininga av vatn.

Samarbeidet mellom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet om ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket held fram. Den 1.1.2017 tok ei ny forskrift om tilskott til Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap til å gjelde. I jordbruksavtalen 2018 auka midlane til verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap med 2 mill. kroner og midlane til Utvalde kulturlandskap i jordbruket med 3 mill. kroner, slik at det i alt blei sett av 18,5 mill. kroner for 2019.

I 2016 bad Stortinget om at ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket skulle utvidast fram

mot 2020. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet gav våren 2017 tilslutning til å peike ut ti nye område basert på forslag frå Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og Riksantikvaren. Direktorata har òg fått i oppdrag å gjere framlegg om ytterlegare nye område som kan inngå i ordninga i perioden 2018–2020 og i 2018 blei ni område peika ut. Med midlane over Jordbruksavtalen og over budsjettet til Klima- og miljødepartementet er det sett av nær 30 mill. kr til Utvalde kulturlandskap i jordbruket for 2018, der ein tek vare på store miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø.

Beiting i utmark er viktig for å ta vare på kulturlandskapet og for mange plante-, sopp- og dyreartar. Ein større del av tilskotta er dei seinaste åra blitt retta inn mot beiting. Dei ulike dyreslaga har ulik innverknad på naturmangfaldet, og det er difor behov for at både storfe, geit og sau beitar. Det var registrert om lag 2,4 mill. beitedyr i utmark i 2016. Talet på sau på utmarksbeite har variert mellom 1,9 og 2,1 mill. i perioden 2000–2016. Talet på storfe på utmarksbeite har auka frå 230 000 i 2000 til 250 000 i 2016. Ser ein på perioden frå 2000 til 2016, auka talet på beitedyr med 4 pst. Samanlikna med 2014 auka talet med 7,3 pst. Prinsippet om differensiert forvaltning i rovdyrforliket frå 2011 vil påverke utmarksbeite for sau i prioriterte rovdryrområde.

Kulturlandskapet i jordbruket inneheld eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø, frå gravhaugar og rydningsrøyser til bygningar, vegfar og steingjerde. Landbruket er ein viktig kulturberar gjennom vidareføring av kunnskap om tradisjonell byggjeskikk, materialbruk og tradisjonell handverkskompetanse, mattradisjonar og andre kulturhistoriske verdiar. Delar av jordbruksdrifta, som til dømes pløying, grøfting og nydyrking, kan utgjere eit trugsmål mot kulturminne. Det gjeld spesielt automatisk freda kulturminne, både over og under bakkenivå.

Eit godt samarbeid mellom kulturminnesektoren og landbrukssektoren er avgjerande for å bevare kulturminne i jordbruket. Varetaking av kulturminne er ei prioritering for SMIL- og RMP-midlane, og i tillegg bidreg midlar til Utvalde kulturlandskap i jordbruket til bevaring og bruk av kulturminne.

Genetiske ressursar

Genetiske ressursar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for matsikkerheita i verda. Landbruks- og matdepartementet bidreg til bevaring og berekraftig bruk av dei genetiske ressur-

sane i landbruket gjennom internasjonalt og nordisk samarbeid, kontakt med næringsaktørar og tiltak for å stimulere næring, bønder og frivillige aktørar til å ta i bruk dette mangfaldet. For å sikre tilgang av funksjonelle husdyr til klimasoner og produksjonsformer som ein har i dag, og som ein kan få i framtida, er det viktig å ta vare på ein stor variasjon innanfor og mellom husdyrrasar. Norsk genressurscenter har vurdert dei gamle husdyrrasane i Noreg. Av dei 39 husdyrrasane som er rekna som nasjonale i Noreg, er 20 i kategorien «kritisk truga» i 2017. Fire av storferasane og tre hesterasar er mellom desse. Ytterlegare ni rasar blir rekna som «truga». Det er sett i verk tiltak som skal sikre dei truga og kritisk truga rasane for framtida. Den samla summen av bevaringsverdige kyr aukar jamt for kvart år. Sjølv om det samla talet aukar, hadde Telemarksfe ein nedgang på 34 avlskyr i 2017.

Svalbard globale frøhvelv er etablert av den norske regjeringa for sikker lagring av sikkerheitskopiar av frø i verdas genbankar. I 2017 la 14 institusjonar inn 64 403 nye sikkerheitskopiar av frø. Ved utgangen av 2017 romma frølageret om lag 900 000 sikkerheitskopiar av frø frå 73 institusjonar verda over. I 2015 blei det for første gongen henta ut frø frå frøkvelvet. The International Centre for Agricultural Research in Dry Areas (ICARDA) i Aleppo i Syria bad om å få tilbake 128 boksar med frø som dei har lagra på Svalbard. I februar 2017 hadde dei dyrka fram nye frø og var i stand til å sende nye friske frø tilbake til Svalbard og i september henta dei tilbake fleire frøkasser. Meir enn ein tredel av alt mangfaldet av matplanter som ifølgje FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) ligg lagra i frøsamlingar verda over, er sikra i Svalbard globale frøhvelv.

Jordvern

Stortinget handsama jordvernstrategien til regjeringa den 8.12.2015, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I oppmodingsvedtak nr. 140, 8. desember 2015, som blei vedteke i samband med handsaminga, fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponeringa av dyrka mark til under 4 000 dekar, og bad regjeringa sørgje for at målet blir nådd gradvis innan 2020. For 2017 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 4 025 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk.

Talet på dekar godkjent nydyrka mark auka frå 21 612 dekar i 2016 til 22 702 dekar i 2017. I alt blei 958 søknader handsama i 2017. Frå og med 2007 har i gjennomsnitt 17 000 dekar blitt godkjent nydyrka årleg.

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal. I perioden 1999–2016 er det estimert ein reduksjon på vel 5 pst. ifølgje berekningar frå Budsjettnemnda for jordbruket. Denne nedgangen kjem i stor grad av at eit nytt kartgrunnlag gir eit meir oppdatert og nøyaktig areal enn tidlegare, men òg av at areal har gått ut av drift i den aktuelle perioden. Godkjent nydyrka areal har sidan 2010 vore meir enn dobbelt så stort som den varige omdisponeringa av dyrka jord, noko som bidreg til å redusere denne nedgangen i totalarealet.

Sjå òg omtale i del 3.

Aktivt friluftsliv

Landbruksareala utgjer ein stor del av arealet i landet vårt og har store verdiar knytte til natur og kulturarv. Skogen, utmarksareala, vegane og stiane i kulturlandskapet er viktige for ferdsl, friluftsliv og grønt reiseliv. Regjeringa la i 2017 fram ein strategi for reiseliv basert på ressursane i landbruket og reindrifta, *Opplevingar for ein kvar smak*. Dette er eit bidrag frå landbruket til oppfølginga av reiselivsstrategien til regjeringa, *Destinasjon Noreg*. Statskog SF har ei viktig rolle i å leggje til rette for friluftsliv på statsgrunn.

Plantevernmiddel

Kjemiske plantevernmiddel kan ha uønskte verknader på helse og miljø. Handlingsplanen for berekraftig bruk av plantevernmiddel gjeld i perioden 2016–2020. Planen fastset mål og tiltak for å redusere risiko for helse og miljø ved bruk av plantevernmiddel og for å redusere bruken av slike middel. Handlingsplanen legg mellom anna vekt på auka kunnskap om rett bruk av plantevernmiddel og alternativ til kjemiske plantevernmiddel.

Forureining

Avrenning av næringsstoff frå jordbruksareala er framleis ei utfordring for vasskvaliteten i utsette vassdrag og kystområde. Mildare vintrar med kortare frostperiodar har bidrege til å auke utfordringa med avrenning.

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmiddel er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Den samla gjennomføringa av ulike jordarbeidingsstiltak, grasdekte areal m.m. i kornområda, har redusert erosjonsrisikoen på dei dyrka areala, men verknaden på vassdraga er ikkje så stor som venta. Undersøkingar frå NIBIO viser at meir ned-

bør og ustabile vintrar har ført til meir avrenning, som skjuler verknaden av tiltaka.

I tråd med målet i vassforskrifta om god økologisk tilstand, arbeider landbruksforvaltninga på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå med å følgje opp sektoransvaret, mellom anna ved å setje i verk nødvendige tiltak i landbruket. Forvaltningsplanar for alle vassområda blei godkjende av Klima- og miljødepartementet i 2016 med ny gjennomføringsperiode 2018–2021. Det er behov for forsterka innsats mot avrenning frå jordbruket, særleg i utsette vassdrag med mykje jordbruk. Dette blir følgt opp med forsterka innsats med miljøverkemidla over jordbruksavtalen.

Noreg har eigne utslepp av luftforureining, og mottek også utslepp frå andre land. Gjennom samarbeid innanfor Gøteborgprotokollen og direktivet om nasjonale utsleppstak (NEC-direktivet) arbeider Noreg for å avgrense slike utslepp. Vi har framleis store utslepp av nitrogenoksid, og mykje svovelsambindingar frå andre land. Desse kjeldene har likevel minka i løpet av dei siste tiåra. Hovudinnsatsen innanfor det nasjonale arbeidet med langtransportert luftforureining går no ut på å redusere utsleppa av ammoniakk (NH₃) i tråd med forpliktingane i Gøteborgprotokollen og NEC-direktivet. I 2016 var desse utsleppa 23 pst. over nivået på 23 000 tonn som Noreg har forplakta seg til ikkje å overskride. Førebelse tal publisert av Statistisk sentralbyrå 1.8.2018 viser at utsleppa var på same nivå i 2017. Dei høge utsleppstala har ikkje vore kjende lenge, men har komme til syne etter metodeendringar der utsleppstala har blitt oppjusterte.

Om lag 90 pst. av ammoniakkutsleppa i Noreg skjer ved lagring og bruk av gjødsel i landbruket. Det er sett i gang ein gjennomgang av gjødselregelverket. Eit av formåla med gjennomgangen er å redusere utslepp til luft.

Over jordbruksoppgjere finst støtteordningar for å ta betre vare på gjødsel under lagring og spreing. I jordbruksoppgjere 2018 blei tilskott til miljøvennleg spreing over regionale miljøprogram styrkte. Gjennom investeringsordninga SMIL er det opna for støtte til å installere dekke på opne gjødselkummar.

Økologisk mat

Forbrukarane etterspør i aukande grad økologiske produkt. Økologisk jordbruk har påverka praksisen i den konvensjonelle jordbruksdrifta på ulike område. Rettleiing og kompetanseutvikling i heile verdikjeda er viktig for å styrkje økologisk produksjon.

Regjeringa la våren 2018 fram ein strategi for økologisk jordbruk, som blei handsama av Stortinget, jf. Prop. 94 S (2017–2018) og Innst. 404 S (2017–2018). Det blir lagt til grunn at økologisk produksjon og forbruk må skje med utgangspunkt i marknaden og etterspørselen etter økologiske produkt. Målet er å stimulere til økologisk produksjon som er etterspurd i marknaden.

I 2017 utgjorde arealet i økologisk drift om lag 4,4 pst. av det samla jordbruksarealet i Noreg, 4,8 pst. medrekna karensarealet. Omsetnaden av økologiske matvarer i norsk daglegvarehandel auka med om lag 8 pst. frå 2016 til 2017. I alt blei det omsett for om lag 2,6 mrd. kroner i 2017 tilsvarende 1,9 pst. av totalmarknaden.

Klimautfordringa

Regjeringa vil nå klimamåla for landbrukssektoren, både jordbruks- og skogsektoren, gjennom iverksetjing av tiltak som følgjer av regjeringsplattforma og klimaforliket. Det er sett ned eit teknisk berekningsutval for klimagassutslepp frå jordbruket. Jordbruksorganisasjonane og regjeringa er i dialog om ei avtale om reduserte klimagassutslepp frå sektoren.

Skogen og andre areal står for eit høgt netto opptak av CO₂ tilsvarende 24,3 mill. tonn i 2016. Det er ein auke på 16,6 mill. tonn frå 1990. Klimagassutsleppa frå jordbruket er først og fremst metan og lystgass frå husdyrhald, gjødsling og jordarbeiding. Utsleppa frå norsk jordbruk utgjorde om lag 8,4 pst. av dei samla nasjonale klimagassutsleppa i 2016 (4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar av i alt 53,3 mill. tonn). Sidan 1990 er utsleppa frå jordbruket reduserte med om lag 5,4 pst. Hovudårsaka til nedgangen er redusert bruk av gjødsel og færre storfe. Optimal utnytting av husdyrgjødsel bidreg til reduserte klimagassutslepp, redusert behov for mineralgjødsel og betre vassmiljø. Endra jordarbeiding er eit sentralt tiltak innanfor RMP som både reduserer klimagassutsleppa og betrar vassmiljøet. Oppslutninga om miljøvennleg spreiding av husdyrgjødsel som er spesielt innretta mot å redusere utslepp til luft, har auka vesentleg dei seinaste åra.

I dag er det nokre få gardsbaserte biogassanlegg i drift i Noreg. Desse svarer til bruk av om lag 1 pst. av gjødsla. Gjennom Klima- og miljøprogrammet, programma BIONÆR og ENERGIX til Forskningsrådet, Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket og pilotordninga for biogass, som blir forvalta av Innovasjon Noreg, blir det arbeidd aktivt med å utvikle løysingar for å

auke biogassproduksjonen og dermed redusere klimagassutsleppa frå norsk jordbruk.

Meir nedbør som følgje av klimaendringar vil kunne vere til skade for avlingar og føre til auka erosjon. Med eit varmare og våtare klima vil dessutan nye sjukdommar og skadegjerarar kunne etablere seg i Noreg og gjere stor skade i plantedyrkinga og påverke skog, kulturlandskap og naturmangfald. Eit aukande problem med sjukdom og skadegjerarar kan føre til auka bruk av plantevernemiddel som har negative verknader på helse og miljø. Generelt ligg Noreg likevel i den delen av Europa der klimaendringane også vil kunne gi nokre gevinstar for landbruket. Tilpassing av landbruket til klimaendringane er avgjerande for å førebyggje og avgrense skadane frå både ekstremvêr og gradvise endringar, og samstundes oppnå ein mogleg auke i produksjonen som følgje av høgare temperatur og lengre vekstsesong. Ein føresetnad for dette er at det blir teke i bruk planter og sortar som kan utnytte ei lengre veksttid. Høgare temperatur og lengre veksttid kan òg gi grunnlag for nye og meir varmekrevjande produksjonar, som til dømes meir haustsådd korn og matkornproduksjon i område der kort veksttid hindrar dette i dag. Lengda på dagen vil likevel vere ein avgrensande faktor, sjølv om ein temperaturauke opnar for lengre vekstsesong. Dette vil slå sterkast ut i Nord-Noreg. I område der redusert sommarnedbør ikkje gir underskott på markvatn, vil ein lengre vekstsesong i kombinasjon med auka CO₂-innhald i lufta gi grunnlag for auka tilvekst av skog.

Skog og klima

Netto CO₂-opptak i norske skogar har lege på mellom 26 og 36 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg dei siste åra. Det høge talet har samanheng med at avverkinga i norske skogar har lege nokså stabilt rundt 10 mill. kubikkmeter, sjølv om tilveksten stadig har auka. Dei siste åra har avverkinga vore på under halvparten av tilveksten. Ut frå ressursgrunnlaget er det mogleg å auke det årlege hogstkvantumet til om lag 15 mill. kubikkmeter tømmer utan at omsynet til det biologiske mangfaldet blir skadelidande. Skogen er den viktigaste råstoffkjelda til bioenergi som kan erstatte fossile utslepp. Auka avverking av fornybart skogråstoff vil mellom anna krevje meir hogst av lauv- og furutre i område med lågare økonomisk avkastningsevne. Mykje av skogen som kan avverkast dei næraste 40–50 åra ligg i område med manglande vegdekning og vanskelege driftsforhold. Eit lønsamt skogbruk og satsing på bioenergi er avhen-

gig av god infrastruktur tilpassa moderne driftsutstyr.

Regjeringa gjer framlegg om å halde fram med tilskott til dei tre tiltaka for auka karbonopptak i skog, respektive tettare planting, gjødsling og planteforedling i 2019. Klimatiltak i skog vil først ha ein verknad på lang sikt når det gjeld auka nettoopptak av CO₂, med unntak av gjødsling, der ein vil sjå resultat allereie etter ti år. Det er difor vanleg å sjå på den potensielle verknaden i løpet av eit skogomløp, som normalt er på 70–100 år. Frå tiltaket er gjennomført, vil verknaden komme gradvis utover i omløpet. Kor stor effekten vil vere i form av auka CO₂-opptak, vil vere avhengig av kor lenge tiltaka varer og graden av opptrapping. Dei tre tiltaka er estimerte til potensielt å kunne medverke til eit årleg auka opptak på 3–3,3 mill. tonn CO₂ i eit langsiktig perspektiv.

Miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar

Landbruks- og matdepartementet har i samsvar med handlingsplanen for miljø- og samfunns-

ansvar i offentlege anskaffingar, innført eit miljøleiingssystem i departementet. Departementet blei EMAS-registrert i mars 2016. EMAS (Eco Management and Audit Scheme) er EUs frivillige fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon. Ordninga starta i 1993 og er eit tilbod til føretak og til statlege, fylkeskommunale og kommunale etatar som ønskjer å programfeste mål for å ta vare på miljøet i produksjon og tenesteyting. Gjennom EØS-avtalen kan òg norske verksemdar delta.

I denne samanhengen er departementet særleg oppteke av miljøaspekta knytte til anskaffingar av varer og tenester, transport og forbruk av energi og papir. Til hjelp i dette arbeidet er det utarbeidd ei miljøhandbok og ein mål- og handlingsplan. Tiltaka i handlingsplanen er implementerte. Det blei gjennomført ekstern revisjon av systemet hausten 2017 utan særlege merknadar.

5 Nasjonal oppfølging av berekraftsmål 2

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å koordinere den nasjonale oppfølginga av berekraftsmål 2 om å «utrydde svolt, oppnå matsikkerheit og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk». Landbruk omfattar i denne samanhengen all matproduksjon, inkludert fiskeri og havbruk. Regjeringas mål og bruk av verkemiddel i den nasjonale landbruks- og matpolitikken, helse- og sosialpolitikken og fiskeripolitikken oppfyller i stor grad berekraftsmål 2.

Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* og merknadene frå Stortinget til meldinga utgjer dei politiske hovudrammene for landbruks- og matpolitikken. Regjeringa og Stortinget har ambisiøse mål for jordbrukspolitikken, basert på større og meir effektiv matproduksjon. Norsk mat skal framleis vere trygg, og den høge standarden for dyrevelferd og dyrehelse skal haldast ved like. Regjeringa legg til grunn at dette skal bidra til å møte krava til pris, kvalitet og mangfald frå forbrukarane og marknaden. Ernæringsstatusen til innbyggjarane i Noreg er god. Det er likevel utfordringar, primært knytte til ernæringsfattige diettar og mangel på fysisk aktivitet. Til grunn for arbeidet med ernæring ligg kostholdshandlingsplanen frå regjeringa for perioden 2017–2021. I planen er det mellom anna tiltak for skolar, barnehagar og helsetenesta. Det offentlege og industrien samarbeider godt om tiltak for betre helse og ernæring.

Miljø- og klimautfordringar står sentralt i innsatsen for matsikkerheit i eit berekraftsperspektiv. Evna til å tilpasse seg klimaendringane i åra som kjem, vil vere avgjerande viktig for landbrukssektoren for å nå delmål 2.4 om berekraftige matproduksjonssystem. Regjeringa har vedteke at Noreg skal redusere utsleppet av klimagassar med 40 pst. innan 2030 samanlikna med 1990.

Regjeringa sette i november 2017 ned eit teknisk berekningsutval for klimagassutslepp i jordbruket. Utvalet skal ha ei verketid frå 9.11.2017 til 1.7.2019 og skal gi faglege råd om korleis eksisterande berekningar av utslepp og rapporteringsrutinar eventuelt kan forberast. Vidare skal utva-

let sjå nærare på metodar for korleis den samla utsleppsrekneskapen for jordbruket kan utviklast vidare og synleggjerast betre.

Betre ressursutnytting i heile verdikjeda, også reduksjon av matsvinn, er eit viktig mål for regjeringa. Matsvinn blir følgt opp under berekraftsmål 12. Ein bransjeavtale om redusert matsvinn blei undertekna 23.6.2017 av fem departement og representantar for alle ledd i matverdikjeda. Avtalen er eit viktig nasjonalt tiltak for å redusere matsvinnet og inneber ei felles forplikting om å redusere matsvinnet med 50 pst. innan 2030.

Noreg gir årleg eit bidrag tilsvarende 0,1 pst. av omsetnaden av såvarer i Noreg til Fondet for fordelssdeling under Den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk, og bidreg òg til å ta vare på ville slektingar av kulturplanter. Noreg er part til konvensjonen om biologisk mangfald og Nagoya-protokollen, som òg er ein del av den internasjonale ramma for arbeidet med genressursar. Noreg har òg ansvar for Svalbard globale frøhvelv som er eit viktig bidrag til global forvaltning av plantegenetisk mangfald. Noreg vil føre vidare ein aktiv politikk for bevaring og berekraftig bruk av genressursar innan vekstar, husdyr og skogstre og samordne arbeidet for å ta vare på ville kulturplanter.

Internasjonal oppfølging

Internasjonalt blir berekraftsmål 2 følgt opp gjennom arbeidet i FAO og WHO med matsikkerheit, mattryggleik, ernæring og helse. Noreg bidreg til utrydding av svolt og utvikling av landbruk, fiskeri og havbruk i u-land. Over bistandsbudsjettet støttar Noreg moglegheitene for fattige i utviklingsland til større inntekter og betre ernæring gjennom verdiskaping i jordbruk, skogbruk og fiskeri og gjennom styrkt forvaltning. Ressursane for matproduksjon må takast vare på. Retten til mat som ein menneskerett, og vektlegging av likestilling er grunnleggjande for norsk bistandspolitikk. Noreg arbeider gjennom WTO for meir rettferdige globale handelssystem for matvarer.

6 Fornye, forenkla og forbetre

Regjeringa byggjer politikken sin på målet om ein mest mogeleg effektiv bruk av ressursane til fellesskapet. Dei seinare åra er det difor lagt vekt på å utvikle støtteordningar, reguleringar og organisering av forvaltninga som er enklare, meir målretta og som gir betre gjennomføringskraft i politikken for landbruks- og matsektoren. I jordbruksoppgjera er det mellom anna gjennomført 40 forenklingstiltak. Desse forenklingane består av endringar av regelverk og støtteordningar, og fjerning av avgrensingar som har hindra ei effektiv utnytting av kapasiteten i næringa. For å forenkla eigedomslovgivinga i landbruket er priskontrollen for reine skogeigedommar fjerna, og arealgrensa for konsesjonsplikt, lovbestemt buplikt og odlingsjord er heva. Med denne endringa må færre søkje konsesjon og færre får buplikt. Endringane fører til forenklingar i regelverket og ei styrking av den private eigedomsretten. Dette inneber mindre ressursbruk for forvaltninga og dei næringsdrivande.

I den politiske plattformen for den utvida regjeringa frå januar 2018 går det fram at regjeringa vil jobbe for ytterlegare forenklingar på politikkområdet landbruk og mat. Regjeringa vil mellom anna gjennomføre fleire forenklingar som reduserer byråkratiet og gjere kvardagen enklare for bonden, i tillegg til å gi bonden større næringsfridom. Vidare vil regjeringa liberalisere regelverket for foredling på eigen gard.

Landbruks- og matdepartementet jobbar no med oppfølginga av regjeringserklæringa, både gjennom dei årlege jordbruksoppgjera og andre prosessar rundt lover, forskrifter og andre tiltak. Målet er ytterlegare forenkling, forbetring og fornying i tråd med det som er vedteken politikk for landbruks- og matsektoren.

Forenklingar og forbetringar i underliggjande verksemdar

Landbruksdirektoratet

Landbruksdirektoratet arbeider kontinuerleg med IKT-utvikling for å gjera fagsystema meir brukarvennelege både for næringsutøvarar og forvaltning. Det nye fagsystemet for produksjonstil-

skotta og avløysartilskottet blei teke i bruk våren 2017, med den første utbetalinga i februar 2018. Systemet forenkla søknadsprosessen vesentleg for brukarane og gir gevinstar i handsaming og kontroll av søknadene fram til utbetaling. Systemet er òg meir driftssikkert og næringa får ein betydeleg del av tilskottsmidla utbetalt tidlegare på året. I 2019 vil direktoratet halde fram arbeidet med å vidareutvikle datasystema, mellom anna innanfor skogbruk, reindrift, kvoteordninga for mjølk, importvern og RÅK, og ordningar under Landbrukets utviklingsfond.

Norsk institutt for bioøkonomi

Frå 1. januar 2019 vil NIBIO skifte ut dei administrative støttesystema sine. Nye løysingar dekkjer viktige område som økonomi, rekneskap, prosjekt, løn, timeregistrering, reiserekningar og personalområdet. Tiltaket skal gi betre internkontroll, meir automatiserte arbeidsprosessar og minka ressursbruk på det administrative området. På det faglege planet er NIBIO i gang med eit arbeid med å utvikle forenkla og meir kostnadseffektive metodar for miljøregistreringar i skog. NIBIO har også utvikla eigne kartløysingar for mellom anna skognæringa, samla i Skogportalen. Skogressurskartet, vil etter at det er oppdatert etter den nasjonale høgdemodellen, bidra til vesentleg rasjonalisering for næring og forvaltning når det gjeld å få gode ressursoversikter på mindre geografiske einingar.

Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet undersøker prøver frå dyr, fôr og mat. Alle prøvene blir registrerte i prøvejournalssystemet (PJS), som inkluderer journalføring, analysar, resultat, rapportering og fakturering. Dei forbetra tenestene blei tilgjengelege i 2017. Elektronisk prøvesvar og innsendings-skjema (EPI) er ei webløysing som gjer det mogleg for eksterne brukarar å registrere og følgje prøver, ta i mot varslingar og lese prøvesvar. Helsedata på web (EOS) er ei webløysing som gir Mattilsynet, eggpakkeri og fjørfeslakteri raske og

forenkla prøvesvar frå overvakingsprogramma og enkelte andre prøver. Systemet er under kontinuerleg utvikling, og Veterinærinstituttet har planar om å utvikle vidare datautveksling med eksterne brukarar, noko som vil auke servicegraden for brukarane, og auke kvaliteten på sakshandsaminga av innsende prøver. Nye analysemaskiner skal knytast opp mot PJS, noko som vil spare tid og bidra til betre kvalitetssikring.

Mattilsynet

Mattilsynet har sett i verk fleire viktige utviklingsprosjekt knytte til arbeidsmetodane sine. Digitalisering skal forbetre måten Mattilsynet løyser samfunnsoppdraget sitt på. Målet for Mattilsynet er å

bruke teknologien til dei oppgåvene dei løyser best, og bruke menneskelege ressursar og skjønn til komplekse problem og til rettleiing. Mattilsynet har starta eit prosjekt for betre utnytting av eigne data frå kjøttkontrollen, husdyrnæringane og data frå slakteria. Nye dataterminalar blir prøvde ut ved slaktelinene i sju slakteri. Terminalane gjer kjøttkontrollarbeidet meir effektivt, og dataa blir meir pålitelege. Løysinga gir også betre moglegheit til å prioritere prøveuttak og kjøttkontroll der det gir best effekt. Vidare har Mattilsynet sett i verk fleire tiltak for å effektivisere tilsyna. Døme på det er tilsyn baserte på gjennomgåande risikoklassifisering, metodikk for å avslutte tilsyn på staden og ei meir effektiv og systematisk handtering av prøvedata frå analysar.

7 Likestilling

Det er eit uttrykt mål i landbrukspolitikken at kvinner og menn skal ha dei same moglegheitene til å drive næringsverksemd innanfor landbruk og landbruksbaserte næringar. Gode og funksjonelle velferdsordningar i landbruket er viktig for å bidra til rekruttering og å oppretthalde eit landbruk over heile landet. I jordbruksavtalen for 2019 blei partane samde om ein betydeleg auke (80 mill. kroner) i tilskott til avløyning ved ferie og fritid, og ved sjukdom, svangerskap og fødsel mv.

Statistikk frå søknad om produksjonstilskott viser at det i 2017 var 38 200 verksemdar med personleg brukar (dvs. organisert som enkeltpersonføretak). Av dei var 15,7 pst. kvinner. Talet på jordbruksføretak drivne av kvinner var 15,6 pst. i 2016, 14,4 pst. i 2010 og 12,9 pst. i 1999. Sidan berre ein person kan stå oppført som søkjar per føretak og mange kvinner deltek i drifta på føretak som søker om tilskott som ansvarleg selskap, aksjeselskap mv. gir ikkje denne statistikken eit rett bilete av i kor stor grad kvinner er involverte i drifta av norske jordbruksføretak. Det er difor sannsynleg at det er fleire aktive kvinner i drifta enn det statistikken over enkeltpersonføretak skulle tilseie.

Dei siste åra har talet på kvinnelege eigarar auka noko. I følgje Budsjettnevdens tal frå SSB, var det i 2016 om lag 163 000 landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, og det er om lag 2 300 færre enn i 2012. På 69 pst. av eigedommane er det mannleg eigar, mens kvinner eig 25 pst. av eigedommane i 2016. På dei resterande eigedommane er eigaren til dømes eit aksjeselskap, anna selskap, ein utanlandsk eigar, ein personleg eigar som er død eller at eigaren ikkje er oppgitt. Gjennomsnittsalderen for kvinnelege eigarar er høgare enn for menn. Derimot er kvinner som driv jordbruksbedrifter gjennomgåande litt yngre enn menn. Gjennomsnittsalderen for kvinnene er i 2017 på 48,4 år, noko som er 3,5 år lågare enn for menn. Kvinnelege brukarar er i gjennomsnitt 12 år yngre enn alle kvinnelege eigarar. Det kan difor over tid sjå ut til at kvinner i mindre grad tek over jordbruksbedrifter for å drive jordbruk sjølv. Det er i mange samanhengar òg peika på at gardsoverdragingar til kvinner ofte

gjeld enker som eig garden i ein overgangsperioden. Det er vanlegare med høgare utdanning for nye eigarar blant kvinner enn blant menn, og i aldersgruppa under 39 år har 48,4 pst. av kvinnene og 18,8 pst. av menn utdanning på universitets- og høgskolenivå.

Innanfor det tradisjonelle jordbruket er kvinnedelen høgast blant bønder med hestar og/eller geiter og innanfor saueproduksjon. Kvinnedelen er lågast mellom produsentar som driv med storfe, både mjølk og kjøtt og berre mjølk. Kvinner driv generelt jordbruksbedrifter med mindre areal enn menn.

Dei siste 10–20 åra har utviklinga av andre landbruksbaserte næringar innanfor lokalmat, reiseliv, velferdstenester med garden som arena til skole, omsorg og arbeid (Inn på tunet) og serviceyting generelt vore god. Utvikling av entreprenørskapsverksemd på desse områda krev ofte ein annan kompetanse enn den tradisjonelle landbruksfaglege kompetansen. Kvinner er særleg aktive innan desse næringane.

Kvinner har i fleire år blitt prioriterte ved tildeling av midlar over jordbruksavtalen til investering og bedriftsutvikling (IBU-midlar) i landbruket. Kvinneretta tiltak er definert som tiltak som primært har kvinner som målgruppe, gir sysselsetting hovudsakeleg for kvinner eller har kvinnelege søkjarar. Prosentdelen kvinnelege mottakarar av investerings- og bedriftsutviklingstilskott er framleis høg, særskild innanfor landbruksbasert næringsutvikling utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Prosentdelen av tilsegna til kvinner innan bygdenæringar auka frå 74 pst. i 2016 til 79 pst. i 2017. Prosentdelen løyvingar til kvinneretta tiltak innan tradisjonelt jord- og hagebruk var i 2017 på 44 pst., ned frå 46 pst. i 2016.

Innovasjon Noreg peikar i rapporten sin for 2017 på at årsaka til ein relativt stor prosentdel kvinneretta tilsegner innanfor landbruksbaserte næringar kan vere ei medviten satsing på kvinnetiltak med handlingsplanar, eit godt fungerande nettverk og informasjons- og mobiliseringsarbeid.

Landbruks- og matdepartementet har bedt Innovasjon Noreg om å arbeide vidare for å auke kvinnerepresentasjonen i styre og i leiinga for

verksemder som tek imot støtte, og å synleggjere statistikk knytt over utviklinga innanfor aktuelle program og tenester. Det blir rapportert på resultatmål og resultatindikatorar som vedkjem kvinner og kvinneretta tiltak.

Dei fylkesvise midlane til rekruttering og kompetansebyggjande tiltak er retta inn mot næringsutøvarar med mål om å bidra til auka verdiskaping i landbruket. Midlane skal òg nyttast til likestillingstiltak i næringa. For 2017 rapporterte fleire fylkeskommunar at midlane mellom anna blei nytta til kvinneretta tiltak som til dømes eigne ammekukurs og sauekurs for kvinner, og til ulike kvinneprosjekt som «Jenter i landbruket» og «Kvinner kan».

Arbeidet med likestilling i reindrifta i Noreg krev ein samla innsats frå fleire aktørar, både frå det offentlege, frå næringa sjølv og frå organisasjonar. I 2016 var 73 kvinner innehavar av sin eigen siidaandel, noko som utgjer 14 pst. av i alt 537 siidaandelar. Hovuddelen er mellom 31 og 50 år. I alt blir 149 årsverk utførte av kvinner i reindrifta. Dette er en reduksjon på 9 årsverk samanlikna med det førre driftsåret. Av meldingar om reindrift går det fram at kvinner eig 24 pst. av det samla reintalet i Noreg. Avtalepartane er samde om å nytte dei ulike verkemidla som finst for å fremje likestilling i reindrifta. Arbeidet har som mål å oppnå likestilling i eit langsiktig perspektiv, og det er viktig at ein arbeider kontinuerleg med målretta tiltak. Gjennom reindrifftsavtalen har reindrifftskvinner høve til å søkje om midlar til kvinneretta tiltak. Likeeins kan Norske Reindrifftsamers Landsforbund (NRL) søkje om midlar til utviklingsprosjekt. Det er viktig at NRL legg til rette for fleire kvinner i eigen organisasjon. Det gjeld både i NRL sitt styre og i lokallaga. Krav om at prinsippa i likestillingslova om kjønnsrepresentasjon ved oppnemning og val skal gjelde som grunnlag for tildeling av støtte til organisasjonen, er førte vidare i Reindrifftsavtalen 2018/2019. I

samanheng med forhandlingane om Reindrifftsavtalen 2018/2019 vart avtalepartane samde om å bruke ein ekstern utgreiar til å gjere ein gjennomgang av dei ulike utgreiingane som er gjorde om kvinneretta tiltak og likestilling i reindrifta. Det blir teke sikte på at resultatata frå gjennomgangen blir presenterte for avtalepartane i samanheng med opstarten av forhandlingane om Reindrifftsavtalen 2019/2020.

Likestilling og mangfald i Landbruks- og matdepartementet

Departementet har over lang tid hatt merksemd på kjønnsbalanse innanfor dei to leiarnivåa og i dei ulike stillingskategoriane. Lønnsforskjellen mellom kvinner og menn er liten i departementet. I stillingsgruppene rådgivar og førstekonsulent har kvinnene høgare løn enn mennene. Fleksible arbeidstidsordningar og ordningar for arbeid heimanfrå skal leggje til rette for fleksibilitet i ulike livsfasar for tilsette av begge kjønn ved behov.

Kvinnene utgjer 58 pst. av arbeidsstokken i departementet per 1.1.2018. Kvinnene utgjer eit fleirtal av dei tilsette både i sakshandsamargruppa og i mellomleiargruppa.

I tråd med regjeringa si målsetjing om å få flest mogleg i arbeid, òg dei med høl i CV-en og andre som har vanskeleg for å komme inn på den ordinære arbeidsmarknaden, har departementet tilsett ein trainee gjennom traineeprogrammet for personar med funksjonsnedsetjing og høgare utdanning.

Sjukefråværsstatistikken viser tal frå heile året, dei andre tala er per 1.1. For omtale av likestilling i dei underliggjande verksemdene, sjå dei respektive årsrapportane. Det er ikkje avdekt barrierar mot likestilling i verksemdene, anten det gjeld kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet eller religion.

Landbruks- og matdepartementet

Tabell 7.1 Registreringsskjema for tilstandsrapportering (kjønn)

		Kjønn				Løn			
		Menn	Prosentdel menn	Kvinner	Prosentdel kvinner	Totalt	Menn (gjennomsnitt)	Kvinner (gjennomsnitt)	Kvinnerns løn som prosentdel av menns løn
Totalt i verksemda	I år (2017)	58	42 %	81	58 %	139	704 324	641 499	91 %
	I fjor (2016)	64	42 %	87	58 %	151	683 303	628 140	92 %
Toppleiing (departementsråd, kommunikasjonssjef og ekspedisjonssjefar)	I år	4	67 %	2	33 %	6	1 210 285	1 172 500	97 %
	I fjor	4	57 %	3	43 %	7	1 183 775	1 161 667	98 %
Mellomleiing (avdelingsdirektørar ¹)	I år	8	44 %	10	56 %	18	824 825	842 105	102 %
	I fjor	9	47 %	10	53 %	19	804 922	822 540	102 %
Kategori 1 (spesialrådgivarar, fagdirektørar, underdirektørar og arkivleiar)	I år	10	67 %	5	33 %	15	748 340	720 512	96 %
	I fjor	9	69 %	4	31 %	13	730 756	708 350	97 %
Kategori 2 (seniorrådgivarar)	I år	30	38 %	48	62 %	78	628 869	611 440	97 %
	I fjor	35	42 %	49	58 %	84	624 766	604 263	97 %
Kategori 3 (rådgivarar)	I år	6	32 %	13	68 %	19	510 260	525 000	103 %
	I fjor	6	29 %	15	71 %	21	515 847	504 372	98 %
Kategori 4 (konsulentar)	I år	-	-	3	100 %	3	-	472 900	-
	I fjor	1	14 %	6	86 %	7	343 598	459 633	134 %

¹ I tillegg har verksemda ein lærling som ikkje er med i statistikken.

Tabell 7.2 Registreringskjema for tilstandsrapportering (kjønn)

	Deltid		Mellombels tilsetjing		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	Menn %	Kvinner %	Menn %	Kvinner %	Menn %	Kvinner %	Menn %	Kvinner %
2017	4,9	14,3	8,2	6	0	2,4	1,3	5,1
2016	3,3	7,2	3,9	2,6	0	1,3	0,7	4,0

8 Lønsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemdar

Statskog SF

Utgifter i 2017 til:	Kroner
Løn, adm. dir. ¹	1 558 000
Pensjonsutgifter	119 000
Anna godtgjersle	12 000

Staur gård AS

Utgifter i 2017 til:	Kroner
Løn, dagleg leiar	971 489
Pensjonsutgifter	140 515
Anna godtgjersle	35 517

¹ Finansdirektøren har i perioden 01.01.–01.02.2017 vore konstituert adm dir. Om arbeidgivaren seier opp arbeidsforholdet har administrerande direktør rett til etterløn tilsvarende 6 månaders fastløn.

9 Standardiserte nøkkeltall for forvaltningsorgan med særskilte fullmakter

Frå og med statsbudsjettet for 2010 har departementet presentert standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilte fullmakter (nettobudsjetterte verksemdar) som departementet har ansvaret for i budsjettproposisjonen. Dette gjeld følgjande verksemdar:

- Norsk institutt for bioøkonomi
- Veterinærinstituttet

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) blei oppretta 1.7.2015 gjennom ei samanslåing av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning og Norsk institutt for skog og landskap. Rekneskapstala frå NIBIO i 2015 gjeld difor berre for eit halvår.

Formålet med nøkkeltala er i første rekkje å forbetre kontroll og innsyn frå Stortinget og regjeringa ved å presentere same type informasjon som blir gitt for dei bruttobudsjetterte verksemdene i dei ordinære oppstillingane i statsbudsjettet og statsrekneskapen. Framstillinga er basert på kontantprinsippet for gjeldande budsjettår og rekneskapstala for dei tre siste åra. Nærare omtale av

status for den enkelte verksemd går fram av kap. 1137, post 51.

Kort gjennomgang av tabellmaterialet

Tabell 1 under kvart enkelt organ gir ei oversikt over utgifter og inntekter etter art: Formålet med tabellen er å vise verksemdas brutto utgifter og inntekter basert på kontantprinsippet og artsinn-delt etter same prinsipp som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene.

Tabell 2 under kvart enkelt organ gir ei oversikt over inntekter etter inntektskjelde: Dei fleste nettobudsjetterte verksemdar har fleire inntektskjelder og formålet med tabell 2 er å gi ei oversikt over dei ulike inntektskjeldene.

Tabell 3 under kvart enkelt organ gir ei oversikt over verksemdas kontantbeholdning per 31. desember med spesifisering av dei formål kontantbeholdningane skal nyttast til: Formålet med tabellane er å vise dei samla overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane.

Tabell 9.1 Utgifter og inntekter fordelt etter art – Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)			
	31.12.2015 ¹	31.12.2016	31.12.2017	Budsjett 2018
<i>1. Utgifter</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønsutgifter	168 180	340 384	341 390	345 000
Varer og tenester	247 541	407 752	414 429	405 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>415 722</i>	<i>748 137</i>	<i>755 818</i>	<i>750 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	3 144	19 501	37 188	35 000
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>3 144</i>	<i>19 501</i>	<i>37 188</i>	<i>35 000</i>

Tabell 9.1 Utgifter og inntekter fordelt etter art – Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)			
	31.12.2015 ¹	31.12.2016	31.12.2017	Budsjett 2018
<i>Overføringer fra verksemda</i>				
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalinger	32 519	56 606	56 475	65 000
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>32 519</i>	<i>56 606</i>	<i>56 475</i>	<i>65 000</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>451 385</i>	<i>824 244</i>	<i>849 481</i>	<i>850 000</i>
2. Inntekter				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	5 195	9 593	9 658	10 000
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	26 676	59 055	70 469	55 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>31 871</i>	<i>68 648</i>	<i>80 128</i>	<i>65 000</i>
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	171 775	424 885	400 422	387 000
Andre innbetalningar	218 098	395 736	402 360	398 000
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>389 873</i>	<i>820 620</i>	<i>802 782</i>	<i>785 000</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Innbetalningar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>421 744</i>	<i>889 269</i>	<i>882 909</i>	<i>850 000</i>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<i>-29 641</i>	<i>65 024</i>	<i>33 428</i>	<i>0</i>

¹ Gjeld 2. halvår 2015.

Tabell 9.2 Inntekter etter inntektskjelde – NIBIO

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kroner)			
	31.12.2015 ²	31.12.2016	31.12.2017	Budsjett 2018
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	126 255	275 673	241 431	241 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	45 520	149 212	158 991	146 000
<i>Sum løyvingar</i>	<i>171 775</i>	<i>424 885</i>	<i>400 422</i>	<i>387 000</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	15 521	17 461	24 353	20 000
Bidrag frå private	57 571	75 777	63 005	65 000
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	20 978	7 934	37 576	25 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>94 071</i>	<i>101 171</i>	<i>124 934</i>	<i>110 000</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	11 037	22 379	27 320	12 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	5 698	8 837	8 398	10 000
Oppdrag frå private	37 381	46 345	53 311	49 000
Andre inntekter ¹	101 782	285 653	268 524	282 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>155 897</i>	<i>363 213</i>	<i>357 553</i>	<i>353 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>421 744</i>	<i>889 269</i>	<i>882 909</i>	<i>850 000</i>

¹ Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar.

² Gjeld 2. halvår 2015.

Tabell 9.3 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2017 – NIBIO

Rekneskapspost	Endring			
	31.12.2015 ¹	31.12.2016	31.12.2017	2016 til 2017
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjørskonto i Noregs Bank	173 175	231 486	261 860	30 375
Behaldning på andre bankkonti	840	7 553	10 605	3 052
Andre kontantbeholdningar	6	8	10	2
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>174 022</i>	<i>239 046</i>	<i>272 475</i>	<i>33 428</i>

Tabell 9.3 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2017 – NIBIO

Rekneskapspost				Endring
	31.12.2015 ¹	31.12.2016	31.12.2017	2016 til 2017
<i>Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>				
Feriepengar mv.	39 755	39 343	42 512	3 169
Skattetrekk og offentlege avgifter	40 573	38 164	43 439	5 275
Gjeld til leverandørar	29 313	28 478	39 055	10 577
Gjeld til oppdragsgjevarar	-95 145	-107 309	-70 140	37 168
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	40 636	61 593	52 778	-8 814
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>55 132</i>	<i>60 270</i>	<i>107 644</i>	<i>47 375</i>
<i>Avsetjingar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	12 882	24 268	31 313	7 045
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	58 341	106 350	87 584	-18 766
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	0	0	0	0
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>71 223</i>	<i>130 618</i>	<i>118 897</i>	<i>-11 721</i>
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	34 017	38 879	39 002	124
Fri verksemdskapital	12 583	9 054	6 864	-2 189
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>46 600</i>	<i>47 932</i>	<i>45 867</i>	<i>-2 066</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	1 066	226	67	-159
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>1 066</i>	<i>226</i>	<i>67</i>	<i>-159</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>174 022</i>	<i>239 046</i>	<i>272 475</i>	<i>33 428</i>

¹ Gjeld 2. halvår 2015.

Tabell 9.4 Utgifter og inntekter fordelt etter art – Veterinærinstituttet (VI)

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)			
	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017	Budsjett 2018
<i>1. Utgifter</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønsutgifter	204 025	232 862	237 107	237 364
Varer og tenester	132 209	125 986	114 226	150 129
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>336 234</i>	<i>358 848</i>	<i>351 333</i>	<i>387 493</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald	4 615	8 927	8 452	7 500
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>4 615</i>	<i>8 927</i>	<i>8 452</i>	<i>7 500</i>
<i>Overføringer frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>340 849</i>	<i>367 775</i>	<i>359 785</i>	<i>394 993</i>
<i>2. Inntekter</i>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	165 662	161 380	188 292	193 931
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	23 605	35 154	51 704	26 114
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>189 267</i>	<i>196 534</i>	<i>239 996</i>	<i>220 045</i>
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	156 527	166 577	167 417	172 984
Andre innbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>156 527</i>	<i>166 577</i>	<i>167 417</i>	<i>172 984</i>

Tabell 9.4 Utgifter og inntekter fordelt etter art – Veterinærinstituttet (VI)

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)			Budsjett 2018
	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017	
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Innbetalinger ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	477	580	-562	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>477</i>	<i>580</i>	<i>-562</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>346 271</i>	<i>363 691</i>	<i>406 851</i>	<i>393 029</i>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<i>5 422</i>	<i>-4 083</i>	<i>47 066</i>	<i>-1 964</i>

Tabell 9.5 Inntekter etter inntektskjelde – VI

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kroner)			Budsjett 2018
	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017	
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	86 460	83 063	89 108	90 025
Løyvingar frå andre departement	48 720	55 372	53 135	57 900
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	21 347	22 645	25 168	25 059
<i>Sum løyvingar</i>	<i>156 527</i>	<i>161 080</i>	<i>167 411</i>	<i>172 984</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	46 672	75 279	102 688	91 461
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	7 328	2 317	3 194	5 290
<i>Sum bidrag</i>	<i>54 000</i>	<i>77 596</i>	<i>105 863</i>	<i>96 751</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	104 840	85 905	105 863	96 297
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter ¹	30 904	39 110	27 694	26 997
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>135 744</i>	<i>125 015</i>	<i>133 557</i>	<i>123 294</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>346 271</i>	<i>363 691</i>	<i>406 851</i>	<i>393 029</i>

¹ Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar.

Tabell 9.6 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2017 – VI

Rekneskapspost				Endring
	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017	2016 til 2017
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjørskonto i Noregs Bank	47 527	43 441	90 428	46 987
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	1	4	83	79
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>47 528</i>	<i>43 445</i>	<i>90 511</i>	<i>47 066</i>
<i>Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>				
Feriepengar mv.	19 744	20 152	20 517	365
Skattetrekk og offentlege avgifter	18 941	20 631	21 245	614
Gjeld til leverandørar	-10 236	-7 893	-3 521	4 372
Gjeld til oppdragsgjeverar	6 241	-6 508	3 635	10 143
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	4 219	3 479	13 845	10 366
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>38 909</i>	<i>29 861</i>	<i>55 721</i>	<i>25 859</i>
<i>Avsetjingar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	-1 824	-3 493	9 095	12 588
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	0	0	0	0
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	0	0	0	0
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>-1 824</i>	<i>-3 493</i>	<i>9 095</i>	<i>12 588</i>
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	5 589	11 491	23 695	12 205
Fri verksemdskapital	-1 554	1 406	2 050	643
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>4 035</i>	<i>12 897</i>	<i>25 745</i>	<i>12 848</i>

Tabell 9.6 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2017 – VI

Rekneskapspost				Endring
	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017	2016 til 2017
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	6 408	4 180	-50	-4 230
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>6 408</i>	<i>4 180</i>	<i>-50</i>	<i>-4 230</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>47 528</i>	<i>43 445</i>	<i>90 511</i>	<i>47 066</i>

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2018–2019) om statsbudsjettet for år 2019 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Landbruks- og matdepartementet blir i Prop. 1 S (2018–2019) statsbudsjettet for budsjettåret 2019 dei forslaga til vedtak som følgjer førde opp:

Kapittel 1100–1161, 4100–4150, 5576, 5652

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
1100	Landbruks- og matdepartementet		
	01 Driftsutgifter	161 414 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	15 836 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	2 720 000	
	50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	289 000	180 259 000
	Sum Administrasjon m.m.		180 259 000
Matpolitikk			
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet		
	50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet	97 976 000	97 976 000
1115	Mattilsynet		
	01 Driftsutgifter	1 349 848 000	
	22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	13 398 000	
	71 Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	4 200 000	1 367 446 000
	Sum Matpolitikk		1 465 422 000
Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling			
1136	Kunnskapsutvikling m.m.		
	50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi	227 909 000	227 909 000
1137	Forsking og innovasjon		
	50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd	248 878 000	
	51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	178 036 000	
	54 Næringsretta matforsking mv.	158 901 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	70	Innovasjonsaktivitet mv., <i>kan overføres</i>	3 500 000	
	71	Bioøkonomiordninga, <i>kan overføres</i>	2 832 000	592 147 000
		Sum Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling		820 056 000
		Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		
1138		Støtte til organisasjonar m.m.		
	70	Støtte til organisasjonar	32 500 000	
	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overføres</i>	1 305 000	
	72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)	7 068 000	40 873 000
1139		Genressursar, miljø- og ressursregistreringar		
	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overføres</i>	29 059 000	29 059 000
1140		Haustbare viltressursar		
	01	Driftsutgifter	16 000 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	22 000 000	
	23	Jegerprøve m.m., <i>kan overføres</i>	4 500 000	
	71	Tilskott til viltformål, <i>kan overføres</i>	46 289 000	
	75	Organisasjonar – haustbare viltressursar	7 002 000	95 791 000
1142		Landbruksdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	243 702 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	6 312 000	
	50	Arealressurskart	7 715 000	
	60	Tilskott til veterinærdekning	150 471 000	
	70	Tilskott til fjellstover	819 000	
	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overføres</i>	4 524 000	
	72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	452 000	
	73	Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	55 610 000	
	74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt	1 000 000	
	80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overføres</i>	500 000	471 105 000
1148		Naturskade – erstatningar		
	71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	182 600 000	182 600 000
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket		
	51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 506 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	92 300 000	
	73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	38 899 000	134 705 000
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	24 033 000	
	50 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)	1 133 553 000	
	70 Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	302 062 000	
	71 Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i>	43 000 000	
	73 Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	3 611 045 000	
	74 Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	9 024 159 000	
	77 Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	264 280 000	
	78 Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 518 391 000	15 920 523 000
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen		
	51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	33 900 000	
	72 Tilskott til organisasjonsarbeid	7 500 000	
	75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	79 100 000	
	79 Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	2 600 000	123 100 000
1161	Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn		
	70 Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	14 194 000	
	75 Tilskott til oppsyn i statsalmenningar	10 141 000	24 335 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		17 022 091 000
	Sum departementets utgifter		19 487 828 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
4100	Landbruks- og matdepartementet		
	01 Refusjonar m.m.	123 000	
	30 Husleige	948 000	1 071 000
	Sum Administrasjon m.m.		1 071 000
Matpolitikk			
4115	Mattilsynet		
	01 Gebyr m.m.	198 704 000	
	02 Driftsinntekter og refusjonar m.m.	5 874 000	204 578 000
	Sum Matpolitikk		204 578 000
Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling			
4136	Kunnskapsutvikling m.m.		
	30 Husleige, Norsk institutt for bioøkonomi	18 081 000	18 081 000
	Sum Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling		18 081 000
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak			
4140	Hautbare viltressursar		
	01 Jegerprøve, gebyr m.m.	4 500 000	4 500 000
4142	Landbruksdirektoratet		
	01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.	43 203 000	43 203 000
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	85 Marknadsordninga for korn	50 000	50 000
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet		
	70 Forskingsavgift på landbruksprodukt	158 901 000	
	72 Jeger- og fellingsavgifter	95 000 000	253 901 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		301 654 000
Forretningsdrift			
5652	Statskog SF – renter og utbytte		
	85 Utbytte	24 750 000	24 750 000
	Sum Forretningsdrift		24 750 000
Sum departementets inntekter			550 134 000

Fullmakter til å overskride løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2019 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1115 post 01	kap. 4115 post 02
kap. 1137 post 54	kap. 5576 post 70
kap. 1140, post 23	kap. 4140, post 01
kap. 1142 post 01	kap. 4142 post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og får difor òg verknad for kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle

- mindreinntekter blir tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.
2. overskride løyvinga under kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom avgrensa oppad til 25 mill. kroner. Unyttta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av overførbart beløp under løyvinga.

III

Forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2019 kan overskride løyvinga under kap. 1142 Landbruksdirektoratet, post 01 Driftsutgifter, med inntil 0,5 mill. kroner i samanheng med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

IV

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2019 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1137		Forskning og innovasjon	
	71	Bioøkonomiordninga	5,2 mill. kroner
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade – erstatningar	107,8 mill. kroner
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	118,7 mill. kroner

Andre fullmakter

V

Sal av fast eiendom

Stortinget samtykker i at Landbruks- og matdepartementet i 2019 kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil 75 mill. kroner.

Departementet kan trekke utgifter ved salet frå salsinntektene før desse vert inntektsført.

VI

Sal av aksjer

Stortinget samtykker i at Landbruks- og matdepartementet i 2019 kan

1. avvikle NIBIO og Veterinærinstituttet sitt eigarskap i Instrumenttjenesten AS, og at verksemdene kan nytte inntektene frå salet
2. avvikle NIBIO sitt eigarskap i Instidata AS, og at verksemda kan nytte inntektane frå salet.

Vedlegg 1

Oppdatering av nasjonal jordvernstrategi

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Jordvernstrategien blei lagd fram av regjeringa i Prop. 127 S (2014–2015) og handsama i Stortinget 8. desember 2015 *Jordbruksoppgjeret 2015*, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I vedtaket fastsette Stortinget eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord måtte vere under 4 000 dekar, og bad regjeringa arbeide for at målet blir gradvis nådd innan 2020.

Eit samrøystes storting vedtok den 06.2.2018 å be regjeringa leggje fram ein oppdatert jordvernstrategi i samband med budsjettframleggjet for 2019, jf. vedtak nr. 444 (2017–2018) og Innst. 112 S (2017–2018). Vedtaket kom i samband med handsaminga av eit representantforslag frå Miljøpartiet Dei Grøne og eit representantforslag frå Senterpartiet. Fleirtalet i næringskomiteen meinte at regjeringa måtte greie ut, vurdere og eventuelt føreslå dei tiltaka som var nemnde i representantforslaga, i tillegg til andre tiltak som kan bidra til å redusere nedbygginga av dyrka og dyrkbar mark.

Undervegs i arbeidet med jordvernstrategien inviterte departementet aktuelle organisasjonar til eit innspelsmøte. Både jordbruksorganisasjonane, fleire jordvernforeiningar og andre deltok på møtet og kom med skriftlege innspel etterpå. Departementet har òg hatt eit møte med KS undervegs i prosessen.

1.2 Status og utviklingstrekk

Det er no større merksemd omkring verdien av jord, og vi ser at kommunane legg større vekt på jordvern. Dette gir resultat, og omdisponeringa er no på det lågaste nivået på 30 år. KOSTRA-rapporteringa viser at omdisponeringa av dyrka jord (fulldyrka og overflatedyrka jord og innmarksbeite) til andre formål enn landbruk gjekk ned med om lag 36 pst. frå 2016 til 2017 (frå 6 337 til 4 025 dekar). Til samanlikning blei det gjennomsnittleg omdisponert 7 600 dekar årleg i perioden

med raud-grøn regjering og gjennomsnittleg 11 400 dekar i perioden 1994–2003, som var utgangspunktet for halveringsmålet i 2004.

Regjeringa har gjennomført eller er godt på veg med å gjennomføre tiltaka i jordvernstrategien. Fleire av tiltaka gjeld likevel arbeid som må halde fram kontinuerleg. Av tiltaka som er ferdigstilte, er nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, nye Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, og opprettinga av ein ny nasjonal jordvernpris.

Regjeringa har følgd opp åtte av dei ni oppmodingsvedtaka Stortinget gjorde i samband med handsaminga av jordvernstrategien til regjeringa. Det niande oppmodingsvedtaket gjeld målet på 4 000 dekar som skal bli nådd innan 2020. Oppfølginga av oppmodingsvedtaka er nærare omtalt i Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S (2017–2018) frå Landbruks- og matdepartementet.

Det er fleire departement som arbeider aktivt for å nå det fastsette målet på 4 000 dekar. Til dømes har Samferdselsdepartementet komme med klare forventningar til transportetatane om å ta omsyn til jordvernet gjennom ny Nasjonal transportplan (NTP). Kommunal- og moderniseringsdepartementet følgjer opp strategien gjennom forvaltninga av plan- og bygningslova, som er det viktigaste verkemiddelet for å styrkje jordvernet.

Regjeringa meiner det er svært viktig å leggje til rette for å sikre matjorda som ressurs for framtidige generasjonar. Arbeidet som er lagt ned dei siste fire åra for å tryggje ressursane for framtida, har vist seg å vere vellykka. Nedbygginga har gått betydeleg ned, og målet er på det næraste nådd. Dei verkeidla som er tekne i bruk for å få dette til, er i hovudsak knytte til praktiseringa av plan- og bygningslova og til haldningsskapande tiltak. Dette er eit arbeid regjeringa legg vekt på å halde fram med. Slik regjeringa ser det, er det neppe noko å hente på å endre jordlova for å styrkje vernet av dyrka og dyrkbar jord, men regjeringa meiner at kommunane jamleg må oppmodast om å praktisere regelen


i lova, slik at ein både lokalt og nasjonalt tek vare på ressursane ut frå eit langsiktig perspektiv.

Formidling av nasjonal politikk er viktig, og departementet vil særleg trekkje fram brevet av 8. mars 2016 frå landbruks- og matministeren til kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene om oppfølginga av den nasjonale jordvernstrategien, der det mellom anna blir peika på det ambisiøse omdisponeringsmålet. Departementet vil òg nemne at det er arrangert fleire regionale jordvernkonferansar, for å auke kunnskapen og merksemda om jordvern, og for å formidle gode døme. I alle fylke er det òg frå fylkesmennene si side gitt tilbod om opplæring til nye lokalpolitikarar om jordvern og planlegging. Dette har gjort at det har vore meir debatt og merksemd om areal-disponering og jordvern i kommunane og fylkeskommunane og i media i dei seinare åra. Jordvernstrategien har ført til at både grunneigarane, utbyggjarane og styresmaktene er meir medvitne om verdien av jordbruksareala, og ein har blitt flinkare til å finne alternativ til å byggje ned dyrka mark. Satsinga gir resultat, som vi ser gjennom at det langsiktige omdisponeringsmålet på det næraste er nådd allereie i 2017.

1.2.1 Årleg omdisponering


Etter den andre verdskrigen har omdisponeringa av dyrka (fulldyrka og overflatedyrka jord og innmarksbeite) og dyrkbar jord (eigna for nydyrking) vore på om lag 1,2 mill. dekar til saman. Det meste av dette er areal som har vore eigna til matkornproduksjon.

Figur 1.2 viser den årlege omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk i perioden 2007–2017 ifølgje KOSTRA. Figur 1.1 viser den årlege omdisponeringa av dyrka jord i perioden 1976–2017. Samanlikna med perioden frå 1994 til 2003 har det vore ein markert nedgang i den årlege omdisponeringa av dyrka jord dei siste åra, frå i gjennomsnitt 11 400 dekar i den nemnde tiårsperioden, til 6 337 dekar i 2016 og 4 025 dekar i 2017, ifølgje KOSTRA. Grafen viser eit toppnivå når det gjeld omdisponering av dyrka jord i 2002 med 14 225 dekar. Frå 2004 har omdisponeringa gått gradvis ned fram til 2017, som har det lågaste talet sidan registreringa starta. Det viser at målet på det næraste er nådd.



Figur 1.1 Dyrka jord som er omdisponert til andre formål enn landbruk, 1976–2017 (dekar)

Kjelde: KOSTRA.



Figur 1.2 Dyrka og dyrkbar jord som er omdisponert til andre formål enn landbruk, 2007–2017 (dekar)


Kjelde: KOSTRA.

1.2.2 Nydyrking

Nydyrking er eit tiltak for å auke jordbruksproduksjonen. Dei siste åra har nydyrkinga, målt ved tillate nydyrka areal, auka betydeleg. I 2017 var nydyrkinga om lag fem gonger så stor som omdisponeringa av dyrka mark, då det blei tillate å dyrke opp 22 702 dekar, mot at 4 025 dekar blei omdisponert. Nydyrkinga ligg på eit høgt nivå samanlikna med på 2000-talet, og frå og med 2007 har i gjennomsnitt 17 000 dekar blitt godkjent nydyrka årleg.

Til ein viss grad kan nydyrking kompensere for omdisponering, men dyrkbar mark er òg ein avgrensa ressurs, særleg i dei beste klimasonene. Berre om lag 1,7 pst., eller 208 000 dekar, av den dyrkbare marka ligg i klimasonen som er godt

eigna for matkorndyrking. Om lag 72 pst. av den dyrkbare marka er berre eigna for grasproduksjon. Potensialet er likevel stort, og nydyrking er ein viktig faktor når det gjeld å redusere nedgangen i areal med dyrka mark. Nydyrking vil likevel i mange delar av landet, særleg på Austlandet, utfordre andre samfunnsinteresser og føre til arealkonfliktar både lokalt, regionalt og nasjonalt. Til dømes er 20 pst. av det dyrkbare arealet skog med høg eller svært høg bonitet og dermed av stor verdi for skogbruket. I tillegg kan nydyrking ha uønskte miljøkonsekvensar i form av redusert biologisk mangfald, tap av kulturminne, auka forureining av vassdrag og auka utslepp av klimagassar. Mellom anna er om lag ein tredel av den dyrkbare marka myr.



Figur 1.3 Nydyrka areal, 2007–2017 (dekar)

Kjelde: KOSTRA

Tabell 1.1 Utfall av handsaming av søknader om nydyrking 2007–2017

År	Tal på søknader	Løyve utan vilkår	Løyve med vilkår	Tal på avslag	Avslag – %	Omsøkt nydyrka areal	Tillate nydyrka areal
2007	547	204	334	9	1,6 %	13 649	13 119
2008	587	232	344	13	1,9 %	15 180	14 157
2009	569	221	337	11	2,0 %	15 755	15 153
2010	689	311	366	12	1,7 %	21 213	19 860
2011	632	267	354	11	1,7 %	17 425	15 875
2012	653	305	342	6	0,9 %	14 287	13 417
2013	644	284	353	7	1,1 %	15 111	14 557
2014	878	405	455	18	2,1 %	19 405	18 572
2015	854	404	439	11	1,3 %	18 832	18 139
2016	964	469	486	9	0,9 %	22 636	21 575
2017	958	406	537	15	1,6 %	23 733	22 702

Kjelde: KOSTRA

2 Tiltak i strategien

2.1 Nasjonalt jordvernmål

I perioden 1994–2003 blei det i gjennomsnitt rapportert ei årleg omdisponering på over 11 400 dekar dyrka jordbruksareal. Som følgje av dette blei det i 2004 fastsett eit mål om at årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane skulle halverast innan 2010, jf. St.meld. nr. 21

(2004–2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*. I praksis innebar det at årleg omdisponering av dyrka jord måtte komme under 6 000 dekar. Etter at dette målet blei sett, gjekk omdisponeringa mykje ned. Ein nådde målet i 2013 og 2014 og var nær målet i 2015 og 2016.

Regjeringa sin jordvernstrategi blei lagd fram i Prop. 127 S (2014–2015) *Jordbruksoppgjeret 2015* og handsama i Stortinget 8. desember 2015, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I vedtaket fastsette Stor-

tinget eit nytt mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord måtte vere under 4 000 dekar, og bad regjeringa arbeide for at målet blei nådd gradvis innan 2020. I 2017 var ein òg nær ved å nå det nye målet, sidan omdisponeringa av dyrka jord var så vidt over 4 000 dekar og den lågaste sidan registreringa starta i 1976.

Regjeringa vil

- *at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstige 4 000 dekar, og at målet skal vere nådd innan 2020.*

2.2 Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

For å fremje ei berekraftig utvikling skal regjeringa kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette går fram av plan- og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal leggjast til grunn for arbeidet med regionale og kommunale planstrategiar og planar i dei nye fylkestinga og kommunestyra .

Regjeringa skal utarbeide nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging etter plan- og bygningslova (nasjonale forventningar) før sommaren 2019. Dei nasjonale forventningane er heimla i plan- og bygningslova og skal vere ei samanstilling av vedteken nasjonal planrelevant politikk og i hovudsak gi overordna føringar. Når det gjeld bustad-, areal- og transportplanlegging, inkludert jordvern, baserer det gjeldande forventningsdokumentet seg på Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, jf. punktet under, og på regjeringa si satsing på meir effektive planprosessar.

Regjeringa vil

- *utarbeide nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging etter plan- og bygningslova i 2019.*

2.3 Statlege planretningslinjer for samordna bustad- areal- og transportplanlegging

Nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging blei fastsette ved kgl.res. av 26.9.2014. Retningslinene er utarbeidde for å gi tydelegare signal om viktige nasjonale interesser i planlegginga. Retningslinene peikar på at tidleg medverknad frå alle parter kan bidra til å løyse konflikter, og at effektiv

arealutnytting og samordning av areal- og transportplanlegginga kan redusere klimagassutslepp og spare natur- og arealressursar, inkludert dyrka jord.

Omsynet til jordvernet er godt innarbeidd i desse retningslinene, og jordverninteressene vil vere best tente med ein aktiv bruk av dei. Desse punkta i retningslinene kan framhevast som særleg viktige for jordvernet:

- Rammene for utbyggingsmønsteret bør fastsetjast i regionale planar som trekkjer langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruksområde.
- Det skal leggjast særleg vekt på høg arealutnytting, fortetting og transformasjon i by- og tettstadsområde og rundt kollektivknutepunkt. I område med stort utbyggingspress bør det leggjast til rette for arealutnytting utover det som er typisk.
- Potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttast før nye utbyggingsområde blir tekne i bruk. Nye utbyggingsområde bør styrast mot sentrumsnære område.
- Det er nødvendig å ta vare på god matjord, men jordvernet må balanserast mot behovet i stor samfunnet.
- Planlegginga av utbyggingsmønsteret og transportsystemet skal omfatte alternative vurderingar som omtaler konsekvensar for miljø og samfunn.
- Ved forslag om omdisponering av verdifull dyrka eller dyrkbar jord bør potensialet for fortetting og transformasjon vere kartlagt.

Regjeringa vil

- *følgje opp Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, som blei fastsette ved kgl.res. av 26.9.2014.*

2.4 Formidling av nasjonal jordvernpolitikk

Det er ein viktig føresetnad for lokalpolitisk eigengodkjenning av arealplanar at kommunen er kjend med og respekterer gjeldande nasjonal arealpolitikk. I den samanhengen er det viktig at den nasjonale politikken er forankra hos kommunepolitikarane og den administrative leiinga i kommunane.

Fylkesmennene har eit særleg ansvar for å formidle nasjonal politikk til kommunane, men det er ulik praksis for korleis dei følgjer opp denne oppgåva. For å sikre at dei har ein einsarta praksis, kan det vere ein fordel om det blir utvikla eit standardisert presentasjonsmateriale og

ein formidlingsstrategi på sentralt nivå. Det kan bidra til at formidlinga av den nasjonale jordvernpolitikken blir prioritert og følgd opp betre og meir einsarta i dialogen mellom fylkesmennene og kommunane.

Landbruksdirektoratet har på oppdrag frå departementet utvikla ei eiga jordvernsida på heimesidene sine. Sida blei opna i juni 2018, og hovuddinnhaldet er rettleingsmateriale for kommunane. Formålet med sida er å samle rettleiing og aktuelle verktøy på éin stad, for å gjere arbeidet med jordvern enklare for kommunane. Landbruksdirektoratet har samstundes revidert fleire av rettleiarane knytte til jordvern. Sidan plan- og bygningslova er det viktigaste verktøyet for å sikre jordvernet, er verkemidla i plan- og bygningslova sentrale på den nye jordvernsida.

I 2017 blei det gjort endringar i plan- og bygningslova som har gitt meir effektive planprosessar og enklare sakshandsaming i plansaker, mellom anna endringar om regionalt planforum jf. Prop. 110 L (2016–2017). I planforumet skal statlege, regionale og kommunale interesser klarleggjast og søkjast samordna i samband med arbeidet med regionale og kommunale planar. Endringa går ut på at etablering av eit regionalt planforum blir ei lovpålagd oppgåve for fylkeskommunane. Dette har lagt til rette for meir effektive planprosessar gjennom tidleg avklaring av konflikter mellom statlege, regionale og kommunale interesser i arbeidet med regionale og kommunale planar.

Formidlinga av nasjonale jordverninteresser må sjåast i samanheng med bruken av motsegn. Tidleg og tydeleg formidling kan bidra til god forankring av jordvernpolitikken regionalt og lokalt og dermed redusere bruken av motsegn. Landbruks- og matministeren har òg hausten 2018 sendt brev til alle fylkesmennene om konkretisering av nasjonale og regionalt viktige interesser og rettleiing til arbeidet med å følgje opp planarbeidet i kommunane. Regionale areal- og jordvernkonferansar er effektive i dette arbeidet og bidreg til å setje jordvern på dagsordenen regionalt og lokalt. Departementet har gitt støtte til fleire regionale jordvernkonferansar. Det har difor blitt arrangert konferansar både på Vestlandet og i Trøndelag, og vil bli arrangert i Nord-Norge. Formidlingsarbeid som dette bidreg til å auke kunnskapen og merksemda om jordvern, og til å få fram gode døme. Dette formidlingsarbeidet vil halde fram. Formidlinga av nasjonale interesser inngår i fylkesmannen sin kommunedialog og vil òg bli vurdert i tilknytning til folkevaldopplæringa til KS.

Regjeringa vil

- *føre vidare ei tydeleg formidling av mål og tiltak for arealpolitikk og jordvern.*

2.5 Regionale areal- og transportplanar

Ei heilskapleg planlegging på tvers av kommunegrensar som ser større område i samanheng, er viktig for å få til ei meir samordna og heilskapleg areal- og transportplanlegging i samsvar med nasjonale behov og statlege planretningslinjer. Større byar og tettstader har ofte bustad- og arbeidsregioner som strekkjer seg langt ut over den enkelte kommunen.

Difor kan det vere fornuftig å vurdere behovet for nye bustad- og næringsareal uavhengig av kommunegrensene og sjå det i samanheng med det regionale transportsystemet. Krav om utnytting av transformasjons- og fortettingspotensialet, effektiv arealbruk i byggjeområda og langsiktige byggjegransar, bør i slike tilfelle formulerast på regionalt nivå og vere sams for dei aktuelle kommunane i regionen.

Det er fylkeskommunen som er ansvarleg styresmakt for regional planlegging. Staten ved fylkesmennene kan i dialogen med fylkeskommunane motivere til at regional planlegging i større grad blir teken i bruk til dette formålet, og formidle nasjonal politikk tidleg og tydeleg i dei regionale planprosessane. Det er viktig at fylkesmennene i fylke med utfordringar i samband med jordvern, ser til at denne utfordringa blir teken opp i den regionale planstrategien.

Regional plan blir vedteken av fylkestinget med endeleg verknad. Fylkesmannen kan derimot ha innvendingar til planen og be departementet om å gjere nødvendige endringar ut frå nasjonale interesser. Den vedtekte regionale planen vil vere grunnlag for motsegn mot kommuneplanar som ikkje følgjer opp retningslinjene og føresegnene i planen.

Ut frå både jordvernomsyn og utbyggingsinteresser er det viktig at det blir lagt langsiktige rammer for utviklinga av tettstadene i ein regional plan, slik at ein ikkje får stadige omkampar. Dette bidreg til at planlegginga blir meir føreseieleg og heilskapleg, og legg grunnlaget for ei langsiktig utbyggingsgrense med følgjande målsetjing:

- å forenkle arbeidet med langsiktig forvaltning av verdifulle jordbruksareal
- å gjere det meir føreseieleg for drift og investeringar i jordbruket
- å gjere rammevilkåra for arealplanlegginga og for eigedomsutviklarar meir føreseielege
- å forenkle planlegginga og prioriteringa av infrastrukturtiltak og kollektivtiltak

I Meld. St. 18 (2016–2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt* frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet blir regionale areal- og transportplaner omtalte, og det blir oppmoda om å leggje meir vekt på dei. I Prop. 84 S (2016–2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå*, blir regional planlegging omtalt i kap. 9, mellom anna korleis ein kan betre dialogen, gjere regionalplanen meir forpliktande og betre den planfaglege rettleiinga av kommunane.

Vestfold fylkeskommune vann den nasjonale jordvernprisen for arbeidet med regional plan for berekraftig arealbruk, og vil bli nytta som eit godt døme på korleis ein med regional planlegging kan ta jordvernomsyn. Østfold, Nord-Trøndelag og Troms er òg gode døme som kom fram i samband med den nasjonale jordvernprisen, og som blir nytta som døme i konferansar og samlingar.

Regjeringa vil

- styrkje rettleiinga og formidle gode døme på regionale planar for å vise korleis ein med regional planlegging kan balansere jordvernet opp mot storsamfunnets andre behov.

2.6 Byvekstavtalar

Nullvekstmålet blei lagt til grunn av Stortinget i klimaforliket i 2012, og inneber at veksten i persontransporten i byområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Målet blei etter det lagt til grunn i Nasjonal transportplan 2014–2023 og 2018–2029. Belønningsavtalar, bymiljøavtalar, byvekstavtalar og byutviklingsavtalar er ordningar som har nullvekst for persontransport med bil som overordna mål. Formålet med byutviklingsavtalane var å gjere arealforpliktningane i bymiljøavtalane meir konkrete gjennom eit forpliktande samarbeid om arealbruken mellom staten, fylkeskommunane og kommunane, i tråd med regionale eller interkommunale areal- og transportplanar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har saman med Oslo kommune og Akershus fylkeskommune forhandla fram ein byutviklingsavtale for å sikre at veksten i byregionen blir berekraftig og klimavennleg.

For å integrere areal- og transportpolitikken ytterlegare i dei største byområda har regjeringa samordna bymiljøavtalane og byutviklingsavtalane til byvekstavtalar.

Betre samordning av areal- og transportplanlegginga er eit av dei viktigaste grepa ved overgangen frå bypakker til byvekstavtalar. Byvekstavtalane vil dermed vere eit verktøy for å fremje effektiv arealforvaltning, bustad- og næringsbyg-

ging i kollektivknutepunkt og nødvendig infrastruktur. Byvekstavtalane vil kunne bidra til å redusere nedbygginga av jordbruksareal gjennom å tilrettelegge for fortetting og transformasjon i by- og tettstadsområde og rundt kollektivknutepunkt, og i større grad synleggjere behovet for avveging mot jordverninteressene tidleg.

Regjeringa vil

- føre vidare arbeidet med byvekstavtalar for betre samordning og heilskapleg planlegging i byregionane.

2.7 Konkretisering av nasjonale jordverninteresser

I fylke som ikkje har handsama og avklart jordverninteressene i ein regional plan, kan det vere behov for ein strategi som set saman og konkretiserer nasjonale føringar for jordvernet. Ein slik strategi vil vere grunnlag for tidlege og tydelege innspel til kommunale planar. Det vil bidra til føreseielege vilkår og lik handsaming og dermed styrkje samhandlinga med kommunane. Slike strategiar kan utviklast fylkesvis og konkretiserast ut frå kjennskap til jordressursane i det aktuelle fylket. Landbruks- og matministeren har gjennom eit brev hausten 2018 til alle fylkesmennene, gjort tydeleg kva som er dei nasjonale jordverninteressene i arealplanlegginga. Dette fungerer òg som ein rettleiar for god og effektiv samhandling mellom landbruksstyresmaktene, kommunane som planstyresmakt og andre aktørar i arealplanlegginga.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjennomførte våren 2013 ei undersøking for å kartleggje korleis motsegn blir brukt, og kva for tiltak som kan gi ein meir effektiv og målretta praksis. Konklusjonane var at praksisen varierer i ulike delar av landet, og at departementa i varierende grad gir føringar for statsetatane sin medverknad i plansaker. Fleire departement og direktorat arbeider på denne bakgrunnen med å definere nasjonale føringar innanfor sine område og med å vidareutvikle rettleiingsmateriell. Landbruks- og matdepartementet deltek i dette arbeidet. Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vil òg bidra til konkretisere jordverninteressene.

Regjeringa har sidan 2013 gjennomført eit forsøk med samordning av statlege motsegn til kommunale planar etter plan- og bygningslova. Fylkesmannen har ansvar for å ta vare på nasjonale interesser innanfor landbruk, reindrift, miljøvern, folkehelse og barn og unges interesser i planleg-

ginga. I forsøket skulle han òg samordne utsegner og motsegner på desse fagområda med utsegner og motsegner frå andre statlege etatar, som Statens vegvesen, Jernbaneverket, Kystverket, NVE og Fiskeridirektoratet. Fylkesmannen kunne i samband med forsøket avskjere motsegner som var motstridande eller ikkje tilstrekkeleg grunn-gitt.

Erfaringane med samordningsforsøket har vore gode, og regjeringa har innført det som ein fast ordning frå 2018. Det bidreg til betre dialog mellom statsetatane og større merksemd på ansvaret statsetatane har for tidleg og aktiv delta-king i kommunale planprosessar. Fylkesmennene vil òg ta ein meir aktiv rolle i å løyse uklarheiter og usemje tidleg i planprosessane.

Regjeringa vil

- *føre vidare rettleiinga om korleis ein kan ta vare på jordvernet i kommunale og regionale planprosessar.*

2.8 Rettleiing om fortetting, transformasjon og konsentrert utbygging

I Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, står det mellom anna at

- det skal leggjast særleg vekt på høg arealutnytting, fortetting og transformasjon i by- og tettstadsområde og rundt kollektivknutepunkt
- det i område med stort utbyggingspress bør leggjast til rette for arealutnytting utover det som er typisk
- potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttast før nye utbyggingsområde blir tekne i bruk
- nye utbyggingsområde bør styrast mot sentrumsnære område

Sidan dei fleste byar og tettstader er omgitt av ein del dyrka jord og har eit behov for å vekse, er det viktig at nye og eksisterande område for utbygging blir utnytta mest og best mogleg. Arealstrategiar der det blir lagt vekt på fortetting innanfor eksisterande byggjesoner, vil i det lange løp òg fremje jordvernet. Ved ei konsentrert utvikling vil arealforbruket til utbygging bli mindre og presset på verdifulle område utanfor tettstadsavgrensinga betydeleg redusert.

Fortettingsprosessar er svært komplekse, dei omfattar mange aktørar med ulike interesser, har ofte eit høgt konfliktnivå og kan innebere komplekse juridiske vurderingar. I tillegg er proses-

sane utfordrande reint fagleg, fordi det skal gjerast ei rekkje kvalitative vurderingar og prioriteringar. Ofte blir òg ulike nasjonale interesser, mellom anna naturmangfald, kulturminne, jordvern og grønstruktur, utfordra.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet starta difor eit utgreiingsarbeid i 2017, for å forenkle planprosessane knytt til fortetting, transformasjon og eigedomsdanning i byområde. Siktemålet er å få både planlegginga og utbygginga gjennomført raskare enn i dag. Eigedomsdanning i komplekse fortettings- og transformasjonsområde kan i dag ta uforholdsmessig lang tid fordi mange ulike lovverk og prosesser grip inn i kvarandre. Det er difor nødvendig å sjå nærare på samanhengen mellom planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, rekkjefølgjekrav, utbyggingsavtaler og eigedomsdanning, med sikte på effektivisering og forenkling.

Byvekstavtalar med dei ni største byområda er viktige verktøy for å gjennomføre arealstrategiar med vekt på fortetting og konsentrert utvikling. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ei tilskottsordning retta inn mot kommunene og fylkeskommunene sitt arbeid med arealtiltaka i byvekstavtalene. Ved val av prosjekter som skal få tilskott, leggjast det mellom anna vekt på at prosjekta skal kunne brukast som døme for andre byar og byregionar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet legg til rette for nettverkslæring, som ein viktig del av oppfølginga av tilskottsordninga.

Regjeringa vil

- *styrkje arbeidet med rettleiing om heilskapleg planlegging for fortetting, transformasjon og konsentrert utbygging, og greie ut forenklingar og effektivisering av planlegging som gjeld fortetting og transformasjon i byområde.*

2.9 Spreidd utbygging

Bustadbygging på dyrka jord blir registrert i KOSTRA, anten gjennom løyve til omdisponering etter jordlova eller gjennom regulering til bustadformål etter plan- og bygningslova. Tala for 2017 viser at 25 pst. av bustadbygginga på dyrka jord blei godkjend gjennom handsaming av enkeltsaker etter jordlova. Når det gjeld fritidsbygningar på dyrka jord, blei heile 66 pst. godkjend gjennom handsaming av enkeltsaker etter jordlova i 2017.

Det eksisterer lite kunnskap om dei samla effektane av spreidd utbygging og av landbruket si eiga verksemd når det gjeld nedbygging av dyrka jord. Ei undersøking som blei gjort i 2017

av SSB og NIBIO, viste at landbruket stod for heile 22 pst. av nedbygginga, i snitt 1 750 dekar per år. Departementet har gitt SSB i oppdrag å sjå nærare på kva som er årsakene til denne nedbygginga. Førebelse resultat viser at nedbygginga er størst på eigedommane som er i aktiv drift, men betydeleg òg på dei utan aktiv drift og på dei minste eigedommane. Det bør skaffast fram meir kunnskap om denne typen nedbygging, slik at det blir lettare å vurdere kva for tiltak som bør setjast inn.

Kommunane kan leggje inn føresegner i kommuneplanane sine som reduserer bruken av dyrka jord til spreidd utbygging og til landbruket si eiga byggjeverksemd. Kommunane kan òg gi retningsliner eller føresegner om at spreidd utbygging av bustader og fritidsbustader ikkje skal skje på dyrka jord. Kommunal- og moderniseringsdepartementet utarbeider no ein rettleiar om planlegging av spreidd utbygging i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR). Rettleiaren vil gi råd til kommunane om korleis slik planlegging på ein enkel måte kan gjennomførast innanfor rammene av nasjonal arealpolitikk. Målet er mellom anna at spreidd utbygging blir styrt gjennom overordna arealplanar og ikkje gjennom dispensasjonar.

Tala ovanfor indikerer at det skjer ei fragmentert nedbygging av dyrka jord i ganske stort omfang. Fordi det utgjør ein relativt stor del av den årlege omdisponeringa, er det behov for å greie ut og vurdere denne praksisen.

Regjeringa vil

- *gi ut ein rettleiar om planlegging av spreidd utbygging.*

2.10 Planlegging av samferdselsprosjekt

Jordvern er ei interesse som transportetatane, Avinor og Nye Veger AS skal vie stor merksemd i retningsliner og arbeid. Likevel blir det i planprosessane gjort ei avveging av alle omsyn som skal takast når ein trasé skal tilråddast. Statens vegvesen tilrår trasear ut frå ei vurdering av samfunnsøkonomisk lønnssemd, der både prissette og ikkjeprissette konsekvensar av ulike traséval er viktige grunnlag for ein tilrådd trasé. Det er i samsvar med metodikken i *Håndbok V712 Konsekvensanalyse*, som nyleg er revidert mellom anna med omsyn til tekst om jordvern. Val av trasé blir endeleg teke gjennom politiske vedtak. Det kan skje at den valde traseen ikkje er den beste med tanke på jordvernet. Ulemper ved traséval for viktige nasjonale mål som jordvern, vurderer ein å kompen-

sere gjennom detaljutforming, med avbøtande tiltak og liknande.

Statens vegvesen lagar vidare vegnormalar som blir nytta som grunnlag for val av dimensjoneringsklasse for vegen som blir planlagd. Ved utvikling av vegnormalane er arealforbruk eit viktig omsyn, i tråd med forskrift til vegloven om vegnormalar. Arealforbruk har, saman med andre viktige omsyn, vore ein viktig faktor i revisjonen av *Handbok N100 Veg- og gateutforming*. I den nyleg reviderte *Handbok N200 Vegbygging* er det no krav om korleis matjordlaget (dyrka jord) skal handterast for å ta vare på kvaliteten der veganlegget legg beslag på jord.

Statens vegvesen rapporterer om omdisponert dyrka mark til Samferdselsdepartementet kvart år. Omfanget varierer frå år til år fordi nokre prosjekt omdisponerer relativt mykje, mens andre omdisponerer svært lite. Dette er mellom anna avhengig av kvar i landet ein byggjer riksveg.

Nye Vegar stiller i planprosessane og utbyggingane krav og mål om redusert bruk av landbruksjord. Selskapet kartlegg i planfasen omfanget av dyrka mark og søker å minimere beslag av dyrka mark mest mogleg, samtidig som det vurderer aktuelle kompenserande tiltak.

Bane NOR prøver å minimere mengda med dyrka og dyrkbar jord som blir omdisponert til jernbaneformål. Det er ei tydeleg forventning i Bane NOR om at prosjekta blir planlagde i samsvar med dette. Det blir no stilt krav om at ei konsekvensutgreiing skal leggjast til grunn, og at det skal greiast ut kor sterk påverknad prosjekta vil ha på dyrka eller dyrkbar jord. Det kan vere aktuelt å vurdere tiltak. Aktuelle tiltak kan vere justert traséval, mellomlagring og restaurering eller flytting av jordbruksjord. At det blir stilt eit absolutt krav om konsekvensutgreiing, er relativt nytt i Bane NOR.

Regjeringa vil

- *følgje opp arbeidet med jordverninteressene i arbeidet med gjennomføringa av Nasjonal transportplan (NTP).*

2.11 Jordflytting

Flytting av dyrka jord er ei form for fysisk kompensasjon av jordbruksareal, der ein tek vare på sjølve jorda, men ikkje det arealet som legg grunnlaget for eksisterande produksjon. Bruk av kompenserande tiltak, som jordflytting, er vurdert som ein siste utveg om ein ikkje kan unngå nedbygging og avbøte gjennom tilpassingar. Det er til no få gode, dokumenterte døme på jordflytting som kompenserande tiltak. Det er difor framleis

stor uvisse knytt til både agronomiske, økonomiske, miljømessige og planfaglege forhold. I tillegg må ein ha eigna areal å flytte jorda til og god jordfagleg kunnskap om korleis flyttinga skal gjennomførast. Departementet meiner at vi må til-eigne oss meir kunnskap om dette tiltaket før vi vurderer krav eller reglar i samband med jordflytting, og det arbeidet er vi i gang med.

Statens vegvesen har eit par pilotprosjekt i gang om dette i samband med vegprosjekt. NIBIO bidreg i prosjekta med sin jordbruksfaglege kompetanse og er ein viktig samarbeidspartnar.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har følgt med på og evaluert nokre jordflyttingar, og har laga rettleiaren *Planering og jordflytting* (Nr. 4 2017). Ut frå dei få erfaringane vi har til no, er det sannsynlegvis mogleg å flytte dei aller fleste typane jordsmonn til nye areal. Det kan derimot ofte vere vanskeleg å finne område å flytte jorda til, og jordflytting er i dei fleste tilfelle kostbart.

Jordflytting kan brukast til å forbetre eksisterande jordbruksareal, kanskje først og fremst ved å gjere jordlaget tjukkare på areal med for tynt jordsmonn. Dette vil ofte vere enklare og billigare enn å byggje opp eit nytt område med dyrka jord. Til dømes Sveits har eit system for dette. Vestfold fylkeskommune har laga ei retningsline i sin regionale plan og Region Nordhordland har laga ein detaljert rettleiar for å ta betre vare på matjorda i utbyggingssaker.

Regjeringa vil

- *evaluere arbeidet med jordflytting, og vurdere tiltak etter at evalueringa er gjort.*

2.12 Plankompetanse

Planlegging etter plan- og bygningslova er det viktigaste verktøyet for å sikre jordvernet. Tilstrekkeleg kompetanse i planlegginga er difor ein nødvendig føresetnad for eit sterkt jordvern.

Kommunane har med grunnlag i plan- og bygningslova hovudansvaret for forvaltninga av 83 pst. av arealressursane i landet, dvs. det arealet som ikkje er verna. Lova inneheld mange omsyn og oppgåver, og regelverket er komplekst. Arbeidet med å sikre kommunane planfagleg kompetanse innan samfunnsplanlegging og arealplanlegging har vore ei satsing sidan den nye planlova tredde i kraft i 2009.

Det er likevel eit veksande gap mellom forventningane og krava som blir stilte til kommunane på planområdet, og kapasiteten og kompetansen i kommunane, jf. delrapporten frå ekspertutvalet for kommunereforma, *Kriterier*

for god kommunestruktur. Særleg har mindre kommunar utfordringar i arbeidet med samfunnsutvikling.

Det er difor nødvendig å utvikle kompetansen vidare, mellom anna ved å satse på utdanning og rekruttering til planfaget. Innsatsen for auka planutdanning og plankompetanse skal først vidare, mellom anna gjennom *Sekretariatet for etter- og videreutdanning i samfunnsplanlegging* (SEVS) og økonomisk støtte til dette.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har dei siste åra sett av midlar til å styrkje plankompetansen, særleg i kommunane, gjennom utgreiingar, rettleiing og formidling. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har òg sett av midlar til oppfølging av samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. I 2017 inngjekk Kommunal- og moderniseringsdepartementet ein samarbeidsavtale med KS om styrkt kommunal og regional planlegging. Nettsida *Planlegging.no* er ein sentral kanal for formidling og rettleiing i spørsmål om plan- og byutvikling.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet støttar opp under opplæringsiltaka i fylka som er retta mot kommunane på fleire vis. Det er til dømes gjennomført samlingar i nettverk for kommunal og regional planlegging, og det blir gitt tilskott til private og frivillige verksemder og organisasjonar til tiltak som skal auke kompetansen i lokal og regional planlegging. Stortinget er oppteke av utdanningskapasiteten innanfor offentleg planlegging i Noreg og har bedt regjeringa sjå nærare på det. Det er difor nyleg sett i gang eit samarbeid med dei aktuelle institusjonane for å kartleggje tilbodet og utarbeide ein strategi for å styrkje den planfaglege utdanninga.

Regjeringa vil

- *føre vidare arbeidet med å auke plankompetansen i samarbeid med mellom andre KS.*

2.13 Kommunestruktur og -storleik

Meld. St. 14 (2014–2015) *Kommunereforma – nye oppgaver til større kommuner* legg til grunn at færre og større kommunar skal gi betre kapasitet til å ta vare på og utvikle vidare lovpålagde oppgåver, gi betre kvalitet i tenestene og moglegheiter til å utvikle berekraftige og gode lokalsamfunn. Ein auke i oppgåveomfanget og fleire spesialiserte oppgåver, saman med større krav til kvalitet i tenestene, stiller store krav til kommunane om sterke fagmiljø og tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse, òg innanfor areal- og samfunnsplanlegginga.

I by- og tettstadsområda skaper dagens kommunestruktur i mange tilfelle utfordringar ved at det i dei fleste områda er fleire kommunar som inngår i éin og same bu- og arbeidsmarknadsregion. Mange bykommunar har lite areal og er avhengige av bustadbygging i omkringliggjande kommunar for å handtere ein stor folkeauke. Ei justering av kommunestrukturen vil gjere det lettere å drive ei meir heilskapleg planlegging og utvikling når det gjeld arealbruk, transport og tenesteproduksjon. Større kommunar vil òg gi høve til å byggje opp sterkare fagmiljø innan areal- og samfunnsplanlegging, noko som vil vere positivt for rekruttering av planfagleg kompetanse i kommunane. På den måten vil òg større kommunar kunne bidra til å styrkje jordvernet.

Regjeringa vil

- *føre vidare arbeidet med kommunereforma.*

2.14 Fagleg kunnskapsgrunnlag

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) produserer arealinformasjon i form av kart, statistikk og tenester, noko som kan vere til stor nytte i arealplanlegginga. Mesteparten av denne informasjonen er lett tilgjengeleg på nett gjennom den digitale kartløyninga *Kilden*. Det er viktig at desse areal- og ressursdataa blir vidareutvikla og oppdaterte og ikkje minst gjorde tilgjengelege og brukte, òg i arealplanlegginga.

Informasjonen som blir gitt i den digitale kartløyninga *Kilden*, gir alle høve til å bringe jordvernomsyn inn på eit tidleg stadium i planprosessane, noko som kan bidra til å finne mindre konfliktfylte alternativ og unngå tidkrevjande prosessar med motsegner og omkampar om ulike planalternativ.

NIBIO har utvikla eit arealbarometer for alle fylka og for ein del kommunar. Det består av kortfatta og oversiktlege faktaark om arealressursane i landbruket, med vekt på status og endringar. Arealbarometeret er meint å vere eit godt og effektivt verkemiddel for å auke kunnskapen om arealressursane våre og korleis dei blir brukt og kan brukast i planarbeid, utgreiingar og politiske prosessar. Om fem år vil omtrent alle kommunane ha eit arealbarometer.

Jordsmonnkarta til NIBIO seier mykje om verdien av jordbruksareala for ulike jordbruksproduksjonar. Berre omtrent halvparten av jordbruksarealet i landet er kartlagt i detalj, men det som er kartlagt, er i stor grad dei viktigaste jordbruksområda på Austlandet, Jæren og ved Trondheimsfjorden. Det vil ta mange år før alt areal er

detaljartlagt, men det er viktig at desse karta blir tekne i bruk der dei finst.

Det digitale jordkvalitetskartet til NIBIO er basert på jordsmonnkartlegginga. Jordkvalitetskartet er først og fremst meint å vere ein reiskap for bruk i planlegging og utgreiing av utbyggingsprosjekt som kan ha følgjer for dyrka jord. Ein av fordelane med det nye kartet er at det har få klaszar og dermed er enkelt å bruke.

Markslagskartet AR5 er eit detaljert, digitalt kart/datasett over arealressursar i inn- og utmark som inneheld mykje vesentleg informasjon om jordressursane. Kartet/datasettet er nasjonalt heildekkjande, og NIBIO vil halde dette ajour framover.

Regjeringa vil

- *føre vidare arbeidet med å utvikle kunnskap om arealressursane.*

2.15 Evaluering av plan- og bygningslova

Eit forskingsprosjekt (EVAPLAN 2008), finansiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, har studert korleis plan- og bygningslova fungerer i praksis, og korleis lova er samordna med andre lover (sektorlover). Prosjektet har evaluert om og i kva utstrekning plandelen fungerer etter intensjonane. Forskarane har òg sett på om plandelen fører til lokal og regional berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunns- og arealplanlegging.

I evalueringa har dei spesielt sett på dei nye måla som kom med plan- og bygningslova i 2008. Dei har undersøkt i kva grad plan- og bygningslova bidreg til å sikre mål om demokratiske styrings- og avvegingsprosessar, samordning mellom sektorar og nivå, effektiv gjennomføring av utbygging (lokal utvikling), openheit og medverknad.

Arbeidet starta opp hausten 2014 og blei avslutta i 2018. Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) fekk oppdraget i samarbeid med mange andre forskingsmiljø og presenterte resultatane frå evalueringa på eit seminar i august 2018. I evalueringa foreslår ein fleire endringar i plan- og bygningslova.

Regjeringa vil

- *følgje opp evalueringa av plandelen i plan- og bygningslova.*

2.16 Nasjonal jordvernpris

Departementet har oppretta ein jordvernpris som skal delast ut annakvart år. Prisen blei delt ut for

første gong i 2017 og har bidrege til å auke merksemda om jordvernet, særleg i kommunane. Målgruppa for prisen er fylkeskommunar og kommunar som tek aktive grep i regionale planar og i kommune- og reguleringsplanar, eller som får gode resultat i samarbeid med andre gjennom planlegging, gjennomføring og praksis. Vestfold fylkeskommune fekk jordvernprisen i 2017 for arbeidet sitt med jordvern, særleg med bakgrunn i tydelege mål og strategiar for å ta vare på dyrka mark i den regionale planen for berekraftig arealpolitikk. Fylkesmennene blei bedt om å sende inn eit grunngitt forslag på minimum éin kandidat frå sitt eige fylke, noko alle gjorde, med eitt unntak. Prisen fekk stor merksemd i fylke, kommunar og media.

Det er oppretta statuttar og ein jury til prisen, der landbruks- og matministeren er leiar, og med medlemmer frå KS, Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norske landskapsarkitekters forening. Prisen skal framheve og motivere til nyskapande tiltak og planar som legg godt til rette for at kommunane i mindre grad omdisponerer dyrka mark og finn gode alternativ i planlegginga.

Den nasjonale jordvernprisen vil bli delt ut på nytt i 2019. Erfaringane med prisen er gode, og den har ført til auka merksemd knytt til jordvern og medverka til å få fram dei gode døma til andre kommunar og fylkeskommunar

Regjeringa vil

- *føre vidare ein nasjonal jordvernpris.*

3 Nye tiltak

3.1 Opsjonsavtalar

Stortinget bad 6. februar 2018 regjeringa om å «utrede, vurdere og eventuelt foreslå» ei sak som kunne «sikre åpenhet rundt og begrense bruken av opsjonsavtalar om utbygging av dyrka mark og dyrkbar jord.»

Departementet vil sjå nærare på alternative tiltak mot opsjonsavtalar som gjeld dyrka og dyrkbar jord. Det bør greiast ut om det er tenleg å fastsetje eit påbod om å tinglyse opsjonsavtalar som gjeld dyrka og dyrkbar jord. Om opsjonsavtalen ikkje er tinglyst, kan avtalen bli kjend ugyldig. Ei slik endring gjer det meir risikofyllt å la vere å tinglyse, og tiltaket kan føre til at fleire avtalar enn i dag blir konsesjonshandsama etter reglane i gjeldande konsesjonslov. Påbod om tinglysing kan òg føre til større openheit om nye avtalar enn det som er tilfellet i dag.

Regjeringa vil

- *greie ut eit krav om å tinglyse opsjonsavtalar som gjeld dyrka og dyrkbar jord.*

3.2 Landbruket si eiga nedbygging

Ein må i dag ikkje søkje om løyve til omdisponering etter jordlova for å føre opp driftsbygningar og liknande i landbruket på dyrka eller dyrkbar jord. Driftsbygningar i landbruket er derimot søknadspliktige etter plan- og bygningslova, men utan at omdisponeringa av dyrka eller dyrkbar jord skal vurderast eller registrerast. Bygningsstyresmakta må likevel, eventuelt saman med landbruksstyresmakta, vurdere om bygningen kan definerast som driftsbygning i landbruket.

Nedbygging av dyrka eller dyrkbar jord som landbruket sjølv står for, blir heller ikkje registrert i KOSTRA, slik at ein har hatt lite kunnskap om omfanget. Ei undersøking som blei gjord av SSB og NIBIO i 2017, viste derimot at landbruket står for heile 22 pst. av nedbygginga, i snitt 1 750 dekar per år. Departementet har gitt SSB i oppdrag å sjå nærare på denne nedbygginga og kva som er årsakene. Førebelse resultat viser at nedbygginga er størst på eigedommane som er i aktiv drift, men betydeleg òg på dei utan aktiv drift, og på dei minste eigedommane.

Etter plan- og bygningslova kan kommuneplanen gi føresegner om omfang, lokalisering og utforming av bygningar og anlegg til landbruk, men ikkje slik at det i praksis hindrar nødvendige tiltak. Departementet har inntrykk av at det er få slike føresegner, og meiner at det i tillegg bør vurderast å regulere nedbygginga frå landbruket si side gjennom ei generell søknads- eller meldeplikt i jordlova, både for å vurdere og handsame omdisponeringa, og for å få ho registrert i KOSTRA. Regjeringa vil difor greie ut innføring av ei generell søknads- eller meldeplikt for bygningar og anlegg i landbruket. Søknadshandsaminga kan gjerast enkel, særleg for aktive bruk og for ordinære driftsbygningar, slik at byråkratiet og inngrepet i den private eigedomsretten blir lite. Samstundes kan ein fange opp mindre kurante saker, som ikkje er landbruk, eller som av andre grunnen ikkje bør få løyve.

Regjeringa vil

- *greie ut ei generell søknads- eller meldeplikt i jordlova for å regulere landbruket si eiga nedbygging.*

4 Andre forslag regjeringa har vurdert

I tråd med oppmodingsvedtaket frå Stortinget, har regjeringa vurdert alle forslaga i dei to representantforslaga. Under følgjer ei vurdering av desse forslaga.

4.1 Forslag frå Miljøpartiet Dei Grøne

1. *Stortinget ber regjeringa legge frem forslag til endringer i jordlova som gir dyrka og dyrkbar jord et reelt vern gjennom en vesentlig innstramming av muligheten for dispensasjoner fra det generelle kravet om at dyrka og dyrkbar jord ikke skal brukes til andre formål enn matproduksjon.*

Regjeringa meiner at regelen i jordlova er streng nok. Det er i dag eit forbod mot omdisponering, og det skal særlege grunnar til for å dispensere frå forbodet. Det er nødvendig å kunne gi dispensasjon, elles blir forbodet for strengt. Det er understreka i rundskriv at dyrka og dyrkbar jord skal ha eit sterkt vern, og at jordvern er av nasjonal interesse, noko departementet meiner er tilstrekkeleg.

2. *Stortinget ber regjeringa sørge for at dispensasjon fra vernet av dyrka og dyrkbar jord kun kan gis av en nasjonal planmyndighet.*

Regjeringa meiner det er viktig at kommunane er planstyresmakt og mellom anna kan gi dispensasjon. Det er eit viktig prinsipp at avgjersla skal takast på lågast mogleg nivå.

3. *Stortinget ber regjeringa legge frem forslag om en egen hjemmel i jordlova som gjør det mulig å gi den mest fruktbare matjorda varig vern.*

Omsynet til jordvern blir i dag i hovudsak teke vare på gjennom planprosessane med heimel i plan- og bygningslova. Regjeringa meiner at omsynet til jordvernet framleis er best teke vare på gjennom ei slik tilnærming. Ein verneheimel vil kunne sikre dei mest verdifulle jordbruksareala betre, men ikkje det samla jordbruksarealet. Det kan føre til at jorda som ikkje er omfatta av vern, i praksis vil bli lettare å omdisponere enn i dag. Ein verneheimel vil dessutan føre til offentlege verneprosessar som vil vere ressurskrevjande.

4. *Stortinget ber regjeringa gi Fylkesmannen økte ressurser og myndighet til å stanse lokale vedtak om nedbygging av dyrka og dyrkbar jord frem til en ny jordlov er på plass.*

Tala for omdisponering viser at kommunane så langt har følgd signala om å redusere nedbygginga, og regjeringa vil ikkje gå vidare

med dette forslaget. Kommunane skal framleis vere planstyresmakt. Fylkesmannen har framleis myndigheit til å fremje motsegn Det kommunale sjølvstyret er viktig, og kommunane har ulike vilkår og utfordringar, anten dei er sentrale presskommunar eller distriktskommunar med fråflyttingsproblem. Fleire av tiltaka i jordvernstrategien aukar kunnskapen og medvitet om jordvern og arealforvaltning i kommunane, og det gir tydelege resultat. Resultata av jordvernstrategien så langt viser at vi kan oppnå gode resultat ved hjelp av lokalt sjølvstyre heller enn meir aktiv bruk av motsegn.

5. *Stortinget ber regjeringa skjerpe inn og fremme forslag om å lovfeste måltallet for nedbygging av matjord.*

Stortinget har fastsett eit mål som i praksis har vore ein god reiskap for å redusere nedbygginga. Regjeringa kan ikkje sjå at reiskapen blir betre dersom målet blir fastsett i lova. Eit lovfesta måltal vil setje ein absolutt skranke for nedbygging, sjølv om verdien for samfunnet av ei omdisponering er stor. Eit lovfesta måltal vil òg vere vanskelegare å endre, og såleis mindre dynamisk. Dersom det skulle fastsetjast eit lovfesta måltal, ville ein dessutan måtte fastsetje reglar om kven og kva formål som skulle prioriterast innanfor grensa for lova.

6. *Stortinget ber regjeringa innføre krav om jordflytting og etablering av erstatningsområder for dyrka og dyrkbar jord som går tapt eller mister sin funksjon.*

Jordvern er i utgangspunktet eit arealtiltak som skal sikre areala for matproduksjon, mens jordflytting meir er å sjå på som eit kompenserrande tiltak der dyrka jord allereie er vedteken omdisponert. Jordflytting som strategi vil i mange tilfelle kunne føre til svakare jordvern, fordi det kan bidra til å legitimere omdisponering. Det er nokre forsøk i gang med jordflytting i samband med vegbygging. Mykje tyder på at dette er svært kostbart. Regjeringa meiner at vi treng meir erfaring med jordflytting før vi vurderer dette, og vil ikkje gå vidare med forslaget om å innføre eit slikt krav. Regjeringa vil derimot evaluere arbeidet med jordflytting, og vurdere nye tiltak etter at evalueringa er gjort, jf. pkt. 1.2.11.

7. *Stortinget ber regjeringa legge frem forslag til endringer i jordlova som gjør det lettere å følge opp brudd på jordlova inkludert ulovlig nedbygging av dyrka og dyrkbar jord.*

Brot på jordlova kan følgjast opp med tvangsgebyr, bøter og pålegg om riving, og

sanksjonsmoglegheitene er såleis mange og målretta. Sidan det ikkje blir utarbeidd statistikk over brot på lova eller oppfølging av dei frå forvaltninga si side, finst det i dag inga oversikt som viser at ulovleg omdisponering er eit nemnande problem. Ei undersøking som departementet gjorde mellom alle fylkesmenn i mai 2018, viste derimot at brot på jordlova ikkje er eit nemnande problem. Regjeringa vil på denne bakgrunnen ikkje gå vidare med dette forslaget.

4.2 Forslag frå Senterpartiet

1. *Stortinget ber regjeringa snarest mulig gjennomføre de tiltakene som ligger i jordvernstrategien.*

Regjeringa har gjennomført eller er godt på veg til å gjennomføre dei fleste av dei sytten tiltaka i regjeringa sin jordvernstrategi, som blei handsama i Stortinget 8. desember 2015. Regjeringa vil understreke at dette er eit langsiktig arbeid, og at det er viktig å la dei vedtekne tiltaka få tid til å verke. I tillegg gjeld fleire av tiltaka arbeid som må halde fram kontinuerleg, og som det difor er vanskeleg å sjå på som gjennomførte. Av tiltak som er gjennomførte, er slike som nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, nye Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, og opprettinga av ein ny nasjonal jordvernpris. Regjeringa har i tillegg følgt opp åtte av dei ni oppmodingsvedtaka Stortinget gjorde knytt til handsaminga av jordvernstrategien til regjeringa. Det niande oppmodingsvedtaket gjeld målet som skal bli nådd innan 2020.

Dei ulike tiltaka, og korleis dei er gjennomførte, er omtalt ovanfor. Samstundes er det vist korleis jordvernstrategien til regjeringa har gitt resultat, og omdisponeringa er no på det lågaste sidan 1976.

2. *Stortinget ber regjeringa sørge for at Fylkesmennene sikrer jordvernomsynet gjennom mer aktiv bruk av innsigelser i jordvernsaker.*

Regjeringa har meir tru på lokalt sjølvstyre enn meir aktiv bruk av motsegn. Det er kommunane som er planstyresmakt etter plan- og bygningslova fordi det er dei som er best til å løyse dei lokale utfordringane. Det kommunale sjølvstyret er viktig, og kommunane har ulike vilkår og utfordringar, anten dei er sentrale presskommunar eller distriktskommunar med fråflyttingsproblem. Fleire av tiltaka i jordvernstrategien aukar kunnskapen og medvitet om jordvern og arealforvaltning i kommunane, og det gir resultat.

Regjeringa meiner bruken av motsegn er aktiv nok, og landbruks- og matministeren har nyleg klargjort grunnlaget for motsegn i eit eige brev til fylkesmennene. Fylkesmennene bidreg i dag i stor grad til å nå jordvernålet, gjennom samordning, rettleiing og dialog. Plan- og bygningslova gir kommunane dei viktigaste verkemidla for å ta vare på jordvernet. Innanfor rammene av § 1-1, som uttrykkjer formålet med lova, skal planar etter plan- og bygningslova mellom anna sikre jordressursane, jf. § 3-1.

I Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, står det at planar i strid med retningslinjene kan gi grunnlag for motsegn. Det står òg at lokaldemokratiet skal vektleggjast i vurderinga av om det skal fremjast motsegn, og at motsegner skal avgrensast til konflikhtar med nasjonale eller vesentlege regionale interesser.

Regjeringa meiner på denne bakgrunnen at det ikkje er nødvendig å regulere bruken av motsegn ytterlegare.

3. *Stortinget ber regjeringa i løpet av våren 2018 legge frem en sak for å sikre åpenhet rundt og begrense bruken av opsjonsavtaler om utbygging av dyrka mark og dyrkbar jord.*

Regjeringa foreslår ikkje å innføre forbod mot opsjonsavtalar, men vil greie ut eit krav om tinglysing av opsjonsavtalar som gjeld dyrka og dyrkbar jord. Sjå omtale av opsjonsavtalar under Nye tiltak, pkt. 1.3.1.

Bestilling av publikasjoner

Offentlige institusjoner:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2018

